

NORSK
EVENTYRBOK

ETTER UPPSKRIFTER PAA FOLKEMAALET

UTGJEVNE AV

DET NORSKE SAMLAGET

VED

RASMUS LØLAND



OSLO 1905

Prenta hjaa Johansen & Nielsen.

Fyreord.

Største parten av eventyri i denne boki er etter uppskrifter av *Hans Ross* og *Andres Eivindson Vang*. Dei tvo, og serleg Ross, er det daa mest aa takka at denne samlingi no er til. Flestalle av uppskrifterne er paa bygdemaal. Ein kunde daa tykkja at dei no helst skulde vorte prenta paa maalføre, soleis som dei var uppskrivne. Men dette hadde gjort boki vandare aa lesa for mange. Og so var det den tingen i vegen at mange av uppskrifterne paa maalføre ikkje var soleis at ein godt kunde taka dei med heilt som dei var. Naar ein daa skulde stella paa dei, maatte ein faa maalkunnige folk fraa mange kantar av landet til aa hjelpa til, og dette hadde kome til aa taka heller lang tid. Det var heller ikkje tanken med denne boki at ho skulde gjeva prøvor paa maalføri, eller gjera noko-slag sers krav i maalvegen. Det skulde vera ei folkebok og ikkje noko anna. *Det norske samlaget* hev difor tenkt at det var det rettaste aa gjeva eventyri ut paa nynorsk landsmaal, med den skrivemaaten som no er den mest aalgjengelege. Men maalet er heile tidi lagt so nær bygdemaali at det ikkje er anna enn sjølve formerne og skrivemaaten som skil. Av og til er jamvel serformer fraa bygdemaali tekne med.

Dei eventyri som Hans Ross hev samla, er uppskrivne mest ordrett soleis som folk utpaa bygderne hev fortalt dei. Dei er difor dei mest egte, baade i maal og stilemaate, av alle dei uppskrifter me hev. Me fær her for fyrste gongen norske folke-eventyr heilt soleis som dei hev vorte fortalde fraa mann til mann, utan noko-slag pynting eller umsetjing paa bokmaal. Naar uppskrifterne hans er etter gode forteljarar, hev det her ikkje vore anna aa gjera med dei enn aa gjeva dei atter paa landsmaal som dei var. Men naar dei var etter mindre gode forteljarar, hev det vore turvande aa stella noko paa dei, — taka burt eit og anna som ikkje høyrde med, og gjera stilføringi lettare naar det var bruka for mange ord og for mykje uppatt-taking som berre tyngde. eller skipa paa samanhengen naar eit og anna ikkje var kome med paa rette staden. Det hev høvt seg so heppe at eg i dette arbeidet hev kunna taka „Ein sogebundel“ til mynster. Ross hev der sjølv gjeve ut nokre av uppskrifterne sine paa landsmaal og gjort dei brigde som maatte til i ei bok som var etla til folkelesnad. — Alle eventyri i „Ein sogebundel“ er tekne med her, og med dei er daa ikkje gjort noko anna som er til aa tala um enn at dei no kjem i ei lettare maalform, den som no er den mest vanlege.

Av dei uppskrifterne som er fraa andre samlarar er sume so gode at dei er tekne med heilt som dei var (t. d. dei av Ivar Mortenson og Moltke Moe og dei som er tekne or „Folke-eventyr fraa Sandeherad“). Men andre hev det vore turvande aa stella ikkje so lite paa, naar det var synberrt at der var mangt baade i ordval og forteljemaate som ikkje høyrde heime i ein rett eventyrstil. Mest umbrøyte hev eg gjort i uppskrifterne etter A. E. Vang i „Gamla reglo aa rispo“. Men grunnlaget i desse uppskrifterne er godt. Naar eg hev teke burt unorske eller uegte

ord og ordlag, hev eg mest jamt kunna setja inn att gode vendingar fraa Valdres som han sjølv hev bruka andre stader; og han fortel av og til so kvikt og greidt at det gjev ei god rettleiding um korleis ein skal stella paa stilemaaten der han er altfor tung og langdrjug. Og stor takk skal denne gjæve samlaren hava for det at han tok til aa skriva upp eventyr og segner paa folkemaalet so tidleg som i femtiaari, ei tid daa alle andre samlarar bruka det dansk-norske bokmaalet.

Eg veit vel at dei umvølingar og rettingar eg hev gjort, ikkje alltid er so gode som dei skulde vera; men eg hev gjort dei so-maata som eg kunde i den tidi eg hadde aa gjera med, og eg hev heile tidi fylgt den raadi at det var betre aa gjera for lite hell for mykje. Og eg torer tru at alt det av godt norskt maal og god forteljemaate som finst i uppskrifterne er kome heilt med i denne samlingi.

Hans Ross og flestalle av dei andre samlarane som no liver, hev gjeve Det norske samlaget løyve til aa gjeva ut alle dei av uppskrifterne deira som hev vore prenta fyrr. Nokre av eventyri hev eg fenge fraa ymse kantar av landet med' eg heldt paa med aa samla til denne boki.

Arne Garborg hev vore med og sétt igjenom mykje av boki og gjeve mange gode raad og rettleidingar. Halvdan Koht hev òg sétt igjenom eit og anna og studt til paa andre maatar. For dette skal dei ha' kvar sin takk.

Hvalstad 27/9 1905.

R. L.

Innhald.

Sida.

1. Dyre-styrk og dyre-mod 1
2. Er du nøgd? 7
3. Kong Katt paa Heidbergs borg med fjorom gyltom krunom 11
4. Late-Lars 17
5. Manndotteri i grisehuset 24
6. Rennom rennom alle fast 30
7. Guten og risen 36
8. So løner dei god-gjerningar 42
9. Gullfuglen 45
10. Pyk og Sløg og Oskelabben 53
11. Arne og Sydelkin 57
12. Lange-Jon 64
13. Kjetta framfyre jarngrindi 68
14. Paradis-stigen 72
15. Guten som selde sugga 79
16. Den gylte skog 86
17. Stuten som vilde av og føda seg sjølv 94
18. Musi paa tinfatet 97
19. Mons Raudskjegg 100
20. Brudgomen som miste bruri si 105
21. Bukken og bekren 108
22. Fleskeskinka 109
23. Bitristein 116
24. Halvpening 126
25. Oskelabben og asnet 134
26. Den niande Momorius 146
27. Presten som stedde tenarar 149
28. Kongsdotteri i Danmark 151
29. Svein Urædd 157
30. Manne-hausen 163
31. Myntmeisteren 166
32. Gullslottet i havet 174
33. Guten som vart konge i Engeland 184
34. Høibergsgubben paa Gulland 197
35. Svarte-Liten 199

Sida.
36. Kongssonen og fylgjesveinen hans 202
37. Jomfru Solntaar 206
38. Svein prettemakar 216
39. Hornjomfrua i Trættedalen 223
40. Gjeiti som ikkje vilde heim gaa 230
41. Seksti i eitt slag 235
42. Dei tri letingarne 241
43. Rike-Tor kræmar 243
44. Riddaren i bjørneham 250
45. Mannen som hadde ein svart flekk i aakren sin 264
46. Kjetta 281
47. Kongsdotteri i haugen 284
48. Jomfru Soleia 286
49. Prins Hedvig og stolt Valborg 290
50. Augnestein og Messerima 293
51. Guten som fekk husbonden sin sinna 296
52. Ospekulten 300
53. Kona som ikkje vilde hava born 303
54. Ørnen min stallbror 304
55. Hoppetussa 307
56. Den største ljugaren 311
57. Risen og risegygri som kapptalde 312
58. Smeden og kongsdotteri som siglde av i ei tunna . . . 313
59. Pengeøskja 319
60. Guten med braudleiven 324
61. Den sterke guten 326
62. Guten og riddar rædd 329
63. Guten og presten 334
64. Sløg 336
65. Guten som støypte tinaugo aat bokken 340
66. Bjørnen og skrubben og reven paa veiding 343
67. Reven i hestehalen 345
68. Edeland og trolløyi 346
69. Aal-Svart og Aal-Gvit 351
70. Styvne kvinnfolk 360
71. Rev-enkja 362
72. Bøyg 363
73. Huldri 364
75. Kjeringi som sat paa huk 365

Dyre-styrk og dyre-mod.

Det var ein gong ein kar som kom heim att, han hadde vore ute og tent kongen; so fór han yver ei stor heid. Daa han kom midt paa heidi, so laag der ein hesteskrott, og der inn-ved sat ei løva og ein bjørn og ein skrubb og ein rev og ein maur og ein falk, og alle vilde eta, men ingen torde; dei tvila dei kom ikkje til um det. Dette gaadde karen, og so krabba han seg av vegen og vilde løyna seg ifraa. Men so feste løva augo paa han og kom til han og sa: „Kann du no luta denne øykjeskrotten imillom oss, so me alle vert nøgde og mette, so skal du faa all vaar styrke og alt vaart mod fyrst du ynskjer deg det.“ „Ja eg skal prøva,“ sa han. So hogde han av laari for løva og bøgerne for bjørnen, skrovet for skrubben og sidorne for reven, hovudet for falken og ryggen for mauren; „der er du den minste til aa smjuga inni og eta utor mergen, du,“ sa han.

So sat han til dei hadde ete, og daa var dei alle nøgde og mette. So fór han ifraa dei og kom til ein kongsgard. Der var ein hyrding som gjætte tretti griser, og kvar kveld hadde

koma til um, koma til liks um.

han mist ein gris; men um morgonen sende kongen han ut med tretti att, han laut hava fullt tal til kvar dagen. So fann karen kongen uti tunet, han stod og hogg ved, og so spurde han um han kunde faa tenesta.

„Ja kva kann du gjera?“ sa kongen. — „Det er det same for meg; kva du set meg til, so kann eg gjera det, anna enn ljuga og stela; det maa kongen sjølv gjera,“ sa karen. Ja daa vilde han leiga han, sa kongen. „Fær eg deg til aa vera med denne hyrdingen som gjæter griserne, og freista aa berga grisen eg misser til kvar dagen?“ sa han. „Kven fer av med den?“ sa karen. „Det er ein rise som eg hev lova burt ein gris um dagen til, og det maa eg halda,“ sa kongen. „Ja det vøre moro aa vera med dit,“ sa karen.

Hyrdingen tok ut tidleg um morgonen att, og karen fór etter daa det leid paa dagen. Grisehyrdingen gjætte daa paa nokre store flotter; so kom karen til han noko braatt, og han vart rædd og sprang ifraa baade griser og alt saman og tenkte det var risen som kom. „Du er nok rette hyrdingen, du!“ sa karen. „Ja men eg hev vorte so skræmd; eg er so rædd, eg tor' ikkje anna springa min veg, eg,“ sa guten.

Daa det hadde lide ein liten grand, so kom det ein rise, so stygg og fæl og vond. „Kvar er grisen eg skal hava i dag?“ sa han. „Eg tenkjer du hev fenge griser nok,“ sa karen. „Det skal me freistast um, det!“ sa risen. „Ja det vøre mi moro og, det,“ sa karen. „Løvestyrk og løve-mod!“ sa han. So skapa han seg i ei løva og sette midt paa risen og til aa klora og bita so steggeleg. Risen slo og spende,

skapa seg i, skapa seg um til.

og løva beit og klora. „Bjørne-styrk og bjørne-mod og!“ sa karen. Daa vart han bjørn og vart ein gong til so god, og so gjorde han ende paa risen paa eit handsnutt bil.

So kom hyrdingen heim att um kvelden med alle griserne. „Koss kann det hava seg, med di du kjem att med alle griserne?“ sa kongen. „Det kom ein kar etter meg som skapa seg i ei løva og ein bjørn og drap risen,“ sa hyrdingen. „Det var snild kar,“ sa kongen.

No hadde han tri døtter, denne kongen, og han hadde mist baae dei eldste til eit troll. So hadde han att berre den yngste dotteri, og det slapp aldri menneskje inn til henne anna han sjølv; og han kasta seg yver eit vindespel inn til henne. So bad ho so vent at ho maatte faa koma ut; ho saag dei andre reika ute paa vegen og gatorne, og ho maatte sitja inne all-stødt. Nei han torde kje sleppa henne ut.

So var det ein dag kongen skulde ut paa ei langferd; dermed so sa han det til karen: „No set eg deg til aa vakta dotter mi, um du trur deg til aa sleppa inn til henne.“ „Ja, eg slepp alltid inn der du slepp inn,“ sa karen. So tok kongen ut.

So stod karen utanfor og gloste paa dette huset som ho var inni. „Falke-styrk og falke-mod!“ sa han; so vart han falk og fauk av uppaa nokre høge svaler som var mest jamhøge med taket der kongen hadde fare yver paa vindespelet. Daa han kom dit, var der so fullt med tropper rundt ikring. „Reve-styrk og reve-krokar!“ sa han. So vart han rev og flaug rundt ikring tropperne som ein annan katt. So kom han inn aat døri og saag igjenom lykle-

paa eit handsnutt bil, i ei handevending.

holet; der sat ei ungmøy paa ein stol og kjembde seg. „Maure-styrk og maure-mod!“ sa han; so vart han maur og krak inn igjenom lykleholet. Daa han kom inn um døri so vart han i ein kar att, og gjenta vart so rædd at ho uvita mest.

„Du tarv kje verta so rædd,“ sa han; „for eg er ein kar som kann ynskja meg i mest kva eg vil, og eg skal verja deg,“ sa han. Og so fortalde han koss han hadde fenge denne magti av alle dei dyri til aa skapa seg um. Daa vart dei gode vener.

So bad ho so vent at ho maatte faa koma ut ein dag. „Eg torer nok ikkje sleppa deg ut,“ sa han; „eg kunde missa deg; risen kunde koma og taka deg.“

So fortalde han at han hadde drepe den risen som tok grisen. „Ja naar du hev drepe grise-risen, so drep du den som tek meg og,“ sa ho. Og ho bad og freista at ho maatte faa koma ut, um det var berre eit lite bil, so vidt at ho fekk anda fritt.

So kom kongen òg heim att, og karen fortalde at ho freista og bad so at ho maatte sleppa ut; dei laut lata henne faa koma ut eit lite bil, sa han. „Ja vaagar du deg til det,“ sa kongen, „„so fær du òg staa fyre henne.“

Ja, so slepte karen henne ut. Daa var det berre eit handsnutt bil, so kom der ein svart dott, liksom ei sky tykte dei det var, og tok henne og fór av med henne. „Falke-styrk og falke-mod!“ sa guten, — og risen fyre og han etter, i falk.

So kom dei til eit stort berg; der kom dei burt for han; risen for inn, og alt var som sokke ned. No var der so fæle glovor inn igjenom

berget. „Reve-styrk og reve-krokar!“ sa karen, so vart han rev og smaug av inn igjenom, so langt han kunde sleppa. So kaga han inn igjenom ei smal riva; der gaadde han alle tri kongsdøtterne sat paa ein benk og kjembde seg. „Maure-styrk og maure-mod!“ sa han, — vart han maur og krak inn igjenom bergriva og upp etter leggen paa den yngste. Daa kom ho i hug kva slag dette var, og bad risen um ho maatte ut litegrand. „Ja du maa nok det, naar du ikkje er lenge,“ sa han.

So gjekk ho ut og bar mauren paa leggen. Daa dei kom ut um berget, var han kar att. „Kann du segja meg raad koss eg skal frelsa dykk ut or berget?“ sa han. „Jau, var det ikkje du som drap grise-risen?“ sa ho. Jau, det var han. „Ja, far so dit og tak hjarta og livri og lungorne ut or risen og kom heran att med det, so kann du koma inn paa same vis som du kom i dag; men du maa leggja det ned eit lite stykke ifraa berget. So skal me beda um me maa gaa ut alle tri, og so kastar me hjarta og livri og lungorne upp paa berget; daa spring baade berg og rise og alt saman i hundrad molar; so vert me frelste,“ sa ho.

„Falke-styrk og falke-mod!“ — so var det berre eit handsnutt bil til han kom der grise-risen laag daud. „Løve-styrk og løve-mod!“ sa han, og so reiv han risen i fillor og tok hjarta og livr og lungor og stappa ned i ein larvesekk. „Falke-styrk og falke-mod!“ sa han og vart falk att og tok ut. So kom han aat berget og la sekken eit lite stykke ifraa. Ynskte seg so i rev att og smaug av inn igjenom glovorne til han kom til den inste riva; der ynskte han seg i maur og krak upp igjenom og

upp etter leggen paa den yngste kongsdotteri. So bad ho at dei maatte gaa ut alle tri. „De kann nok det, naar de ikkje er lenge,“ sa risen. „Nei, me skal vera snøgge,“ sa dei.

Daa dei kom no ut, gjekk dei eit lite stykke ifraa, og han vart kar att og kasta hjarta og livri og lungorne upp paa berget; og berget tok eld, og det brann, og baade berg og rise sprang sund i molar. So vart der ein gard, so ven som dei aldri hadde sétt gard, der som riseberget var. Og der kom tvo unge kongssøner ut or garden og gjekk burt til karen og nevetakka han for hjelpi han hadde gjort.

„Me vart skapa her i eit stort fjell, og no er risen drepen, og me er frelste,“ sa dei. „No skal me taka kvar si kongsdotter, um du so vil, og rikdom hev me nok av sjølve baade for oss og for deg; so maa du bledja og taka kven du vil av dei,“ sa kongssønerne. „Ja eg vil helst hava den yngste, eg,“ sa guten.

So vart kongsdøtterne tilspurde um dei vilde vigja med dei. Ja det vilde dei. So sende dei bod etter kongen, og han vart baade glad og fegjen og sa dei maatte hava døtterne hans til konor, naar dei ikkje nauva noko; og riket hans maatte dei byta imillom seg. Men dei hadde rikdom og rike nok sjølve; dei hadde kvar sitt rike jamsides der dei bergi hadde vore som grise-risen og den andre risen budde.

So gjorde dei tvifelt brudlaup, og der kom alle vener og frendar, alle kongen sine folk og alle deira folk, og dei drakk gjestebod i fire og tjuge dagar.

bledja, blada, velja ut. — nauva, faa det vondt.

Fari no væl baadi venir aa frændar,
mæ ærunne,
for no æ ho komé i gos manns hændar·
i liljur sko'n skjera henni klæi.

Er du nøgd?

Det var ein gong ein bonde som hadde ei einaste dotter. Han var rik, og ho var ven, og so kom det mang ein gut som gjerne vilde vera maag aat bonden. Men han var ein underleg selle; for kvar gong det kom ein friar til gards, sa han det med han: „Det fyrste vilkaaret er at du skal steda deg hjaa meg til dess me høyrer gauken gjel um vaaren; og segjer du meg ein einaste gong at du ikkje er nøgd, so snid eg nasetippen av deg, og so fær du gaa din veg. Men du skal hava rett til aa gjera det same med meg.“ Og bonden gjorde som han hadde sagt; for ein saag jamt eitkvart ungmennet med æret paa nosi.

No var det ein gut heitte Jakob; han vilde òg freista paa dette vaagespelet. Ljot var han aa sjaa til; men han var djerv og sløg, og det er ikkje so ille for den som vil fram i verdi. Bonden fagna han baade vel og blidleg. Dei gjorde avtalen saman, og Jakob vart sett til arbeids.

mæ ærunne, med æra (telemaal). — steda seg, festa seg. — snida, skjera.

Ved dugurdsbil vart dei andre drengjerne innropa; men dei gløymde med vilje han Jakob. Til middags gjekk det like eins. Men Jakob vart ikkje uppraadd; han gjekk heim i garden, og medan bonden gav hønsi mat, svinta han inn i kjøken og sneid seg eit digert skinkestykke og tok eit stort braud, og so fór han ut i marki og heldt middag og fekk seg ein lur attpaa.

Daa han kom heim um kvelden, sa bonden: „Er du nøgd?“ „Eg er vel nøgd,“ sa Jakob; „eg hev ete betre enn du.“ Men med det same kom kjeringi farande og ropa paa tjuvar. Jakob log, men bonden bleikna. „Er du ikkje nøgd?“ sa Jakob. „Ei skinka er berre ei skinka,“ sa bonden; „eg vyrder ikkje slike smaating.“ Men fraa den dagen hugsa dei vel paa at drengen ikkje fekk gaa fastande.

So kom sundagen, og bonden og kona hans sette seg i kjerra og vilde fara til kyrkja. Dei sa daa til Jakob dreng: „I dag kann du laga middagsmaten. Tak dette kjøtstykket og legg i gryta med noko lauk og gulerøter og persille attaat.“ „Ja vel,“ sa Jakob.

No hadde dei paa garden ein liten hund som heitte Persille. Den tok Jakob og drap og flaadde og la i gryta yver elden. Daa kjeringi kom heim, ropa ho paa den litle hunden sin; men ho fann berre eit blodut skinn hangande fyre glaset. „Kva er det du hev gjort?“ ropa ho til Jakob. „Det som du bad meg um, mor. Eg la lauk og gulerøter og Persille i gryta.“ „Du din gap!“ ropa bonden; „kor kunde du hava hjarta til aa drepa det arme dyret som var til hyggje for heile huset?“ „So, du er ikkje nøgd!“ sa Jakob og drog ut

kniven. „Det hev eg ikkje sagt," sa bonden; „ein daud hund er berre ein daud hund." Men han andvarpa attpaa.

Nokre dagar etter vilde bonden og kona hans til marknaden. Men dei var rædde at dette trollet til dreng skulde gjera eitkvart gale, og so sa dei til han: „I dag skal du vera heime; men du fær ikkje lov til aa gjera nokon ting anna enn det som du ser dei andre gjer." „Vel," sa Jakob.

No var der paa garden ei gamall skytja som taket var til nedfals paa. Det kom daa folk og skulde vøla skytja, og dei tok til aa riva det rotne taket. Samstundes tok Jakob ein stige og gjekk upp paa taket paa stova, ho var spildrende ny; tok so taksteinar og lekter og saumar og kjengar, alt i hop og reiv laust og kasta utfyre til alle sidor.

Daa bonden kom heim, var taket mest nedbrote. „Du din fant!" ropa han, „kva slag ny pretta er det no du hev gjort meg?" „Eg hev gjort det som du sette meg til," sa Jakob; „du bad meg gjera som hine gjorde. Er du ikkje nøgd kann-henda?" Og han drog kniven. „Nøgd?" sa bonden. „Skulde eg ikkje vera nøgd? Nokre taksteinar mindre skal ikkje gjera meg fatigare," sa han og sukka attpaa.

Um kvelden samraadde bonden seg med kona si, og so tykte dei det var likast aa verta kvitt dette ugagnstrollet. Dei var tenksame folk og spurde seg jamnast til raads hjaa dotteri, og so gjorde dei denne gongen og; i denne bygdi òg var ungdomen mykje visare enn dei som var eldre, maa tru. „Jau eg veit det!" sa ho Mari, dotteri; „eg skal gjøyma meg upp-i det store

andvarpa, sukka. — **skytja**, skur. — **kjeng**, jarnkrok.

pæretreet og vera gauk. So kann du segja at no er vaaren komen, for no gjel gauken. Du kann daa gjéva han løni og lata han gaa sin veg."

Andre morgonen høyrde dei gauken: ku-ku, ku-ku. Den som vart undrig det var bonden. „Aa nei høyr!" sa han til Jakob; „no er vaaren komen; gauken gjel der ned-i pæretreet. Kom no, so skal du faa løni di, og so vil me skiljast gode vener." „Ein gauk?" sa Jakob, „eg hev aldri sétt denne fagre fuglen." Og dermed sprang han ned aat pæretreet og tok til aa rista det, alt han vann. Daa høyrde dei eit skrik, og ned or treet datt gjenta.

„Du din skarv!" ropa bonden. „Er du ikkje nøgd?" sa Jakob og viste kniven. „Din fant!" ropa mannen; „her held du paa og tyner dotter mi, og endaa vil du at eg skal vera nøgd? Eg er mest vill av sinne, er eg. Hav deg burt paa timen, at eg ikkje skal slaa deg radt i hel!" „Eg skal gaa naar eg hev skore nosi paa deg," sa Jakob. „Eg hev halde mitt ord; hald no du ditt." — „Vel!" sa bonden og heldt handi for andlitet. „Men vil du lata meg faa kaupa nosi att?" „Lat skura," sa Jakob. „Vil du hava tie sauer?" sa bonden. „Nei." „Tvo stutar?" „Nei." „Tie kyr?" „Nei, eg vil heller skjera nosi," sa Jakob. Og han kveste kniven paa svilli.

„Far, det er eg som hev misgjort," sa ho Mari, „og so fær eg bøta det. Vil du ha' m e g, Jakob, i staden for nosi til far min?" „Ja," sa Jakob. „Men eg set eit vilkaar," sa gjenta. „Den av oss som ikkje er nøgd med den andre, skal faa nasetippen avskoren." „Ja vel," sa

s v i l l, grunnstokk (under eit hus), dørstokk.

Jakob; „men eg skulde lika det betre um det hadde vore tunga.“

Aldri hadde dei sétt slikt gasta brudlaup der i bygdi, og aldri saag dei sidan eit betre husstyr. Jakob og kona hans var det gildaste hjonet; ein høyrde dei aldri klaga paa kvarandre.

Kong Katt paa Heidbergs borg med fjorom gyltom krunom.

Det var ein gong tvo gamle folk som døydde burt; dei hadde inkje etter seg utan ein gut som var ikkje for-vel vaksen, og so ein katt. Dei sat og skoda paa einannan, katten og guten, og syrgde paa dei tvo gamle, og dei hadde inkje til mat. So sa katten det med guten:

„No ber det aldri til lenger for deg aa syta, me lyt sjaa aa faa oss noko mat.“ „Ja, men mat kann eg ikkje faa,“ sa guten; „og ikkje hev eg klæde dessmeir, so eg kann sleppa av garde.“ „Ja, men eg skal av og faa mat,“ sa katten.

So tok katten ut og kom til ei stor aa. Der sat ein rev og kvidde og trudde seg ikkje til aa setja yver. So flaug katten midt i hovudet paa reven og til aa riva og klora han. „Du skal bera meg yver aai, eller òg riv eg ut-or deg augo,“ sa han. Reven stokk fælt og til sprangs

hjon, parfolk, mann og kona.

tok han lukt paa aai, med katten paa ryggen. Daa dei kom no yver aai, sa katten det: „Du skal bera meg til kongsgarden og, eller so riv eg ut-or deg augo.“ Reven i veg att med katten, so heitt og hardt han kunde, og beint til kongsgarden. Der stod kongen ute heim-i tunet.

„God dag!“ sa katten.

„Gud signe!“ sa kongen.

„Eg skal helsa deg fraa kong Katt paa Heidbergs borg med fjorom gyltom krunom; eg hev eit livande dyr eg skulde gjeva deg,“ sa katten. „Aa han skal hava mange takk; er det so megtug ein mann at han hev slike livande dyr i sin hage?“ sa kongen. „Men so lyt eg faa att so mykje mat som eg kann bera paa rova mi,“ sa katten. „Ja det skal du nok faa,“ sa kongen; „gakk av inn i kjøken og legg deg, du rekk so ingen stad i kveld.“

Katten gjekk av inn i kjøken og la seg til paa aaresteinen. Og um morgonen fekk han so mykje mat som han kunde bera paa rova si, av det beste kongen hadde.

So kom han heim att til guten med maten. Daa hadde dei det godt; aat og drakk ei heil vika. Men daa vika var til endes, so sa guten: „No er maten vaar ende paa, no maa me visst svelta att.“ „Nei,“ sa katten, „eg skal til kongen att i morgon og faa oss meir mat.“

Um morgonen tok katten ut, so skarpt som han kunde. So kom han til ei stor aa; der sat ein ulv og guvde og var heller traud til aa setja yver. Katten yrde seg til og flaug beint i nakken paa ulven. „Du skal bera meg yver aai, ellaa klorar eg ut-or deg augo!“ sa han. Og ulven stokk so daa han høyrde manne-maal og kjende

ellaa, eller so.

dette som klora og reiv so i hovudet, at han tok beint paa aai med katten paa nakken. Daa dei kom yver, tok katten endaa eit lite tak i augo hans og sa: „Du skal bera meg til kongsgarden og, ellaa riv eg ut-or deg augo.“ Skrubben til sprangs det heitaste han kunde, og beint til kongsgarden. Der stod kongen ute heim-i tunet burtmed hoggestabben.

„God dag!“ sa katten.

„God dag!“ sa kongen.

„Eg skulde helsa deg fraa kong Katt paa Heidbergs borg med fjorom gyltom krunom; eg hev eit livande dyr eg skulde gjeva deg,“ sa katten. „Aa han skal hava mange takk; er det so megtug mann at han hev slike livande dyr i sin hage?“ sa kongen. „Ja, men so lyt eg faa att so mykje mat som eg kann bera heim paa rova mi,“ sa katten.

Ja, det skulde han nok faa; men han maatte gaa av inn i kjøken, han rakk so ingen stad i kveld likevel. Ja, katten la seg til paa aaren, og um morgonen fekk han so mykje mat som han vann bera paa rova si, av den beste kongen hadde. So hadde dei no mat att ei heil vika. Men mot enden paa vika sa guten: „Ja no lid det med maten, no vert det fulla sveltihel.“ „Aa nei,“ sa katten, „eg skal til kongen att i morgon og faa meir mat.“ Ja det var endaa godt og vel.

Um morgonen tok katten ut det skarpaste han kunde, og kom til same aai. Daa sat der ein bjørn og guvde og tykte det var kulselegt aa setja yver. Katten var daa heller rædd; men han yrde seg til og flaug midt i augo paa bjørnen, so han fekk aldri sjaa eller raada med seg, og han sa det same som til ulven; og bjør-

nen la beint paa aai og yver med han. So treiv katten i augo hans att og sa at han skulde bera han til kongsgarden. Ja bjørnen daska av stad med katten paa nakken, og dei kom til kongsgarden og fann kongen ut-paa troppi. So gav katten kongen dette livande dyret fraa kong Katt paa Heidbergs borg med fjorom gyltom krunom, og bad um mat att. „Og so skulde eg beda um dotter di, og so um du vilde koma heim og vitja han i morgon," sa katten.

„Ja, men den Heidbergs borg veit eg ikkje vegen til," sa kongen. „Naar du kjem yver aai, so ser du ei stor lauvbuska som eg skal setja i den vegen du skal taka," sa katten; „so tek du den, og so kjem du noko tidleg i morgon."

Um kvelden kom katten heim til guten og sa: „I morgon kjem kongen og vil vitja deg." „Vil han vitja meg?" sa guten; „eg hev ingen ting, ikkje klæde so eg slepp ut or stova dessheller." „Aa du tarv ikkje syta for nokon ting," sa katten. „No kann du fylgja med meg."

So tok dei ut daa, katten fyre og guten etter. Dei kom so langt so dei saag Heidbergs borg noko fyre dagen, og det glima i augo paa dei, mest som naar soli sprett yver fjell, so lyste ho av gull og glimesteinar. Daa sa katten det med guten: „No skal du vera etter her, men der ser du borgi." So kom katten til borgi og banka paa, og det kom ein svær rise ut i døri. Katten flaug av upp paa forstovtrevet og reiv ned noko som glymde og dunde so. Daa kom risen heilt ut i forstova; dermed sprang katten ned att-um risen, beint paa dørstokken, og so torde kje risen gaa inn att med' katten sat der.

„Kiss, Kause! slepp meg inn!" sa risen.

glyma (glymja), duna, rumla.

„Nei bia no lite!“ sa katten, „so skal du faa høyra kva rugen fortalde: Fyrst voks eg upp, sa rugen, og vart so høg og lang; so tok dei og skar meg av og batt meg ihop og bar meg paa laaven og banka og barde meg so smaa som eg kunde verta, og so tok dei meg att og hadde meg av aat nokre sekkjer og bar meg paa badstova og brende meg mest upp; daa dei hadde det gjort, so tok dei meg att og hadde meg i sekkjer og hadde meg paa kverni og mol meg so smaa at eg vart som mjøl; so rørde dei meg ihop med noko vatn og la meg paa eit bord og baka og dika meg ut so rund, so rund som den skiva der.“ . . . dermed so peika katten paa soli som spratt yver fjell med same, og risen saag seg ikring og sprakk. „Aa hoi, aa hoi, sjaa den vene brudferdi som kjem upp bakken!“ ropa katten. So kom dei, alle trolli, yrjande ut og vilde sjaa den vene brudferdi, og so sprang dei sund i mange moldror og smaabitar.

Dei hadde fenge seg kristne folk som dei hadde til arbeidsfolk. Katten tala til dei og bad dei freista aa faa burt alle desse skrottarne; og dei til aa fægja og stella. Og alle ting vart so herlege vel tilstelt som det kunde verta i nokon kongsgard, med mat og drikka og alt det som gildt var.

Medan dei gjorde no dette, so la katten av etter guten og sa han maatte koma heim paa borgi. Daa katten kom inn med guten, bar dei fram dei gildaste riddarklæde som ein kunde sjaa; guten vart klædd og fjelga, og daa var han so staut og ven som den venaste kongssonen.

So tok kongen òg ut med dotter si og heile sitt fylgje og kom seg yver aai; der vart han

var den store lauvbuska og tok den vegen. Daa var det ikkje lenge fyrr dei kom til ein stor flokk med sauer, og dei var so feite og kvite og hadde so lang og fin ull, at det skulde aldri nokon ha' sétt slike sauer. So spurde kongen gjætarane kven som aatte den fine fenaden. Det var kong Katt paa Heidbergs borg med fjorom gyltom krunom som aatte 'n, sa dei.

Daa dei hadde fare eit stykke til, kom dei til ein fælande stor bøling med brandute kyr, og dei var so vene og feite at det var so det glansa i kvart haaret. „Kven eig alt dette feet? So vene naut hev eg kje sétt i all min dag," sa kongen med hyrdingarne. „Det er kong Katt paa Heidbergs borg med fjorom gyltom krunom," sa dei.

So fór dei eit stykke att og møtte nokre som gjætte hestar; slik ei drift med hestar hadde kongen aldri sétt og aldri trutt han skulde faa sjaa i si kongstid. „Kven er det som eig alle desse hestarne?" sa han. Jau, det var kong Katt paa Heidbergs borg med fjorom gyltom krunom. „Det maa vera ein megtug mann, det," sa kongen.

So kom dei fram. Guten og katten og alle dei kristne folki gjekk ut og tok imot kongen og heile hans ferd, og der vart slik gleda daa at det var ei syn; og der vart sett fram mat og drikka, so mykje at det var kje med noko horv.

Daa det leid fram imote kvelden og alle var drukne og hadde nosa og godgjort seg, so sa katten det med guten: „Du skal koma ut, eg vil tala med deg," sa han. Ja guten, var med han ut.

nosa (nossa) seg, gjera seg til gode.

„No skal du taka det sverdet som heng deran og hogga av meg hovudet," sa katten. „Nei koss kann eg gjera det; du som hev gjort meg so mykje godt at eg kann aldri fulltakka deg," sa guten. „Jau, du skal gjera det, og so er du so snarp som du kann," sa katten.

Ja, so torde kje guten anna; han hogde av han hovudet so snøgt som han kunde, og daa vart det ein riddar so fin som det kunde koma klæde paa.

„Ja no veit eg kje kva eg skal tenkja, eg stend reint forfurda," sa guten.

„Ja her er kong Katt paa Heidbergs borg. Eg hev havt denne borgi; men so vann trolli yver meg, og dei hev skapa meg um so eg hev vore katt dette bilet. Men no maa du hava dette alt saman, med bu og bøling, med lut og lunnende; for no hev du frelst meg. Men no vil me gaa inn att; so kann du segja at eg er bror din, for det vil eg vera."

So vart det gjestebod med guten og kongsdotteri, og dei drakk baade vel og lenge.

Late-Lars.

Det var ein gong ei gamall kjering som budde i ei gamall skarvehytta attmed ein kongsgard. Ingenting aatte ho utan ein son som heitte Lars;

forfurda, forbina, upp i under. — gjestebod, (her) brudlaup.

men han var so ørjende lat at han berre laag og grov burt-i peisen fraa morgon til kveld og snaudt iddest risa av krakken. Dermed vart han òg heitande Late-Lars. So maatte daa mori føda baade seg sjølv og honom, og daa vart det ikkje feitt for dei, skulde eg tru. Uppi kongsgarden var det mange som log og gjorde narr av Late-Lars, og av mor hans og, for dette; men ingen var so fæl til aa læ som kongsdotteri. Men Lars var sin same, han, og sat burt-med peisen allstødt og brydde seg um ingen verdsens ting.

Ein kveld kom mori heim or kongsgarden og var so grøteleg trøytt; ho hadde skura kongsgarden, maa tru. So sa ho til son sin: „No fær du hava deg upp av krakken, du òg ein gong, Lars, og ikkje sitja der som ein stein; for alle som til er so gjer dei narr baade av deg og meg, for denne skræmelege læta di,“ sa ho.

„Aa,“ meinte Lars, „hev eg sete her so lenge, so kann eg vel sitja her no au,“ sa han og strekte paa seg. Nei, mori meinte paa at han skulde upp; „og so fær du rettig taka byttorne og gaa ned aat bekken etter noko vatn aat meg,“ sa ho; „for eg er so fælande trøytt av all den skuringi.“ „Ja, eg lyt vel det daa!“ sa Lars; han reis upp og tok byttorne, og drog seg so smaatt ned aat bekken. Dukka so byttorne ned-i, ei for ei, og drog dei upp att; men daa var det ei gjedda i den eine.

„Aa kjære vene, slepp meg no, so skal du faa tri ynskje,“ sa gjedda. „Nei-menn gjer eg ei!“ sa Lars; „d'er altfor tungt aa hala upp ei bytta vatn til dess.“ „Aa jau, kjære vene! du skal faa seks ynskje,“ bad gjedda. Men Lars meinte som fyrr; det var so tungt aa bøygja

seg ned og slaa vatnet ut, og dukka bytta ned-i og draga upp ei ny vatsbytta, at han ikkje vilde paa nokor vis.

„Du skal faa nie ynskje daa!“ sa gjedda. Jau, dette tykte Lars var noko aa tenkja paa. „Eg lyt sagta sleppa deg ut daa, veit eg,“ sa han. Og han so gjorde. Drog so upp ei ny vatsbytta; men daa han det hadde gjort, tyktest han ha stræva nok og. Dermed berre ynskte han at byttorne vilde gaa sjølvmana upp yver bakken og heim, og trast han hadde ynskt dette, rusla dei fint i vegen, og Lars etter.

I det same kom kongsdotteri fram-um; ho hadde vore ute paa ei kjøyreferd. Daa ho no saag dette, koss dei tvo byttorne med vatn i rugga av stad so smaatt og vent uppetter bakken reint sjølvstyrt, og Lars kom daskande og danglande etterpaa, so vidt han vann fylgja, — daa kom nok kongsdotteri paa laatten. „Aa for gorr-leting!“ ropa ho. „Ja-menn er han so lat at jamvel byttorne gjer skam paa han, ikkje meir leduge enn dei er.“ Og ho log so ho sat reint krokut. Dette lika ikkje Lars; han vart arg og smaamurra med sjølv-seg: „Grimen gav gjedda, og gjedda gav meg; gjev han gav ein liten aat deg!“ sa han. For det var no det verste han kunde ynskja kongsdotteri, det, maa tru.

Andre dagen bad mori han gaa aat skogen draga heim ved. Lars var uhuga som fyrr, han; men so lenge togg og gnaala mori, til han tykte han laut av stad. Daa han so var komen til skogs, gjekk han berre burt-aat eit tre og ynskte: „Gjev du vilde gaa heim av deg sjølv baade med rot og med topp!“ og straks lyfte treet seg upp og til aa hinka i veg. Der-

med sette Lars seg paa, han, og reid heimleies, so gildt som dertil. Men so kom kongsdotteri, og daa ho saag for ridehest Lars hadde fenge, so til aa læ att og gjøna alt det ho vann. Men Lars berre murra som fyrr, han: „Grimen gav gjedda, og gjedda gav meg; gjev han gav ein liten aat deg!“ og dermed reid han heim som inkje var.

No leid det av eit bil, og so tok kongsdotteri til aa bleikna og skrinnast; og daa det leid av endaa eit bil, gaadde ho at ho var med barn. Daa vart ho so reint sorgsprengd og leid av seg, og daa kongen fekk vita det, vart det fulla ikkje betre; for han vart so vill, han vilde slaa henne i hel med same, endaa ho baade gret og bad, og sa som sant var at ho var so skuldlaus i dette som det minste barnet. Men kongen trudde kje det ho sa og heldt eit fælt hus. Slik sorg og vesalldom hadde det ikkje vore i kongsgarden so lenge han hadde sta'e.

Ein kveld mor aat Late-Lars kom heim or kongsgarden, tok ho til aa fortelja um dette og kor gale allting var deruppe. „Kva er tids?“ sa Lars. „Aa jau,“ sa mori, „den stakars kongsdotteri er med barn, og endaa ho ikkje veit av ho hev gjort noko vondt, so er kongen so galen og vill, eg meiner han gjer ende paa det stakars tinget.“ „Ja det er kje meir enn maata aat henne, det,“ meinte Lars, „slik som ho hev lætt og gjort narr av meg; men det vert fulla eg som fær skuldi for barnet,“ sa han. „Du?“ sa mori og storglaapa; „ja du saag ut til det, du!“

Daa det leid paa, aatte kongsdotteri ein gut. Dette kom mori òg heim til Lars og fortalde, og det var ingen som visste kvar dei skulde finna far aat denne guten, sa ho. „Aa ja,“

meinte Lars, „det vert no fulla eg som fær skuldi.“ „Ja det saag du ut til!“ let mori.

Daa son aat kongsdotteri vart noko større, vilde kongen hava greida paa dette, kven faren var, og so gav han guten eit gulleple som var slikt, at um han slepte det ned, so skulde det trilla beint burt aat føterne til den som var far hans. So stemnde han inn alle dei mannfolk som fanst i riket til aa koma til kongsgarden. Fyrste dagen kom alt storfolket og stelte seg upp i ein stor sal; guten slepte eplet ned paa golvet, og det trilta og tralta, rundt og ikring, men stogga ikkje nokon stad og kom sistpaa beint attende til guten og vart liggjande der. Andre og tridje dagen kom alt smaafolket i landet og skulde prøvast; men det gjekk ikkje likare daa heller.

„Ja no finst det ingen annan etter som ikkje er prøvd enn han Late-Lars,“ sa kongen; „no kann me likso godt taka honom med same; men me fær draga han hit; for gaa so langt, det vinn han visst ikkje.“

So kom dei dragande med Lars, og trast trilta eplet burt og vart liggjande attmed føterne hans. Men hadde kongen ikkje vore vill nok fyrr, so vart han det daa. Han engla og svor paa at han aldri vilde sjaa dotter si meir, som kunde gjera slik ei skam baade paa seg sjølv og paa honom, og so bygde han ihop eit glasskip aat henne og Lars, og der skulde dei umbord; so kunde dei gjera av seg kvar helst dei vilde. Kongsdotteri bad fulla for seg; men det hjelpte aldri grandet. Det einaste ho fekk far sin til var aa gjera tvo rom i skipet, so ho og Lars kunde vera kvar for seg umbord. Dermed so vart dei sette ned i glasskipet, ho og barnet i

det eine romet, og Late-Lars i det andre; litegrand nista fekk dei òg med; og so bar det til havs.

Daa nista var upptærd, var Lars leid av aa vera til sjøs, og dermed berre ynskte han: „Gjev me var i land!“ og straks var dei i land. So slo Lars hol paa skipet, og daa dei kom ut, fekk dei sjaa ei gild fager borg av massing beint framfyre seg.

„Den borgi kunde likso vel vera mi, den,“ sa Lars. „Ja, du var den rette til aa eiga slik ei borg!“ sa kongsdotteri; sur og vill var ho. Men det var snaudt ho fekk sagt dette, so kom det eit stort troll farande og spurde: „Kven er som vil hava borgi mi?“ „Aa, borgi kann likso snart verta mi som di, den,“ meinte Lars. „Ja det skal me nappast um!“ skreik trollet. „Aa nei, ikkje nappast, men t a k a s t som andre manndoms-menner,“ sa Lars. Ja, so skulde dei til aa takast daa; men Lars berre ynskte, han: „Gjev du sat i jordi til yver hovudet!“ og so sat trollet der. Dermed gjekk Lars upp aat borgi og kom att med ei massingvogn med tri hestar fyre, til aa kjøyra kongsdotteri heim i. Men ho var so vond at ho vilde ikkje hava han med seg i vogni; han laut setja ei lang fjøl fast bakpaa og staa paa den; for nærare vilde ho ikkje hava han. Og daa dei kom upp i borgi og skulde faa seg mat, laut Lars sitja burt-i omnskraai, han, bil ho sat med bordet.

Men Lars lika seg ikkje her, og so tok dei av stad att. Daa dei hadde ferdast eit bil, kom dei til ei utifraa gild og drusteleg sylvborg, og den òg totte Lars kunde likso gjerne vera hans; men kongsdotteri berre gjorde narr av han, ho.

b i l, medan.

So kom det eit troll, plent som fyrre gongen, og det gjekk ikkje likare med det heller enn at det vart sitjande ned-i jordi til yver hovudet. Her fann Lars ei sylvvogn og kjøyrde heim i, og no var daa kongsdotteri so rimeleg at han fekk staa bakpaa i vogni, og daa dei aat fekk han sitja med nedste bordsenden. — Men Lars vilde lenger endaa, han, og so kom dei til ei gullborg som var so blenkjande fin og fager at ein aldri skulde sétt slik syn.

„Den borgi maatte gjerne vera mi, den,“ meinte Lars. „Ja du var den rette til aa bu i slik ei borg, du,“ sa kongsdotteri. So kom trollet, og so skulde det liksom verta eit basketak att; men Lars berre ynskte trollet ned i jordi, han, og so var det gjort. Men denne gongen ynskte han det ikkje lenger ned enn til hovudet, og trollet til aa tigga og beda so vent det kunde at det maatte faa sleppa upp att.

„Ja,“ sa Lars, „fær eg hogga deg av i knei, so kann du vera til gagns i kjøken kann-henda“; dermed fekk dei fri kokk. Og no vart kongsdotteri òg so blid at Lars fekk sitja jamsides med henne baade i vogni og med bordet, og alt var godt og vel. So heldt dei brudlaup, og dit ynskte Lars baade mor si og far aat kongsdotteri.

Manndotteri i grisehuset.

Det var ein gong ein hogstall som hadde ei dotter. So gifte han seg andre venda og fekk ei trollkjering, og ho hadde òg ei dotter. Ho heldt si eigi dotter so gjæv; men manndotteri laut vera i grisehuset daa ho voks upp. Men so stelte ho upp i grisehuset og sopa og heldt det so fint og vent at det var svært.

So skulde det vera messa ein gong, og ho bad at ho maatte faa vera med til kyrkje. Nei det maatte ho ikkje.

Næste gongen det skulde vera messa, bad ho so vent att um ho maatte til kyrkje. Nei, ho maatte aldri til kyrkje. Men so tykte grannarne vondt um henne og daast yver henne, og dei raadde henne til at ho skulde gaa paa grefti til mor si og graata yver henne tri torsdagskveldar paa rad. Ho so gjorde, og ho gret og ille let og ynskte ho maatte faa tala med mor si.

Den tridje torsdagskvelden kom mor hennar upp og spurde kva det var ho gret fyre. So sa ho det, at ho hadde fenge ei stykmor som var so vond med henne; ho maatte aldri til kyrkje eller nokon ting.

„Ja eg kann ikkje onnor raad gjeva deg,“ sa mori, „hell at du skal gaa ned til ei tuva ned-i enden paa gjordet, og der skal du banka paa med handi i tri torsdagskveldar.“ Ho so gjorde, og den tridje torsdagskvelden kom det ei gamall kona ut or tuva og spurde kva ho gret fyre. So fortalde ho det.

hogstall (haugstallar) enkjemann. — **daast** (ell' daa, daa-ast) tykkja synd um.

„Ja no maa du koma inn her i stova til meg,“ sa kona. So var gjenta med henne inn i tuva, og der var so fint stelt at det kunde kje vera finare hjaa kongen sjølv. Der var ein mann som òg var til aars. So sa dei det med henne, dei gamle folki: „Fyrst du tykkjer for langsamt der heime og fær for lite mat, kann du koma ned til oss. So gjer du berre bankar paa; men du maa endeleg fara so løynlege og stillt at ingen gaar det,“ sa dei. Ja dette var ei stor trøyst for henne, og ho vart so glad i desse gamle folki.

So skulde det vera messa att med kyrkja. Daa gjekk ho ned til tuva og sa: „No er det lyst til messa, men ikkje hev eg klæde, og ikkje maa eg vera med til kyrkje.“ So sa dei gamle folki: „Du maa koma her ned til oss, naar dei sjølve hev fare til kyrkje, so skal me hava alt ferdigt.“ Ho so gjorde, skunda seg aat tuva og banka paa, daa dei sjølve hadde fare. Daa hadde dei gamle folki stelt til ein silkeklædning, so grum som han kunde verta, og hadde hest og sâl ferdige. Og mat og drikka hadde dei òg laga til, av det glupaste som fanst. „Du kann nok gjeva deg stunder,“ sa dei, „for presten hev ikkje gjenge i kyrkja enno.“ Daa ho hadde ete og havt paa seg dei fine klædi, sette ho seg i sâlen og reid av stad til kyrkja.

Det høvdest so til, at der var mykje storfolk med kyrkja, og alle bisna og glodde paa henne og undra seg kvar denne fine jomfrua kunde vera heime. Kongssonen var òg til kyrkje, og han vart reint upp-i under kvar ho kunde vera ifraa, daa han saag kor ven og gild og grum ho var. So tenkte dei det, mange av desse storfolki, at dei vilde freista aa faa

tala med henne naar ho kom ut or kyrkja, og spyrja kvar ho var ifraa. Men so snøgt presten hadde gjenge av stolen, tok jomfrua ut og sette seg paa hesten. Mange hæla etter, men ho var so snarp, og hesten so spræk, at ho var dei or syne fyrr dei fekk ropa til henne.

So reid ho til tuva. Daa stod den gamle mannen ute og tok imot hesten og baud henne velkomi att ifraa kyrkja. Ho hadde av seg dei fine klædi att, og dei hadde laga mat og drikka aat henne. Daa ho hadde no ete, sa dei gamle folki: „Næste gongen det vert messa skal du beda um du fær vera med til kyrkje, fyrr du kjem her hit til tuva att.“ So tok ho ut og kom til grisehuset fyrr dei sjølve hadde kome ut or kyrkja. Sidan kom stykmor hennar av aat grisehuset og fortalde um kor overlag ven ei jomfru det hadde vore med kyrkja.

„Naar det vert no messa att, maa eg ikkje vera med daa heller?“ sa manndotteri. — Nei daa! det fekk ho ikkje. Kva skulde slik ei gjera til kyrkje!

So vart det messa att, og ho bad, men ikkje lov fekk. Men daa dei sjølve hadde fare til kyrkje, so sprang ho aat tuva. Daa ho kom der, var allting tilstelt att, hest og sylvsål og mat og drikka, so grumt som det kunde vera. So fór ho til kyrkje daa ho var ferdig, og dei vart upp i under att, alle storfolki. „Der kjem ho att, den same fine jomfrua,“ sa dei. „Men i dag,“ sa kongssonen, „vil eg sjaa um eg ikkje kann faa tala med henne.“

Men so gjekk det like eins som sist: ho var for snarp, og hesten for spræk. Ho var burte paa eit handsnutt bil, og han fekk ikkje tala eit

ord med henne daa heller. So kom ho til tuva, og den gamle mannen tok imot henne; ho fekk seg mat og tok ut att og kom heim til grisehuset.

So kom stykmor hennar og fortalde um den ovende vene jomfrua der hadde vore med kyrkja i dag og. — Naar det vart no messa att, maatte ho ikkje faa vera med daa heller? sa gjenta. — Nei daa.

Det vart messa tridje gongen, men det var aldri raad, ho maatte kje vera med. So gjekk ho til tuva, og der var tilstelt endaa grumare hell dei fyrre vendorne, med gullskor og gullsål og gullbeisl. Daa ho fór til kyrkje, sa dei gamle det: „Du kann vara deg det same, at ikkje nokon fær tak i deg ell' fær tala med deg.“

Ja, ho kom til kyrkja, og alle storfolki var reint forfurda, dei hadde aldri tenkt dei skulde sjaa slikt syn. So snøgt daa presten hadde gjenge av stolen, tok jomfrua ut og sette seg paa hesten. Men so var kongssonen so nær etter at han fekk fat i foten hennar, med same ho steig i istiget, og rykte av henne den eine skoen.

So kom ho til tuva att, og baae dei gamle stod og tok imot henne. Ho gret for skoen sin som ho hadde mist. Koss det daa hadde bore til? spurde dei. Jau, so fortalde ho um kongssonen, og koss han hadde rykt skoen av henne.

„Aa det tarv du kje graata fyre, det er kje noko aa graata fyre,“ sa dei gamle. „No lyt du heim att til grisehuset denne venda og; men det vert nok noko anna no, skal du sjaa.“

Gjenta gjorde som dei sa. So kom stykmori ut til grisehuset og fortalde um denne ovende vene jomfrua; ho var i dag endaa mykje venare hell dei fyrre vendorne, sa ho, og so gild

med gull og greidor at det var ikkje horvelegt. Slikt fekk ein sjaa med kyrkja.

„Maa kje eg nokosinne til kyrkje?“ sa manndotteri. Nei daa! kva skulde slikt til kyrkje? Grisehuset var hennar, og der skulde ho vera.

No hadde kongssonen teke paa aa leita rundt ikring i by og paa land etter den som gullskoen høvde aat, — um han ikkje paa den maaten kunde faa uppspurt den vene jomfrua. So kom han og fylgjet hans sistpaa til garden der ho var, og han spurde der og. „Er her nokor jomfru som kann nytta denne skoen? den som kann det, vil eg hava,“ sa han. „Jau, dotter mi kann visst,“ sa kjeringi, „ho miste nyst slik ein sko.“ So skulde dotteri prøva skoen; men daa var han hoste liten. Kjeringi tok daa og hogg eit stykke av hælen og eit av taai hennar; so kom dotteri att og skulde prøva skoen. Daa nytta ho han.

So laga dei til brudlaups det grumaste dei kunde. Dei reid nedetter gjordet, og far og mor til gjenta var med. Men best som det var, kom der so fælande mange smaafuglar og fór til aa kvitra og syngja:

Hogge av hælen
og sneidt av taai;
tvi, tvi!
Gullskoen er full av blod.
Men i grisehuset sit
den som gullskoen nyttar.

„Kva er det for noko fuglarne syng?“ sa kongssonen. „Aa, kva er det aa fara etter nokre fuglar?“ sa mori. „Dette maa vera gale, kor som er,“ sa kongssonen; dermed snudde han og

nytta, kunna bruka.

rykte skoen av kjeringdotteri. Daa var han so full av blod at det skvatt. So tok kongssonen av stad til grisehuset og spurde utanfor døri um der var nokon inne, og so kom gjenta ut.

„Her hev eg ein sko, kann du nytta den?“ sa han. Ja so var skoen so maata som han kunde verta. „Ja deg vil eg hava!“ sa kongssonen.

So bad ho um ho maatte faa ei liti stund til aa stella seg. Det fekk ho; so skunda ho seg til tuva og fortalde koss det hadde gjenge med henne. „Ja det visste me,“ sa dei gamle folki. Og so stelte dei henne til att i same klædi som sist og med same hesten og sålreidet. So kom ho til kongssonen. „Ja no kann eg kjenna deg att,“ sa han, „at du er den eg jamt hev sétt med kyrkja.“

So var ho med kongssonen, og dei drakk brudlaup baade stivt og sterkt. Og eg var med og inkje fekk ko ein lefsebite og ein tobaksmole; lefsebiten aat eg upp, og tobaksmolen la eg ned i omns-kraai,

so lae eg mitt æventy ne paa ein sle'e
aa køyrde ti den som best kunna kvea,
den som kunn' 'ki so kvea betre hell eg,
skam sko tak'n fyr han lo aat meg.

maata, passeleg, høveleg. — inkje ko (kot), ikkje anna enn, berre.

Rennom rennom alle fast!

„Eg frys paa føterne, eg frys paa føterne!“ sa høna, dei var ute i nateskog ein vaat haustdag.

„Du skal faa skor, du skal faa skor!“ sa hanen.

„Det lova du ifjor, det lova du ifjor,“ sa høna.

So vart hanen so vond for det at ho vilde drivá han i ljugar, at han knekte ei nòt so hardt at skali fauk ikring. So spratt det eit skal i hovudet paa kjuklingen; daa vart han so rædd at han tok til aa springa.

„Kva renner du fyre, kjukling-nukling?“ sa høna.

„Det datt ei nòt i kruna mi;
himmelen brast,
jordi knast.
Rennom rennom alle fast!“

sa kjuklingen. So rende høna.

„Kva renner du fyre, høne-kjøne?“ sa hanen.

„Eg renner for kjukling-nukling renner.“

„Kva renner du fyre, kjukling-nukling?“

„Det datt ei nòt i kruna mi; himmelen brast, jordi knast; rennom rennom alle fast!“ So rende hanen.

So møtte dei ein hjase.

„Kva renner du fyre, hane-kane?“ sa hjasen.

„Eg renner for høne-kjøne renner.“

„Kva renner du fyre, høne-kjøne?“

„Eg renner for kjukling-nukling renner.“

rennom, lat oss renna. — driva i ljugar, gjera til ljugar. — hjase hare.

„Kva renner du fyre, kjukling-nukling?“

„Det datt ei nòt i kruna mi; himmelen brast, jordi knast; rennom rennom alle fast!“ So rende hjasen.

So møtte dei ein rev.

„Kva renner du fyre, hjase-kase?“ sa reven.

„Eg renner for hane-kane renner.“

„Kva renner du fyre, hane-kane?“

„Eg renner for høne-kjøne renner.“

„Kva renner du fyre, høne-kjøne?“

„Eg renner for kjukling-nukling renner.“

„Kva renner du fyre, kjukling-nukling?“

„Det datt ei nòt i kruna mi; himmelen brast, jordi knast; rennom rennom alle fast!“ So rende reven.

So møtte dei ein skrubb.

„Kva renner du fyre, rev-tev?“ sa skrubben.

„Eg renner for hjase-kase renner.“

„Kva renner du fyre, hjase-kase?“

„Eg renner for hane-kane renner.“

„Kva renner du fyre, hane-kane?“

„Eg renner for høne-kjøne renner.“

„Kva renner du fyre, høne-kjøne?“

„Eg renner for kjukling-nukling renner.“

„Kva renner du fyre, kjukling-nukling?“

„Det datt ei nòt i kruna mi; himmelen brast, jordi knast; rennom rennom alle fast!“ So rende skrubben.

So møtte dei ein bjørn.

„Kva renner du fyre, skrubb-rubb?“ sa bjørnen.

„Eg renner for rev-tev renner.“

„Kva renner du fyre, rev-tev?“

„Eg renner for hjase-kase renner.“

„Kva renner du fyre, hjase-kase?“

„Eg renner for hane-kane renner.“

„Kva renner du fyre, hane-kane?"
„Eg renner for høne-kjøne renner."
„Kva renner du fyre, høne-kjøne?"
„Eg renner for kjukling-nukling renner."
„Kva renner du fyre, kjukling-nukling?"
„Det datt ei nòt i kruna mi; himmelen brast, jordi knast; rennom rennom alle fast!" sa han. So rende bjørnen.

So daa dei no hadde sprunge soso langt og lenge, bar magen til aa svida paa bjørnen.

„Eg er so svolten," sa han, „eg er kje mann til aa springa lenger; eg lyt faa meg mat!"

„Me skal faa oss mat!" sa reven; „me vil telja: den som er minste namnet i, den vil me eta. Bjønn-tjønn, det er eit stort namn; skrubb-rubb, det er eit stort namn; rev-tev, det er eit stort namn; hjase-kase, det er eit stort namn; hane-kane, det er eit stort namn; høne-kjøne, det er eit stort namn; kjukling-nukling, det er eit lite namn: deg maa me taka!" — dermed glefste reven i seg kjuklingen. „Rennom rennom alle fast!" sa han daa. So rende dei.

Um eit lite bil sa bjørnen: „Eg er like svolten; eg hev kje fenge meir mat no," sa han.

‚Ja, koss skal me daa gjera?" sa reven; „jau, me vil telja: den som er minste namnet i, den vil me eta. Bjønn-tjønn, det er eit stort namn; skrubb-rubb, det er eit stort namn; rev-tev, det er eit stort namn; hjase-kase, det er eit stort namn; hane-kane, det er eit stort namn; høne-kjøne, det er eit lite namn; deg maa me taka," sa han, dermed glefste han i seg høna. „Rennom rennom alle fast!" sa han daa. So rende dei.

Um eit lite bil sa bjørnen: „Eg er like svolten, eg hev kje fenge meir mat no," sa han.

„Ja, koss skal me daa gjera?“ sa reven; „jau, no veit eg det, me vil telja: den som er minste namnet i, den vil me eta. Bjønn-tjønn, det er eit stort namn; skrubb-rubb, det er eit stort namn; rev-tev, det er eit stort namn; hjase-kase, det er eit stort namn; hane-kane, det er eit lite namn, deg maa me taka!“ sa han, dermed glefste han i seg hanen. So sa han det: „Rennom rennom alle fast!“ sa han. So rende dei.

Um eit lite bil sa bjørnen: „Eg er like svolten, eg hev kje fenge meir mat no,“ sa han.

„Ja, koss skal me daa gjera? sa reven, — „jau, no veit eg det, me vil telja: den som er minste namnet i, den vil me eta. Bjønn-tjønn, det er eit stort namn; skrubb-rubb, det er eit stort namn; rev-tev, det er eit stort namn; hjase-kase, det er eit lite namn, deg maa me taka!“ sa han, dermed aat han upp hjasen. So sa han det: „Rennom rennom alle fast!“ sa han. So rende dei.

Um eit lite bil sa bjørnen: „Eg er like svolten, eg hev kje fenge meir mat no!“ sa 'n.

„Ja—a, koss skal me daa gjera?“ sa reven, — — „nei no veit eg det, me vil telja: den som er minste namnet i, den vil me eta;“ og so talde han fortast han kunde: „Bjønn-tjønn, det er eit stort namn; rev-tev, det er eit stort namn; skrubb-rubb, det er eit lite namn: deg maa me taka,“ dermed tok bjørnen og reiv sund skrubben og glefste han i seg. So var han no mestom mett daa; reven var reint stappa, han. „Rennom rennom alle fast!“ sa reven. So rende dei langt og lenge.

So fór magen til aa svida paa bjørnen.

„Eg er so svolten, eg er kje mann til aa springa lenger,“ sa han; „eg lyt faa meg mat.“

„Me skal faa oss mat,“ sa reven.

„Ja kva skal me slaa paa no daa?“ sa bjørnen.

„Eg tenkjer me vil saa eitkvart,“ sa reven; „me vil saa næpor.“

So daa næporne var store og takande, sa reven det: „Kva vil du no hava, roti hell toppen?“

„Aa eg vil ikkje bry meg med aa rota og grava i moldi; du kann taka roti,“ sa bjørnen. Ja so subba han og pausa og aat kaalet og fekk slikt mage-riv, og reven pila og ruska og aat næpor. „Rennom rennom alle fast!“ sa so reven. So rende dei langt og lenge.

So fór magen til aa svida paa bjørnen. „Eg er so svolten, eg er ikkje mann til aa springa lenger; eg lyt faa meg mat,“ sa han.

„Me skal faa oss mat,“ sa reven.

„Ja, kva skal me slaa paa no daa, tru?“ sa bjørnen.

„Jau, eg tenkjer me vil saa eitkvart att; men eg er leid av aa rota og grava etter desse næporne; eg tenkjer me vil saa oss rug,“ sa reven.

So daa rugen var skjær, sa reven det: „Kva vil du no hava, roti hell toppen?“

„Eg vil ikkje hava meir kaal,“ sa bjørnen; „du kann taka toppen.“ Ja, so tok reven alle aksi, og bjørnen gjekk kjafsa og aat den turre rughalmen og røterne. „Rennom rennom alle fast!“ sa so reven. So rende dei langt og lenge.

So bar magen til aa svida paa bjørnen.

pausa, eta med full munn, stappa i seg. — pila (pela). plukka.

„Eg er so svolten, eg er ikkje mann til aa springa lenger,“ sa han; „eg lyt faa meg mat.“

„Me skal faa oss mat,“ sa reven.

„Eg undrast kva me skal slaa paa no?“ sa bjørnen.

„Jau, eg tenkjer me vil fiska,“ sa reven. „Gakk no du ned paa isen og krafs og grav og faa deg eit hol, og sting so rova ned-i, og so kann du segja meg til, fyrst du kjenner det svid; daa bit det. So skal eg gjera paa verme, so me kann faa steikja fisken vaar,“ sa han. Ja, bjørnen gjekk ut paa isen og krafsa og grov til han fekk hol, og stakk rova ned-i; og reven gjekk av og gjorde ifraa seg.

„Kva vert det no av vermen din?“ sa bjørnen.

„Det kjem seg vel,“ sa reven; „sjaa no ryk det alt! no er det ikkje langt til vermen.“

„No bit det visst,“ sa bjørnen, „det svid so at . .“

„Sit lenge, sit lenge, so kjem dei store fiskarne,“ sa reven.

Daa no reven tenkte at bjørnen var vel klaka fast, sa han: „No bit det vel?“

„Ja, no bit det fulla,“ sa bjørnen; „det svid so reine fælt.“

„No rykkjer du so skarpt som du er god fyre!“ sa reven. So sprang bjørnen til, eit hopp so fælt, og so sleit han av seg rova, veit du. Og sidan so er han stubbrova.

Daa skyna bjørnen at reven hadde narra han heile tidi, og so vart han so sinna, han vilde drepa reven. Han elte etter han, til reven fekk smjuga seg inn-under ei furerot. So grov bjørnen, til han fekk tak i den eine bakfoten til reven. Men daa log reven seg so godt:

„Just held du i furerot, og trur det er revefot!“ sa han. So slepte bjørnen foten att, og reven smette seg inn i ei urd.

Guten og risen.

Det var ein gong ein liten gut som var ute og gjætte for far sin. Som han daa gjætte upp-under ein fjellskut, kom risen i det fjellet styngs imot han. Guten vart heller rædd, men han heldt seg med mod og tok ein ystel upp or skreppa si og til aa eta.

„Du er nok fælt sterk, du?“ sa guten.

„Aa ja,“ sa risen, „eg er daa det.“

„Men kann du kreista vatn or ein kattestein? sjaa eg kann!“ sa guten; dermed kreista han ystelen so mysa rann, og so flidde han risen ein kattestein. Risen gav seg daa til aa kreista paa denne, og han kreista han reint flat; men han kunde ikkje faa vatn ut-or han, som guten kunde or ystelen.

„Men kann no du kasta ein stein so høgt som eg kann?“ sa risen, og dermed so hivde han ein stein upp i lufti, so høgt at det var lenge dei ikkje kunde sjaa han; men sistpaa so kom han daa ned att.

„Aa, kann du kje kasta annarleis?“ sa guten; „eg skal hiva so høgt at det aldri kjem

ystel, ein klump med fersk ost. — kattestein (eller heggjelstein) kvarts, „kvitstein“.

ned att,“ sa han. Dermed so tok han ein liten sporv som han hadde fanga og gjøymt i lumma si, og lest som han kasta den upp i lufti; og fuglen fauk so det var ikkje lenge fyrr dei ikkje saag han meir.

„Du er furdelege sterk,“ sa risen, „du er reint min meister; eg ynskte eg hadde slik ein kar til tenestdreng, eg.“

„Aa ja,“ sa guten, „eg skal ikkje slaa imot det, aa faa slik ein husbond som er so sterk at han er den sterkaste att-etter meg.“

Dermed fylgde han heim med risen til rísegarden, og dei vart samde um at han skulde tena der til gaukemess.

Andre dagen so skulde dei taka aat skogen og hogga ved. So sa risen det med guten: „Vil du bera øksarne aat skogen, eller vil du bera dei heim i kveld?“

„Eg vil heller bera dei heim att i kveld,“ sa guten; „daa tenkjer eg du er so trøytt at du kann trenga um aa liva paa deg.“

Risen tok daa øksarne, og dei fór til skogen der dei skulde hogga. Som dei daa skulde til aa fella eit tre, spurde risen: „Vil du bøygja treet ned, eller vil du halda i toppen?“

„Eg vil heller halda i toppen,“ sa guten; „det leitar meir paa, det, slikt eit drjugt tre som dette er.“

Som daa risen hadde bøygt treet ned, tok guten i toppen, og risen slepte og vilde taka øksi og hogga det av. Men med same han slepte, sprøytte treet seg upp og slengde guten langt burt i ein bakke.

„Kvi fer du soso, svein?“ sa risen.

„Ja gjer no du slikt eit byks,“ sa guten;

l i v a s e g, spara seg.

„her er kar som er lett i kroppen her, attaat han er sterk. Kann no kje du gjera det same, so vil ikkje eg hogga i dag i lag med deg,“ sa'n.

Risen til aa prøva, men so var han so tung at treet berre bøygde seg radt ned til jordi att med han. „Nei, dette kann eg ikkje,“ sa han; „so du lyt heller liggja og kvila i dag.“

Risen braut daa ned og hogde einsamall heile dagen til endes; men daa dei so skulde fara heim, sa han: „No veit du at du skal bera øksarne heim.“

„Ja,“ sa guten og tok i skaftet paa ei øks som han ikkje kunde orka ifraa marki dessmeir, og gav seg til og stira upp i skyi.

„Kvi stend du soso, svein, og ser upp i skyi?“ sa risen.

„Jau, no gjeng skyi heim same vegen som me gjeng, ser eg,“ sa guten; „so vil eg hiva øksarne upp i skyi so ho kann bera dei heim. D'er alltid godt aa liva paa seg so mykje som ein kann.“

„Nei, fyrr du skal gjera det, vil eg heller bera øksarne heim sjølv; dei kunde verta skjemde naar skyi slengde dei ned att,“ sa risen. „Men du som er so sterk, du kann taka i roti paa denne bjørki, so skal eg bera i toppen; me lyt hava ho med heim til graute-ved,“ sa han.

Ja so gjekk guten til rot-enden, og risen tok toppen og lyfte upp paa oksli. „No, kvi gjeng du ikkje, svein, men stend soso og sigtar?“ sa risen.

„Aa, det er kje verdt aa bry seg med aa bera denne pinnen,“ sa guten; „eg vil kasta han beint inn paa aaren, dermed so stend eg og sigtar etter fjellet ditt.“

„Nei, nei, gjer ikkje det!“ sa risen; „du kunde

støyra ned huset mitt! eg skal gaa fyre, du veit ikkje vegen heller.“ So skunda risen seg og svinga bjørki og drog ho baklenges yver stein og stuvar, so han drap seg mest. Og guten sat skrevs um bjørkeleggen og kjøyrde.

So kom dei heim. Daa var risen mestom troten og heller gretten. So slo guten paa det, at den som fyrst vart sinna skulde faa tri raude reimar skorne av ryggen sin, og det var kje fritt fyre at risen fór til aa verta rædd guten, so dei vart samde um det.

No skulde dei til aa kveikja upp.

„Du kann blaasa,“ sa risen.

„Ja blæs eg, so blæs eg burt baade deg og fjellet og alt saman“, sa guten.

„So fær eg blaasa sjølv daa,“ sa risen.

So bles han so guten fauk upp i lause lufti som ein ham og fór flagsa uppunder taket.

„Nei kva gjer du no, svein?“ sa risen.

„Du vert daa ikkje sinna, husbond? eg vilde berre taka næver til kveikje,“ sa guten og tok til kniven.

„Nei, eg er visst ikkje sinna; kva skulde eg ha' vorte sinna fyre?“ sa risen. So kveikte dei upp og saud grauten, og so fekk dei seg mat og la seg.

Andre dagen skulde guten moka stallen, — det hadde kje vore gjort paa sju aar, og det skulde han gjera paa den visi at han slengde moksteren yver hovudet sitt og ut gjenom gluggen. Same vegen skulde han sleppa hesten ut. Men gluggen var mykje for liten; der tok han og hogg hesten i smaabitar og slengde ut. Daa risen kom og saag dette, vart han reint forfælt.

„Kva hev du gjort med hesten min, svein?“ sa han.

„Eg hev slept han ut. Det er kje so du vert sinna, godfar?“ sa guten og drog kniven.

„Nei, eg er visst ikkje sinna; kva skulde eg ha’ vorte sinna fyre?“ sa risen.

So skulde dei fara til aa brygga, og risen sette guten til aa koka humle. „Du kann leggja torvor under kjêlen, og so kann du segja ifraa fyrst vatnet er so heitt at haari losnar,“ sa han. Men guten fekk korkje humle eller torvor til aa gjera med. So tok han dotter til risen, ho heitte Torvor, og stakk innunder kjêlen, og hunden tok han og la uppi, for den heitte Humle. So gjekk han av til risen og sa: „Jau no trur eg haari losnar; du lyt koma og sjaa.“

Men risen vart heiltupp avskræmd daa han kom og fekk sjaa. „Nei kva hev du gjort med dotter mi og hunden min, svein?“ sa han.

„Eg hev gjort som du sa, eg; det er kje so du vert sinna, godfar?“ sa guten og drog kniven og baud til aa skjera.

„Nei, trøyste og betre meg, eg vert visst ikkje sinna; kva hev eg aa verta sinna fyre?“ sa risen.

No var guten stedd til gaukemess, og husbondsfolket var rædd og leid han. So sette kjeringi til. risen seg burt-i eit tre og tok paa og gol. „Ja, nu lyt du fara daa,“ sa risen; „for no gjel gauken.“

„Dette er ikkje gauken,“ sa guten; „dette er ein utidsfugl; lat meg stad skjota han!“

Nei daa laut risen staa til at det var kona hans, og han bad so vent for henne at ho slapp med livet.

Men no var dei so mødde av denne guten, at dei tenkte dei skulde no fulla verta av med

han paa eikor visi. So ein kveld sa husbonden det med han: „Gakk stad legg deg, svein! du tarv ikkje risa i morgon fyrr eg vekkjer deg.“

Guten gjekk, men daa han var komen utanfor døri, høyrde han dei rødde um at dei vilde slaa han i hel um natti. Daa tok han utav gullet og sylvet som hekk paa veggen og la ned i sengi si, og sette eit grautfat paa hovudgjerdi, og sjølv smatt han inn-under. Jau i graalysingi, der kom fulla risen med ei fæl jarnstong og til aa berja paa sengi det meste han vann; og grautfatet vart no ikkje mykje spart, det heller.

„Er han daud no?“ sa kona daa han kom ned att.

„Ja, no er der korkje ord eller ande i han,“ sa han; „eg høyrde kor det skraava i bein og bunor, og kor heilen skvatt burt-i veggen.“

Um eit bil kom guten inn. Men daa miste risen baade maal og mæle. Daa han fór til aa raada med seg, sa han: „Kvi er du so tidlege uppe, svein?“

„Aa eg tykte det leid langt aa dag,“ sa guten.

„Kjende du kje noko i natt?“ sa risen.

„Nei, ikkje anna enn noko som beit,“ sa guten. Daa vart risen so fælen at han baud guten so mykje gull og sylv som han vann bera, vilde han berre taka ut og aldri koma att.

„Ja, men ber eg, so tek eg baade hus og fjell og alt ihop,“ sa guten. Ja so fekk risen sjølv bera, alt med han vann.

Daa dei kom nær garden der guten var heime, stod der ei hesja.

berja, slaa, banka. — **skraava**, knirka, bjota.

„Kva er dette?“ spurde risen og fór til aa verta rædd.

„Aa, det er Styggemannen,“ sa guten.

Daa slengde risen byrdi si og la i veg; men guten heldt paa og bar heim gull og sylv i samfelde aatte dagar.

So løner dei god-gjerningar.

Det var ein gong ein gamall mann som gjekk og stauka med ein kvit stav. So kom han aat ei maurtuva, og i den laag det ein orm og bar seg so ille yver at maurarne vilde drepa han. „Aa kjære mann!“ sa han, „fria meg or denne naudi; rett meg staven din og kasta meg ut or tuva!“

Ja, mannen so gjorde. Straks slengde ormen seg upp-etter staven og kring halsen paa mannen og sa: „No vil eg stinga deg i hel!“ „Ja so,“ sa mannen, „no frelste eg livet ditt, og du vil drepa meg for umaken.“ „Ja,“ sa ormen, „hev du kje høyrt det, at alle gode gjerningar skal ille lønast.“ „Nei,“ sa mannen, „det kann ikkje vera so. Me fær gaa eit stykke, so fær me høyra um alle segjer so.“

Dei gjekk frametter vegen, og so kom dei til ei gamall merr. „Høyr, du gamle mor,“ sa mannen, „er det sant at alle gode gjerningar skal ille lønast? So segjer denne ormen. Eg frelste livet hans; han laag i ei maurtuva, so tok

eg han paa kvite staven min og vilde kasta han ut or tuva; dermed so slengjer han seg kring halsen min og segjer han vil drepa meg for umaken."

„Ja," sa merri, „eg fær nok vita at det gamle ordtøket er sant, eg. Fyrr hev eg havt mange fine føl og drege mangt eit tungt lass og vore til stort gagn; men n o byd dei meg ei blaa kula i skallen for umaken." „Ja høyr no!" sa ormen; „no sting eg deg i hel." „Nei, me fær gaa eit stykke til," sa mannen; „dei segjer vel ikkje alle so."

Eit stykke derifraa kom dei til ei gamall ku. „Høyr, du gamle mor!" sa mannen; „er det sant at alle gode gjerningar skal ille lønast? So segjer denne ormen. Eg frelste livet hans; han laag i ei maurtuva, og maurarne hadde fulla drepe han; men eg tok han paa kvite staven min, og no vil han drepa meg for umaken."

„Ja," sa kui, „eg fær so finna, eg, at det ordtøket er sant. Fyrr hev eg bore mange gilde kalvar og mjølka dugeleg; men n o byd dei meg ein blaa øksehamar i skallen for umaken." „Ja høyr no!" sa ormen; „no drep eg deg." „Nei, me fær enno gaa eit stykke," sa mannen; „høyrer eg daa det same, so lyt det vel so vera."

So kom dei til ein rev. „H a n hev vore ein domar i gamall tid; honom skal me spyrja," sa mannen. So sa han det til reven: „Høyr du rev! du er no so klok paa alle ting, du; er det sant at alle gode gjerningar skal ille lønast? So segjer denne ormen som eg ber ikring halsen. Eg frelste livet hans; han laag i ei maurtuva, og maurarne hadde no snart drepe han; men eg tok han paa staven min og kasta han ut or

tuva, og han kasta seg yver halsen min og sa han vilde stinga meg i hel for umaken."

„Ja," sa reven, „no skal eg vera domar imillom dykk, eg; men de maa lova meg det, baae tvo, at de vil taka ved den domen som eg feller." Ja, det lova dei. „No skal eg setja meg paa ein stein, og du mann skal setja deg paa ein stein, og ormen skal leggja seg paa ein stein." Det gjorde dei. „Ja no dømer eg at du mann skal taka kvite staven din og slaa ormen i hel." Det gjorde mannen straks.

„Kva skal du hava for umaken din?" sa mannen daa. „Kjem eg i naud ein gong, so skal du hjelpa meg att," sa reven.

Nokre dagar etter gjekk mannen og pløgde. Dermed kom det ein rev springande. „Aa kjære mann!" sa han, „pløg meg ned i fòri so ingen ser meg; det kjem ein skyttar og vil skjota meg i hel." Mannen so gjorde; for han kjende att reven, at det var den same som hadde hjelpt han.

So kom skyttaren. „Hev du kje sétt ein rev sprang her?" sa han. „Nei," sa mannen; men han peika burt paa fòri. „Han sprang daa skilleg burt til deg," sa skyttaren. „Nei," sa mannen endaa; men han peika paa fòri. Men skyttaren gaadde ikkje aat det og fór sin veg.

„No frelste eg ditt liv og," sa mannen. Men reven hadde sétt at han peika, og han sa det: „Ja, du tala som ein mann, men du peika som ein skjelm."

Gullfuglen.

Det var ein gong ein konge som var hogstall og gifte seg upp att, og so tok han ei som var so vond at sonen hans maatte gaa og gjæta. So fann guten so ven ei fjør, med han gjætte. Daa sa kongen det, at han maatte daa slett aldri syna den for dronningi, elles kom ho til aa gjera av med han, fekk han ikkje i fuglen som hadde felt fjøri. Men so tykte han so vent i denne fjøri, han kunde kje halda seg, anna han leika med ho so dronningi gaadde det. So sa ho det: „Fær du meg ikkje fuglen som hev felt fjøri, so skal eg drepa deg," sa ho. „Ja eg lyt daa freista," sa guten, „for det vert ikkje verre hell vondt. Men so lyt eg faa med meg ei god nisteskreppa og so denne fille merri."

Ja so tok han ut og reid so lenge til han vart trota og kom inn paa ein støyl. Der la han seg til aa sova, og daa han vakna att, var der ein rev som laag og aat upp nista hans. So fekk han tak i foten paa reven og sa: „No skal eg daa drepa deg, hev du ete upp maten min." „Aa goe, vil du lata vera aa drepa meg, so skal eg fylgja deg; for eg veit kva du vil," sa reven. Ja so tenkte guten med sjølv-seg: „D'er kje meir um eg drep deg, du kann likso gjerne gaa, anten du no fylgjer meg ell' ikkje."

So reid guten, og reven sprang etter og fylgde. Um eit bil kom dei av aat berget som risen var i, han som hadde fuglen. „No lyt du inn og segja du vil faa kaupa den fuglen som

faa i, faa tak i, koma med, skaffa. — tykkja vent i, tykkja gildt um. — faa (ein) noko, skaffa, koma med.

gjeng paa tilet," sa reven. Ja, guten inn og spurde um han kunde faa kaupa fuglen. „Nei det fær du ikkje," sa risen, „utan du kann faa i det sverdet aat meg som er gylt og sett med glimesteinar, det som er i det hitt berget." So kom guten ut att til reven. „Kva svar fekk du?" sa reven. „Aa, naar eg kunde faa han det fine sverdet som var i hitt berget, so skulde eg faa fuglen," sa guten.

So fór dei lenger, reven sprang, og guten reid. „Her inne er sverdet," sa reven, „no lyt du inn og segja du vil faa kaupa det sverdet som er gylt og sett med glimesteinar." Ja, guten inn og spurde um han kunde faa kaupa det sverdet som hekk paa veggen. „Nei, ikkje utan du kann faa meg den hesten i det hitt berget som er gylt kvart haaret paa; daa skal du faa det," sa risen. So kom guten ut til reven att. „Kva svar fekk du?" sa reven. „Eg fekk kje anna svar hell at eg skulde faa det, fyrst eg kunde faa han den gilde hesten som var i hitt berget."

So tok dei i veg att, reven sprang, og guten reid. „Her er hesten," sa reven; „no lyt du inn og segja du vil faa kaupa den hesten som er gylt kvart haaret paa; so stend eg her ute til du kjem att." Ja, guten inn og fala paa hesten. Nei, den kunde han ikkje faa utan han kom med den jomfrua som var vestanfor soli og sunnanfor maanen og langt ut-paa gulløyi, sa risen. So kom guten ut til reven att. „Kva svar fekk du?" sa reven. „Kva svar fekk eg vel! Jau eg skulde faa hesten fyrst eg kom med den jomfrua som var vestanfor soli og sunnanfor maanen og langt ut-paa gulløyi; og henne

fala, tinga.

kann me aldri faa tak i,“ sa guten. — „Aa jau me lyt vel vandra, kor som er,“ sa han; „heim att torer eg ikkje, for eg vert drepen kvaar det er.“

So tok dei ut att og vandra so lenge at dei visste kje naar dei kom fram. Jau, sistpaa so kom dei daa fram til det berget utpaa gulløyi der jomfrua var. „Ja no lyt du inn og sjaa um du kann kje faa taka henne; for no er risen av og gjæter gjeiterne,“ sa reven. „So lyt du binda meg sterkt til denne fura so eg ikkje slit meg; for elles stryk eg av, eg er so rædd. Naar du kjem daa inn, so er der so mange hestar som er so vene, med so mange liter og gylte greidor, so d'er kje med maate. Men so stend der eit stort stygt asen, det skal du taka. So heng det ei krukka paa veggen og ei spik og ein steinsekk, dei skal du taka, og so tek du med deg gryn og erter og rug og kveite og lesser alt saman paa asnet; du legg aldri so mykje paa, anna asnet ber det.“

So kom daa guten inn til jomfrua. Daa var risen av og gjætte gjeiterne. „Aa betre og trøyste meg for deg,“ sa ho; „no kjem du her, og du kjem aldri livande ut att.“ „Ja det fær aldri hjelpa kvaar eg gjer,“ sa guten; „no skal du fylgja meg koss det gjeng.“ Det vilde ho so gjerne som ho vilde vera til; men ho tenkte no ikkje anna hell at han vart drepen. So ota han og leste paa asnet: gryn og erter og rug og kveite og krukka og spiki og steinsekken, og daa dei var ferdige, kom dei ut til reven. „Ja no hev eg vore fælt rædd,“ sa han.

So fekk reven òg sitja paa asnet, og so tok

kvaar det er, i baae fall, kor som er. — **kvaar**, kva helst (av tvo ting). — **ota**, stræva, driva sterkt paa.

dei ut so fort dei kunde og kjøyrde av stad, langt og lenge. „Høyrer du noko?“ sa reven. „Nei,“ sa guten, „eg høyrer inkje“.

So kjøyrde dei eit langt skeid att. „Høyrer du noko?“ sa reven. „Ja, no høyrer eg det dunar so forfurdelege,“ sa guten. „Ja so fær du kasta spiki attanfor deg,“ sa reven. Guten so gjorde; so voks der upp ein skog, so steggeleg stor og tjukk at det stod tre i tre som i ein rugaaker, og risen braut og drog seg fram. „Ja der kann han daa aldri koma etter,“ sa guten.

So kjøyrde dei langt og lenge. „Høyrer du noko?“ sa reven. Nei, guten høyrde ingen ting. So kjøyrde dei ei lang leid att. „Høyrer du noko no?“ sa reven. „Ja, og no høyrer eg at dei er nær oss.“ „Ja, so lyt du kasta kornet og gryni og erterne,“ sa reven. Guten so gjorde, og so sleitst dei um dette, løvorne og kvitebjørnarne og bjørnarne og alle dei dyri som kom etter i ferdi til risen. So kasta guten krukka; daa vart der eit vatn attanfor dei, so stort at det var mest ikkje ende paa. Og risen vassa og drakk, vassa og drakk. „Ja der slepp han daa aldri lenger,“ sa guten.

So kjøyrde dei lenger. „Høyrer du noko?“ sa reven. Nei, guten høyrde ingen ting, og so kjøyrde dei eit langt stykke att. „Høyrer du noko no?“ sa reven. Ja no høyrde han dei att, og so skulde han kasta steinsekken. Guten so gjorde og kasta 'n langt ifraa seg; daa vart det ikkje anna hell fjell, det eine upp og det andre ned. Og risen ota og sprang, dal or dale og nut av nute. „Ja, der drep han seg daa visst,“ sa guten.

So kjøyrde dei att. „Høyrer du noko?“

ferd, farveg, spor.

sa reven. Nei, han høyrde ingen ting. „Høyrer du noko no?“ sa reven um eit bil. „Ja, no høyrer eg han att; no veit eg aldri koss det vert laga,“ sa guten.

So kom risen so dei saag han. „Ja no veit eg ikkje onnor raad, no lyt eg skapa dette asnet i ei kyrkja og jomfrua i ein preikestol,“ sa reven, og daa han hadde gjort det, so skapa han seg sjølv i ein prest, og guten vart no klokkar. Som han daa stod der og preika og song, kom risen og spurde um han hadde kje sétt noko ein rev og ein gut og eit asen og ei jomfru fara der-um. „Jau det hev eg sétt,“ sa reven; „no fór her nokre for ei liti stund sidan, og dei la upp igjenom nokre nutar heran, so eg veit kje koss dei kann koma fram.“ Daa visa han risen so av leid at han vart reint tròta og øydelagd med alt sitt fylgje og all si ferd. So skapa reven dei um att som dei var fyrr. Daa vart jomfrua so glad, so ho visste mest ikkje til seg.

So kom dei fram att til der hesten var. Daa gret jomfrua og ille lét for ho skulde koma burt inni dette berget att og bytast burt i hesten. Men so sa reven det med guten: „Du tykte vel vondt aa verta av med jomfrua? Eg lyt daa freista aa laga m e g i ei jomfru, og so fær du leida meg inn. Men so lyt du segja so med risen, med-same du vil gaa ut, at det plar vera ein gamall sed aa sjaa ut etter folk.“

So kom guten inn med denne jomfrua og spurde um han kunde faa byta i henne og hesten. Jau, d e t skulde vera raad til, sa risen; han var no so tyd og blid, det var ikkje med maate. So fekk guten hesten daa og tok ut med han. Daa so risen kom inn att og

hadde sétt ut etter dei, daa fekk han sjaa at der var ein rev som hadde rive ut halsen paa jomfrua. Han tok ei jarnstong og til aa slaa etter reven, so han sistpaa slo hol paa berget sitt, og reven slapp ut. Og so elte han reven til dei kom av ut paa ei blaut myr; men reven var lett og risen tung so han søkte seg ned. „Ja no var eg fælt rædd," sa reven med guten. Daa var guten so glad og kaat, han gjekk mest ikkje ned-paa jordi; no hadde han daa jomfrua.

So kom dei til det hitt berget som sverdet var. „Ja du tykte vel vondt verta av med hesten din," sa reven. „Aa nei, du skulde ikkje freista deg lenger," sa guten. „Aa jau, eg lyt skapa meg i ein hest, og so lyt du leida meg inn," sa reven.

So var han no so ven, denne hesten, og risen vart so glad i han; so spurde han um han kunde faa byta i hesten og sverdet. Jau, det skulde han faa.

Som daa risen fekk hesten, sa guten: „D'er ein gamall sed med folk aa sjaa ut etter den som gjeng." So saag risen ut etter 'n; han vilde gjerne vera folkeleg. Med' han var daa ute, hadde ein rev rive ut skrovet paa hesten. Daa vart risen so forheskjeleg vond og tok jarnstongi si og slo etter reven, og so slo han hol paa berget, han og. Reven ut og av ut-paa ei blaut myr, og risen etter; og reven var lett, han, men risen stauka og stampa og søkte seg ned. „Ja, no hev du sverdet og", sa reven med guten.

So kom dei til der fuglen var. „Ja du hadde vel gjerne havt sverdet og", sa reven. „Aa, no hev eg fenge so mykje av deg," sa guten.

elta, driva, jaga, forfylgja. — forheskjeleg, oveleg. fæleleg.

„Ja du, eg lyt skapa meg i eit sverd; so lyt du bera meg inn,“ sa reven.

So kom guten inn i fjellet med sverdet og spurde um han kunde faa byta i sverdet og fuglen. Ja det skulde han faa. Dei bytte, og so sa guten: „Det plar vera ein gamall sed med folk at dei slepper ut vardyvlet etter den som gjeng; men d'er kann-henda ikkje so med risarne?“ sa han. Jau, so maatte no risen sjaa ut etter han. Daa han so kom inn, stod der ein rev og heldt paa og slo sverdet sund i molar, so smaa som han kunde. Daa vart risen so vill, han vilde mest springa sund. Han tok jarnstongi si og elte reven so han sprang hylla aa hylla og hjell aa hjell og var mest paa livet; han tenkte risen hadde reint forgjenge han. Men sistpaa so slo risen hol i berget sitt; han saag ikkje koss han slo, so sinna var han. Reven ut og av ned paa ei blaut myr, og risen etter og søkte seg ned.

Daa hadde guten fuglen og sverdet og hesten og jomfrua.

So kom guten heim att til kongsgarden med alt dette fylgjet; og daa vart no kongen so glad, han kjende mest ikkje han var til. „Ja der hev du fuglen,“ sa guten med stykmori.

So skulde der vera brudlaup, og daa vilde stykmori hava kongsdotteri — for jomfrua var no ei kongsdotter — til kona for s i n son. So var det um kvelden paa brudlaupsdagen, daa sa reven det med bruri: „Med du no sit til bords, skal du segja det: Kva skulde den lida som vilde forraada so vent eit par som meg og brudgomen min? So segjer stykmori det,

f o r g a n g a, fara for hardt inn paa, „overvælde“. — f o r r a a d a, leggja svikraad imot.

at han skulde brennast i svaavel og tjøra, og so skal eg koma til hjelpar med same," sa reven.

So daa dei kom daa til bords, sa bruri: „Kva skulde den lida som vilde forraada so vent eit par som meg og brudgomen min?" „Han skulde brennast i svaavel og tjøra," sa stykmori. So kom reven. „Ja sjølv la du straffi paa, og sjølv skal du det lida," sa han, og so tok han henne, og til kjêlen med henne. Daa vart no kongen so glad, at han hadde sloppe henne og.

„Ja no skal du hogga av meg hovudet," sa reven med brudgomen. „Nei, snildare hev du vore med meg, hell at eg vil hogga hovudet av deg," sa guten. „Ja høgg ikkje du hovudet av meg, so høgg eg det av deg", sa reven.

So tenkte guten det: „Du veit det vel best; eg lyt hogga hovudet av deg daa." So hogg han hovudet av han; daa vart det ein kongsson so staut. Og attmed han stod der ei kongsdotter so ven, dei hadde aldri set so vent, — det var asnet. Det var stykmor til guten som hadde forskapa henne i asen. Daa drakk dei tvo brudlaup og livde baade godt og vel, og hev dei ikkje avlivt, so liver dei enno.

til hjelpar, til hjelp.

Pyk og Sløg og Oskelabben.

Det var tri brør som ikkje hadde noko aa liva utav. So vilde dei tvo eldste, Pyk og Sløg, av til kongsgarden og stela gjæser, og Oskelabben bad um han maatte kje vera med. .Nei, sa dei, kva skulde no han vera med fyre, han som jamt laag i oska og grov; det var ingi raad. So var det ein kveld dei la av garde og fór skogveges; men Oskelabben kom etter og gjekk vegen beint til kongsgarden og sa det med kongen:

„I kveld kjem her tjuvar og vil stela gjæser; maa no eg faa den beste, so skal eg fria alle dei andre," sa han. Ja, det skulde han faa, sa kongen. „Men so lyt eg faa ei hovtong av deg," sa guten. Ja han fekk det han bad um og hadde seg av inni gaasegarden.

So ut paa kvelden kom no Pyk og vilde faa seg ei gaas; men med same han var innum grindi, tok Oskelabben han i nosi med hovtongi og vreid so han vreid nosi mest rundt paa han. Og Pyk ylte og skreik og lova at han skulde slett aldri koma der meir; det var for øgjelegt som gassen klypte!

„Du er daa ei armod!" sa Sløg, daa Pyk kom ut att; „eg skal nok faa tak i gaasi!" sa han. Men so tok Oskelabben honom endaa verre, so han sleit mest av han nosi. Der var kje raad til aa koma.

So Oskelabben heim att daa og til aa flysja og steikja gaasi si, og han hadde ho ferdug daa brørne kom heim. So spurde dei kvar han hadde

flysja plukka (ein fugl.)

fenge den. „Aa, d'er kje agtande paa kvar eg hev fenge den," sa han.

So dei til aa beda han so vent at dei maatte faa eta med. „I morgon vil me av og stela bekrar, daa maa du vera med," sa dei. „Aa det vert vel daa som vant er,". sa han. Men so fekk dei daa eta med.

Andre kvelden vilde dei av aat kongsgarden og stela bekrar; men daa fekk kje Oskelabben vera med att, det bar aldri til. Han kunde sitja heime paa aaresteinarne med hine kjettorne og glo og grava i oska, det var maaten for han, sa dei. So drog dei av, dei skogveges, og han vegen beint til kongen att. „I kveld kjem det tjuvar og vil stela bekrar ifraa deg; maa eg no faa den beste, so skal eg fria alle dei andre," sa han; „men so lyt eg faa ei klubba," sa han. Den fekk han og smatt so av inn i fjoset. Kom so Pyk tuslande og vilde faa seg ein vêr; la so Oskelabben til han i skallen so han trulla burtetter tallen. So kom han vaalande og skrikande ut til Sløg. „Eg hev aldri sétt so vonde vêrer i mi tid; dei stanga meg so eg laag tvifald paa tallen; eg skal aldri koma der meir," sa han. „Aa du er ei olmosa, at du kann kje berga deg for ein bekre! Lat m e g sleppa til," sa Sløg. Han inn; so fekk han seg ein trykk i nakken so han trilla som ein kongul. Nei dette var daa øgnare endaa enn med gjæserne; d e r var kje raad med aa koma.

So Oskelabben heim att og til aa slaatra og fjalla og stella og steikja; daa brørne kom heim, hadde han bekren reidd. So spurde dei kvar

b e k r e, vêr (veder). — t r u l l a, rulla, trilla. — v a a l a, tuta, yla. — o l m o s a, ein stakar, arming. — ø g n a r e, fælare, skræmelegare. — f j a l l a, reida til, setja i stand.

had hadde fenge den. „Aa, d'er kje mark paa kvar eg hev fenge den," sa han.

So bad dei so fint og fagert at dei maatte faa eta med; dei var mest klaare. „Maa me eta med deg no, so maa du vera med oss i morgon, daa vil me stela korn," sa dei. „Aa, det vert vel daa som vant er," sa han; „elles vil eg no ikkje stela heller."

Men so lenge tigga og bad dei til dei fekk eta med, og han lova aa fylgja i morgon. So andre kvelden drog dei av aat kongsgarden att, skogveges alle tri. Daa dei kom daa til kornstaalet, so brørne til aa stappa korn i sekkjer, det meste dei vann; men Oskelabben vilde kje bry seg med det, sa han, og dermed tok han til aa gjeva paa med laavedøri og taka ho ned. „Nei kva vil du med den?" sa dei; „du kjem til aa drepa oss med same, slikt som du staakar, og so tung som ho er; dei tek oss straks daa."

Men han meinte det var liten mun i aa staa i eit kornstaal og stappa korn i sekkjer; det saag ingen noko sakn i. „Eg vil hava døri, so kann dei daa sjaa her hev vore folk," sa han. So tok han døri paa ryggen, og dei ut paa skogen. Daa dei kom daa eit stykke paa vegen, høyrde dei slik dun attanfor seg; so kom det ridande og kjøyrande ei heil ferd, so stor at det var ei syn. Daa nøytte dei seg og kleiv av upp i ei stor eik alle tri, baade med dør og alt; dei visste kje anten det var kongsfolket, dette, eller det var tussarne. So kom ho næmare, denne ferdi, og daa var det baade kongar og dronningar og kongssøner og kongsdøtter og hertogar og greivar og so fullt med høge folk at det var kje med noko horv. So vilde dei halda non under eiki,

ikkje mark paa (aa) ikkje noko aa fara etter.

desse herrefolki; dei reidde bord og sette seg og gjorde seg til godes med alle slag mat og drikka, og so hadde dei songspel med seg, og det spela med dei aat. Daa dei hadde no ete, vilde dei spela kort, og so heldt dei paa og spela um mange tusund dalar; og brørne dei sat uppi eiki.

„Ho er so tung, denne døri, eg er kje god til aa halda ho lenger, eg slepper!“ sa Oskelabben. „Ai, ai, du maa kje sleppa! lat oss halda med!“ sa Pyk og Sløg. „Aa jei, no slepper eg!“ sa Oskelabben. So slepte han døri, og ho ned imillom greinerne, kvist av kviste, med slik brak og balder, det var som himmelen brast. Daa tenkte dei som sat innunder at det var seinst paa heimsens ende, og fauk fraa kort og pengar og vogner og hestar og alt saman og sprang so dei drap seg mest.

„No vil me ned og eta og hava oss godt,“ sa Oskelabben. Dei ned att og til aa eta og drikka alt dei vann; det var slike retter og drykkjer, det hadde aldri menneskje sétt slikt. Daa dei hadde ete, sa Oskelabben: „No vil me lesa for maten, og so vil me syngja og;“ han var so glup til aa syngja, det hadde ingen høyrt so vent sunge.

No hadde desse storfolki kome fælt langt paa vegen, dei. So spurde kongen sveinen sin um han torde gaa attende under eiki og sjaa koss dette var laga, og kva det var for ein brak, og henta pengarne og hestarne og vognerne. Ja, sveinen gjekk og kom til eiki. Der laag dei og kvilde innunder eiki, dei tvo, og Oskelabben sat og song etter maten, so urimeleg vent; han hadde aldri høyrt so vent. So spurde sveinen Oskelabben um han vilde læra honom syngja so vent, og kva han vilde hava for det. „Jau

det er snart lært," sa Oskelabben, „eg hev raka tunga mi." „Det være no kje so vel at du vilde raka mi og?" sa sveinen. „Jau, det skal eg gjera," sa Oskelabben; „du lyt retta ut tunga di daa." Ja han rette ut tunga — snikk! skar Oskelabben ho av. „Bolbollollollop," sa sveinen og sprang attende, so bivrande rædd.

„Koss hadde det seg med pengarne og hestarne og vognerne og alt saman?" sa kongen. „Bolbollollollop," sa hin. Daa vart kongen so fælen, han la til sprangs med heile si ferd, so heitt og hardt som han kunde.

So hadde Oskelabben alle pengarne og hestarne og vognerne og alt det der var og beid og fanst. Og so drog han langt av og kaupte seg ein herregard, so svær at han var mest som kongsgarden; og brørne vart sveinarne hans. Han bêla til kongsdotteri og fekk henne, og so drakk dei brudlaup baade stivt og sterkt.

Arne og Sydelkin.

Det var ein kongsson som heitte Arne. Han skulde ein gong av og leita etter hestarne sine. So gjekk han og leita heile dagen alt til seint um kvelden, og daa fann han ikkje vegen heim att. Daa var han so ille faren av dette og gjekk og vaddra og kom seg av i ein risegard. „Gjeng du paa mine grunnar?" sa risen. „Nei d'er kje dine grunnar, det er mine", sa Arne,

han trudde det var i hans eige rike enno. So tok risen og hadde han ut i ein kove, og der sat han so sutefull og ille faren.

So vilde risen og gygri, kona hans, til risekyrkja um sundagen, og dotter deira skulde vera heime og stella til maten. Daa var der ei jomfru i koven attmed som tok til aa tala til Arne. „Kva vil du gjeva meg for eg skal løysa deg ut att or berget?“ sa ho. „Eg skal gjeva deg kva du vil hava,“ sa Arne. „Vil du lova meg det, at eg maa faa deg, so skal eg faa oss ut baae tvo,“ sa ho. „Eg er ei kongsdotter og heiter Sydelkin og hev vore heran i berget i tie aar.“ Ja dette vilde han gjerne. „Og so skal du gjeva meg handi paa det,“ sa ho, og det gjorde han. So gaadde han ikkje aat fyrr dei stod ute paa marki attanfor berget baae tvo.

So tok dei ut so fort dei kunde og gjekk heile dagen alt til seint um kvelden. Daa kom dei til ein husmansplass og bad etter hus. Mannen og kjeringi sa at dei var so fatige; ikkje hadde dei mat og ikkje hadde dei sengklæde, men husi var no ikkje for gode. „Ja seng og mat hev me sjølve,“ sa Sydelkin.

Daa det leid paa kvelden, tok ho upp ein duk og breidde paa bordet. „Duk gjev mat!“ sa ho, so kom der allslag retter. So aat dei sjølve og lét husmansfolki eta etterpaa. Sidan tok ho duken og sveivde yver sengi, og daa stod der ei dyneseng so ven som dei nokosinne hadde sétt ho. So laag dei der um natti.

Um morgonen fekk dei seg mat att, og so sa Sydelkin det: „I dag kjem risedotteri og skal finna oss att; koss skal me daa fara?“ „Ja veit kje du raad, so veit ikkje eg raad,“ sa

Arne. „Jau, eg veit nok raad, berre du vil vera trugjen med meg," sa Sydelkin. Ja det skulde han. So skapa ho han i ei ku og seg sjølv i ein gamall mann, og um eit lite bil so kom risedotteri. „Hev du sétt noko Arne og Sydelkin i dag?" sa ho. „Mi ku og min klave," sa den gamle mannen. „Han er galen denne," sa risedotteri og fór heim att. So spurde risen um ho hadde sétt noko Arne og Sydelkin. Nei, ho fann ikkje anna hell ein gamall mann som leidde paa ei ku, sa ho. „Ja, kvi tok du kje dei? der var dei," sa gygri. „I morgon skal du av og leita att og taka kva du finn."

So kom Arne og Sydelkin til ein annan husmansplass um kvelden og spurde um dei kunde faa hus. Ja husi var ikkje for gode, men dei var so fatige, dei hadde kje anten mat ell' klæde, sa husmansfolki. „Det hev me sjølve," sa Sydelkin. Ja, so maatte dei vera der.

Daa det leid paa kvelden, tok Sydelkin duken att og breidde paa bordet og sa: „Duk gjev mat!" so stod der allslag retter, og dei aat sjølve og husmansfolki etterpaa. Sidan tok ho duken og sveivde yver sengi; so stod der ei dyneseng so ven, du hadde aldri sétt ho venare, og dei laag der til um morgonen.

So sa Sydelkin det: „I dag kjem risedotteri att og skal finna oss; koss skal me daa fara?" „Ja veit kje du raad, so veit ikkje eg raad," sa Arne. „Jau, berre du vil vera trugjen med meg, so veit nok eg raad," sa ho. So skapa ho han i ei gamall kyrkja og seg sjølv i ein klokkar og gjekk av upp-aa preikestolen, og litegrand etter kom risedotteri.

„Hev du sétt noko Arne og Sydelkin hev fare her i dag?" sa ho. „Jau, for sju hundrad

aar sidan fór her nokre som heitte so," sa klokkaren. „Ja so er det betre eg fèr heim att daa," sa ho og snudde.

„Hev du kje funne dei i dag heller?" sa gygri, daa ho kom heim. „Nei, eg fann ikkje anna hell ei gamall kyrkja og ein klokkar som stod uppaa preikestolen og sa han hadde høyrt gjete det hadde fare nokre som heitte so for sju hundrad aar sidan," sa risedotteri. „Aa din tosk! kvi tok du kje klokkaren, so hadde kyrkja fylgt med; der var dei," sa gygri. „I morgon skal eg fara av og leita sjølv, so skal eg nok finna dei," sa ho.

So gjekk Arne og Sydelkin heile dagen att alt til seint um kvelden. Daa gjekk det like eins som dei fyrre kveldarne. Um morgonen sa Sydelkin det: „I dag kjem ho sjølv og leitar etter oss, koss skal me daa fara?" „Ja veit kje du raad, so veit ikkje eg," sa Arne. „Jau, berre du vil vera trugjen med meg, so veit nok eg raad," sa ho. So skapa ho han i ei stor tjørn og seg sjølv i ei and, og ho heldt seg midt uti tjørni. Dette visste gygri um og bar med seg ein ertesekk, og so gjekk ho rundt ikring tjørni og strøydde erter. „Hana plukke, hana plukke," sa ho; men andi heldt seg midt i tjørni. Daa vart gygri so sinna at ho la seg ned og vilde drikka upp tjørni. Men daa ho hadde drukke so mykje at der var ikkje att meir hell ein liten sope, so sprakk ho sund. So var dei berga, baae tvo, og fór heim att til kongsgarden.

Daa dei kom ned-i kongsgjordet, sa Sydelkin det: „Her vil eg vera etter, med du gjeng heim," sa ho. „Kann du kje vera med daa?" sa han. „Nei, det vil eg ikkje," sa ho. „No

vil eg fyrst prøva deg og sjaa kor trugjen du er med meg. Naar du no hev vore heime eit bil, so byd dei deg eta og drikka, men det maa du ikkje gjera; for smakar du nokon ting, so gløymer du meg," sa ho. Nei, han skulde ingen ting smaka, sa han.

So kom han heim att til kongsgarden, og dei spurde kvar han hadde vore so lenge. „Aa eg hev fare vida, eg," sa han. So skulde bror hans gifta seg og skulde av stad og faa skræddar til aa gjera brudgomsklæde aat seg. Men so visste dei seg ingi raad koss han skulde faa sauma seg brudgomsskjorta.

„Ned-i gjordet heran er ei framandgjenta som er so glup til aa sauma; kven veit um ho kunde kje gjera det?" sa Arne. Men fyrr brudgomen gjekk, sa bruri det med han og med Arne at dei skulde vera med upp i loftet litegrand. Ja, dei fylgde. Daa slo ho i et staup med mjød og baud brudgomen, og han drakk bror sin til. Ho slo i til Arne og; men han kom i hug at han var forboden aa drikka og vilde kje taka imot. Daa vart dei so stride med han at han slapp dei ikkje, anna han maatte drikka, og so gløymde han henne.

So tok brudgomen av stad og vilde faa i skræddaren til aa sauma brudgomsklædi sine. Daa han kom ned i kongsgjordet, stod der eit stort kvitmaala hus som han aldri hadde sétt fyrr. Han gjekk inn, og der sat ei jomfru paa bordet og sauma. „Kva vil du hava for du skal sauma meg ei skjorta?" sa han. „Ei skjorta aa sy, og ei natt aa sova, det kann gjera meg det same," sa ho; „men du skal vera her til i morgon tidlege, so skal du faa skjorta med deg

att," sa ho. So laga ho til mat og drikka aat han, og han aat og takka for maten.

Daa det leid no paa kvelden, so gjorde ho upp sengi og la seg, og han skodde av seg. „Eg hev gløymt eitt, eg," sa ho. „Kva er det daa?" sa han. „Eg hev gløymt aa spjelda ljoren," sa ho. „Det skal eg gjera," sa han. „Seg no til naar du held i spjelgstaven," sa ho. „No held eg i 'n," sa han. „Haldt no du i spjeldstaven og spjeldstaven i deg, og statt so der til i morgon!" sa ho. Der vart han daa standande heile natti til um morgonen. Daa laga ho til mat og drikka aat han att og flidde han ei skjorta som var so ven at aldri nokon hadde sétt maken. Men midt i bringa paa skjorta sette ho ein flekk som aldri gjekk ut.

„Men no maa du kje segja kvar du hev vore," sa ho. Nei, det skulde han ikkje. So kom han heim att, og alle bisna dei paa denne vene skjorta og spurde kven som hadde gjort ho. Men det vilde han ikkje segja.

Dagen etter skulde den andre bror hans hava brudlaup og av og faa sauma seg ei skjorta. Og det gjekk like eins med honom, berre at jomfrua hadde gløymt aa setja loka paa forstovedøri. „Det kann eg gjèra," sa guten. „Seg so til naar du held i loka!" sa ho. „No held eg i ho!" sa han. „Haldt no du i loka og loka i deg, og statt so der til i morgon," sa ho. Der vart han daa standande heile natti.

Um morgonen laga ho mat og drikka til han att, og so flidde ho han ei skjorta som var so fin at aldri nokon hadde sétt maken; men midt i bringa var det ein flekk paa den og.

So skulde Arne òg gifta seg; han skulde hava ei terna som hadde kasta elsken paa han,

og det hjelpte ikkje alt det dei talde han ifraa; for ho hadde fenge han so til at han laut gjera som ho vilde. So skulde han av stad og faa seg brudgomsklæde; men han visste seg ingi raad koss han skulde faa sauma seg ei brudgomsskjorta. Daa han kom no ned i kongsgjordet, stod der eit kvitmaala hus, so gildt som han nokon gong hadde sétt hus. Han gjekk inn, og der sat det ei jomfru paa bordet og sauma.

„Kva vil du hava for du skal sauma meg ei skjorta?“ sa han. „Ei skjorta aa sy og ei natt aa sova, det kann gjera meg det same; men du fær ho ikkje fyrr du hev vore her til i morgon,“ sa ho. Ja han skulde nok vera der, sa han. So laga ho til mat og drikka aat han, og det baade flust og gildt. Han aat og takka for maten. So la ho seg, og han skodde av seg. „Men eg hev gløymt eitt, eg,“ sa ho. „Kva er det daa?“ sa han. „Eg gløymde aa hava inn den kvite kalven som gjeng der uti tunet,“ sa ho. „Det skal e g gjera,“ sa han. „Seg so til naar du held i rova,“ sa ho. „No held eg i ho!“ sa han. „Tak no ut yver berg og nutar og fjell og finne der Arne og Sydelkin fór, og kom so att her i morgon,“ sa ho. Daa tok kalven beint til vêrs, og Arne hekk fast i rova og vart mest ende paa um natti. Men um morgonen var dei heime i tunet att. „Kjenner du meg no att?“ sa ho. „Ja eg hev fenge kjent det, at eg maa kjenna deg,“ sa han. „No vil du kanskje heller hava meg hell den du er trulova med?“ sa ho. „Ja det vil eg,“ sa han. So sa ho det: „I morgon fèr dei til kyrkje; men daa dei spenner hesten fyre vogni aat bruri, orkar han ikkje aa leda ho. So spenner dei tvo fyre, og det gjeng like eins. Daa segjer du at

dei skal gaa ned til meg og beda jomfrua koma upp med den kvite kalven ho hev gangande i tunet," sa ho.

Um morgonen gjekk alt saman som ho hadde sagt; dei spende fyrst ein hest fyre, so tvo, so fire. „Ja no veit eg ikkje onnor raad, eg," sa brudgomen, „hell at me sender bod til jomfrua som bur i det kvite huset nedi gjordet heran, og bed at ho vil koma upp med den kvite kalven ho hev gangande i tunet". So gjekk dei og bad ho vilde koma upp. Ho spende straks kalven fyre vogni og hengde ein krutpose under kvaar bogen paa han, og daa ho kom upp i kongsgarden, sette bruri seg upp i vogni. „Tak no til vêrs og far yver fjell og finne og kom aldri her meir," sa Sydelkin til kalven, og av stad fór han med bruri, so dei aldri saag henne meir. So vart Arne og Sydelkin vigde. Han vart konge og ho dronning, og dei livde baade vel og lenge.

Lange-Jon

som var av og tente.

Det var ein gong ein mann og ei kjering som ingi born fekk, og mannen sytte so for dette. „D'er daa furdor," sa han, „tru me kunde kje faa oss ein son som kunde hjelpa

ei fur(d)a (furdor), under, underleg ting.

oss paa vaare gamle dagar.“ So bad dei so vent um dei maatte kje faa seg ein son, og sistpaa so fekk dei seg ein. Daa denne gutungen var komen til, so var no mannen so glad og la han i vogga. Men so voks han so den fyrste natti, at daa dei skulde tvaa han um morgonen, so hadde han spent ut voggefjøli. „Det var daa kaldlegt,“ sa mannen. „Me lyt leggja han i sengi,“ sa kjeringi. Dei la han i sengi; men so voks han so den andre natti, at daa dei skulde tvaa han um morgonen, so hadde han spent ut sengfjøli. „D'er aldri raad med denne ungen!“ sa mannen; „ko tru me hadde heller inkje born fenge! Dette vert noko ovverk,“ sa han. „Me lyt leggja han paa tilet,“ sa kjeringi, og so la dei han paa tilet. Men so voks han so den tridje natti, at daa dei skulde tvaa han um morgonen, so hadde han spent ut den eine stoveveggen; dei hadde no ei heller liti stova, for dei var berre fatige husmansfolk.

„No er du so stor at eg kann ikkje halda deg korkje med mat eller klæde,“ sa mannen; „du fær syta for deg sjølv.“ „Ja eg lyt vel det daa,“ sa Lange-Jon; dei hadde kristna han Jon. Han tok ut og gjekk lengstom og lenge, og so kom han til ein rik gild mann og vilde byggja seg.

„Ja du var fæl og stor, og du ét vel furdelege; men so er du vel sterk og, og eg hev so mykje tungt arbeid; eg fær vel leiga deg daa,“ sa mannen. „Men eg torer ikkje taka deg ko paa eit aar,“ sa han. So bygde Lange-Jon seg paa eit aar.

„No fær du taka hesten min og kjøyra i vedskog,“ sa mannen. Ja so tok Jon ut med

kaldlegt, fælt, øgjelegt. — **ko(t) tru**, gjev. — **tile**, golv.

hest og slede og øks og skulde av etter ved. Daa han kom daa aat skogen, so knuste han ned og hogg og la paa sleden so mykje at hesten kunde kje draga det. „Det var daa krek til hest som ikkje kann draga dette stakars lasset," sa han med sjølv-seg. Han sprette hesten ifraa og tok og gjurde han paa lasset; so spende han seg sjølv fyre og drog heim att i tunet med baade hest og lass. „Betre meg!" sa mannen, „hadde eg berre ikkje leigt dette menneskjet, so fæl og stor og sterk han er, og so kaldleg til aa eta." „Ja eg kann kje segja noko um det," sa kjeringi; „du lyt freista um me kunde kje verta han kvitt."

„I dag lyt du treskja," sa mannen med Jon. „Flygelen heng paa veggen, og so lyt du leggia deg ei berja," sa han. Daa Jon kom ned paa laaven, tykte han flygelen liten mun i; tok so langveggen til handvol og stuttveggen til slagvol og gjekk upp paa sta'en og til aa knysja og treskja alt ihop i ei røra. Daa so mannen kom der-ned og skulde sjaa, so var det knust og ihopblanda baade korn og halm, og so smaatt som det kunde verta. „Betre meg!" sa mannen, „no hev dette fæle menneskjet skjemt ut all vaar mat; eg veit aldri koss eg fær halmen utor," sa han.

So tok han og pynta paa kornet det beste han kunde og laga til ein stor sekk. „No veit eg aldri onnor raad til aa verta kvitt dette menneskjet, hell eg lyt senda han av til kvernhuset hans fa'n til aa mala," sa han.

Daa Lange-Jon so var framkomen og hadde

flygel, tust, sloga, slegel. — berja, eit framlag med kornband (til aa treskja paa ein gong). — handvol, skaft paa flygelen. — slagvol, slagstokk paa flygelen — sta(d) e, staal (kornstaal, høystaal).

stillt paa og fare til aa mala, so kom fa'n. „Kven segjer deg til aa mala her?" sa han. „Mannen som eg tener hjaa visa meg her av," sa Jon. „Ja men eg skal læra deg til aa mala her!" sa fa'n. „D'er mi kvern, og det maa ingen mala her! Um du er aldri so stor, so skal du straks liggja i fossen," sa han. „Fær no sjaa det," sa'n Jon. Treiv fa'n han og vilde til aa kasta han i fossen. Men so var Jon so sterk at fa'n ikkje kunde vinna med han, og so tok Jon og sette han hovudstups i kvernauga og mol upp alt ihop, kornet og fa'n, og auste det i sekken alt saman. So fór han heim att.

„Betre oss!" sa mannen med kjeringi, „han kjem att enno. Koss tru me skulde fara aat so me kunde faa han ifraa oss, dette fæle menneskjet?" sa han. So kom Jon inn med sekken. „No er eg so svolten, no lyt eg faa mat," sa han. „Du lyt skunda deg og hava paa ei gryta og reida ein stor nyttug graut, so han kann daa faa metta seg," sa mannen med kjeringi. Ho fór daa til aa ausa or sekken og vilde til aa koka; men so var det ikkje ko haar og klør og kaldlegheit. „Aa nei, men koss ser dette mjølet ut!" sa ho; „dette kann daa aldri menneskje eta. Kva er det du hev male, eller kva er det du hev ført i maten?" „Aa der kom ein mann til meg som vilde meinka meg aa mala og vilde kasta meg aat fossen," sa Jon; „so vann eg yver han og stappa han aat kvernauga, og so vart han uppmalen i bland; kanskje det var gale?" sa han. „Men no kjem han aldri att meir; no maa du hava kverni," sa han med mannen. „Ja dette var no vel nok," sa mannen; det var alltid

stilla paa, setja teina rett. — i bland, saman med det andre. — ikkje ko, ikkje anna enn.

ei liti greida han hadde gjort daa, sa han. „Men no er eg ikkje før til aa hava deg lenger; det ber aldri til at du tener her meir,“ sa han. „Ja er du unøgd med meg, so lyt eg fara,“ sa Jon; „men den løni eg skulde havt for aaret, den vil eg hava. Du kann gjera kvaar du vil, gjeva meg heile aarsløni ell' hava meg aaret ut.“ „Ja daa lyt du faa ho,“ sa mannen, og so fekk Jon løni og fór.

Daa han so kom paa vegen, møtte han ein stor fæl bjørn som vilde leggja like paa han. Men Jon treiv bjørnen og knuste han under seg og drap han. So slengde han bjørnen paa ryggen og fór heim att til far sin. „Aa kjem du att so fort? Hev du vore av og tent no?“ sa faren. „Ja,“ sa'n Jon; „no lyt eg fletta dette dyret, og sjaa der er pengarne for aaret. Og so lyt me faa oss mat,“ sa han.

No hadde Jon vore ute og tent. So var han heime hjaa far sin og mor si og bar heim so mykje av alle slag fraa alle kantar, so far hans vart ein utrik mann.

Kjetta framfyre jarngrindi.

Det var ein mann og ei kjering som hadde tri søner. So døydde foreldri, og Per og Paal, dei tvo eldste gutarne, tok alt det der fanst

fletta, flaa. — utrik, ovrik.

etter dei og vilde fara ifraa Oskelabben. Han gret og ille let og bad at han maatte faa vera med dei; men det var aldri raad. „Du kann vera heime og grava i oska, du, som du plar gjera,“ sa dei. „Kva maa eg hava att, eg daa?“ sa han. „Du fær ingen ting, utan du vil hava denne gamle kjetta her,“ sa dei. „Ja, tak meg du! Du skal ikkje staa deg ille paa det,“ sa kjetta. So gjekk Per og Paal sin veg.

Der var ein kongsgard tett innmed, og der kom det jamt ein rise og vilde taka kongsdotteri. Kongen hadde gjort eit hus og havt dotter si inni og sett eit høgt jarngjerde ikring, og i dette gjerdet var der ei svær jarngrind, so ingen slapp inn anna enn kongen sjølv.

So kom Per og Paal til kongsgarden og fekk seg tenesta, og Per skulde av og staa vakt attmed jarngrindi um natti, naar risen kom og vilde taka kongsdotteri.

„Kann du drepa risen, so skal du faa dotter mi og helvti av mitt land og helvti av mitt rike,“ sa kongen. „Men kann du ikkje, so drep risen deg, eller so tek eg og gjer av med deg etterpaa,“ sa han.

Daa det leid paa natti, so kom risen. „Kva er det for ein sæling som stend heran og glor?“ spurde han. „Det er eg som skal frelsa kongsdotteri,“ sa Per. „Jau du saag meg ut til aa frelsa kongsdotteri, du,“ sa risen; „du kann ikkje fria deg sjølv dessmeir.“

So tok risen og drog av med han, som han skulde ha' teke ein kokul. „No kann eg gaa heim med deg fyrst og koma tilbake og henta henne,“ sa han. So kom han heim med Per og kasta han av inni ein kove, og han gret og bar seg ille.

Heime i kongsgarden saag dei at Per var burte. Andre kvelden vilde Paal staa vakt, og det gjekk like eins som fyrre gongen; risen kom og tok han og bar han heim med seg og kasta han i ein kove jamsides den som Per laag i.

So sa kjetta det med Oskelabben: „No fær du stella deg til og gaa upp i kongsgarden og taka paa deg aa staa vakt for jarngrindi; daa fær du kongsdotteri og helvti av kongen sitt land og helvti av hans rike," sa ho. „Ja men eg er rædd," sa Oskelabben; han var liten, han. „Tak det berre paa deg; eg skal hjelpa deg, eg" sa kjetta.

So kom han til kongen og sa at han vilde freista aa verja dotter hans. „Ja, d'er det same, kann du frelsa dotter mi, so maa du hava henne til kjering, og du skal faa heile mitt land og heile mitt rike," sa kongen; han var i beit daa, for det hadde kome burt so mange at dei fekk ingen til aa staa vakt lenger; „so maa du vera konge, berre eg fær folgebraud," sa han.

Ja, guten stelte seg attmed jarngrindi; men kjetta sa at han skulde gaa attanfor og setja seg til aa sova, so vilde ho staa vakt. Guten so gjorde, og daa det hadde vore eit lite bil, so kom risen. „Kiss, kiss, kjetta! ifraa jarngrindi, og slepp meg inn!" sa han. „Ja bia no, eg hev so mykje aa fortelja, eg", sa ho. „Ja lat oss høyra det," sa risen.

So fortalde ho so mange heimløysor som hadde hendt den og den, og risen stod og lydde. Men sistpaa vart han leid av aa lyda paa. „Kiss, kiss, kjetta! ifraa jarngrindi!" sa han. „Nei bia no, eg hev mykje aa fortelja, eg," sa ho. „Kvar hev du gjort av dei som hev sta'e vakt

her fyrr og skulde fria kongsdotteri?" spurde ho. „Aa, sume hev eg ete upp, og sume hev eg kasta; du fèr med noko vas," sa han. „Kvar gjorde du av han Per?" spurde ho. „Fyrst gjødde eg han, og sidan so aat eg han upp," sa risen. „Enn Paal daa?" „Eg fór like eins med honom; kiss, kiss, kjetta! ifraa jarngrindi, ellaa skal du snart fara same vegen, du og," sa han.

Men no leid det alt til morgons, og han hadde late seg narra til aa staa der heile natti. „Sjaa det vene barnet som er burti dalen!" sa kjetta. Risen glodde dit; soli spratt paa fjell med same, og so sprang han sund i mange moldror og smaabitar.

So sa kjetta det med guten: „No maa du inn til kongen og segja du hev frelst kongsdotteri, og at du no vil hava henne og helvti av hans land og helvti av hans rike." Han so gjorde, og kongen stelte til brudlaups so snøgt han kunde og bad baade vidt og breidt.

„No hev eg gjort deg so mykje godt; kva vil no du gjera meg att?" sa kjetta med guten. „Eg kann ikkje anna gjera deg, hell eg skal vera snildast eg kann med deg so lenge du liver," sa guten. „Gakk inn til kongen og bed du fær laana sverdet hans, og hogg av meg hovudet," sa kjetta. „So skal du springa tri vendor att og fram millom skrotten og hovudet, med same du hev hogge det av."

Guten so gjorde. Daa stod der ein kongsson so ven, dei hadde aldri sétt so staut kar i si tid. „Vart eg ikkje ei ven kjetta no?" sa han. Jau dette bisna dei paa og var forfurda yver. So sa han at risen hadde forskapa han

ellaa, eller so.

i ei kjetta, og det var hans land der som risen hadde butt; og han aatte tri kongerike i e i n eigedom.

„No skal guten og dotter di vera med meg dit, so maa du vera konge her og hava ditt land og rike som du hev havt," sa han med kongen. So baud dei farvel med kongen, og daa dei kom fram, so var der so oveleg gildt og vent; der var gull og sylv kvar dei saag og kva dei tok i, og der var ei fin jomfru og. Ho sat og venta paa at kongssonen skulde verta utløyst or hamen, og henne tok han daa til kona.

So drakk dei tvo brudlaup og livde baade godt og vel, og hev dei ikkje avlivt, so liver dei enno.

Paradis-stigen.

Det var eit par fatigfolk som hadde ein liten gut. So sa ho det, kjeringi, med sonen sin: „Du lyt fara av til kongsgarden og sjaa um du fær tenesta der," sa ho; det var slik ein hause til gut. So kom daa guten til kongsgarden og vilde byggja seg, og kongen stod ute og hogg ved. „Ja, kva arbeid kann du gjera?" sa kongen. „Eg kann alle slagi, ko berre ljuga og stela; det maa kongen sjølv gjera," sa guten.

forskapa i, skapa um til. — ko (kot, hot). berre, so nær som, berre ikkje.

„Kann du gjæta?“ sa kongen; han hadde ein stor buskap. „Ja, det kann eg,“ sa guten; „eg kann godt gjæta.“ „Ja so kann du gjæta atti nokre store markjer her attanfor gjordet mitt“, sa kongen, „og mat skal du faa, so du tarv kje svelta. Du maa ikkje koma inn paa gjordet mitt, elles maa du gjæta kvar du vil,“ sa han.

Der var ei stor tjørn i marki der som guten gjætte. So kom det tri store duvor fjukande ein dag. Daa vart det augo paa guten, og so saag han dei la av seg hamen innmed ein stein; daa var det tri jomfruer. Dei gjekk ut i tjørni og lauga seg og sumde; so kom dei upp or vatnet og tok hamarne sine og fauk sin veg.

So kom guten heim att um kvelden. „Aa, du var gild til aa gjæta,“ sa kongen; „dei er godt mette kyrne mine, ser eg,“ sa han. „Ja eg lyt faa god mat med meg i morgon og,“ sa guten; „eg vil kje so lenge gjæta,“ sa han. „Aa, vil du kje det?“ sa kongen.

So den andre morgonen fór guten av att og gjætte paa same staden attmed tjørni, og kyrne aat so dei sprakk mest, so gildt beite var der.

Best han gjekk der og gjætte, kom dei fjukande att, dei tri duvorne. Dei fór ut i tjørni og lauga seg og sumde, og daa stal guten burt hamen aat den eine. So kom dei upp or vatnet att, og dei tvo fauk sin veg; men den tridje gjekk og leita etter hamen sin; det var ei jomfru so ven, han hadde aldri sétt so vent.

So kom guten burt til henne. „Kva er du leitar etter?“ sa han. „Aa jeie! eg leitar etter hamen min; du hev stole burt hamen min, den lyt eg faa att!“ sa ho. „Nei, den fær du ikkje

att, annleis ell' eg fær deg," sa guten. „Ja du skulde gjerne faa meg, men eg er fraa Paradis, og du er syndig," sa ho. „Aa jau, eg lyt hava deg, koss det gjeng," sa han. „Ja kann du lova meg ein ting, — at du aldri vil banna," sa ho, „so skal du endaa faa meg." „Ja det skal eg lova, og det skal eg freista halda og," sa guten.

So ynskte ho seg upp ei stova i gjordebrauti til kongsgarden, og det var kje lenge fyrr stova stod der; ho kunde ynskja seg kva ho vilde, ho. „Ja no lyt du heim att til kongsgarden med buskapen; so er eg her i denne stova til du kjem att," sa ho. So fór han heim snøggast han kunde, og daa han kom til gards med buskapen, sa han det med kongen at han vilde kje gjæta lenger. „Ja du kann daa gjera kvaar du vil au," sa kongen.

So kom guten til jomfrua att, og daa var der so gildt inni stova at det var grove ting, dyneseng og ein duk som ho breidde ut, daa stod der alt det gildaste som til var paa 'n, — so dei hadde det so godt dei vilde.

So sa ho det med han: „Ja no lyt me laga til brudlaups; no kann du beda folket her i kring um kongsgarden, foreldri dine og andre; so ynskjer eg folk fraa Paradis, so mange eg vil hava," sa ho. „Men so møter du ein som dei kallar Svarte-Per, og han maa du ikkje beda, slett ikkje paa nokor vis, kvar du ser han, ell' kvar du raakar han. Bed du han, so kjem han til aa banna i brudlaupet, og so kjem du til aa banna, og daa misser du meg," sa ho.

Som han daa hadde bede ihop folket, sa ho det med han: „Bad du han Svarte-Per og?"

„Ja, eg kunde kje verta kvitt han, eg, koss eg fór; kvar eg fór og kvar eg gjekk, so møtte eg den styggingen,“ sa han. „Daa sa eg sistpaa: ja kann du kje koma daa, koss det gjeng.“

Som det daa leid ut i brudlaupet, so vart det slik ruml og slik leven. Han øste upp folket, denne stygge Peren, og ruta og rissa paa alle saman. Sistpaa banna brudgomen ein dyr eid og sa at han skulde vera roleg. „Aa jei, at du fór slikt! no misser du meg!“ sa bruri. So tok ho ein gullring og braut i tvo. „Der hev du eine helvti, og meg ser du vel aldri meir; du kann nok ikkje koma etter til Paradis, du,“ sa ho, og burte var ho med ein gong.

So gjekk guten der og vandra og vaddra, i sut og i sorg. Sistpaa gjekk han so lenge til han kom til ei fælskeleg gamall kjering. „Kann du no segja meg vegen til Paradis-stigen?“ sa han med kjeringi. „Aa, eg kann vel ikkje segja deg vegen; men eg hev ei syster som er eldre hell eg,“ sa ho. „Eg skal laana deg hesten min og sålen, og naar du kjem daa i tunet til syster mi, so slær du hesten eit slag paa lendi, so gjeng han heim att,“ sa ho.

Guten tok ut att og reid lengstom og lenge, og sistpaa so kom han til der systeri budde. Daa han kom burt til hoggekubben i tunet, slo han hesten eit slag paa lendi, og so tok han heim att.

So kom han inn til systeri, og ho var so gamall at ho sat berre og naddra og riste. „Kann du segja meg vegen til Paradis-stigen?“ sa han. „Aa, det kann eg vel ikkje,“ sa ho; „men eg hev ei syster som er eldre hell eg;

r u t a, staaka skraala. — r i s s a, velta seg inn paa ein, yppa kiv. — n a d d r a, skjelva, (av alderdom).

kann ikkje ho segja deg vegen til Paradis-stigen, so er det vel ingen som kann. Men eg skal laana deg hesten min og sålen, og naar du kjem daa i tunet til syster mi, so slær du han eit slag paa lendi, so tek han heim att,“ sa ho.

Guten han reid baade langt og lenge, og som han kom daa i tunet til systeri, gjorde han som dei tvo fyrre vendorne. So kom han inn til den tridje systeri. Ho var so gamall at det grodde mose i andlitet hennar, og augo var so store at han hadde aldri sétt slikt syn. „Kann du segja meg vegen til Paradis-stigen?“ sa han. „Aa ja, det kunde henda eg kann segja deg vegen,“ sa ho. „No kjem du til eit stort vatn som du maa yver; men eg skal laana deg eit traadnykla, og det rullar du framfyre deg yver vatnet; daa vert det ei breid bru aat deg. So kjem du til Paradis-stigen. Den eine armen er av gull og den andre av sylv, og han stend uppetter ein skymeleg høg fjellvegg. So rullar du nykla til meg att, so kjem det attende,“ sa ho. „Men naar du kjem upp i stigen, so maa du ikkje glosa ned att; for gjer du det, so dett du ned og vert liggjande under stigen i sju aar. Men kann du berga deg heilt upp, so kjem du til Paradis.“

Han lova han skulde gjera som ho sa. Men daa han kom upp i stigen, gloste han ned og datt og vart liggjande der i sju aar. Daa vakna han upp som or ein svevn, og fór til aa tenkja med sjølv-seg, og kom i hug jomfrua og ferdi si og dei gamle kjeringarne. So tok han til aa gaa uppetter stigen, so heitt og hardt han kunde, og sistpaa so kom han upp til landet der jomfrua var heime. Der gjekk han frametter til ein stor gild gard, og daa han

kom burt til brunnen, kom det ut ei gjenta som var hjaa jomfrua.

„Kva heiter dette?“ sa han. „Det heiter Paradis,“ sa ho. „Eg maa beda um eg maa faa drikka or bytta di,“ sa han. Det fekk han, og so tok han den helvti han hadde att av fingringen og slepte ned i vatnet. So gjekk gjenta inn med bytta, og jomfrua saag den halve ringen nedi vatnet. „Er her nokon ute,“ sa ho. „Ja, her er ein gamall ein, og fillut og ruskleg er han,“ sa gjenta. So tok jomfrua den halve ringen i bytta og sette han innaat den helvti ho hadde sjølv, og so rann ringen ihop att.

„Seg han til aa koma inn, han som er ute,“ sa ho med gjenta. Han kom og kjende ikkje jomfrua; men ho kjende honom vel. So sa ho kven ho var, og dei tok fillekledi av han og klædde han fint og stelte han upp som ein kongsson. „No skal me stella til brudlaups so snøgt me kann,“ sa ho; „men fyrst lyt du av og laana noko sylv. Her er ein trollgard her tett innmed Paradis; du lyt dit og laana. So lagar trollkjeringi til mat aat deg, men du maa kje smaka vissare hell klaare gullet, og naar ho er ute etter sylvet, so legg du maten av inni kakkelomnen.“

So kom guten til trollgarden og vilde laana sylv, og trollkjeringi gav han mat og gjekk ut etter sylvet. Det var eit kalvehoved ho hadde laga til aat han, og han skunda seg og sette det inn i omnen. „Hev du ete no?“ sa ho daa ho kom inn med sylvet. „Ja,“ sa guten, „eg hev ete.“ „Kalvehovud, kvar sit du?“ sa trollkjeringi. „Her sit eg,“ sa kalvehovudet inni omnen.

So kom han att med sylvet um kvelden. „Deran vil eg ikkje koma meir,“ sa han. Men den andre dagen sa jomfrua: „No lyt du heim til trollgarden i morgon òg og faa laana meir sylv,“ sa ho; „men du maa kje smaka maten hjaa trollkjeringi vissare hell du fyk; du maa kasta han av under sengi,“ sa ho.

So gjekk han til trollgarden att. „Eg skulde hit og faa laana meir sylv,“ sa han. „Ja, du skal faa meir sylv, men eg skal nok læra deg aa eta i dag,“ sa trollkjeringi. So gjekk det som den fyrre venda, og han sette kalvehovudet av under sengi. „Kalvehovud, kvar sit du?“ sa ho daa ho kom inn att med sylvet. „Her sit eg!“ sa det under sengi.

So kom han heim att til Paradis. „Deran vil eg ikkje koma meir,“ sa han; „hev du ikkje sylv nok no?“ „Jau du lyt heim til trollgarden i morgon att og laana meir sylv; men so tarv du kje koma der meir,“ sa ho. „Denne gongen skal du gjøyma kalvehovudet i broklumma di, og naar du kjem paa heimvegen, kastar du det rett i vind og vêr; so flyg det so det kjem aldri att meir.“

Han so gjorde; daa so trollkjeringi kom med sylvet og spurde: „Kalvehovud, kvar sit du?“ so ropa det i broklumma hans: „Her sit eg!“ „Ja no sit du der du skal sitja,“ sa ho; for ho trudde han hadde ete det, og at han maatte døy paa vegen, og so let ho han gaa.

So kom han heim til jomfrua si. Ho ynskte folk til brudlaups, so mange ho vilde hava, og so ynskte ho trollkjeringi og. Som daa folket hadde samlast, so spurde bruri: „Kva er den verd til daude som hev lagt svikraad imot so vent eit par som her stend?“

„Brennast i svaavel og tjøra," sa trollkjeringi. Ja so hengde dei tvo krutposar under armarne paa henne og smurde henne inn med svaavel og tjøra og sette eld paa, og so flaug ho til vêrs.

So drakk dei brudlaup og tura og livde baade godt og vel, og hev dei kje avlivt, so liver dei enno.

Guten som selde sugga.

Det var ein gong ei enkja som livde i stor naud og armod. Ho hadde vore ei rik kona, men etter mannen hennar døydde, gjekk det heller tungsamt for henne. Ho hadde ingen til aa styra og stella for seg; for ho hadde berre e i n son som livde, og det var ein raring. Det gjekk so til atters for henne at ho laut selja bu og buskap og alt som laust lavde for mat, og sistpaa hadde ho inkje att, berre ei sugga. Daa dei so ikkje hadde ein bit mat meir i huset, sa ho det med sonen sin at han laut av stad og selja sugga, so dei kunde faa noko til livemaate, sa ho.

Guten rusla daa av stad med sugga. Paa vegen møtte han ein mann som spurde um han skulde langt med ho. „Aa eg skulde av stad og selja ho, so eg kunde faa noko til aa kaupa mat fyre; me hev ikkje matbiten i huset, eg og mor mi," sa guten. „Kva vil du daa hava for sugga?"

i n k j e a t t, b e r r e . . ikkje anna enn.

sa mannen. „Aa eg vil hava n o k o,“ sa guten. „Eg skal gjeva deg noko,“ sa mannen, og so tok han handi aat guten og sputta midt i lóven paa han. „Der hev du n o k o,“ sa han. Guten traska heim att med sputtet i neven, og mor hans spurde kva han hadde fenge for sugga. Han fortalde daa som tilgjenge var, at han hadde møtt ein mann som hadde gjeve han n o k o for ho, — og med same gjekk han burt og synte mor si det han hadde i lóven. Men daa vart ho vond, kann du vita; ho jaga han paa døri og let um at han anten skulde koma att med sugga eller faa noko for ho som det var gagn i.

So bytte guten klæde og fann seg ei stor telgjeøks og tok av stad att det snøggaste han kunde. Han vilde finna att mannen som hadde kaupt sugga; og han tenkte med sjølv-seg at han skulde nok gjeva han like for han hadde snytt han so. Seint ein kveld kom han fram til garden der mannen var heime, og bad um hus. Jau, hus fekk han, for det var ein rik mann. Han kjende ikkje guten att, og so spurde han kva han var for ein og kva han fór etter. „Aa eg er so ein timbermann,“ sa guten. „Eg vilde so gjerne faa meg noko arbeid einkvar staden. Kann-henda d u kann hava noko aa gjera for meg?“ sa han.

Kjeringi sat og spann og høyrde paa røda deira, og ho vart daa so glad daa ho høyrde at ferdakaren var timbermann. „Eg vilde so gjerne faa meg eit hus aat gjæserne mine,“ sa ho med guten. „Det skal vera soleis laga at det kann sviva paa ein stolpe; men her i bygdi finst ingen timbermann som trur seg til aa gjera det. Men kann-henda du kann tru deg til aa gjera

l ó v e, innsida av handi.

eit sovore hus?“ sa ho. Aa det skulde nok verta ei raad med det, sa guten; det skulde han gjera, og det lettvint. Kjeringi vart daa so hoppande glad, daa ho høyrde dette; ho stelte til mat aat guten det gildaste ho kunde, det var nok endaa rjomegraut; og daa han hadde ete og skulde leggja seg, fylgde ho han inn i ei staseleg og gild stova og lét han faa liggja i den beste dynesengi der var.

Um morgonen var guten tidleg uppe; han og mannen skulde til skogs og finna emne til den stolpen som huset skulde sviva paa. Det laut eit stort tre til. Daa dei hadde gjenge lenge i skogen, kom dei til ei stor fura, og den agta dei seg til aa taka. Men so skulde dei fyrst mæla um ho var trek nok.

„No kann du femna kring fura, so skal eg taka denne togstubben og mæla kor mykje ho er yver famnen,“ sa guten. Ja, mannen til aa femna og la seg inn til fura so flat som ei spik. Men daa var guten svint: han slengde toget kring mannen og fura og gjurde han so fast at han ikkje fekk so mykje som leda paa seg. Og so ropa guten: „Var det ikkje du som kaupte sugga av meg?“ „Nei, eg hev visst ikkje kaupt nokor sugga av d e g. Eg hev aldri sétt deg fyrr,“ sa mannen; han stod der so klemd at det var so vidt han orka tala. „Men eg skal læra deg til, eg,“ sa guten. „Du minnest vel etter fyrre dagen?“ sa' n, og so til aa smyrja paa han med ein lang paak. Daa han hadde halde paa med det ei beita, so ropa han endaa høgre: „Var det ikkje du som kaupte sugga av meg? Var det ikkje du som gav meg sputt i neven for ho? Men gjev du meg ikkje no 100 dalar,

t r e k, tjukk. — **e i b e i t a**, eit bil, eit tak.

so skal eg dengja deg so du skal faa kjenna det,“ sa han. Mannen fór daa til aa draga kjensel paa guten, og so sa han heller laagt at det var nok han som hadde kaupt sugga. „Men du hev fenge ditt for ho,“ sa han; „du sa du vilde hava n o k o, og det fekk du.“ „Ja men det var berre lort og ingenting, sa ho mor, daa eg kom heim att med det,“ sa guten. Og so svinta han seg av burt i eit vierholt og skar seg ein lang svolk; han hadde alt slege av paaken sin. Daa mannen gaadde det, tok han til aa fæla for livet sitt, og so ropa han til guten: „Eg fær fyrr gjeva deg 100 dalar daa, vil du berre løysa meg att.“ Daa løyste guten han og fekk sine 100 dalar og strauk heim til mor si med. Men mannen, stakar, var det klent med. Det var so vidt han orka krabba heim att, og sidan var han sjuk og sengjeliggjande i lang tid etterpaa av den avreidsla han hadde fenge.

So snøgt guten var komen heim att med pengarne, fór han til byen og kaupte mat og klæde til seg og mori, so han ikkje hadde att ein einaste grand av hundradet sitt. Skillingen er skyvar, han; det tykte guten og. Han trega seg mest upp at han ikkje hadde sett paa 200 dalar for sugga daa han hadde so godt eit tak. Men han tenkte med seg at mannen skulde nok faa ut med eit hundrad til. So tok han paa seg dei fanteklædi han hadde kaupt i byen og strauk i veg det foraste han kunde til garden der mannen var heime. Han kom dit baade heit og sveitt um kvelden og bad um hus. Kjeringi spurde kvar den framandkaren var ifraa, og ho undra seg storleg yver at han stræva og gjekk,

s k y v a r (skyver), ryr, som tek snart ende. — f a n t e k l æ d e, storkarsklæde.

han som saag ut til aa vera so rik og fornæm ein mann.

„Aa eg er so ein dokter som er sett til aa fara kringum i landet,“ sa guten. „Det er fælt til slæp eg hev med all denne ferdsla stødt og jamt, og liti løn hev eg for det. Men eg kann ikkje anna heller, eg tykkjer so vondt um dei sjuke; og mang-ein hev eg gjort god att i mi tid,“ sa han.

Kjeringi vart svært glad daa ho høyrde dette. Og so sa ho: „Her ligg mannen min burt-i hi stova og er so laak at eg mest fæler han kann døy for meg. Han vart so skamslegen av ein kjeltring som fór her ein dagen. Du kann høyra det alt hit inn koss han kraunar og gjev seg,“ sa ho og tok til aa graata. Daa ho hadde avgrete, spurde ho um han trudde han kunde gjera mannen god att. „Kann du det, so er du ein velsigna mann, og eg skal løna deg godt,“ sa ho. „Aa, stakars mann, er det han som kraunar so,“ sa guten. „Men du tarv ikkje syta; det skal nok verta ei raad, han skal snart verta god att. No skal du hengja paa ei gryta med reint vatn, og naar det so hev vorte so heitt at det vil til aa koka, kann du segja til,“ sa han.

Ja, kjeringi gjorde som ho var fyresagd, og med' vatsgryta hitast var guten innar aat bordet og fekk seg mat og drikka. Daa han no hadde ete og stelt seg, sa han det med kjeringi: „No kann du vera att inne her du, med eg gjeng burt i stova til mannen; og du tarv ikkje fæla um du skulde koma til aa høyra han skrik og gjev seg: di meir han skrik, di snøggare vert han god att,“ sa han. So tok han den heite vatsgryta si og

k r a u n a, **klynka, klaga seg.**

traska av burt i stova til sjukingen. Han lét vel att døri etter seg, og so sa han det med mannen som laag der so syndleg i sengi:

„Var det ikkje du som kaupte sugga av meg? Eg kjem no og vil høyra um eg fær likt for ho.“ Mannen kjende kje att guten og sa nei, han hadde kje kaupt nokor sugga av han. Men guten heldt paa med sitt, han; og daa det leid paa, fór mannen til aa draga kjensel paa han. „Men du hev alt fenge likt for sugga di; du truga ut av meg eit heilt hundrad, hugsar du,“ sa han. „Ja men eg vil hava meir, eg vil hava hundrad dalar til,“ sa guten. Nei, det fekk han ikkje, let mannen. Daa tok guten til aa ausa det kokheite vatnet yver han, og mannen til aa skrika so det jalma i veggjerne. Kona høyrde dette skriket, og daa sa ho: „Aa Gud vere lov, no vert mannen min snart god att; eg høyrer han skrik so,“ sa ho. Dei andre der i hi stova kunde heller ikkje aaskilja kva han sa, og ingen kom og hjelpte han. Daa sa mannen sistpaa til guten: „Eg fær fyrr gjeva deg 100 dalar til daa, vil du halda upp med dette heite vatnet ditt. Du kjem reint og steint til aa drepa meg,“ sa han. So fekk guten det andre hundradet sitt og tok heim att um natti, det foraste han orka.

Men guten var ikkje nøgd enno, han. Mykje vil hava meir, segjer det gamle ordet, og denne mannen tykte han usklegt aa klaa. Daa det leid av eit aars tid ell' so, og mannen hadde vorte vel frisk att, tok guten ut tridje venda og vilde krevja. Denne gongen klædde han seg i filleklæde som ein farre og tok ein pose under armen og saag so fæl ut at ikkje ein gong mor

aaskilja, høyra ordskil.

hans kjende han att. Han raaka mannen med kverni og bad um ei mjølgaava, og det fekk han; d'er kje so hætt um ei pylsa i slagtetidi.

Med guten stod der i kvernhuset, kom det ein stein ut or svinet og av ned i kvernauga og la seg under kverni so ho stogga. Det var nok guten som hadde lurt steinen inn i svinet. Mannen vart daa svært i beit med dette. Men so sa guten: „No skal eg prøva aa lyfta upp kverni, med du tek denne steinen undan.“ „Aa det var daa meir hell vel, det; du gjer nok like for mjølgaava, du,“ sa mannen. So steig guten upp paa luren so han fekk godt tak, og letta kvernsteinen eit stykke upp ifraa. „No maa du skunda deg og taka steinen!“ sa han. Mannen rok armen inn millom kvernsteinarne so langt han rokk, men fekk ikkje tak i steinen. „Inn under med baae henderne dine!“ skreik guten. Mannen so gjorde; men med same slepte guten kverni, og mannen fekk baae armarne sine millom kvernsteinarne. Der stod han i klemma. Han ropa og skreik at guten maatte letta upp steinen att; men han tok berre til med den gamle visa si: „Var det ikkje du som kaupte sugga av meg?“ Enden paa dette vart daa at mannen laut ut med 100 dalar til. So hadde guten ytt sugga si i 300 dalar. Det var noko det, sa'n.

svin (i ei kvern), sko, nedste parten av teina (vi(d)a, mylletrekti). — lur, plankegolv som kverni ligg paa. — rok, fyrrt. av reka.

Den gylte skog.

Det var ein gong ein konge som heitte Trane; han budde paa ein kongsgard som heitte Rikeborg. Han var enkjemann og hadde ei dotter med fyrste kona si. So gifte han seg att med ei gyger som var enkja, og ho hadde ei dotter, ho og.

So vilde kongen aat byen, og der skulde han kaupa so mykje stas aat gygre-dotteri; og daa han var daa buen til aa fara, so spurde han dotter si um han ikkje skulde kaupa noko aat henne. „Aa du skal ikkje kaupa anna aat meg enn sorg og sut,“ sa ho; for ho syrgde so paa mor si enno.

So daa han kom aat byen, so spurde han alle stader etter „sorg og sut,“ men fann det ikkje nokon stad. Men daa han var paa heimvegen, kom det fjukande ein fugl som sa: „Kaup meg, kaup meg!“

Kongen spurde kva han heitte. „Eg heiter Sorg og Sut,“ sa fuglen. Den tok kongen daa og gav dotter si daa han kom heim.

So daa ho skulde til sengs um kvelden, sa fuglen det til henne at han var ein fin riddar; det var kasta fugleham paa han, so han var fugl med det var dag, men han var menne naar det var myrkt. Men ho maatte ikkje sjaa paa han daa, eller so kom han ikkje att oftare, sa han. — Men daa han hadde sovna, kunde ho ikkje halda seg, ho tok eit ljos og vilde sjaa han; daa var han so ven at ho hadde aldri sétt so ven kar i all sin dag. Ho maatte bøygja seg ned og kyssa han, og so draup det

ein talgdrope ned paa oksli hans; daa vakna han. „Aa jeie jeie meg!“ sa han, „kvi gjorde du dette? No ser du meg aldri meir! Jau det kann vel henda at eg kjem att ein kveld til, men gjer du det same daa, so ser du meg ikkje meir.“

So gjekk det like eins den andre og den tridje kvelden, ho var ikkje god til aa halda seg, av di han var for mykje snild og ven; men tridje kvelden sa han: „Ja no ser du meg ikkje meir.“

Men fyrr han tok av stad sa han det til henne at han hadde heimen sin paa ein gard som heitte Den gylte skog. Og dermed so var der ei gyger som vilde hava han til aa taka dotter hennar til kona. „Men eg vilde ikkje hava dotter hennar,“ sa han, „og so kasta ho fuglehamp paa meg. Men no skal eg segja deg koss du skal bera deg aat: du skal taka med deg tenestgjenta di og freista aa koma til Den gylte skog; men de lyt fara igjenom tri berg, og gjenta veit raad so ikkje bergtrolli der skal slaa dykk i hel,“ sa han, og so var han burte.

Dette fortalde ho til tenestgjenta. Daa sa gjenta det: „Fyrr me tek ut lyt me faa oss tri fine silkeplagg og hava med oss.“ Dei so gjorde; so tok dei ut og fór langt og lenge til det vart kvelden; daa kom dei aat eit berg.

„Ja her fær me inn,“ sa gjenta. „Aa nei,“ sa kongsdotteri, „me vil ikkje; bergtrollet slær oss i hel.“ „Aa nei,“ sa gjenta, „eg veit nok raad for det,“ og dermed banka ho paa.

„Kven er som bankar paa mi dør?“ sa gygri. „Aa d'er tvo fine jomfruer som bed um hus i natt,“ sa dei. „Ja det kann de gjerne faa,“ sa gygri; „men naar det lid paa natti, so

kjem mannen heim att, og so drep han dykk.“ „Aa nei-menn gjer han ikkje,“ sa gjenta; „for no skal eg helsa deg godnatt ifraa syster di som er gift med kong Trane. Ho liver herlege og vel; og her hev me eit plagg me vil gjeva deg, so du skal kje ha’ havt det slikt sidan du var brur, og kann-henda ikkje daa heller.“ So slapp dei inn, og sidan fekk dei seg mat og drikka, og so la dei seg.

Midnættes tider kom jøtulen, frøsande og vond, so det var so det duvde i berget. „Tvi, det tevar kristenmanns tev her!“ sa han. „Aa ja, kjære far!“ sa gygri, „det kom tvo fine jomfruer og fekk hus, du fær ikkje gjera dei noko; dei helsa meg godnatt ifraa syster mi, ho er stykmor aat den eine jomfrua, og meg hev dei gjeve dette fine plagget.“ „Kvar vil dei av?“ sa jøtulen. „Aa dei vil aat Den gylte skog,“ sa gygri. „Aa, dit kjem dei aldri,“ sa han, „eg kjem derifraa no, eg.“ „Aa jau, du fær hjelpa dei til, du,“ sa gygri, „du fær laana dei Bergarenna di;“ det var hesten hans, det. „Ja eg fær vel det,“ sa han, „og so skal du segja det til dei, at fyrst dei kjem aat berget til syster di, so skal dei strjuka Bergarenna paa lendi og segja: „Der du tok aabiten, skal du taka kvelden,“ so gjeng ho heim att aaleine.“

So i morgonkvisli fór han av stad skulde gæta gjeiter. Ut paa morgonen gav gygri dei mat og drikka, og so sâla ho Bergarenna aat dei og sa kva dei skulde segja naar dei slepte ho attende. „Og so maa de helsa godnatt til syster mi,“ sa ho. So baud dei farvel med henne og tok ut.

So fór dei lengstom og lenge til det vart

i morgonkvisli, tidleg um morgonen.

kvelden; daa kom dei til eit berg att, og so strauk dei Bergarenna paa lendi og sa det: „Der du tok aabiten, skal du taka kvelden,“ so strauk ho heim att. So banka dei paa der. „Kven er som bankar paa mi dør?“ sa gygri. „Aa det er tvo fine jomfruer som bed um hus i natt,“ sa dei. „Ja det kann de gjerne faa,“ sa gygri; „men fyrst mannen min kjem heim att i natt, so slær han dykk i hel.“ „Aa nei, det gjer han aldri,“ sa gjenta; „me laag hjaa syster di i natt, og me skal helsa deg godnatt ifraa henne; og so hev me eit plagg me vil gjeva deg, so du skal kje ha' havt det slikt sid' du var brur, og kann-henda ikkje daa heller. Me gav syster di eit med; og ho livde herlege og vel, og snild var ho til aa hjelpa oss; ho fekk mannen sin i det lotet at han laante oss Bergarenna si her hit, og det trur me du gjer, du og.“ „Aa ja, de fær vel koma inn daa,“ sa gygri; so fekk dei seg mat og drikka, og so la dei seg.

Midnættes tider kom jøtulen og var so vond og fæl at det dunde i heile berget. „Tvi! Det tevar kristenmanns tev her!“ sa han. „Aa ja, kjære far!“ sa gygri, „det kom hit tvo fine jomfruer og bad um hus; du fær ikkje gjera dei noko ilt.“ „Kva vil dei,“ sa han. „Aa dei vil aat Den gylte skog,“ sa ho. „Dit kjem dei aldri,“ sa han; „eg kjem derifraa no, eg.“ „Aa jau, kjære far!“ sa gygri, „dei laag hjaa syster mi i natt var og skulde helsa oss godnatt ifraa henne, og ho fekk mannen sin til at han laante dei Bergarenna si her hit, og dei gav meg eit fint plagg. No fær du gjera so vel aa laana dei Bergarenna di til berget aat bror min; eg

lote, lag, lone. — teva, lukta, gjema.

skal segja dei fyre kva dei skal segja til ho naar dei slepper ho attende, so kjem ho nok att," sa ho. „Aa ja, eg fær vel det daa!" sa han.

So um morgonen fór jøtulen av stad skulde gjæta gjeiter, fyrr desse tvo var uppe. Gygri gav dei mat og drikka, og so sâla ho Bergarenna aat dei og bad dei at dei skulde strjuka ho paa lendi naar dei slepte ho attende, og segja det: „Der du tok aabiten, skal du taka kvelden og." Og so maatte dei helsa godnatt til bror hennar. — So bad dei farvel med henne og tok ut og fór yver berg og djupe dalar, yver fjell og finne, all dagen.

Um kvelden kom dei til eit berg att, og so sende dei Bergarenna attende og banka paa der. „Kven er som bankar paa mi dør?" sa gygri. „Aa d'er tvo fine jomfruer som bed um hus i natt," sa dei. „Ja det kann de gjerne faa," sa gygri, „men fyrst mannen min kjem att, so drep han dykk." „Aa nei-menn gjer han ikkje," sa gjenta, „me skal helsa godnatt ifraa ollom systrom hans. Me laag hjaa den eine i natt og gav henne eit plagg, og eitt skal du faa so du skal kje ha' havt det slikt sid' du var brur, og kann-henda ikkje daa heller; og ho hjelpte oss til at me fekk laant Bergarenna hans her hit, og det same fær du hjelpa oss til med her-ifraa, for me vil aat Den gylte skog." „Aa ja, de fær vel koma inn daa," sa gygri. So fekk dei mat og drikka, og so la dei seg.

Ved midnættes leite kom jøtulen heim, han var so ill og vond at det var so det riste i heile berget. „Tvi! det tevar kristenmanns tev her!" sa han. „Aa ja, kjære far!" sa gygri, „det er tvo fine jomfruer som fekk hus her i natt. Dei laag hjaa syster di i næmaste berget

i natt var og hjaa hi syster di i gaarnatt, og dei skulde helsa oss godnatt, at dei liver herlege og vel; og dei hev laant dei Bergarennorne sine, kvar ifraa seg, og det same fær du gjera." „Kvart vil dei?" sa jøtulen. „Aat Den gylte skog," sa ho. „Aa dit kjem dei aldri," sa han, „eg kjem derifraa no, eg." „Aa jau, far," sa gygri, „um du no hjelper til og fortel meg kva dei skal segja?" „Eg fær vel det daa," sa han. „Fyrst lèt du dei faa vel mat og drikka, og so sâlar du Bergarenna aat dei; ho finn vegen aat Den gylte skog, og der stânar ho. So skal dei strjuka ho paa lendi og segja det: „Der du tok aabiten, skal du taka kvelden," so gjeng ho attende aaleine. Men garden dei kjem aat er beint svart, og uti garden stend ein kar og høgg ved, og han er òg svart; han bed dei gaa inn, og det skal dei gjera, og naar dei kjem inn, so er allting svart: der sit ein svart kar paa ein stol paa golvet, og ein svart kar ligg burti sengi. Og so skal dei ikkje vera bljuge. Han synest vera so ill, han som ligg burti sengi, men det skal dei ikkje ansa; dei skal eta og drikka det dei fær. Og fyrst dei daa fær ete, so skal kongsdotteri gaa av stad og kyssa den som ligg burti sengi; men gjenta som er med henne skal kyssa den som sit paa stolen paa tilet. Daa vert det tvo fine riddarar utav dei, og garden vert maala og gylt baade innan og utan; og daa kjenner dei einannan att og veit sjølve koss dei skal fara aat. Men du maa segja dei vel fyre no, som eg hev sagt."

So tok han ut i morgonkvisli og vilde gjæta gjeiterne sine. Daa dei var udkvilde, dei tvo, stod dei upp, og gygri gav dei dugeleg

kvart vil dei, kvar vil dei av.

mat og drikka og fortalde dei so vel alt det som jøtulen hadde sagt. So fekk dei Bergarenna, og ho rettleidde dei aat Den gylte skog; og straks dei strauk ho paa lendi og sa: „Der du tok aabiten, skal du taka kvelden,“ so fór ho attende.

Garden dei var komne aat var svart, so som trollet hadde sagt, og ein svart kar stod uti garden og hogg ved. Han bad dei gaa inn, og det gjorde dei. Daa dei kom inn, so var allting svart; ein svart kar laag i kvila, og ein sat paa ein stol paa tilet. Han sette fram kvar sin stol aat dei og bad dei setja seg. „Vil dei kje sitja, so kann dei staa,“ sa han som laag i kvila og var so ill. „Aa jaumenn vil me sitja,“ sa gjenta, ho var so frisk paa munnen, ho; „me er so maata trøytte,“ sa ho.

So gjekk han stad og gav dei noko drikka, han som sat paa stolen, og bad dei taka imot. „Og vil dei kje drikka, so kann dei gjera kva dei vil,“ sa han som laag i kvila. „Jau-menn skal me drikka,“ sa gjenta, „me er so maata tyrste,“ sa ’o.

So laga han til mat aat dei og bad dei gaa burt aat bordet og eta. „Og vil dei kje eta, so kann dei gaa forutan,“ sa han som laag i kvila. „Aa jau-menn skal me eta,“ sa gjenta, „me er so maata svoltne,“ sa ’o.

Daa dei so hadde ete og takka for maten, gjekk kongsdotteri aat kvila og kyste den som der laag, og gjenta kyste den som sat paa stolen, og daa vart dei til tvo fine riddarar. Daa vart det gleda og gaman, for no kjende dei einannan: denne som laag i kvila var den som var kasta fugleham paa, og no var han fridd ifraa di;

og hin som sat paa stolen var ein kongsson som aatte garden, „Den gylte skog“ ; for no stod garden der maala og gylt alle stader og laag midt i ein fin skog, og kvart tre tyktest vera gylt. Denne kongssonen tok gjenta til kona, og han i fuglehamen tok kongsdotteri; so vigde baae pari paa ein dag, og brudlaup heldt dei i fire fjortan-dagar. Og medan dei laga til brudlaups, sende kongsdotteri bod heim att til Rikeborg til far sin, at han skulde koma til brudlaups til henne. Men den tid gygri, stykmor hennar, høyrde at kongsdotteri vart so vel gift og skulde verta erving til garden, vart ho so sinna at ho gjekk av og hengde seg upp; for ho hadde tenkt at ho aldri skulde sétt henne meir, og at ho skulde fenge garden med lut og lunnende aat si eigi dotter. Og dotter hennar vart likso sinna yver at ho ikkje skulde verta gift fyre kongsdotteri og faa garden, og so hengde ho seg upp, ho og.

Men kongen fór til Den gylte skog med alle sine velduge riddarar og drakk brudlaup aat dotter si. Og daa det var umme, tok far hennar baade henne og mannen hennar med seg attende til Rikeborg. Der vart dei ervingar til alt som kongen aatte og hadde, og dei livde herlege og vel.

So gjekk det med dei. Og den som ikkje vil tru det, kann gjera som han vil; men sant lyt det vera: han liver den som sist fortalde det.

Stuten

som vilde av og føda seg sjølv.

Det var ein stut som vilde av og føda seg sjølv; han visste seg so god ei høyløda med so godt eit høy til vetters. So tok han ut, og so møtte han ein vêr.

„God dag," sa vêren. „God dag," sa stuten. „Skal du langt av i dag," sa vêren. „Aa, eg vil av og føda meg sjølv, eg veit meg so god ei høyløda med so godt eit høy til vetters," sa stuten. „Maa eg vera med?" sa vêren. „Ja vil du vera truen husbonde, so maa du vera med." Ja, det lova vêren. So fylgdest dei.

So møtte dei ein bukk. „God dag," sa bukken. „God dag," sa stuten. „Skal du langt av i dag?" sa bukken. „Aa eg veit meg so god ei høyløda med so godt eit høy til vetters; eg vil av og føda meg sjølv," sa stuten. „Maa eg vera med?" sa bukken. „Ja vil du vera truen husbonde, so maa du vera med." Ja det skulde han. So fylgdest dei.

So møtte dei ein hjase. „God dag," sa hjasen. „God dag," sa stuten. „Skal du langt av i dag?" sa hjasen.. „Aa, eg vil berre av og føda meg sjølv; eg veit meg so god ei høyløda med so godt eit høy til vetters." „Maa eg vera med?" sa hjasen. „Ja vil du vera truen husbonde, so maa du vera med." Ja det skulde han. So fylgdest dei.

So møtte dei ein røysekatt; ja han fekk òg lov til aa vera med, berre han vilde vera

truen husbonde, t. **hushaldar.**

truen husbonde. So fylgdest dei. Og so møtte dei ein hane; han skulde òg vera truen husbonde; so fekk han lov til aa vera med. So fylgdest dei.

So møtte dei ein rev. „God dag,“ sa reven; „kvar skal dette gilde fylgjet av i dag, tru?“ Aa, stuten vilde av og føda seg sjølv. „Eg maatte vel aldri vera i løda med?“ sa reven, — det sleva ut millom dei glisne tennerne hans. Aa-haa jau, sa stuten, han drog noko paa det; han tykte det var nokre underlege tenner til aa eta høy med som gliste ut imillom paa den siste karen; men vilde han vera truen husbonde, so kunde han no endelege det faa. Ja, h a n skulde no visst vera truen husbonde, sa reven. So fylgdest dei.

So kom dei no fram til løda og gjekk inn og stelte seg og lét att døri, og til aa eta alle saman og nosa seg; hanen plukka seg høyfræ, og røysekatten fann seg myser i kvar roi og kvar sudi. Men reven sat midt i løda og gloste og glaapte paa dei andre som aat. So spurde han um han maatte koma ut og sjaa aa finna seg noko veidn, han hadde kje noko til aa eta her, sa han; og um dei so vilde sleppa han inn att, fyrst han banka paa døri. — Ja det skulde dei.

So tok reven til skogs og vilde finna seg veidn, og so møtte han ein bjørn. „God dag,“ sa reven. „God dag,“ sa bjørnen, „kvar skal du etter i dag?“ „Aa eg skulde av og finna meg mat,“ sa reven; „men no er du sterk, no skal eg syna deg ei løda som er so full av dyr og krøter; so skal det verta raad til aa faa seg mat.“

So fylgdest dei til løda. „No maa du banka paa døri“, sa reven. Ja so banka bjørnen.

n o s a (nossa) seg, gjera seg til godes. — **s u d**, veggjefar. — **v e i d n**, vilt.

So sa stuten: „Me vil sleppa han inn.“ „Nei haldt no!“ sa røysekatten, „eg er forviten, eg vil fyrst upp i denne riva og sjaa kven det er. — Hu! d'er ein kaldlege stor bjørn! du maa kje sleppa 'n inn!“ sa han. So slepte dei kje bjørnen inn.

„Eg skal nok vita meg raad!“ sa bjørnen. So murka han og grov under svilli, til han slapp inn med hovudet. Men med same han fekk inn hovudet, smelte stuten til han midt i syni. So tok vêren renne fraa den hi sida av løda og beint i skallen paa bjørnen att. So kom bukken takande med horni sine og sette eit horn i kvar nasebora og reiv og sleit, so han reiv mest sund nosi hans. So kom røysekatten og sette seg til aa blaasa midt i nosi paa 'n. Og hjasen var reint forvimra og sprang rundt ikring i løda paa sitt arme liv. Og hanen var so rædd, han fauk av upp-aa ein aas og kurkla og gol so bjørnen vart reint fælen. Daa maatte han ut; han var mest ende paa. So ragga han burt-etter vegen og møtte reven; han hadde halde seg noko lite ifraa daa han høyrde stuket derinne.

„Aa du din skarv som narra meg!“ sa bjørnen, „no er eg mestom drepen.“ „Koss daa?“ sa reven. „Jau fyrst kom smeden sjølv med hamaren sin og slo til meg midt i syni. So kom den eine smeddrengen med ei sleggja so stor, ho var stælt i baae endar; daa var det nær paa at hovudet mitt hadde klovna. So kom den andre smeddrengen med ei lang og heit tong og sette ei grein i kvar nasebora og reiv og sleit mest nosi upp paa meg. Og so kom der ein liten ein, eg tenkjer det maatte vera kolfuten, og bles meg i nosi; det var det aller verste; det sette alt aat hjarta paa meg. So

sprang der ein liten kvit hund rundt ikring i løda som saag rettug skarpleg ut; hadde den kome, hadde han rive ut augo paa meg. Og so veit eg ikkje kva det var, — kvaar det var ein klokkar eller anna, som sat uppi rotet og song liksom ein liksalme, so det svara i budi. Daa laut eg taka ut att. — Men no skal eg drepa deg, din skarv, som narra meg slikt!"

So reven til sprangs og bjørnen etter, alt til dei kom seg i skogen; der fekk reven smøygja seg av inn i eit hol. Men bjørnen rok og gløypte den eine foten hans. Daa lo reven seg so godt: „Ha ha! just held du i furerot og trur det er revefot." So slepte bjørnen revefoten og til aa bita i fureroti, til han vart baade lidsam og leidd. So slapp reven denne gongen.

Musi paa tinfatet.

Det var ein mann som hadde tri søner, Per og Paal og Oskelabb. Han var ein rik mann. So vilde dei av og fri, dei tvo eldste, og dei vilde kje hava Oskelabb med seg. Han gret og ille let og bad um han ikkje maatte vera med. Men dei svara berre det: „Kva kann det nytta at du er med som ikkje gjer anna hell karar og grev i oska?" sa dei. Men han gav seg ikkje, anna sprang etter. So sprang dei ifraa han, so han vart gangande eismall etter. Daa kom han til eit vegeskil. Der var ein stor og ein liten

veg, og han visste ikkje kvar han skulde gaa. Men so tenkte han at han kom snarare fram naar han tok den litle vegen. So fylgde han den og kom til eit lite hus. Der stod eit stort tinfat paa bordet, og der var ei mus som hoppa og dansa paa fatet, so hardt ho kunde.

„Kva er det du ferdast etter?“ sa ho. „Aa det veit eg ikkje, eg gjeng berre soso truskar for meg sjølv,“ sa han. „Ja men eg veit kva du fer etter,“ sa ho. „Brørne dine vilde av og fri, og du fekk ikkje vera med. Dei fekk med seg so mykje gildt raudt klæde som dei skulde gjeva gjenta si; men tak no du den klæderimsa som heng inni skaapet, so hev du mykje meir og mykje betre klæde hell dei,“ sa ho. So gjekk han heim med dette, og sidan kom brørne hans òg heim; daa hadde han fenge klæde, og dei hadde gjeve burt sitt, og dette var dei ovundsjuke fyre.

So vilde dei til byen og kaupa seg klæde og gjera seg klædningar og kaupa seg vin til brudlaups; men Oskelabb fekk ikkje vera med. Han gret og ille let, men dei svara daa som fyrr. „Kva kann det nytta at d u er med som berre kann liggja og grava i oska?“ sa dei; og dei var so ille og vonde paa han, dei vilde mest tyna han. So fór dei fyre, og han sprang etter. Dei tok den store vegen som bar til byen, og han den smale som han hadde gjenge fyrr. So kom han til huset att som den musi paa tinfatet var, og ho spurde kva han fór etter.

„Eg gjeng berre soso eismall og truskar, eg veit ikkje kva eg gjeng etter,“ sa han. „Men eg veit det,“ sa ho. „Brørne dine fekk pengar til aa kaupa seg vin fyre, og du fekk inkje noko. Men der stend tri flaskor med vin i skaapet, der

kann du taka kosta du vil," sa ho. Han tok den eine og fór heim att med. Daa hadde brørne hans òg kome heim og stod og mælte den vinen dei hadde kaupt. So daa dei hadde mælt s i n vin, vilde Oskelabb òg faa mælt sin. Men dei svara berre: kva kunde det nytta, han hadde ikkje ko ei flaska; det var ikkje noko aa mæla, sa dei. Men sistpaa so mælte dei daa aat honom og; daa hadde han mykje meir og betre vin hell dei.

So vilde dei av stad att og fri; for dei hadde kje fenge fest seg nokor gjenta enno, med alt det klæde dei hadde gjeve burt. Og dei vilde sjaa kven som kunde faa seg venaste gjenta. Men Oskelabb maatte kje vera med no meir hell dei fyrre vendorne. Dei tok den store vegen att til byen, og han den smale. So kom han til det huset att som musi paa tinfatet var. „Kva fer du etter?" spurde ho. Han svara like eins daa og, han visste det ikkje, han gjekk berre soso eismall og truska. „Ja men eg veit kva du fer etter," sa musi. „De er tri brør, og no vil dei tvo eldste av og fri, og du maa ikkje vera med. Men tak no du den store kniven som heng der paa veggen og hogg hovudet av meg; daa vil eg hava deg. So skal du fara fyre, og eg hjem etter; daa meiner eg du skal hava likso fin jomfru du som dei," sa ho. „Men koss kann eg hogga hovudet av d e g som hev gjort meg so mykje godt?" sa han. „Du skal gjera det," sa musi. So gjorde han det, og hogg av ho hovudet. Daa vart ho til ei jomfru so ven at du skulde aldri sétt so ven jomfru. Sidan gjekk han heim, og ho skulde koma etter. Daa hadde brørne hans kome heim att med so fine nokre jomfruer, og

k o s t a (hokke), kva for ei.

dei hædde han for han ikkje kom att med nokor.

„Maa tenkja det at du ikkje fekk nokor, du som sprang so galsklege," sa dei. „Ja bia no, so kjem ho snart," sa Oskelabb og gjekk av og sette seg i oska og grov.

Daa dei hadde no vore heime eit bil, so kom ho som hadde vore mus, og daa vart brørne so ovundsjuke paa Oskelabb; for ho var mykje venare hell gjentorne deira. So spurde ho um dei hadde kje fleire systkin. Dei svara nei, og Oskelabb sat der so svart og fillut, han var kje likt folk. Men ho kjende han att likevel, og so sa ho at dei skulde stella han upp noko lite. Ja so laut dei daa til aa hamsa paa han noko klæde. Daa vart han baade staut og fin, og so sa ho at det var h a n ho vilde hava. Og so drakk dei brudlaup baade stort og sterkt; og eg var der og inkje fekk; so kom eg av paa Sante Pers kyrkjegard og hadde tri sildar og ei havrelefsa til nistemat; siglde eg heim att paa ei skorflis.

Mons Raudskjegg.

Det var ein mann og ei kona som hadde ein einaste son, og daa han vart stor, vilde dei setja han i læra hjaa ein som kunde læra han eit handverk. So ein dag tok far hans ut med han og vilde finna ein læremeister. Daa møtte dei ein kar som hadde raudt haar og skjegg, og

skjegget var so sidt at det naadde radt ned i bringa paa 'n. Han spurde kvar dei vilde av. „Eg vil freista aa faa sett denne sonen min i læra,“ sa mannen. „Eg skal taka han i læra,“ sa Mons Raudskjegg; so heitte han. „Kva handverk kann du læra han daa?“ spurde mannen. „Aa eg skal læra han alle slag, for eg er skulemeister for borni aat kongen vaar, han som bur i den forgylte borgi paa Alpenes.“ „Kor mange aar skal han vera hjaa deg?“ spurde mannen. „Aa, eg set ikkje nokor viss tid, eg,“ sa Mons Raudskjegg; „men eg slepper dei ikkje fyrr dei vert full-lærde.“ So lét mannen guten sin fylgja med han.

Guten var burte i tri aar, og foreldri hans visste ikkje kvar han var. Sistpaa vart dei utrygge for han og tenkte paa aa leita han upp att. Daa fire aar var til endes, tok faren ut og spurde kven han møtte um dei visste kvar han Mons Raudskjegg budde. Nei, ingen visste det, og han fór sju breidt og sju langt ikring i heimen og frette etter det same. So kom han sistpaa til ei haugakjering og spurde henne òg um ho visste noko um Mons Raudskjegg. „Nei,“ sa ho, „men ved høgstdagsbil kjem alle ville dyri hit paa denne sletti og kviler, so skal eg spyrja dei.“ Ho gjorde so, men dei kunde ikkje gjeva nokor greida paa dette. „Ja daa lyt du gaa aat det berget du ser der burte,“ sa haugakjeringi; „der bur bror min, og til honom kjem alle fuglar som fyk i lufti, ein gong kvar dag. Kann henda at dei veit det.“

Mannen fór dit, og jøtulen spurde fuglarne um dei visste kvar han Mons Raudskjegg budde; men dei visste det ikkje heller. „Men

enno er det att ei halt ørn," sa jøtulen; „ho plar vita mangt, ho, og du fær bia til ho kjem."

Daa ørni kom, spurde jøtulen etter det same. „Jau," sa ho, „eg veit vel kvar det trollet bur; i fjor skaut han av laaret mitt, so eg fær draga ei vanhelsa for han alt med' eg liver." So synte ho mannen kva berg han var i, „og er-so du no snøggar deg," sa ho, „so finn du guten, for han Mons er ikkje heimeleg."

Mannen fór daa aat det berget som ørni hadde synt han og klakka paa so stillt. Guten kom ut, og han kjende far sin radt. „Aa nei, aa nei!" sa han, „der ser eg far min." So tok han med seg alt det gull og sylv som fanst i berget og fylgde med far sin heim att.

Daa Mons Raudskjegg kom att fraa kongsgarden um kvelden, vart han var at guten og all midelen hans var burte. Han vart fælande sinna; men han hadde ikkje magt til aa taka att korkje guten eller hitt som han hadde mist. No skyna han ikkje koss han best skulde faa hemna seg, og dette visste guten vel um; men likevel hadde han hug til aa freista aa faa narra av han noko meir pengar, av di far hans var ein so fatig mann.

Det laag ein by tett ved der som mannen budde, og i den byen skulde det vera marknad. Daa det leid til marknaden, sa guten det ved far sin: „No vil eg skapa meg til ein hund, og so skal du taka meg i eit band og leida meg paa torget og bjoda meg fram til sals; men du maa slett ikkje sleppa bandet, eller òg gjeng det gale med meg; og so skal du setja meg so dyr at ingen kauper meg. Men naar han Mons Raudskjegg kjem, so gjev han slikt som du set paa, for han veit det er eg."

Det gjekk som guten hadde sagt; ingen vilde kaupa hunden, av di han var for dyr. Men sistpaa kom Mons Raudskjegg, og han gav radt det som mannen sette paa for hunden.

Daa han hadde rekna pengarne til han, so løyste mannen bandet av hunden og gav han til 'n Mons. „Du skulde late bandet vera paa han, du, so eg kunde havt det aa leidt han etter," sa Mons Raudskjegg. Mannen sa at han hadde selt hunden og ikkje bandet. „Aa ja, han lyt vel fylgja, likevel," sa Mons. Men hunden var med berre eit lite stykke, so kvarv han burt ifraa han.

Andre marknadsdagen sa guten det ved far sin: „No vil eg skapa meg til ein hest, og so skal du taka eit gildt beisl og leggja paa meg og leida meg paa torget; men du maa ikkje sleppa beislet, eller òg gjeng det gale med meg. Og so maa du setja meg so dyr at ingen kauper meg. Men kjem han Mons Raudskjegg, so veit han at det er eg, og so gjev han slikt du vil hava." Dei kom paa torget, og ingen vilde kaupa denne dyre hesten; men so kom Mons Raudskjegg, og han kaupte han. Men daa lurde han dei; med same han hadde rekna pengarne til mannen, so rykte han beislet or handi hans, fyrr han fekk stroke det av hesten, og so drog han av med han. So sette han seg uppaa hesten og reid att og fram og dengde og slo so det var fælt aa sjaa. Til slutt reid han i drivande tan til den kongsgarden der han var skulemeister aat kongsborni; der batt han hesten ute og sette ei glodpanna under nasarne paa han, so han stod og brende seg og ikkje visste koss han skulde fara aat. Men so kom det ei gjenta

berande paa ei vatsferd. Hesten tok til aa sparka og grava, so ho skulde skyna han var tyrst. So sa ho: „Stakar, du er tyrst, ser eg,“ og dermed strauk ho av han beislet og sette til han den eine vatsbytta. Men daa tok han drivande tanet attende og kasta hestehamen og fór heim att til far sin.

Mons Raudskjegg vart snart var at hesten var burte, og sette etter dit som far aat guten aatte heime; men daa guten saag han kom, skapte han seg til ein agnmakk og smette seg langt inn i ei mykdyngja. Dette saag Mons Raudskjegg og skapte seg til ein hane og tok til aa grava i mykdyngja; men so skapte guten seg snøgt til ein rev og snippa hovudet av hanen og aat han upp.

No var det ende med Mons Raudskjegg, og guten gjekk til far sin og bad han vera med aat berget som han hadde butt i; der visste guten um alle gjøymslorne som han hadde pengarne sine i. Daa dei kom dit, so tok dei ikkje berre pengar, men dei tok alt som der beid og fanst, baade smaatt og stort, og daa vart dei oversleg rike.

No budde det ein herremann tett ved der som far til denne guten budde, og han hadde ei einaste dotter. Daa ho høyrde at guten hadde vorte so rik, fekk ho hug til han og vilde hava han. Far hennar hadde nok ikkje vilja at ho skulde taka denne bondeguten, men so var ho ikkje mykje ven, og difor var det ikkje mange storkarar som fór etter henne. Men guten tykte det var gildt, han, at han skulde verta maag aat ein herremann og koma paa ein slik gard, og so fekk han henne daa. So laga dei til brud-

laups paa herregarden og bad alle ættingarne sine paa baae sidor, og so heldt dei brudlaup i fire fjortandagar.

Brudgomen

som miste bruri si.

Det var ein gong ein brudgom som miste bruri si. Det gjekk so til at ho hadde gjenge ut aaleine; og er det den ting bruri gjer daa, med ho hev kruna paa seg, so kjem ho burt; for tussarne hev vald yver henne so lenge ho hev sylvet paa seg. Dette hende seg no med denne bruri, og burte vart ho.

Brudgomen han syrgde so tungt. Han leita etter henne vida ikring, men fann henne ikkje.

So hende det seg ein dag at han raaka ei kjering, og ho spurde kva det var han syrgde so fyre, med di han saag so sorgfull ut. Han fortalde daa at det var for di han hadde mist bruri si, og han visste ikkje kvar han skulde finna henne att. Ho spurde korleis det var tilgjenge, og daa sa han at bruri hadde gjenge ut aaleine, med sylvet paa; ho tenkte ikkje det skulde hava nokon faare. „Ja gjekk ho ut med sylvet paa, so hev tussarne teke henne,“ sa kjeringi. Brudgomen spurde daa um ho ikkje kunde segja kvar han skulde gaa og finna henne; men det visste kjeringi ikkje. Men so tykte ho det var synd i han, og so sa ho: „Her skal eg

gjeva deg eit par styvlar som stig tretti mil; men det verste kann vera at daa kann fulla ingen fylgja deg, so eg tvilar det er best du tek berre den eine. Daa tenkjer eg du kann gaa ut i havet. Der finn du tri tuvor og ei kjering paa kvar av dei. Spør dei, kann-henda dei kunde vita noko um bruri di."

Brudgomen takka kjeringi for godgjerdi og la av stad. So kom han ut i havet til ei tuva, og der stod ei trollkjering og hogg ved med tennerne. Han spurde um ho hadde sétt noko til bruri hans; men nei, ho visste ikkje um nokor brur, sa ho; han fekk gaa burt paa den andre tuva og spyrja den kjeringi som var der. Ja, brudgomen gjekk. Her raaka han paa ei kjering som stod og vreid sund store bjørkeskidor med henderne. Han spurde henne um dette same; men nei, kor skulde ho vita um bruri hans, ho hadde anna aa gjera, sa ho. Han fekk gaa til kjeringi paa den tuva der hurte. Han so gjorde, gjekk av til den tridje tuva. Der stod ei kjering og stauka i grauten med nosi. Han spurde henne liksom dei andre etter bruri si, men nei, ho visste ikkje noko um henne, ho heller. „Men du kann fylgja soli i morgon," sa ho, „og er det den ting at du ikkje finn henne daa, so kann du koma att."

Brudgomen stod tidlege upp og fylgde vel med soli, alt til ho gjekk i havet; men ingi brur so fann han. So fór han tilbake til trollkjeringi og sa korleis det hadde gjenge. Ho sa daa at han fekk stiga upp i maanen og sjaa um ho var der. Han upp i maanen; men der vilde dei ikkje hava han, dei tok og slengde han ned att; for dei deruppe er nok ikkje synduge, dei,

er det den ting at, dersom, i fall.

maa tru. Han fann fulla ingi brur der heller, og han til kjeringi att og fortalde som tilgjenge var.

„Ja,“ sa ho, „so veit eg ikkje onnor raad enn du fær fylgja med nordvesten i morgon; han skal av og turka brudeklæde i ein tussegard.“

Ja, brudgomen la i veg, so nordvesten ikkje var kar til aa fylgja han; men daa vart nordvesten sinna og tok slikt paa at sju kjeringar ikkje var god til aa halda eit kalvskinn fyre eit navarshol; daa vann han fram til gards mest samstundes med brudgomen. Der var brudlaup i garden. Brudgomen raaka paa ein mann som skulde til kjellaren etter øl, og so bad han honom um han kunde faa vera med. „Ja eg veit ikkje det,“ sa mannen; men so bad brudgomen so vent og lova at han ikkje skulde knetta i seg, og daa fekk han endeleg fylgja. „Men no maa du sitja still,“ sa mannen; „fær nokon vita at du er her, so vert du ulukkeleg.“ Ja, brudgomen sat so still som ei mus; det knatt ikkje i han. Der var øl og vin i mengd i kjellaren, og alt var raudt som blod, som det jamt er hjaa tussarne. Daa mannen hadde no tappa øl, so spurde brudgomen um bruri drakk utav same bikaren som dei andre. „Nei ho hev ein liten gullbikar for seg sjølv,“ sa mannen. „Aa lat meg faa smaka drikka hennar!“ sa brudgomen. Ja, det kunde han no gjerne faa. Daa tok guten ein gullring han hadde fenge utav bruri og braut han i tri stykke og kasta det eine upp i bikaren. Ho undrast daa ho fann dette, men ho tagde seg og gjøymde det. Dette same hende seg tri vendor; for kvar gong kjellarsveinen kom etter øl, so bad brudgomen um aa faa smaka paa

bruri sitt drikka, og la daa eit stykke av ringen i bikaren.

Daa bruri no hadde fenge alle tri, so sette ho dei ihop, og ho kjendest daa ved ringen ho hadde gjeve brudgomen. Daa fekk ho som ein tanke um at han kunde ikkje vera langt undan. So sa ho til kjellarsveinen: „Ja no hev eg sétt meg ikring alle stader, men i kjellaren hev eg ikkje vore enno; det skulde vera moro aa sjaa korleis der ser ut.“ „Nei, eg trur ikkje det er verdt for deg aa gaa der; det høver seg ikkje, og ikkje er der noko aa sjaa heller,“ sa kjellarsveinen; han vilde so naudlege hava henne med, maa tru. Men so rødde ho um at ho hadde slik hug til aa sjaa kor mykje der var att av ølet, og so fekk ho daa vera med.

Med same ho kom i døri kjende brudgomen henne, og han var ikkje sein med aa taka henne inn i armen og fara av garde med henne. Tak henne daa att! Han hadde tretti mils styvlar paa, og alt det tussarne bar seg, so naadde dei ikkje atti dei.

Bukken og bekren

som bygde eit hus paa Ripleheidi.

Bukken og bekren bygde upp eit hus paa Ripleheidi. So kom ikornet. „Maa eg vera i huset med?“ sa ikornet. „Ja kva ét du?“ sa dei. „Toll og konglar og kva eg finn,“ sa ikornet. „Ja, du maa vera i huset med,“ sa dei.

So kom røysekatten. „Maa eg vera i huset med?“ sa røysekatten. „Ja kva ét du?“ „Myser og meinkjettor og kva eg finn,“ sa han. „Ja du maa vera i huset med.“

So kom tordivelen. „Maa eg vera i huset med?“ sa han. „Ja kva ét du.“ „Myk og myhankar og kva eg finn,“ sa tordivelen. „Ja du maa vera i huset med.“

So kom reven. „Maa eg vera i huset med?“ sa han. „Ja-a kva ét du?“ „Lamb og kidungar og kva eg fær,“ sa reven. „Ja-a du maa vera i huset med.“

So kom bjørnen. „Maa eg vera i huset med?“ sa bjørnen. „Ja-a kva ét du?“ „Bukkar og bekrar og kva eg finn,“ sa bjørnen. „Nei, du maa ikkje vera i huset med.“

Ja, med di han fekk no ikkje lov, so vilde han taka paa dei. So sette dei paa han, heile denne hermagti som dei hadde teke inn i huset sitt: ikornet uppetter veggen etter byrsa, tordivelen inn i augo hans med myk, røysekatten inn i nosi til aa blaasa. So tok han ut og utyver Ramnedjuv og slo seg i hel; so fekk Sigrid Djuvi seg ein ny feld.

Fleskeskinka.

Det var ein gong for lenge sidan det hadde kome nokre fæle tjuvar inn i bygderne som alle folk var rædde. Dei var so haale til aa stella seg, desse tjuvarne, at folk meir ell' so ikkje

visste raad til aa berga det vesle dei hadde. Dei kom fram paa so mang-slag maatar; sumtid um natti og sumtid um dagen, sumtid kom dei klædde liksom storkarar og sumtid som slurrar.

So var det paa ein gard at mannen laut gaa ei ærend burt i ei onnor bygd og kom til aa vera burte heile dagen. Det var mest paa livet for kvinfolki aa vera eismalle heime. Daa mannen stod daa paa ferdi, so sa han til kjeringi si: „Kjem det nokon framandkarar her i dag, med eg er burte, so skal du taka imot dei best du kann og gjeva dei mat og drikka av det likaste du eig. Og so skal du lyda vel etter um dei røder noko med einannan," sa han. Ja, kjeringi sa ho skulde gjera dette, og so gjekk mannen.

Daa det leid ut paa dagen, kom det tvo ferda-karar og lest spyrja um mannen var heime; dei laut eitt gjera seg til ærend, maa tru. Kjeringi stelte til mat aat dei, det likaste ho kunde, og lydde vel etter um det var noko dei rødde med einannan. Med' dei sat der med bordet og aat, sa den eine noko laagt til den andre: „Millom bust og bog," — og so stirde han fram paa ei stor fleskeskinka som hekk og turka seg uppaa ei raata. Desse ordi, tenkte kjeringi med sjølv-seg, laut ho koma vel i hug. — Som dei daa hadde ete og drukke, baud dei farvel og takka for seg og gjekk sin veg.

Daa mannen kom heim att um kvelden, spurde han um der hadde vore nokon. „Nei her hev inkje vore, berre tvo karar," sa kjeringi. „Hadde dei noko-slag rødor millom seg daa?" spurde han. „Nei det var nokre still-

slurre, farre. — raata, lang stong, ræla. — inkje . . berre tvo, ikkje anna enn tvo.

farandes karar," sa ho; „det einaste eg høyrde dei rødde var med dei sat og aat. Daa sa den eine: „Millom bust og bog," og so stirde han fram paa raata der med det same." „Aa, det var tjuvarne, det!" sa mannen. „Med bust og bog meinte dei fleskeskinka som heng der paa raata. Me maa agta oss, me, og gjøyma ho væl, ellaa kjem dei att naar me hev lagt oss og dreg av med ho," sa han. So gruna han lenge paa kvar han skulde finna eit snaalt gjøyme. Han gjøymde ho paa mange stader, men ingen stad tykte han var trygt. Sistpaa la han ho av inni bakaromnen, og der let han ho liggja.

Daa det leid paa natti, kom det inn ein kar; det var nok den eine av dei som hadde vore der um dagen. Han gjekk paa tilten-taa frametter aat gruva, so stillt som han kunde, og til aa trivla og subba endelangs paa raata; men der hekk ikkje anna hell sokkar og sko-klutar og ikkje nokor fleskeskinka; for det var den han vilde faa tak i.

Mannen og kona laag innar i sengi og høyrde paa dette som naava fram-i stova. So gjekk karen ut att til felagen sin, han stod utanfor og venta, og sa at han kunne kje finna nokor fleskeskinka. „Men me skal nok vita raad," sa han. „No kann du gaa ned i fjoset og sleppa ut buskapen, du, og so vil eg løyna meg her attanfor døri; daa skal me nok faa mannen upp og ut," sa han.

Ja den andre tjuven so gjorde: slepte ut all buskapen, kyr og sauer og gjeiter og griser og alt som livandes var. Uti tunet vart det daa eit fælt leven, kann du vita, og mannen fekk

p a a t i l t e n-t a a, stillt, paa tærne. — **s u b b a**, sopa, fora med handi. — **n a a v a**, tusla, gaa ikring og stulla og rusla.

paa seg brøkerne og ut paa døri det foraste han kunde. „Det er likt til dei vil stela krøteri ut or fjoset òg no,“ sa han. Men daa han kom ut, saag han ingen av tjuvarne. Han gjekk ned i fjoset og tok til aa baasa og binda buskapen att. Daa var han ikkje sein, han som stod attanfor døri: han smette seg inn til kjeringi som laag innar i sengi. „Du, kvar var det me la fleskeskinka i stad?“ kviskra han. „Eg fæler me lyt gjøyma ho betre for desse tjuvarne som er so raadlause aa berga seg fyre.“ „Minnest du daa ikkje at du sjølv gjøymde ho inni bakaromnen?“ sa kjeringi, ho trudde det var mannen, ho. „Aa jau, det er sant, det var nok der me la ho sist,“ sa tjuven; so skunda han seg burtetter golvet og fekk tak i fleskeskinka og fór ut so fort han kunde. Der fann han att felagen sin, og til skogs bar det med dei; dei torde kje fara allmannvegen.

Daa mannen hadde fenge hyst buskapen sin, nøytte han seg inn att og sa til kjeringi: „Kvar var det me la fleskeskinka i stad, du? Eg fæler me lyt gjøyma ho betre for desse tjuvarne som er so raadlause aa berga seg fyre,“ sa han. „Fleskeskinka? Kjem du no og spør um dette no att? Hugsar du ikkje eg sa det no med same du var inne her at ho laag inni bakaromnen?“ sa kjeringi. „Eg hev kje vore inne her, eg, sidan eg gjekk ned i fjoset i stad og batt inn buskapen,“ sa mannen. „Jau visst var du her no med same,“ sa kjeringi. „Du la deg jamvel her uppi sengi ei beita,“ sa ho. No fór mannen til aa fæla for at det var tjuvarne som hadde vore ute att. Han saag etter i bakaromnen, og der var ikkje nokor fleskeskinka. So fekk han paa seg

noko meir klæde og tok ut etter tjuvarne. Daa han kom nedanfor husi, saag han farvegen etter dei i snøen, og at det bar ut til skogs. Han var vel kjend i skogen, og so tok han ein beinveg so han kunde koma i motslag med dei.

Vegen var vond og vrang, og fleskeskinka var tung, so det var kje so greidt for tjuvarne aa koma fort og vel fram i myrkret. Verst var det for han som bar paa skinka; han bar og sprang so han sprengde seg mest; men endaa var han ikkje god for aa fylgja den andre, og han kom so i bakhandi at dei sistpaa kasta einannan burt. Den tjuven som vart etter liggjande, møtte daa i det same mannen sjølv uppi skogen. Han trudde det var hin tjuven, og so sa han: „Du er ein trugjen kar, du! Sjaa her er fleskeskinka, no kann du bera ho ei beita! Lenge nok hev eg slite og slæpa paa ho," sa han, og so kasta han skinka beint i fanget paa mannen. Han tok imot skinka og tagde still som ein stuv, han, og so til aa aka paa heimvegen so godt han kunde.

Eit lite bil etter raakast tjuvarne att, daa hadde ingen av dei fleskeskinka. Dei vart forfurda, kann du vita, og visste fyrst ikkje kva dei skulde tru. „Aa, det maa visst og sant vera mannen eg raaka i stad og flidde fleskeskinka," sa tjuven, han som hadde bore paa ho. „Mén han skal nok ut att med ho, det skal eg vera mann fyre," sa han, og til flògs attende la dei baae tvo, meir den meir orka. Dei fylgdest tolleg no daa ingen hadde noko aa draska paa, og kom heim til gards ei god beita fyre mannen; han var kje god for aa fara so fort, han stakar, med den tunge byrdi si.

ei beita (beite) eit bil, eit tak.

Det hekk nokre uppvaska gangklæde nedpaa hagegjerdet. Der fekk den eine av tjuvarne tak i ein stakk som høyrde kjeringi til og smøygde paa seg, og paa hovudet knytte han eit turklæde. So sette han seg i forstovedøri, og hin tjuven løynde seg burtunder løda. Daa det leid paa lite grand, kom mannen strævande, og daa han saag dette kvinfolket i døri, trudde han det var kjeringi som sat der og venta. „Sjaa her er fleskeskinka!“ sa han. „Det var paa nippen eg fekk ho att no, og ikkje hadde eg fenge ho heller, hadde eg ikkje vore so slipa kar til aa stella meg. Men gjøym ho no vel, det bed eg deg; for desse utrende tjuvarne er ikkje naadige aa berga seg fyre,“ sa han, dermed kasta han fleskeskinka ned i fanget hennar, og so gjekk han attanfor stova for sjølv-seg. Men tjuvarne tok til ville skogs med same, dei, og tana og sprang alt dei var god fyre.

So kom mannen inn og klædde av seg so snøgt han kunde og la seg att. Daa han vel var komen i sengi, spurde han kjeringi kvar ho hadde gjøymt fleskeskinka no. „Eg gjøymt fleskeskinka? Eg hev ikkje sétt anten deg hell nokon ting, eg,“ sa ho. „Kva segjer du? Sat du ikkje her utpaa dørstokken no med same kanskje og tok imot ho daa eg kom?“ sa han. „Eg hev ikkje vore so mykje som ut or sengi, eg, sidan du tok ut,“ sa kjeringi. „Aa betre oss no daa! der hev tjuvarne vore ute att,“ sa mannen. So kasta han klædi paa seg og tok ut etter tjuvarne att. Men no var dei ikkje so greide aa stava; dei hadde fenge so lang ein undanmun.

Daa tjuvarne no hadde sprunge langt og

slipa kar, slug, listig. — utrend, driven, rend.

lenge innetter ville skogen, vart dei baade trøytte og svoltne, og dei trudde at mannen ikkje kunde koma etter dei alt dit. So stogga dei og gjorde upp ein stokkeld og vilde til aa smaka paa flesket; dei kunde nok turva baade mat og kvild no.

Mannen ota paa i farvegen deira alt han vann, og daa han hadde gjenge langt og lenge og ingen ting anten høyrt eller sétt, tenkte han paa aa snu heim att. Men i det same vart han var ei lysa langt burti skogen. „Hev eg kome so langt, so vil eg dit burt og,“ tenkte han og hultra seg av stad att. Daa han kom fram, saag han at det var tjuvarne som sat der og naska seg og steikte paa kvar si fleskeskiva. Daa var han i beit; han hadde ikkje noko-slag vaapen, og ikkje torde han gaa fram til dei. „Men d'er betre vera daud hell raadlaus,“ tenkte mannen. Han hadde av seg trøya og brok, so han stod der i berre kvite underklædi. So lutte han seg ned so hovudet kom mest ned til føterne, og so hopa han soleis burt igjenom til dei.

„Hu, kva er det for noko?“ ropa den eine tjuven, daa han vart var den kvite skapningen som kom akandes. Dei stirde so augo sprang mest or hausen paa dei. Mannen hadde stogga litegrand, men daa han fór til aa tokka seg nærare og nærare att, vart dei reint fælne. „Aa betre oss, det er ho bestemor. Ho gjeng att! eg ser same andlitet!“ sa den andre tjuven, og so tok dei ut hovudstups yver stuv og stein og sprang fraa fleskeskinka og alt ihop. Mannen tok daa fleskeskinka si att, han, og til aa traska

o t a p a a, stræva seg fram. — n a s k a s e g, gjera det huglegt for seg, kosa seg. — h o p a, gaa baklengs.

paa heimvegen so godt han orka. Han vart so utmasa av den tunge byrdi og den lange vegen at han var mest avgjeven daa han kom heim att, og daa var det ljose dagen. Men etter den natti var ikkje tjuvarne ute og stal meir.

Bitristein.

So var det ein mann og ei kona ein gong som hadde ein stor gild herregard. Mannen saadde aakren sin um vaaren med rug og kveite, og den voks upp og vart so gild og ven som dei hadde sétt aaker.

So var det ei natt at aakren vart so nedvelt. No hadde dei ein tenestdreng, og so spurde husbonden denne drengen sin kva det var som hadde velt so ned aakren. „Ja det veit kje eg,“ sa guten, „ikkje hev e g gjort det.“ „Ja du fær sjaa etter kva helst det er som fer soso aat,“ sa husbonden. „Ja eg lyt so gjera,“ sa guten.

So sat han daa um kvelden. Daa det leid noko langt, so kom der eit stort troll. Guten gjekk innaat og vilde sjaa kva det var. Daa fór risen til aa velta seg att og fram i aakren. „Kvi gjer du dette?“ sa guten. „Eg ligg og kviler meg,“ sa risen. „Ja men du maa kje liggja i aakren.“ „Eg ligg kvar eg vil, eg, for deg,“ sa risen. — „Kva heiter du?“ sa guten. „Eg heiter Bitristein,“ sa risen. „Kva er du

avgjeven, utmasa, uppgjeven, hjelpelaus.

vil daa?" sa guten. „Eg vil draga av med dotter til husbonden din," sa risen. „Ja so, vil du det?" sa guten, „kva vondt hev ho gjort daa, med di du vil taka henne?" „Ho hev inkje vondt gjort meg, men far hennar hev gjort meg vondt," sa risen. „Kva er det daa?" sa guten. „Denne aakren som er saatt upp, ligg i vegen min, og han skal aldri faa noko godt av han." „Ja so," sa guten. So gaadde han ikkje aat fyrr trollet kvarv burt for han.

So gjekk han inn til husbonden sin og fortalde dette, at det var ein rise som heitte Bitristein som velte so ned aakren hans, „og han sa det at du hadde lagt aakren i vegen hans, so du skulde aldri faa godt av han meir." Dette vart han berre vond for, husbonden, og han sa det at han la aakren sin kvar han vilde paa si eigi eign.

So var det ein kveld det kom so hard ein smell i stova; det dunde og skalv so i ho at dei vart forfurda og reint forfælte. So gjekk mannen ut. „Er dotter di heime i kveld?" sa eitt som stod utanfor stovedøri. „Kva vil du daa?" sa mannen. „Eg vil draga av med henne," sa risen. „Vil du det?" sa mannen, „men eg vil ikkje vera av med henne," sa han. „Eg bed deg so lite um det," sa risen. — „Kva heiter du?" sa mannen. „Eg heiter Bitristein," sa risen; „gakk inn og bed ho vil koma ut!"

Mannen gjekk inn att, men han gat ikkje noko. So spurde kona hans kva helst var ute. „Aa det var denne ugjegna som plar fara her um kveldarne," sa han. „Kva vilde han daa?" sa ho. „Han vilde kje noko," sa han.

So kom det ein smell i stova att, so hard

ugjegna, ein som er til meins, eit ugagns-ting.

at det draus baade av omnspipa og av kvar glasruta. Daa vart dei so fælne at dei sprang ut alle saman. Men med same gjenta kom ut tok risen henne. „No skal du fylgja med meg!“ sa han. So kvarv dei burt, og husbonden og kona vart so ille farne yver dette.

So sa dei det til tenestdrengen sin at han skulde faa dotter deira til kona dersom han vilde fara av stad og henta henne att, og han skulde faa alt det dei hadde attpaa, fyrst dei var daude. Aa ja, guten stelte seg til. So gjekk han heile dagen alt til seint um kvelden. Daa kom han til ein stor gild gard som var tvo store aplehagar i. Men kvar ævige haust vart epli avslegne og kom burt, so dei ikkje hadde noko godt av dei. Guten bad etter hus um natti, og det fekk han. So spurde dei kvar han skulde av. Han visste kje det, sa han, men han vilde til ein rise som heitte Bitristein og som hadde drege av med gjenta hans, og henne vilde han faa fat i att, sa han. „Aa, men kjem du dit, so spør koss det kann hava seg med di aldri eple maa vera i fred heran; risarne plar vita so mangt,“ sa dei. „Ja det skal eg,“ sa guten.

So tok han ut att um morgonen og gjekk heile dagen alt til seint um kvelden. Daa kom han til ein stor grum gard og bad han maatte faa hus. Ja det fekk han. „Kvar agtast du etter, du litle gut?“ sa dei daa. Ja det visste han ikkje, sa han, men han vilde til ein rise som heitte Bitristein. „Aa gode!“ sa mannen, „med du fer dit likevel, so spør for meg koss det ber til at her stødt og jamt løyp ein hund ifraa garden min, og ein hund til garden; eg er so leidsam og leidd av denne laupingi.“ Ja, guten skulde spyrja.

So den andre dagen la han i veg att og gjekk heile dagen alt til seint um kvelden. Daa kom han til ein stor glup gard og bad um han kunde faa hus. Det fekk han. So spurde mannen kvar den litle guten agtast etter. Ja det visste han ikkje, sa han, men han vilde av til ein rise som heitte Bitristein og faa i gjenta si att som risen hadde drege av med. „Aa gode deg!“ sa mannen, „med du fer dit likevel, kann du kje daa spyrja for meg koss det kann hava seg at det er so vondt vatn i brunnen min. Der hev vore so godt vatn fyrr, og no er det so vondt, det er kje drikkande; det er heiltupp rote.“ Jau han skulde spyrja, sa guten.

So tok han ut att den andre dagen, og daa det var eit lite bil kom han til ein stor fjord. Der kom han til ferjemannen, og han spurde kvart guten vilde. Ja det visste han ikkje, men han vilde finna ein rise som heitte Bitristein, sa han. „Men vil du no spyrja honom kor lenge eg skal vera ferjemann heran yver til fjellet hans; eg er so leid det,“ sa ferjemannen. „Det vøre daa forfurdelegt um eg skal liggja her mykje lenger, eg vert reinende utgamall i denne tenesta. So skal eg ferja deg fram og tilbake for ingen ting,“ sa han. „Ja eg skal spyrja,“ sa guten.

So kom han fram og kom inn i berget og fann att gjenta. Dei kjendest, og ho vart so forfælt og forfurda koss han kunde koma dit. „Aa jau, med stort stræv so hev eg kome her,“ sa han. „Aa jei, for furdelegt dette var!“ sa ho. „Men fyrst risen fær sjaa deg, so drep han baade meg og deg; han gjer ende paa kva helst som kjem her. Men eg lyt freista gjera det eg kann til aa hjelpa deg,“ sa ho. So skulde han faa seg mat, og med han sat daa til bords,

fortalde han um alle dei bodi han hadde til Bitristein. So sa ho han skulde smjuga av inn under sengi, „og no fær eg freista aa faa ut av han dette som du skulde faa vita, det um dei tvo aplehagarne og dei tvo hundarne og um brunnen og ferjemannen," sa ho.

So kom risen heim att um kvelden. „Hu koss er dette laga?" sa han og var so tevende vond; „kva er det som er kome i mitt hus! Det stækjer kriste manneblod!" „Aa det var ein fugl som fauk her yver taket med eit bein i nebben, og det slepte han ned paa aaren gjenom ljoren," sa ho. „Eg skunda meg og fekk det ut att og røykte og fór fram det finaste eg kunde; men det maa vera det som stækjer likevel."

Ja, so fekk risen seg mat, og so tok han fram tvo store pengeskrin; eit var blaamaala, og hitt var kvitmaala. Han læste upp det som var blaamaala, og det var fullt med sylvpengar. So tømde han dei paa bordet og talde og subba dei so ned i skrinet att. So tok han det som var kvitmaala, og det var fullt med gullpengar. Han tømde dei òg paa bordet og talde, og so subba han ned i skrinet att. Dette hadde han til aa moroa seg med.

So sa han at dei skulde leggja seg. Ja, gjenta gjorde upp sengi; dei la seg, og risen sovna. Daa dei hadde daa lege eit lite bil, so sa ho til guten: „Gjev gaum!" og so fór ho til aa laata og enkja seg slikt at det var reint fælt. „Kva er det som vantar deg?" sa risen, han vakna. „I! eg drøymde so!" sa ho; „eg drøymde det var ein mann som hadde tvo grumme aplegardar, og dei hadde han ikkje godt av, for kvar ævige haust draus epli av og

enkja seg, jamra seg, anka.

kom burt; og det gruna han paa koss det kunde hava seg, han tykte det var ovfurdor.“ „Aa du veit for lite!“ sa risen; „at epli hev drose av kvar haust det kann hava seg so at han er so svolten og girug, so han nennest ikkje til aa gjeva burt so mykje som eit eple, — eg bad ein gong um eit, eg; og so hev eg gjort det so at han aldri skal hava godt av dei meir.“ — „Ja og so drøymde eg det,“ sa ho, „at det var ein mann som hadde slik ein gard, det hadde ingen sétt slik gard; men so laup det allstødt ein hund til garden hans og ein ifraa, og han var so uppmødd av denne laupingi at han hadde kje godt av garden sin.“ „Aa du veit for lite!“ sa risen. „Han hev tvo vegter: ei veg han til seg med og ei ifraa seg med, og den fyrste er strid og den siste er slak; men fyrst han slo sund den slake, so slapp han hundarne som løyp. Men teg deg no!“ sa han. So sovna han att og raut so det dura i fjellet. „Høyrde du kva eg spurde um no?“ sa gjenta med guten. Ja, han gjorde det. „Men ligg no still og gjev gaum!“ sa ho.

Um eit lite bil fór gjenta daa til aa krauna og laata att so det var reine furdor. „Kva er som bilar deg no att?“ sa risen og var vond; han fekk kje ro til aa sova for alt dette braaket. „I! eg drøymde so, eg fær kje sova!“ sa ho. „Eg vil kje vita av fleire draumar!“ sa han. „U jei! d'er det same, eg skal kje segja det daa,“ sa ho. „Jau skunda deg no berre og kom med det,“ sa han daa. „Ja eg drøymde det var ein mann paa ein gild gard som hadde ein brunn i tunet, og det hadde vore so utifraa godt vatn fyrr i den brunnen; men no var

ei ovfur(d)a, noko ovunderlegt.

det ikkje drikkande, det var heiltupp rote." „Aa du veit for lite!" sa risen. „Det kann hava seg so at der hev krabba ei podda inn under ei stor hella som ligg paa botnen i brunnen. Eg bad dei etter drikka ein gong, men eg fekk ikkje; so vart eg so sinna, eg sette tri tunge pengeskrin ned der og sette podda til aa vakta dei og skjemde so ut heile brunnen." — „Ja og so drøymde eg det," sa ho, „at det var ein ferjemann som var so utgamall; han spurde kor lenge han skulde setja yver til fjellet ditt fyrr han maatte sleppa, han var so leid det." „Aa du veit for lite!" sa risen. „Det skal han halda paa med, den sælingen, so lenge til han hev vit til aa kasta aararne til den han set yver og segja det med han: set no du yver so lenge som eg hev gjort, so tenkjer eg du vert leid av det, du og." So sovna risen og raut so det svara i heile nuten. „Høyrde du kva eg spurde um no?" sa gjenta med guten. Ja, han gjorde det. „Men ligg no still og gjev gaum," sa ho.

Um eit bil so var det same laaten. „Hu, eg drøymde so!" sa ho, „eg fær kje sova i natt!" „Aa det er ei ætsels drøyming paa deg!" sa han. „Kor lenge skal eg vera her i berget?" sa ho; „eg lengtar so etter aa koma heim att til foreldri mine, eg drøymde so um dei." „Det kann du faa, naar du vil; men det vert ikkje fyrr ferjemannen slepp aa setja yver," sa han. So sovna han att.

So var det alt høyrt, og det var dagen paa staden daa. Risen vakra seg, og dei reis upp, og han aat og drakk, og sidan tok han ut aat fjellet att med ei stor drift med gjeiter. Ho til

vakra seg, faa svevnen fraa seg.

aa samla ihop alt det gull og sylv og alle dei pengar ho visste um og tok baae skrini og la alt saman ned i ei stor kista, og so tok dei av stad ut or berget.

Daa dei kom no ned aat fjorden, so ropa dei til ferjemannen at han skulde setja yver. Han kom. „Spurde du kor lenge eg skulde vera ferjemann?“ sa han. „Ja det gjorde eg?“ sa guten. „Kva sa han daa?“ „Aa han sa du skulde kje lēnge liggja; du fekk det snart betre,“ sa han. „Ja men kor lenge skal eg liggja heran daa?“ „Nei koss er det du ror no!“ sa guten, „sjaa her set du oss paa grunn.“ So fekk ferjemannen det so annvint med aa faa dei vel i land, og i eit handsnutt bil var guten paa strandi med gjenta si og kista. So ropa han ned til han i baaten: „Du skal kasta aararne til den fyrste du set yver, og segja det med han: set no du yver so lenge som eg hev gjort, so tenkjer eg du vert leid det, du og!“ ‚Men det var sjølvvilja dette, at du sa kje til fyrr, so hadde du kunna gjort det!“ sa ferjemannen. „Aa du raakar vel paa einkvan uvandare enn eg,“ sa guten.

So var det berre eit handsnutt bil, so kom risen so vond og galen etter; han vilde taka att gjenta som hadde drege av med pengeskrini hans. Han ropa til ferjemannen at han skulde setja yver, og han kom. Daa dei var daa tett innmed strandi, kasta ferjemannen aararne til risen og sprang i land. „Set no du yver so lenge som eg hev gjort, so tenjer eg du vert leid det, du og!“ sa han. Risen vart so hestende vond; han rodde att og fram yver fjorden so han mest sprengde seg, og heldt paa med dette dagen ut

sjølvvilja (sjavvili, sjavilja, sjavilt), uturvande, tarvlaust.

og dagen inn, og det torde ingen sitja i baaten med han. So rodde han imot ei stor bergnos og slo sund baaten, og so kom han av ned i vatnet og drap seg. Daa var gjenta frelst.

So kom dei til mannen med vatsbrunnen. „Fekk du vita koss det kunde hava seg med brunnen min,“ sa han, „med di vatnet er so vondt at det ingen kann drikka det!“ „Det kann hava seg so at du maa ausa upp brunnen,“ sa guten; „fyrst du kjem daa paa botnen, daa ligg der ei stor hella og under den ei podda og tri pengeskrin; alt det maa du kasta upp, so vert brunnen god att som han hev vore fyrr.“ Dei so gjorde, kasta upp pengeskrini og podda og hogde ho sund. So saag mannen dei til godes med mat og drikka og spurde kva guten skulde hava i løn for han hadde gjeve greida paa dette, — um han ikkje vilde taka pengeskrini?“ „Du skal ikkje hava noko,“ sa gjenta. So takka dei for godt hus og fór sin veg att.

So kom dei til mannen som hadde den store garden som det laup ein hund til og ein ifraa. „Ja du lyt slaa sund den slake vegti di,“ sa guten. So saag mannen dei til godes med mat og drikka og dei skulde ingi løn hava.

So kom dei til aplegardarne som epli draus av kvar haust. Ja mannen hadde sjølv voldt det, sa guten; han var so svolten og rædd av seg; men vart han raust, so fekk han godt av epli. — Ja, det skulde han daa visst det, sa mannen. So saag han dei til godes med mat og drikka so drust so, og vilde gjeva dei so mykje gull og sylv attpaa at det var kje med noko horv; men dei skulde inkje hava.

So kom dei heim att. Daa vart far og mor hennar so glade at dei visste mest ikkje til seg.

So sa gjenta det: „Ja no vil eg hava honom som hev frelst meg ut or berget att, og no kann de gjera kvaar de vil, anten de vil vera heran de er, eller de vil vere med oss til berget; for no skal det verta eit vent land i staden for at det hev vore eit stort fjell, og no er risen daud.“ Men dei vilde heller vera der dei var, dei gamle, og dotteri let dei daa faa dei tvo pengeskrini; dei skulde hava dei til aa moroa seg med.

So tok dei ut att, dei unge. Og so var det berre eit handsnutt bil, so var dei i berget att, og daa kom dei til eit slott som var so stautt og stort, so guten hadde aldri sétt so stautt og stort. Der var so mykje folk, og han tykte der var so morosamt aa vera at han ikkje kom i hug nokon ting anna.

So vigde guten med gjenta, og dei drakk gjestebod so stort og sterkt som det aldri hev vore gjestebod. Siste dagen sette dei meg yver fjorden paa ei skorflis, og sidan gav dei meg ein kjepp til aa rida paa her hit, at eg skulde fortelja dykk um det,

og det hev eg gjort so godt eg kann,
med mine bokstavar baa' breid og lang'.
Far vel Per og far vel Paal!
Naar de drikk gullbrudlaup, so gløym ikkje mi skaal.

Halvpening.

Det var ein konge i Italia som heitte Pedro. Ein dag som det var fint vêr, vilde han ut og sjaa paa det store landet og riket sitt. So villa han seg og kom langt burt i ein skog, og sistpaa vart det kvelden paa han. Daa fann han ei vesall hytta, og han tenkte med seg sjølv at det visst budde tjuvar og røvarar der; men han totte likevel at han laut freista aa gaa inn. Han gjorde so, og der fann han ein fatig mann og ei kjering, og ho laag og hadde barn-ilt. Han bad um hus, men dei svara fyrst nei. „Eg er herren og kongen dykkar,“ sa han, „og de lyt laana meg hus.“ „Du lyt taka til takke med huset som du fær det daa,“ sa mannen, „for her ligg kjeringi mi i barnerider; du fær vera med aat ei onnor liti stova me hev.“ So var kongen med dit og la seg.

Um morgonen hadde kjeringi fenge ein stor gut. Daa kongen kom inn og fekk sjaa han, so lika han denne guten so vel at han endeleg vilde hava han av dei. Men dei vilde ikkje missa guten. Kongen meinte daa at han var herren og kongen deira, „og guten skal de no lata meg faa for pengar,“ sa han. „Du hev valdet yver oss,“ sa mannen; „men kva vil du gjeva oss for guten?“ „Ein halv pening,“ sa kongen. Han tok guten og bar han til kongsgarden sin og let kristna han og kalla han Halvpening.

Guten voks og vart stor, og litug og snild var han og. No hadde kongen ein gut fyrr som han hadde til aa gaa ærend for seg og leggja i omnarne og smyrja skor og styvlar og anna

litug, viljug, lydug.

slikt. Denne guten heitte riddar Raud, av di han var so raudmosen i andlitet; men det var ein stygg fuling, og difor kalla dei han riddar Rev. Daa Halvpening vart stor, vilde kongen hava honom til aa stella for seg og gjera det som riddar Raud hadde gjort fyrr. Dette vart riddar Raud ovundsjuk fyre, og han visste ikkje koss han best skulde hemna seg paa Halvpening.

Det var eit av arbeidi aat Halvpening at han kvar morgon skulde laga til bisk aat kongen. Men so var riddar Rev gridug uppe ein morgon og laga til bisk og gjekk inn til kongen med. Kongen spurde koss det bar til at han kom med bisken, „for eg hev sett Halvpening til aa koma med n', men ikkje so tidleg," sa han. „Halvpening hev vore ute i natt og halde moro med fruor og jomfruer," sa riddar Rev, „og no tykkjest han vera slik kar at han hev sagt han vil henta ei jomfru fraa Babylon til kongen; og er han ikkje god til det, so vil han missa livet." Dette trudde kongen, etter som riddar Rev sa.

Daa det leid til den vanlege tidi, kom Halvpening til kongen med bisken og visste ikkje av noko ilt. Kongen sa daa ved han det som riddar Rev hadde fortalt; men Halvpening sa at det var ikkje sant noko av det, og han gret og bar seg ille. Men det muna ikkje; kongen sa greidt at han skulde henta jomfrua fraa Babylon, um han ikkje vilde missa livet, og Halvpening gjekk ut att fraa kongen med graatande taaror. Daa raaka han ein gamall mann som han ikkje kjende, og mannen spurde kva det var han gret fyre. „Eg maa vel graata," sa Halvpening; „riddar Raud hev loge livet av meg hjaa kongen og sagt at

bisk, morgonmat.

eg hev lova meg til aa henta ei jomfru fraa Babylon eller òg missa livet. Dette veit ikkje eg noko um; men det munar ikkje kva eg segjer, og det er vel best eg gjeng stad og tyner meg." „Nei det skal du ikkje," sa den gamle mannen, „eg skal hjelpa deg, eg. Du skal gaa inn att til kongen og beda um mykje stridsfolk og mykje mat og pengar, og so skal du leggja i vegen; du skal sjaa det skal gaa vel."

Han gjorde som den gamle mannen hadde sagt, og han fekk alt som han bad um hjaa kongen. So tok dei paa vegen; men Halvpening var uglad og ottefull. Dei la seg til aa kvila frampaa dagen og fekk seg mat heile fylgjet, men Halvpening kunde ikkje eta. Daa kom det nokre store flugor fjukande, og fylgjet hans sa: „Me fær skjera hovudi av desse flugorne og laga dei til mat aat Halvpening som ikkje er god til aa eta." „Nei," sa Halvpening, „no sit dei der so trygge dei som eg laag i mi gode seng daa livet mitt vart av meg loge."

Dei fór langt og lenge att, og so bar det til aa kvila og faa seg mat; men Halvpening var endaa ikkje god til aa eta. Dei kvilde attved ein fjord, og ute paa den fjorden sumde det tri ender. So sa fylgjet hans: "Me fær skjota desse enderne og laga til mat aat Halvpening". „Nei," sa han, „no er dei so trygge som eg laag i mi gode seng daa livet mitt vart av meg loge." So maatte dei lyda og lata enderne vera i fred.

Sidan kom dei igjenom ein stor skog; der la dei seg til aa kvila paa ei stor slett, og so vart dei var eit hus langt burt-i skogen. Halvpening gjekk dit og bad hine vera paa sletti til han kom att. Daa han kom inn i huset, sat der fem brør, og dei hadde sete der i fem aar

og vilde byta farsarven sin og hadde ikkje vorte samde. Dei stod upp og helsa paa han og takka for sist. „Eg kjenner ikkje dykk, eg," sa han. „Jau, er det ikkje du som heiter Halvpening," sa dei, „og skal du ikkje no til Babylons slott etter ei jomfru til kongen i Italia?" „Det er nok so," sa han, „men koss det vil bera av, det veit ikkje eg." „Aa det kjem til aa gaa godt," sa dei; „men no vil me beda deg um du vil hjelpa oss aa byta farsarven vaar. No hev me sete her i fem aar, men me kann ikkje semjast um bytet." „Jau det skal eg snøgt gjera," sa Halvpening; „men eg vil byta ein lut paa meg sjølv og." Ja det var dei nøgde med. Daa han hadde bytt arven, vart dei fegne, for dei totte alle dei hadde fenge meir enn dei hadde vona. Dei vilde at Halvpening skulde faa hava den luten han hadde bytt paa seg sjølv, men han gav dei det att. Det kunde raaka til at dei kunde gjera han ei beinka ein annan gong, sa han, og det lova dei, um so skulde bera til.

So fór han med fylgjet sitt eit langt stykke burt igjenom skogen. Sistpaa kom dei til eit sund, og der slapp dei ikkje yver, for alle baatar og ferjor var læste. Der budde det ei gyger, og ho hadde lyklarne for baatarne og ferjorne. So strauk Halvpening inn og bad um dei kunde faa sleppa yver. „Jau, det vert vel ei raad til dess," sa ho, „og eg skal hjelpa deg det beste eg kann, for du hev ei vandsam ærend. Eg veit kvar du vil av; men det hev mange villa seg av vegen herifraa og til Babylons slott. Men no skal eg lata deg faa med ein stor hund eg hev som heiter Gram; han syner deg vegen, og kva du spør han um, so veit han det. Naar de kjem daa aat slottet, so er det mange portar

aa gaa igjenom, og so er der ein som dei kallar den løyne porten; der skal du setja att Gramen min, og naar du daa vil spyrja han um noko, so skal du gaa til han der so ingen ser det.“

Halvpening gjorde etter fyresogni hennar. Daa dei kom til kongsgarden, let han mannemugen vera att utanfor; Gramen sette han i den løyne porten, og sjølv vaaga han seg upp aa slottet til kongen og bar fram ærendi si, at han vilde faa dotter hans til dronning aat kongen i Italia. Kongen lova at han skulde faa henne, var so han kunde byggja upp eit slikt slott paa aatte dagar som det han sjølv budde i. Halvpening bad um ein dag til aa umraada seg, og det fekk han. So gjekk han til Gram og spurde koss han skulde fara aat. Gramen sa: „Du skal lova deg til dette, og so skal du gaa ut um denne porten og ropa paa dei fem brørne som du bytte arven aat; dei kjem daa med timber og timbrarar og set det upp snøggare enn i aatte dagar.“ Halvpening gjekk ut og ropa paa dei fem brørne, og dei kom og bygde slottet reidugt paa fire dagar, og endaa vart det baade større og finare enn Babylons slott. So spurde Halvpening um kongen vilde halda ord og lata han faa jomfrua med seg. „Ja,“ sa kongen, „er so du kann finna att ein gullring som ho tynte burt ein dag ho var paa sjøen og siglde for moro skuld.“ Halvpening gjekk til Gram og spurde koss han skulde fara aat, og Gramen sa at han skulde ropa paa dei tri enderne som han hadde frelst livet aat. So tok Halvpening seg ein baat og rodde ut paa sjøen og ropa paa enderne, slikt som han orka, og dei kom radt og kava nedi sjøen. Den fyrste kom upp med

tyna burt, missa, tapa.

inkje-noko, den andre like eins, men den tridje var burte lenge, og sistpaa kom ho upp med ringen i nebben og la han i handi hans. Halvpening vart fegen, og kongen undrast mykje daa han fekk att ringen; og han lova at Halvpening skulde faa jomfrua um morgonen etter.

Kongsdotteri hadde tvo ternor, og dei og ho var so like alle tri at ingen kunde kjenna dei ifraa kvarandre. No sette kongen ein viss dag som Halvpening skulde koma og faa dotter hans, og so sa han det: „I denne kleven skal du finna baade henne og dei tvo ternorne hennar, og dei er so like at det er snaudt eg sjølv kjenner dei ifraa kvarandre; men den du tek skal du hava, anten det er dotter mi eller ei av hinom.“ Daa gjekk Halvpening til Gram og spurde koss han skulde fara aat med aa finna den rette. „Du skal gaa ut,“ sa hunden, „og ropa paa dei flugorne du frelste livet aat, daa fylgjet ditt hadde vilja drepe dei til mat aat deg; so kjem dei med det same du læt upp døri til kleven, der som dei tri jomfruerne er, og so vil dei endeleg setja seg i andlitet paa kongsdotteri.“ Han gjekk og ropa paa flugorne, og dei kom, og daa han let upp døri og stirde inn, so var dei tri jomfruerne so like og so likt klædde at det var umogelegt og kjenna dei ifraa kvarandre. Men flugorne tok til aa fljuga ikring kongsdotteri og vilde endeleg setja seg i andlitet hennar. Ho slo etter dei med eit plagg ho heldt i handi og sa: „Fy for alle dei flugorne.“ No skyna Halvpening kven han skulde taka, og ho vart reidug til aa fylgja med radt. Kongen gav 'n det slottet han hadde late byggja der, og dotter si gav han mykje gull og sylv og kostsame varor.

So spurde Halvpening Gram koss han skulde fara aat so han kunde faa med seg slottet og alle desse gaavorne. „Du skal lessa det paa meg,“ sa hunden, „for eg dreg baade slottet og slikt du vil lessa paa attved det.“ So bar det i vegen. Mannemugen som Halvpening hadde med seg gjekk fyre, og Gram drog slottet; Halvpening og jomfrua ók etter i ei gylt vogn, og det fylgde spelemenner med paa baae sidorne aat vogni.

Daa dei kom dit som gygri budde, fekk dei hus um natti heile fylgjet. Um morgonen sa gygri det ved Halvpening: „Vil du no ikkje hava dotter mi til kjering, so slær eg deg i hel, og daa skal det verta mitt alt det du hev med deg; men vil du hava henne, so skal du faa so mykje gull og sylv som tie hestar orkar bera, og Gram skal du faa til aa draga fram all føringi di.“ Halvpening tykte han laut samtykkja og tok dotter aat gygri til kjering og fekk med henne slikt som gygri hadde lova.

Daa dei skulde fara der-ifraa, sprang gygredotteri ned i hagen aat mor si og tok med seg eit grønt blad og ein silketraad som var so underleg lita, og det stakk ho ned i lumma si. Halvpening spurde kva ho vilde med det, men ho svara berre at det skulde han faa vita ein annan gong.

So fór dei langt og lenge og kom aat ein sjø. Der hadde gygri tinga eit skip som var so stort at det bar baade slottet og heile fylgjet og føringi deira, og med det siglde dei radt til Italia. Men daa laut dei til lands fyrr dei kom dit som kongsgarden laag. Daa kongen fekk sjaa dette store fylgjet, skyna han nok kva det var; men han kunde ikkje skyna koss dei kunde faa med seg slottet som det glansa so av. Og

so høyrde dei ein hund som hadde so sterkt ljod at kongen tok ræddhug og ikkje torde vaaga seg ut. Daa kom Halvpening upp aa kongsgarden og fortalde koss det hadde gjenge med han, og han bad kongen koma ut og taka imot jomfrua.

Riddar Rev hadde trutt at Halvpening longo var daud, og han vart no oversleg sinna. Daa kongen og Halvpening var komne dit som heile fylgjet var, stillte han seg fram og hogg hovudet av Halvpening med eit sverd, so det trilla burt paa marki. Men gygredotteri saag det og sprang stad og tok hovudet og sette det paa att; so tok ho det grøne bladet som ho hadde teke med seg or hagen aat mor si og la det paa saaret, og den silketraaden som det var slik underleg lìt paa tok ho og batt yver. Og radt stod hovudet paa, og Halvpening vart livande att. Men daa tok dei riddar Rev og sette han fast, og kongen dømde at dei skulde rulla han naken i ei spikertunna og brenna han i svaavel og tjøra. Sidan tok kongen imot jomfrua fraa Babylon og alle dei gaavorne ho hadde fenge hjaa far sin, og hadde det aat kongsgarden; der laga dei til brudlaups, og det stod i fire fjortandagar. Halvpening fekk det slottet som hunden Gram hadde drege ifraa Babylon, og kongen gav han eit stort landskap attaat; der vart slottet standande og stend der vel enno. So kosta kongen brudlaup aat Halvpening og gygredotteri i dette slottet, og dei tura i fire fjortandagar. Kongen gav Halvpening store gaavor fordi at han hadde røkta ærendi hans so vel og gjorde han til den høgste i riket næst kongen sjølv. Hunden Gram vart verande hjaa Halvpening og

heldt vakt yver slottet, og alt med han var til slapp det ikkje noko livande inn som ikkje Halvpening vilde.

Oskelabben og asnet.

Det var ein gong ein mann som hadde tri søner. So døydde baade han og mor deira, og dei tvo eldste gutarne tok alt det der var og beid og fanst og let Oskelabben faa berre nokre smaa turre braudmolar til aa eta paa.

So tok dei ut, dei tvo brørne, og vilde av og tena og let Oskelabben vera eismall att heime. So kom dei til ei stor slett, og der la dei seg til aa sova. Daa kom det ei eldende gamall kjering til dei, so gamall at ho gjekk tvihendes paa ein stav og berre riste og skalv. Ho bad um ho maatte faa ein matbite med dei, for ho hadde kje smaka mat paa eit hundrad aar, sa ho. „Aa hev du bia so lenge, so kann du bia sidan og,“ sa dei. „Me hev ikkje meir enn me tarv sjølve; d'er kje visst kor lang veg me kann koma til aa gjera.“ „Ja det er vel so det,“ sa ho.

Um eit lite bil kom dei til ein kongsgard. Dei fann kongen heime og spurde um dei kunde faa tenest hjaa han. „Kva kann de gjera daa?“ sa kongen. „Noko so nær kva helst kongen set oss til,“ sa dei. „Eg er so sutefull og ille faren,“ sa han; „eg hev mist alle mine tri døtter, den dagen dei skulde staa brur. Eg bryr meg lite

um folk, men de kann nok faa vera.“ So var dei der ei rid.

So samla Oskelabben i hop dei braudmolarne der var att og tok ut, han og. So kom han paa ei stor slett og la seg til aa kvila. Daa kom det ei eldende gamall kjering til han; ho var so gamall at ho gjekk tvikrokut paa ein stav og skuddra og skalv so ho gjekk mest sund. „Vil du gjeva meg ein grand mat med deg?“ sa ho; „eg er so svolti, eg hev kje smaka matbiten paa eit hundrad aar.“ „Ja hev du bia so lenge, so er det ikkje for tidlegt du fær noko lite aa liva av daa, gamle mor!“ sa han. „Men eg hev so ring mat, eg veit ikkje um du kann eta 'n.“ „Jau, det er det same; naar du gjev meg han, so gjer du det av eit godt hjarta,“ sa ho. „Og etter di du kalla meg gamle mor, so skal eg visst gjera deg eit morstykke att.“

So aat ho, og han sat og kvilde. So gaadde han eit bilæte som hekk uppi ei gran, og det kleiv han upp og tok ned. Daa sa den gamle kjeringi: „Det skal du kje hava noko med,“ sa ho, „for det er bilætet av den yngste kongsdotteri. No kjem du aat same garden som brørne dine, og dei gaar at du hev det; so gjeng dei og kvisar for kongen og segjer at du hev bilætet av den yngste dotter hans, og at du hev sagt du kann henta henne att, naar du berre vil, men at du er rang og ikkje vil; det er paa den maaten dei vil faa gjort ende paa deg. Du skal aldri hava noko med det, du kjem berre i uheppa; lyd du meg,“ sa ho.

Men han tykte det var so vent, han kunde kje umbera det, anna laut hava det med seg. „Ja

du fær so gjera, men du kjem daa til aa trega paa det," sa ho.

So kom han til kongsgarden og fann kongen ut-i tunet. „Kann eg faa tenest hjaa deg i dag?" sa han. „Ja, kva kann du gjera?" sa kongen. „Eg kann stjorna hestarne," sa guten. „Ja slik ein treng eg," sa kongen.

So stjorna han hestarne, og dei vart so feite at det var so det glansa av kvart haaret; og han vart godt lika av alle dei der var. Men brørne hans vart hata av alle dei der var og beid. So vart dei no so sinna paa han for dette og vilde sitja um han og tyna han for alt det dei visste. No gaadde dei at han hadde dette bilætet og gjekk og glodde paa det kvar dag; han hadde det uppaa stalltrevet. Daa sa dei det til kongen: „Denne hestestjornaren som du hev fenge deg, han hev eit bilæte av den yngste dotter di, og han hev sagt at han kunde føra henne heim att, um han vilde; men han vil ikkje," sa dei.

So spurde kongen Oskelabben um det var sant, dette. Nei han visste kje um noko-slag, anten um dotter hans eller koss ho var laga, men han hadde funne dette paa vegen i ei gran, sa guten. „Lat meg sjaa det!" sa kongen. So kjende han att dotter si med same han saag det. „Det er det same," sa han, „du skal faa meg dotter mi heim att, kvar du tek henne! for henne held eg kjærast, og ho var mest med meg, og eg ser det lukkast og trivst so godt for deg all ting. Kann du henta meg henne att, skal du faa henne til kona og faa helvti av mitt land og helvti av mitt rike," sa han.

Guten vart so ille faren yver dette at det var syndlegt, og baade gret og ille let, og brørne hans gjorde berre gliste og log aat han. Daa

kom han i hug den gamle kjeringi og vilde gaa til henne att og spyrja seg fyre koss han skulde fara. Daa han kom paa den store sletti, møtte han kjeringi att. „Kva er du græt fyre og er so sutefull yver i dag?“ sa ho. „Eg græt for di brørne mine hev sagt til kongen at eg kann henta dotter hans att, um eg vilde; og no drep han meg, gjer eg det ikkje,“ sa han. „Ja eg sa det til deg; kvi lydde du kje meg?“ sa ho. „Jau, men eg tykte det var so vent, eg kunde kje umbera det,“ sa han. „Ja no fær du gaa til kongen att,“ sa ho, „og beda um nista og ein god pengepung og hest og sål og tolv ukseskrottar og tolv hesteskrottar og tolv griseskrottar og tolv hestehuder og tolv tunnor tjøra og tolv tylvter med hestskosaum, og det fær du med same du krev det. So skal eg fylgja med deg eit stykke paa veg, eg,“ sa ho.

So gjekk han heim til kongen att og bad um alt dette, og den gamle kjeringi fylgde med.

Daa han so hadde fenge det han tyktest turva, tok dei ut att og fór langt og lenge. So kom dei til eit skymelege stort flog-fjell som dei visste seg ingi raad til aa sleppa upp-i. Daa kom det ein ramn fjukande. „Tak denne guten og lyft han upp aa fjellet, du!“ sa ho til ramnen. „Ja set deg paa ryggen min,“ sa ramnen. So gaadde kje guten aat fyrr han var uppaa høgste fjellet, og der gjekk det og valtra ein trollunge som hadde vingla seg burt. So tok han denne trollungen og hadde med seg og kom til ein risegard med han. Daa vart risen so glad for di han hadde kome att med ungen hans, og spurde kva han vilde hava i løn. No hadde kjeringi sagt det til guten fyrr at so skulde gaa, og ho hadde sagt at han maatte kje taka noko fint og

gildt i løn; han skulde taka det gamle asnet som stod att-um døri i stallen. — Ja, han vilde helst hava ein hest, sa guten. So tok risen han med ned i stallen, og der stod so mange og gilde hestar at det var kje med noko horv; men so kaga guten att-ikring døri, der stod eit lite graatt asen. „Det vil eg hava,“ sa han, „det er maaten for meg.“ „Han laug for deg, den som sa deg det,“ sa risen.

So hekk der so fullt med sålar og beisl som var so glupe og gilde, dei glein med gull og glimesteinar etter kvar den reimi; men guten tok eit skarve-sålreid, det ringaste han fann. „Det er maaen etter hesten,“ sa han. „Ja eg er traud til aa lata deg dette alt saman,“ sa risen; „men naar eg hev lova det, so fær du vel faa det.“

So såla guten asnet og sette seg paa og reid av stad. Daa han kom noko paa vegen, tok asnet til aa tala. „Du hev ein lang og vanskeleg veg aa taka paa, du,“ sa det; „men eg skal hjelpa deg til, so godt eg kann.“ So reid dei yver berg og djupe dalar, yver fjell og finne, lengstom og lenge.

„Ser du noko at det lyser langt burte?“ sa asnet. „Nei eg ser visst ikkje noko lysa,“ sa guten. So kvilde dei, og so reid dei att, lengstom og lenge. „Ser du noko at det lyser no?“ sa asnet. „Ja eg tykkjest sjaa ein ljosje langt burte, men det er berre so mykje eg øygner det.“ „Ja det er messingborgi som den eldste kongsdotteri bur i,“ sa asnet. So kvilde dei, og so tok dei ut att, yver heidar.

„Ser du nokor lysa no?“ sa asnet. „Ja det lyser so eg tykkjer vondt glosa paa det,“ sa

ei lysa, noko som lyser.

guten. „Ja no er me ved messingborgi daa,“ sa asnet; „men det stend eit stort berg framanfor borgi; der stend tvo einhyrningar utanfor og vaktar, og dei er so vonde og fæle at dei vil drepa kva dei ser.“ „Eg fæler for at eg vert rædd, eg, no,“ sa guten. „Aa nei, ikkje rædd!“ sa asnet; „du hev vel dei tolv ukseskrottarne og dei tolv hestehuderne og dei tolv tjøretunnorne? So fær du slaa i venda seks tjøretunnor, og breida seks hestehuder utyver og leggja tvo ukseskrottar paa kvar hudi; daa kjem einhyrningarne imot deg som dei vilde eta deg upp, og so skal du segja det: „De skal faa mat av meg, vil de hjelpa meg igjenom berget; de skal faa tolv ukseskrottar.“ Daa vert dei blide paa deg. Og med dei ét, set du eld paa tjøra.“

Ja guten so gjorde, gav einhyrningarne denne maten. Dei vart glade og fegne og lova dei skulde hjelpa, og so aat dei upp ukseskrottarne so fort dei kunde. Daa hadde han sett eld paa tjøra med dei aat, og einhyrningarne paa sprang inn gjenom berget og spora av stad so guten hadde si arme naud med aa fylgja. Tjørerøyken fylgde med inn igjenom, og den stæken tolde dei ikkje; med same dei kom gjenom berget, datt dei daude baae. Daa sa asnet: „No fær du gaa av inn i messinghuset og spyrja um risen er heime i dag. Men det er han ikkje, han er ute og veidar. Med same du kjem inn, ser du der heng eit stort sverd og eit horn jamsides attanfor døri; so skal du drikka tri vendor av hornet og so lyfta ned sverdet, og dei lyt du hava med deg, baade hornet og sverdet. So skal du staa der litegrand, so kjem det ein rise med tri hovud

slaa i venda, slaa i koll. — stæk, stank, vond lukt.

og segjer det: „Hu, hu, her stækjer kriste manneblod!“ „Ja kann-henda,“ skal du segja, „men du tarv kje blaasa i nosi for det; du skal kje lenge hava vondt av det,“ segjer du. So tek du sverdet og høgg av han hovudet.“

Guten han gjorde som asnet hadde sagt; han hogg alle tri hovudi av risen i eitt hogg og kasta dei av aat ein ormegard, og der vart dei uppetne paa eit lite bil.

Daa vart kongsdotteri so glad. „No hev du frelst meg, no vil du vel hava meg,“ sa ho. „Ja naar eg kjem tilbake, skal eg sjaa,“ sa han. So kom guten ut att til asnet med hornet og sverdet. „Du var lenge,“ sa asnet. „Eg kunde kje snøggare vera,“ sa guten. „Set deg no paa ryggen min!“ sa asnet.

So tok dei ut att, yver berg og djupe dalar, yver fjell og finne. „Ser du noko det lyser langt burte?“ sa asnet. „Nei,“ sa guten. So kvilde dei ei liti rid, og so bar det av stad att, so kaldlege langt. — „Ser du noko lyser no?“ sa asnet. „Ja no tykkjest eg sjaa som eit vêrljos langt burte, men det er so langt, det er berre so vidt eg ser det,“ sa han. „Ja det er sylvborgi som den andre kongsdotteri bur i,“ sa asnet.

So kvilde dei, og so tok dei ut att, yver heidar. „Ser du nokor lysa no?“ sa asnet. „Ja no lyser det so eg kann ille skoda paa det,“ sa han. „Ja no er me ved sylvborgi daa,“ sa det. „Her ligg tvo drakar for vakt, og dei kjem imot deg som dei vilde eta deg upp; men du maa kje vera rædd; du skal støyta i venda dei andre seks tjøretunnorne og slaa dei tolv tylvterne med hestskosaum ned-i, og so skal du breida utyver dei andre seks hestehuderne og

leggja tvo hesteskrottar paa kvar hudi. Daa tek dei paa denne maten, og med same set du eld paa tjøra; so brenn baade drakar og alt, og so døyr dei av stæken av jarnet."

Det gjekk som asnet hadde sagt, og daa guten hadde gjort ende paa drakarne, gjekk han av inn i sylvborgi. Der sat ei ven møy paa bordet og sauma. „Er risen heime i dag?" sa guten. „Nei, men han kjem snart att, og daa drep han deg," sa gjenta. „Aa det trur eg aldri," sa guten.

So var det eit lite renn, so kom det ein rise med seks hovud og bura og belja og var so vond at det var so det riste i heile sylvborgi. „Kva er det for ein vesallgut som gjeng heran?" sa han. „Det tarv du ikkje syta fyre, du skal kje lenge hava vondt av det," sa guten. Dermed tok han sverdet i baaom hendom og hogg av alle seks hovudi i eitt hogg og slengde det av aat ein ormegard, hovud og alt saman, og der vart det uppete paa eit handsnutt bil. „Ja no hev du frelst meg," sa kongsdotteri; „no eig du alt det du her ser, og no vil du vel hava meg." „Ja det kann henda naar eg kjem tilbake," sa guten. So kom han ut att til asnet. „Du var lenge," sa det. „Ja det kann vel so vera," sa guten. „Set deg no paa ryggen min!" sa asnet. So reid dei yver berg og djupe dalar, yver fjell og finne.

„Ser du noko det lyser langt burte!" sa asnet. Nei, han saag inkje. So kvilde dei ei liti stund, og so fór dei langt og lenge att. „Ser du noko det lyser no?" sa asnet. „Eg tykkjest sjaa som ei stjerna langt burte, men det er so langt, det er berre so mykje eg ser det," sa han. „Ja, det er gullborgi som den yngste kongs-

dotteri bur i,“ sa det. So kvilde dei noko lenge, og so tok dei ut att, yver heidar, langt og lenge.

„Ser du nokor lysa no?“ sa asnet. „Ja det lyser og set i augo mine so eg kann kje glo,“ sa han. „Ja no er me ved gullborgi daa,“ sa det; „her ligg tvo lindormar til vakt utanfor, og dei hev lege og sove i hundrad aar. No maa du bera fram alle griseskrottarne og leggja i ein haug; daa vaknar lindormarne og kjem, og dei er so vonde, dei grev dottarne ut or augo sine so fillorne fyk. Men du maa kje vera rædd; du spring ifraa til dei hev ete seg mette; so vert dei tyde og blide paa deg. No er det middags leite, og nett no hev risen teke ut og kjem att midnættes tider. Naar han er burte, ligg kongsdotteri og sev, og du kjem inn og ser henne, men du fær kje tala med henne, for ho er fortrolla med dvaledrykkjer. Men ho er so ven at du maa leggja deg jamsides henne og skoda paa henne. Men ligg du lenger enn til inn imot midnatt, so kjem her ein rise med nie hovud og drep baade deg og henne.“ Nei han skulde agta seg, sa han.

So gjorde guten liksom asnet hadde sagt, han gav ormarne griseskrottarne og kom fram-um og inn i gullborgi. Der laag kongsdotteri i kvila; ho var endaa mykje venare enn bilætet, og so raudleitt og fager at han laut leggja seg jamsides med henne. Der laag han daa alt til inn imot midnatt, so vakna dei baae. „Ja no maa du nøyta deg upp,“ sa ho; „no kjem her ein rise med nie hovud, so vond og fæl at det dunar og skranglar i kvar veggjeriva. Du maa staa ferdig attanfor døri og drikka tri vendor av hornet ditt; so vert du so sterk at du kann

sveiva sverdet att og fram paa litlefinger, som du hadde eit halmstraa!"

So kom risen so tevende vond, det var so det singla i kvar naglen i gullborgi. „Kva er det for ein sæling som kjem heran i mitt hus og vil taka mi vene brur?" sa han. „Det tarv du kje syta fyre, du skal kje lenge hava vondt av det," sa guten. So tok han og sveivde sverdet og hogg av han alle nie hovudi i eitt hogg. Daa var guten so trøytt at han tyktest vilja siga ned.

„Ja no maa du taka ut att so fort du kann," sa kongsdotteri, „for eg kann kje vera med no; eg vil fyrst samla ihop alt det som finst og er her. Men eg skal gjeva deg eit merke paa at eg skal koma etter til vaaren." Ho klypte eit spjeld ut av kjolen sin som han skulde taka med seg i lumma. So maatte han ut att til asnet so fort han kunde. Daa han kom ut, var asnet so vondt at det var nær det vilde fare ifraa han og ikkje visst av han meir; men so sa han at han kunde kje vera fyrr ferdug, og bad det maatte kje vera vondt paa han. „Set deg no paa ryggen min daa!" sa det. So var det ikkje eit handsnutt bil, so var dei i kongsgarden att. Der sette han asnet inn i stallen og stjorna og gav det godt.

„Kva skal eg gjera deg for di at du hev gjort meg so mykje godt?" sa han. „Det gode eg fær av deg," sa asnet, „det er at du kjem til aa svelta meg mest i hel, so eg kjem til aa detta aa kne." „Nei tru eg kann tenkja det?" sa han.

So kom guten inn paa kongsgarden att, og kongen vart glad og tok vel imot han. Dei tvo dotterne var komne fyrr og kjende han att; men

dei brydde seg ikkje noko um han, dei heldt seg med Per og Paal, dei; og slett ikkje brydde han seg um dei. Han maatte vera med kongen kvar dag, han maatte kje vera ut-or augo hans, og kongen venta saart paa den yngste dotter si; for Oskelabben sa han hadde frelst henne, men ho var ikkje bui til aa koma fyrr til vaaren.

So kom no vaaren, og so var det ein dag guten og kongen gjekk i hagen og reika. Daa saag dei eit stort stautt skip koma siglande inn fraa havet og stemna imot kongsgarden. So kom det bod fraa skipet at han skulde koma ned og møta, han som hadde frelst den yngste kongsdotteri. Og so tok skipsfolki ein stor fugg med raudt klæde og kasta av skipet, og det vipla seg beint til kongsgarden, i e i n vev. Daa spurde kongen kven som vilde gaa ned og møta. „Eg gjeng, eg,“ sa Per, „d'er eg som hev frelst henne.“ Daa han kom ned aat skipet, kom kongsdotteri, og ho bar ein liten gutunge paa armen som leika seg med eit gulleple. „Kann det vera far din, dette?“ sa ho til barnet. „Nei, han far krak ikkje som ein ostemakk, han,“ sa barnet. Dei sende Per heim att og bad at den rette vilde koma.

So gjekk Paal, og like eins gjekk det med honom. Daa sa kongen det til Oskelabben: „Ja no fær du gaa; men no vil eg òg vera med.“

So tok Oskelabben og kongen ut, og dei gjekk paa klædefuggen, liksom dei skulde gaa etter ein annan veg; der hadde dei andre aldri tort stiga upp ein gong.

„Der er far min, der er far min,“ sa gutungen og krya seg i fanget til mor si; „eg vil ned og møta'n!“ sa han. So kom ho imot, og

dei helsa paa kvarandre, og ho kjende att far sin, og han dotter si. „Er du viss paa at det var du som frelste meg?“ sa ho til Oskelabben. „Ja eg tykkjest daa det vera,“ sa han. „Du hev vel det spjeldet i lumma di som eg klypte ut or kjolen, daa du fór ifraa meg i gullborgi?“ sa ho daa. Ja det hadde han, og det maata inn-imot og var same stykket. So fylgde dei med til kongsgarden alle saman. Daa spurde kongsdotteri gutungen:

„Kva skal me gjera med dei tvo brørne til far din som hev loge so stygt?“ „Me skal rista tri breide reimar bak og tri breide reimar framme paa dei og straa med salt og eimyrja og kasta dei aat ormegarden,“ sa han. So vart gjort, og dei livde berre eit lite bil, so var det ende paa dei.

Sidan gjekk Oskelabben burt i stallen, og der laag asnet aa kne i benken og var mest kvitt; han hadde reint gløymt det. Daa vart han so ille ved, han visste kje korleis han skulde fara aat. „Betre meg! kor hev eg fare med deg! Kva skal eg no gjeva deg, so eg kann faa deg i stand att?“ sa han. „Du hev vel sverdet?“ sa asnet. Ja, det hadde han. „Hogg av meg hovudet og gakk tri vendor andsøles imillom luterne!“ sa det. Dette tykte han var vondt, men han gjorde det, og daa stod der tvo kongssøner so vene, dei hadde aldri sétt maken til venleik. So tok dei kvar si kongsdotter, og dei aatte alle dei borgerne og riki som risarne hadde teke, og so mykje gull og sylv so det var ingen ende paa. Dei vilde hava allting i hop, og so drakk dei eit trifaldt gjestebod, so stort og sterkt som der aldri hadde vore gjeste-

andsøles, mot soli.

bod. Og eg var med og inkje fekk; so sette eg meg av uppaa skaapet og vilde sova; so staup eg av ned i ein stor strydunge; so kom folket heim att ifraa kyrkja og vilde skjota yver bruri; so vilde dei taka ein strydott, og so treiv dei meg og skaut meg her hit; so sit eg her og raddar og fortel.

Den niande Momorius.

Det var ein gong ein kongsson og ein bondegut som sat og spela kort, og kongssonen vann jamt. So kom det ein dei kalla den niande Momorius og baud seg til aa spela for bondeguten, og daa tapte kongssonen so lenge til han hadde spela burt ti par yksne. Daa heldt dei upp, og kongssonen spurde kvart han skulde senda yksni. Den framande sa at han skulde taka dei med seg burt til eit rundt fjell, og der skulde han kakka paa. Ja, kongssonen so gjorde. So kom det ein ut og spurde kva han vilde. Han vilde tala med den niande Momorius, sa han. „Det er far min, det,“ sa han som kom or berget. „Han bur ikkje her, han bur burt-i hitt fjellet. Her bur eg og brørne mine, — me er ni brør og ni syster. Men fyrr du gjeng til far min, skal du gaa burt til den yngste syster mi; ho bur i eit vatn her eit stykke ifraa. Du skal taka klædi ifraa henne og ikkje lata

henne faa dei att fyrr ho hev lova at ho skal hjelpa deg i kvar naud du kjem i.“

Kongssonen so gjorde, og so gjekk han til den niande Momorius. Daa han kom dit, tok Momorius og sette han til arbeids, og kunde han gjera det han sette han fyre, so skulde han faa ei av døtterne hans. Fyrst skulde han taka ut eit fjos som ikkje hadde vore utteke paa ni aar, og det skulde han gjera paa ein time. Kongssonen saag seg ingi syn med dette. So gjekk han til henne som var i vatnet. Ho hjelpte han so han vart ferdig i rette tid, og Momorius undra seg fælt paa at han kunde faa dette gjort.

So skulde han slaa høyet paa eit heilt jorde og blaasa det turt og kjøyra det heim paa ein time. Dette hjelpte ho òg til med so han vart ferdig i rette tid. So skulde han gaa upp i eit ryse høgt tre og taka ned nokre egg som var der. Daa hogg ho fingrarne av seg og let han faa dei til aa kliva upp med, og sjølv stod ho nede og heldt fyreklædet sitt upp og let han kasta eggi ned i det.

Daa han var ferdig med dette og, skulde han faa velja den eine av døtterne hans Momorius. Ho som hadde hjelpt han, fortalde daa at faren vilde setja dei etter alderen so ho kom nedst, og henne maatte han taka. Kongssonen so gjorde; men daa vart Momorius sinna og galen, for han heldt meir av henne enn av alle hine borni sine ihop, og so tenkte han med seg sjølv at han vilde drepa han. Dotteri skyna dette, og daa det leid paa natti, sa ho det med kongssonen at dei maatte skunda seg og strjuka sin veg. So sputta ho eit sputt i sengi, og det kunde tala. Daa det no leid eit bil, kom Mo-

morius og spurde um dei sov. „Nei,“ sa sputtet. Eit bil etter kom han att, men daa var det so veikt i maalet som naar ein vil til aa sovna.

So kom han att tridje gongen og spurde. Daa svara det ikkje, og han tok sabelen sin og hogg ned i sengi alt det han vann. Men han skyna snart at der ikkje var nokon. Daa vart han reint galen og strauk etter kongssonen og dotteri, og dei høyrde dunet og braket av han paa langan leid. So skunda ho seg og skreiv ein brevlapp og kasta attanfor seg. Momorius fann han og las, og der stod at dei fór gjenom ein stor skog. So laut han heim etter øksi si til aa hogga skogen burt med. Men daa han kom att, fann han ein annan brevlapp, og paa den stod at dei fór gjenom eit stort berg. So laut han heim etter mineboren sin. Daa han kom att, fann han paa nytt lag ein brevlapp. Paa den stod at dei fór yver eit vatn, og so maatte han heim etter slupen sin til aa drikka vatnet upp med. Men daa han kom att, fann han endaa ein lapp, og paa den stod at han skulde sjaa imot aust. Han so gjorde; daa kom soli fram, og so sprakk han. Men kongssonen og dotteri kom heim til borgi hans, og der livde dei baade godt og vel.

Presten som stedde tenarar.

Det var ein gong ein prest som var i beit for tenarar, og so tok han av stad og vilde steda seg tri gutar. Daa han var komen eit stykke paa vegen, raaka han ein gut som hadde ein stor tull under armen.

„God dag!“ sa presten.

„God dag!“ sa guten.

So spurde presten um han visste um nokon gut som var aa faa leiga, „for eg fer ikring og vil steda meg tri tenestgutar,“ sa han.

„Nei um eg veit,“ sa guten. „Men eg gjeng sjølv og vil steda meg burt, og vil han far hava meg, so kann han nok det faa,“ sa han.

„Det var rett ei heppelukka at eg raaka deg daa,“ sa presten.

„Ja-menn var det so,“ sa guten, og dei kom til liks um løni. So spurde presten kva guten heitte.

„Aa, eg hev so rart eit namn so eg kann ikkje tala um det,“ sa guten.

„Aa jau, du fær segja det,“ sa presten; „eg maa daa vita kva gutarne mine heiter, lel.“

„Aa, eg heiter H a n, eg,“ sa guten.

„So fær du gaa heim til ho mor daa,“ sa presten.

Guten tok av stad, men gjekk ikkje til prestegarden; han tok ein snarveg og gjekk inn i eit skogholt og bytte klæde. So kom han ut paa storvegen att og gjekk same leidi som presten, og rett som det var kom presten kjøyrande etter han. Presten kjende ikkje guten att og trudde det var ein annan.

„God dag!“ sa han.

„God dag!“ sa guten.

„Veit du um det er nokon tenestgut aa faa her i grendi?“ sa presten.

„Nei um eg veit,“ sa guten. „Eg gjeng nok sjølv og vil faa meg tenest; men kanskje han far ikkje vil hava meg?“ sa han.

„Aa, det er ikkje lag paa det,“ sa presten, og dei kom til liks um løni.

„Kva heiter du daa?“ sa presten.

„Aa eg hev so rart eit namn, eg, so eg kann ikkje tala um det,“ sa guten; men presten truga so lenge paa han til han sa det.

„Eg heiter Du, eg,“ sa han.

„So fær du gaa i fyrevegen heim til ho mor daa,“ sa presten. Men guten gjekk ikkje til prestegarden, han tok ein snarveg og gjekk same leidi som presten, og daa han kom til eit skogholt, bytte han klæde og gjekk ut paa storvegen att. Rett som det var kom presten kjøyrande i diltetraav.

„God dag!“ sa han til guten.

„God dag!“ sa guten att.

„Eg fer ikring og vil steda tenarar, eg,“ sa presten; „du veit vel ikkje um det er nokon aa faa her paa denne gardreppen?“

„Nei-menn gjer eg ikkje,“ sa guten. „Men vil han far ha meg, so kann han faa, for eg gjeng nettupp og vil faa meg ein husbond,“ sa han.

„Det var rett gildt at eg kunde raaka deg daa,“ sa presten, og so vart dei samde.

„Kva heiter du daa?“ sa presten.

„Eg hev so rart eit namn at eg ikkje kann tala um det,“ sa guten att.

„Aa, namnet skjemmer ingen,“ sa presten; „du fær nok segja det,“ sa han.

„Nei,“ sa guten.

„Kva er det for slag?“ sa presten og vart vond.

„Ja eg heiter Eg,“ sa guten.

„Set deg bakpaa no daa, Eg,“ sa presten. So kjøyrde dei heim til prestegarden. Han far kom inn til frua, og ho spurde koss det hadde gjenge.

„Aa det gjekk godt, eg fekk stedd tri gutar,“ sa presten.

„Kva skal dei gjera alle dei daa?“ sa frua.

„Aa,“ sa han, „Eg skal vera i stallen og stella gamparne, Han skal staa paa laaven og treskja, og Du skal staa attmed stabben og hogga ved.“

Kongsdotteri i Danmark.

(Telemaal).

So va de ein kongsson vilde av o fri te kongsdotteri i Danmark. Men ho va so stolt o stor paa de, ho vilde ikje hava 'n, endaa han va kongsson. Ho hae 'n bare te narr, o maan o rove klypte ho av hestane hans.

So jekk han in te kongjen: „E de rett dette,“ sae han, „eg kjem o vil fri te dotter di, og ho fer aat sovore med meg? Men no lovar eg deg de,“ sae 'n, „at eg skaa jera ho so fatig at ho skaa gange paa tresko o bea fe seg.“

„Ja jer du de," sae kongjen, „men kan du ikje de jera, skaa eg koma ivi deg baate med eld o sverd," sae han.

So reiste kongssonen heim att, slagta tvo grisir o jorde seg ein kjole av hui, o so kaupte han ihop ein heil brote jilde turklæe. So reiste han te Danmark att, o daa va der ingjen som kjende 'n.

So kom han in te kongjen so kruslen o stakarsleg o spurde um dei turfte ein kokk. „Ja du ser no ut te de, du," sae kongjen. „Um ikje anna, so konna eg daa jelpe te aa bera ut o in paa borde," meinte han. — Aa ja, so skulde han faa vera der daa.

So ein kveld tok han fram eit turklæe o synte jentune, o de va so fint som de konna bli. So kom kongsdotteri ut. „De va for fint eit turklæe fe deg, de," sae ho, „de konna passe fe meg, de," sae ho.

Nei han vilde kje jeva de ifraa seg, men de konna vera de sama likevel, sae han, fekk han liggje utafe dynni te rome hennars ei nott, sae han. — Aa ja vilde han lova aa halde seg roleg, so sille han faa de; for de va so fint eit turklæe, ho totte ho laut hava de. — So blei de so.

Andre kvelden tok han fram eit plagg som va endaa finar. De au maatte kongsdotteri hava. Ja fekk han liggje nedmed sengji hennars ei nott, skulde ho faa de. Ja men daa maatte han liggje roleg. De lova han, o so blei de so.

Tre'e kvelden bar de likeins te; daa tok han fram eit plagg som va av bare silkje, o de va so jildt at de bare lava o lyste av de; de ha aller vori so fint eit turklæe der i kongsgarden. De maatte kongsdotteri hava. Nei de vilde han

ikje av med. „Aa du e kje verd te hava de so fint, du,“ sae ho; „hot vi du med de daa?“ sae ho. — Aa han hae no havt de, han; han hae ervt de, sae ’n. „Men de e de sama likevel,“ sae ’n, „fær eg liggje uppi sengji attved deg i nott, so skaa du faa de,“ sae ’n. De va nok kalleg de, late denne stygge fanten liggje attved seg; men so hae han no leji roleg fyrr, — aa ja de va ikje verre med de, for turklæe maatte ho hava. Men han maatte lova aa liggje hoggande still o fara att tileg um morgoen. — Ja daa, han sille liggje still. So blei de so.

Tileg um morgoen vekte ho paa honom; han laag o sov o raut. Ho vekte o gret o ba at han sille stande upp. — Aa nei, han bare laag. So lei de langt aa dag, so kom kongjen uppaa, vilde sjaa hot de va tiss med dotteri.

„E du upasseleg i dag?“ sae han. So fekk han sjaa han som laag i sengji. „Hokken e de som ligg der?“ sae han o jekk burt aat. So saag han hokken de va; blei han so vrei. „Hev du late den stygge grisepelsen liggje med deg, so maa du herifraa,“ sae ’n.

So maatte dei burt baae tvo, de va kje bøn fe de. Ho sytte o jamra seg so fælt. „Aa, de bli vel ei raa,“ sae han, „aa de bli vel ei raa!“ Han sulla bare paa de han, jekk o song o va so gla.

So jekk ho te ho blei berrføtt. „Ja eg hev kje raa te kaupe deg skor,“ sae han, „anna me fær gange in te ein treskomakar o prøve faa jort paa deg nokre treskor.“ — Ja so jorde dei; jekk in te ein treskomakar, o han jorde paa ho eit par treskor. So laut dei gange o bea seg fram; ho sytte o jamra.

h o k k e n. kven.

Langt um lengje kom dei te kongsgarden der han va heime. „Ja no veit eg ikje onnor raa en at me fær høyre in ette tenest her; eg e noko kjend her, eg,“ sae han, „so eg trur nok me skaa faa arbei.“ „Aa ja, de e vel fe deg, de,“ sae ho, „men eg e kje vand te arbeie, eg.“ „Aa jau, du skaa nok lære,“ sae han, han va so fælt moten, han.

Ja so fekk dei tenest der. So va de ein kveld, so sae han te ho: „I morgo skaa dei baka fløtebrau, so maa du sjaa te taka unda noko.“ Aa nei, de konna ho ikje, ho va kje vand te de, sae ho. „Aa jau, du fær freiste,“ sae han, „me maa hava noko aa liva av.“ So jorde ho som han sae, andre dagen stappa ho noko brau i lumma. Um kvelden kom han in i kjøkene, kongsklædd, jekk der so byrg o vond. „No vil eg sjaa um nokon hev teki av braue mitt,“ sae 'n. Ho blei so rædd. Nei daa, de hae visst ingen jort.

So naar dei sille leggje seg, va ho so hugsprengd. „Aa du som sille narre meg te dette,“ sae ho. „Aa pyt, bry deg ikje um de, du,“ sae 'n, „han jeng so te kvar kveld, han, o seier dei hev stoli, men de bli aller noko med 'n, de bli aller noko med 'n.“

Daa de lei noko, sae han te hennar: „I morgo skaa du baka att, daa maa du hente med deg nokre brau,“ sae 'n. „Nei de tor eg slett ikje,“ sae ho, „kongjen e so vond, eg tor aller jera de meir,“ sae ho. „Aa de e kje noko lye paa, de,“ sae han, „for me maa hava noko liva av.“

Ja den dagjen au tok ho unda noko. So um kvelden kom kongjen ut i kjøkene. „Ja eg

undras i dag um ikje nokon hev stoli brau, eg," sae han, „de e so faae her," sae han. „Nei eg tenkjer ikje de," svara ho. So jekk han so vond 'o galen paa golve o gloste, men de blei kje meir med han.

Um ein dags ti sae han de te hennar: „I morgo skaa kongjen hava bryllaup; naa skaa me skonde konn i morgo tileg o klæe konn som bru o brugom. So skaa me stela bryllaupsklæi o bare hava konn av garde, so snart me bli ferduge." „Nei langt ifraa, de torer eg ikje," sae ho. „Aa jau daa," sae han, „de e kje verre," o so tvinga han ho, te ho laut vera med.

Daa de lei te dag, va dei uppaa lofte. „Nøyt deg naa o faa paa deg, me hev ikje lang ti te jera paa," sae han. Ho reiv paa seg klæi de fortaste ho konna. Han sumla so lengje fyrr han fekk paa seg. Ho gret o ba 'n jera seg ferdug; „de e snart ljose dagjen," sae ho. Aa nei, han helt paa o blei aller ferdug.

Rett som de va tok musikken te aa spila, o dei ropa paa brur o brugom. „Aa Gud trøyste o bære konn naa," sae ho, „hot skaa me naa jera?" „Aa naa e de kje anna jera, en me fær gange ned o vera brur o brugom," sae han. Ho so skamfull som ho vilde sige ned i jordi.

Ja so jekk dei ned. Kjøkemeistaren sto o bukka, o kongjen sjav kom o ynskte te lykke med land o rikje. O ho visste seg ingjo raa. So steig kongssonen fram. „Minnes du naa, daa eg fridde te deg, o du klypte maan o rove av hestane mine?" sae han. „Aa va de du, de daa?" sae ho. „Minnes du de eg sae daa, at eg sille jera deg so fatig at du sille gange paa treskor

konn, oss. **hot**, kva.

o tiggje?" „Aa ja, aa ja," sae ho. „E du sutefull hell gla naa daa?" spurde han. „Aa no e eg gla," svara ho. Daa blei der glæe o jestebo.

So va eg med au. So spurde kongjen: „Hor e du ifraa?" spurde han; eg va so pjuskeleg klædd, eg. „Aa eg e heimafraa, eg," sa eg. „Ja heime," sae kongjen, „hor e de?" „Jau de e heime, de," svara eg. So blei han so sinna, so jaga han meg paa dynni. So traska eg heim att. Klene skor hae eg, men eg traska daa likevel.

hor, kvar

Svein Urædd.

Det var ein mann som var komen i stor armod og naudardom, so at han ofte var reint vonlaus og visste ingi raad til aa berga seg. So var det ein gong daa det stod verst til, at det kom ein mann til han og sa at han vilde gjeva han ei god raad. „Vil du lova at du vil gjeva meg den fyrste gaava som du sjølv fær, so skal eg hjelpa deg or største naudi,“ sa han. „Det kann eg gjerne lova,“ sa mannen; for han tenkte ikkje større etter det, og ikkje tyktest han hava nokre store gaavor til aa venta heller. Noko-lite etterpaa kom kona hans i barnseng og fekk ein son. Daa kom den framande mannen att til han og sa at han vilde berre minna han um det som han hadde lova. „No hev du fenge ei gaava, og det er den eg vil hava“, sa han. Daa vart mannen baade rædd og harm; for daa kunde han mest skyna kva mann han var komen i kast med. „No er det ingi raad for det,“ sa den stygge; „men no skal eg laga det so vel for deg, at du skal faa hava guten sjølv til dess han er vaksen, men sidan skal eg hava han.“ Mannen var mykje ille ved; men so trøyste han seg med det at naar guten vart stor, so kunde han vel finna paa eitkvart sjølv til aa fria seg med. No vart guten kristna og kalla Svein, og daa han voks upp vart han baade ven og vitug fram-fyre andre ungmenne, so at alle tykte det var mykje mun i han; og dertil var han so djerv og herdig, at han kjende ingen otte for nokon ting; um det saag aldri so øgjelegt ut kringum han,

so var det daa ikkje so at han vart rædd eller tok fæla. Difor kalla dei han Svein Urædd.

No leid tidi fram til dess at guten var fullvaksen; daa kom den framande mannen att og sa, at no var det kome til den tidi daa han skulde hava guten, og so vilde han koma den næste natti og taka han med seg. No vart faren mykje ottefull av dette, og so gjekk han til presten og spurde um det ikkje var nokor raad til aa faa guten frelst ifraa denne vaaden. Presten sa at guten skulde koma til honom um kvelden, og so skulde dei samraada seg og gjera alt paa beste maaten som dei visste. Daa no guten var komen til prestegarden, so gjekk presten med han inn i kyrkja og leidde han fram til altaret og gav han ei bok som han skulde hava i handi.

„No skal du staa her," sa presten, „og ikkje gaa ifraa altaret fyrr enn eg sjølv kjem att; og so skal du ikkje gjera deg rædd um du ser noko stygt, og heller ikkje skal du lata nokon lokka deg herifraa. Skulde her koma nokon og beda deg fylgja seg ut, so berre bed han taka boki or handi di, og vil han ikkje det, so kann du visa han ifraa deg." Og sidan gjekk presten heim att, og alt saman var stillt.

Ei stund etter kom det inn ein mann, og det var drengen til presten, som det saag ut til; han sa at Svein skulde koma til presten som snaraste; for det var noko som presten hadde gløymt aa segja han, og det var reint gale at han ikkje fekk vita det. Svein sa at han skulde koma, naar berre drengen vilde taka med seg boki som han heldt i handi. Drengen sa at han kunde leggja boki paa altaret; men Svein sa nei, og so trætte dei um dette ei stund, til

dess at drengen sa at han hadde ikkje tid til aa bia lenger, og dermed gjekk han.

Ei stund etter kom det ei jomfru, og det var daa dotter til presten; ho var so ovelege ven og fager at det var makelaust, og tala so vent og venlegt, so det var ikkje tenkjande at nokon kunde segja henne imot. Ho sa at det var ille at han ikkje vilde fylgja med prestedrengen; for det var røynlege sant at presten vilde tala noko meir med han, og so vilde han hava att boki si og; for det var der han skulde sjaa kva han skulde gjera. „Daa er det vandelaust," sa Svein, „berre gjer so vel og tak imot boki, og sidan skal eg koma sjølv." Ho svara at det kunde vera det same kven som bar boki, og det høvde seg best at han sjølv bar heim det han sjølv hadde fenge. Men Svein vilde ikkje lyda, og so tøvde dei um dette ei rid, til jomfrua lest verta leid og ikkje hava tid til aa bia lenger, og dermed gjekk ho.

Ei stund etter kom det inn ein mann, og det var daa presten sjølv; han tok til aa laata so vel yver guten for det at han hadde vore so stød og trufast og ikkje late seg lokka av desse syni som han hadde sétt. „Eg vonar at det er ikkje mange som hadde stade seg so godt i slik ei freisting," sa han; „men no er daa denne faaren yverstaden, og no kann du fylgja meg heim, og sidan er det ikkje meir til aa ottast fyre." Daa spurde Svein um han ikkje vilde taka boki si med seg fyrst. „Det hastar ikkje med den," sa presten; „boki kann du leggja paa altaret; eg gjer ikkje noko med ho fyrr i morgon, kor som er." Men Svein stod paa sitt, at presten skulde taka boki si heim, og so kjekla dei um dette ei rid, til presten lest verta leid av

traaskapen hans, og sidan gjekk han sin veg. For det var nok ikkje den rette presten, maa vita.

No var det stillt ei stund fram-etter; men sidan tok det til aa dynja og staaka utar i kyrkja, og daa var det liksom det skulde livna og røra seg paa alle sidor. Fyrst kom det fram ei skreid av svarte kattar, so det krydde i kvar ei kraa, og sidan var det mange store og skræmelege dyr som sprang til fraa ymse sidor og fór kringum altaret med stygge lætor og underlege aatferder; og sistpaa vart det slikt eit brak og brot og slike smellar i veggjerne, at det var høyrande til at heile kyrkja skulde brotna ned. „Det var daa gaman," sa guten; „eg hev alltid havt hug til aa sjaa mykje leik og høyra mykje staak; men eg hadde ikkje venta aa sjaa slik ein dans og høyra slike slaattar no i natt." Sidan stiltest det av med dette; men ei stund etter tok det til aa blaasa og vart slik ein storm at kyrkja raga som eit straa paa marki; og sistpaa kom det ein vindknut so sterk at han tok upp heile kyrkja og kasta ho ut paa sjøen, so baarorne slo inn yver paa alle sidor, og alt saman brotna og dreiv av i sjøen, so guten saag ikkje anna enn altaret som han heldt seg i. „Det var daa gaman," sa han; „eg hev alltid havt hug til aa sigla i ein rjukande storm; men eg hadde ikkje venta aa sigla so kvast i natt." Sidan stiltest det av med dette og, og daa vart det synlegt at kyrkja var like heil og stod paa same staden som fyrr. Men ei stund etter tok det til aa knetta og lysa i taket, og best som guten saag seg ikring, stod det ljose logen i kyrkjetaket, og elden kom nærre og nærre og slo i paa alle sidor, so det brann upp alt saman so nær som

altaret. Og guten stod framfyre altaret like trygt som fyrr og vyrde ingen ting. „Det var daa gaman,“ sa han; „eg hev alltid havt hug til godt ljos og god verme; men eg hadde ikkje venta at eg skulde faa verma meg so godt i natt; heller var eg rædd at eg skulde staa her og hustra og frjosa heile den lange natti.“ Sidan slokna elden av, og daa kunde guten sjaa at dette var òg ei synkverving som alt anna, og at kyrkja stod endaa like heil som fyrr.

No var det stillt ei lang stund, og det leid alt langt fram paa natti; men so var det daa lenge til dags endaa. Daa kom det inn ein mann og gjekk innar aat altaret; der slo han upp nokre fjøler i golvet og tok upp ei kista som det laag ein mann i; og denne kroppen tok han upp og tok skinnet av han. Sidan slengde han skinnet fraa seg burt paa grindi framfyre altaret, medan han sette kista ned atter. Daa Svein saag dette, tøygde han seg fram og rykte skinnet til seg og slengde det nedfyre altaret. „Kven er dette skinnet av?“ sa Svein. Mannen svara: „Det var ein fut som høyrde meg til og tente meg lenge; han gjorde mykje av det som folk kallar urett; men han grov seg saman store pengar og var ein gild mann. Men lat meg no berre faa att skinnet.“ „Nei,“ sa Svein; „eg vil hava det til solar under skorne mine.“ Mannen bad mykje vent um skinnet og vilde endelege hava det att. Det hev vore sagt at denne futen hadde ein gong gjort ei velgjerning, med di han hadde gjeve ein stakar nokre skillingar; det gjorde so mykje at styggemannen var ikkje viss paa um han hadde fulle retten til han, og difor vilde han til større vissa hava skinnet ut or kyrkja. No bad han

fint og fagert at Svein skulde senda han det og baud han store pengar for det. „Ja, fær eg alle pengarne som futen skinna ihop, so kann det vera,“ sa Svein. Mannen lova at han skulde faa dei, og so gjekk han ut og var burte ei lang stund; daa kom han att med ein stor pengesekk paa ryggen og var mykje trøytt og mod. „Dette er visst ikkje alle pengarne etter futen; eg er stød paa at han hadde meir enn dette,“ sa Svein. „Det vantar berre ein skilling som hev fare ned igjenom eit golv,“ sa mannen. „Ja, den vil eg hava,“ sa Svein.

Mannen gjekk ut og var lenge burte; og sidan kom han daa att med ein skilling. „Det er vel nok; men endaa er visst ikkje alle pengarne komne,“ sa Svein. „Det vantar berre ein skilling som er stungen inn i ei sprunga paa ein vegg, men den kann ingen finna,“ sa mannen. „Ja, den vil eg òg hava,“ sa Svein; og so laut mannen ut att og leita etter skillingen i veggen; men det vart verre for han enn alt det andre; for det var eit blad av ei utsliti messebok som var stunge inn i same sprunga i veggen, og dette bladet kunde han ikkje røra. Daa han no hadde stræva ei stund med dette, og altsaman var faafengt, so kom han att til Svein og sa at han var slett ikkje god til aa finna skillingen. Daa syntest Svein hava vunne, og so sa han at han vilde ikkje tinga lenger med han; for no var dagen komen, og no skulde dei skiljast. Og med dette laut mannen gaa; for daa hadde han heft seg burt so lenge med denne leitingi etter skillingarne, at det var alt aalljos dag; sidan visste han ikkje meir til aa gjera, og dermed var guten fri. So kom presten inn og tok att boki si, og daa fylgde guten med

han og tok pengesekken med seg. Sidan sende han bod til alle dei armaste folk som han kunde uppspyrja, at dei skulde koma til prestegarden og faa seg noko pengar. Daa dei no var komne der allesaman, so tok han fram pengesekken og skifte alle desse pengarne imillom dei; for han vilde ikkje hava ein skilling av dei sjølv. Alle dei fatige folk vart glade og takka og velsigna som dei best kunde; og alle sa som ein, at dei visste ingen mann so raust og storgjæv og so manndomsam i alle maatar som han Svein Urædd.

Manne-hausen.

I gamle dagar var det sed og vis i bygdi at alle mann skulde vera i gjestebod um joledagskvelden, naar dei var komne fraa kyrkja; daa skulde ingen sitja heime aaleine; anten skulde mannen bjoda gjester til seg, eller skulde han sjølv vera gjest hjaa ein granne eller ein kjenning einkvarstad. Daa var det ein gong ein mann som var ved kyrkja og som hadde venta paa, at han skulde verta beden til gjestebods; men so hadde det laga seg so meinslege, at der var ingen som tenkte paa honom eller som kom i hug aa bjoda han til seg. „Aa d'er no ikkje verre med di,“ tenkte mannen, „naar ingen vil bjoda meg, so lyt eg sjølv bjoda einkvar; eg maa no vel sleppa aa fara heim atter einsaman.“ So gjekk han ikring og leita upp

ymse kjenningar og bad dei gjera so vel og fylgja han heim; men det gjekk ikkje betre enn so, at han kom allstad for seint; for daa var dei bedne alle ihop, so det var ingen att som kunde fylgja honom. Daa vart mannen baade harm og leid og visste ikkje kva han skulde finna paa, og medan han daa gjekk der og dreiv ikring paa kyrkjegarden, so kom han til aa spenna burt i ei gamall hovudskaal som laag der so midt-fyre føterne; for det hender ofte, naar eit lik er nedsett, at ein gamall haus kann vera uppkasta og koma til aa liggja i øvste trømen i moldi. „Kom du daa, naar ingen annan vil," sa mannen, med same han saag hausen. Daa letta hausen seg upp ifraa marki og fór og sveiv kringum mannen liksom ein fugl, og so fylgde han mannen heim fraa kyrkja. Og sidan var han med han baade heime og burte, og baade paa sjø og land; kvarhelst mannen kom, so var hausen òg komen og fór der og sveiv kringum han.

Ein gong daa mannen var i skogen, høyrde han at hausen log, og mannen spurde kva han log aat, men fekk inkje svar. Ein annan gong var mannen i kyrkja, og daa var det like eins; det var endaa medan presten stod paa stolen og var midt i talen sin; daa høyrde mannen at hausen log, og sidan spurde han kva han hadde lætt aat, men daa var der korkje ord eller ande aa høyra. Og sidan so gjekk no tidi som ho plar gaa; det vart sumar, og det vart vetter, og sistpaa kom joli. Daa jolaftan var komen, so gjekk mannen ut i skymingi og sette kross paa dørerne paa fjos og løda og paa alle hine husi; og daa han hadde sett siste krossen paa løda, daa log hausen ein stor laatt.

„Den som var so vis at han visste kva du lær aat,“ sa mannen. Daa tok hausen til aa tala og sa at no skulde mannen faa vita det som han vilde; for no skulde dei snart skiljast aat. Mannen sa at det var mangt han hadde hug til aa vita, men fyrst og fremst vilde han høyra kva dei tri laattarne skulde tyda. „Det skal eg segja deg,“ svara hausen; „fyrste gongen eg log, det var i vaar, daa du var uppi skogen og hogg ei bjørk; daa rivna den eine skoen din sund, og du visste ikkje onnor raad enn aa grava kringum bjørkeroti og riva upp ei taag til aa binda ihop skoen med, so mykje han skulde hanga paa foten til dess du kom heim att. Hadde du daa visst det som eg visste, so hadde du grave noko lite lenger ned; for der stod ei stor pengekista innunder roti med so mykje gull og sylv i, at du kunde kaupt heile bygdi og nokre bygder til for det, og daa hadde du sloppe aa gaa i slike skor som ein skal binda ihop med bjørketæger. Daa laut eg læ aat di, at mannen kann vera so stuttvis at han ikkje skal sjaa lukka si, naar ho er so nær at han turvte ikkje meir enn berre snu seg og retta ut handi og taka ho fast. — So var det den andre gongen; det var, som du veit, ein sundag i sumar, daa du var ved kyrkja; daa saag eg òg noko som ikkje du saag. Det var daa aalmugen var innkomen og presten tok til aa tala, daa kom han Gamle-Eirik og sette seg utar ved dørstokken og hadde med seg eit stort kalvskinn til aa skriva paa, og so skreiv han upp alle trollkjeringarne som var inne. Men so var det so mange at dei fekk ikkje rom paa skinnet, og so beit han i jårarne paa skinnet og skulde tenja det ut, so mykje det kunde

verta stort nok; og best som han heldt paa soleis og tøygde og tande, so var det ein gong at skinnet glapp ut millom tennerne so daattelege at han slo nakken att i veggen, so det vart ein stor smell. Daa laut eg rett læ, og daa hadde du òg lætt, naar du hadde kome til aa sjaa det. — So var det den tridje gongen eg log; det var no i dag, daa du sette krossar paa veggjerne; daa log eg aat alle smaatrolli som laut røma undan for krossmerket. Det saag ut mest som det hadde vore store flokkar med rottor og skinnvengjor som kom rynjande ut or husi, og det smatt og smaug igjenom alle dei glugg og glyfser som i veggen var. Du kann tru det var fint fylgje som hadde teke seg herbyrge i husi dine til helgi; men so fekk dei òg bør undan bakken, so mykje dei laut til aa smaaskunda seg og smetta seg av og høyra etter hus paa ein annan stad. Og no er det fritt og fredelegt i alle dine hus, so der er inkje til aa ottast, korkje for folk eller fe. — Men no hev eg ikkje tider til aa tala meir med deg; for no er den tidi komi, daa eg skal vera paa ein annan stad, og dermed skal du hava takk for laget."

Myntmeisteren.

Det var ein sjømann som hadde vore ute paa sigling ei tid og havt so god lukka, at han aatte baade farm og farty og var ein rik mann.

So var det ein gong han kom siglande langvegjes ifraa med ei stor ladning; daa kom det paa han eit overhendigt uvêr, og han vart so ille ute at han saag ikkje syn til aa berga seg. Daa gjorde han den lovnaden, at han skulde gjera ein fatig rik, ifall han kom vel til hamnar. Og sidan gjekk det so lukkelege og, at han fekk berga baade folk og føring og kom seg vel fram. Det var ein kaupstad han skulde til, og der hadde han so mange ærender og greidor aa gjera at han kom til aa vera der eit langt bil. Daa tenkte han paa lovnaden sin og gav til dei fatige, so mange som han kunde raaka; og daa dette spurdest, so var det mange som kom til han, og han tok vel imot dei og gav dei gode gaavor allesaman. Daa var der ei ung gjenta ibland dei andre som kom til han og bad um ei gaava, og den gjenta la han merke til framfyre hine; for han tykte ho saag so snild og vitug ut, og han var forviten til aa høyra kva folk ho var komi av. Han fekk daa spurt at ho var dotter til ei enkja som hadde lide mykje motegang og hadde inkje til aa hjelpa seg med. Daa sende han gode gaavor til enkja og bad dotteri koma att ein annan dag, og daa ho no kom, so spurde han vel etter alle ting um mori hennar og um all deira varnad. Og alt som gjenta sa og fortalde, tykte han var vitugt og vel tenkt; han hadde aldri venta slikt av ein ungdom som var alen i slik ei armod. Daa sende han òg ei gaava med henne, og bad henne koma att ein annan gong; for han tykte at dessmeir han tala med henne, dessbetre lika han henne. Sidan spurde han andre kjende folk i staden, og dei svara alle

varnad, slægtskap, tilhøve.

det same, at det var ein snild ungdom; dei visste inkje vondt aa segja korkje um mori eller dotteri. Og daa gjenta no kom att til han, so tala han lenge med henne, og sistpaa spurde han um ho vilde hava han. Daa var det liksom ho vart noko faamælt og bad at han ikkje skulde tala um slike ting; det kunde ikkje vera aalvora hans; det var for mykje skilnad paa hans stand og hennar; og dertil so var dei for lite kjende med kvarandre til aa tenkja paa noko slikt. Sidan gjekk han til mor hennar og bar upp maalet for henne og fortalde um den lovnaden som han hadde gjort i naudi, og sa at no var der so god raad til aa fylla ein slik lovnad at det kunde aldri betre vera. — No vart der mange umtalor og raadarlag um dette tilbodet; sume talde til og sume ifraa; men enden vart no likevel den at skiperen fekk gjenta, og daa dei var gifte flutte ho med han til ein stor og ven gard som han hadde kaupt seg. Der busette dei seg og livde baade godt og vel.

No var der ein kaupmann som budde der i grendi; honom vart skiperen snart kjend med, og dei gjekk ofte til kvarandre og heldt lag som andre kjenningar. Men det vart ein uheppen kjennskap for dei baae tvo; for den kaupmannen var ein faarleg mann til aa hava noko hopehavande med. Det var ein gong at skiperen var buen til aa fara ut paa ei lang ferd; daa var kaupmannen hjaa han og sat og rødde baade um likt og ulikt. So sa han det at det var vaagsamt for skiperen aa vera so lenge burte og lata kona vera heime; han kunde ikkje vita kor tru ho kunde vera. Og det skulde vore moro um nokon kunde lokka henne ifraa

bera upp maalet, bera fram ærendi.

han og hava eitkvart merke paa venskapen hennar til aa syna han, naar han kom heim att, sa han; og aller sløgast skulde det vera um ein fekk henne til aa gjeva ifraa seg den gullkjeda som skiperen hadde gjeve henne daa dei var feste. Men skiperen meinte so, at han var urædd for det, og det turvte visst ingen bry seg med aa prøva paa noko slikt. „Skal me gjera veddemaal um det?“ sa kaupmannen. „Det kann me gjerne,“ sa skiperen. Kaupmannen sagdest vilja vedda um garden sin; skiperen sette sin gard imot, og soleis var veddemaalet gjort; men kona til skiperen visste ikkje noko um kva dei hadde havt fyre seg.

Daa no skiperen var faren, so gjekk kaupmannen og lyddest inn til kona hans baade tidt og jamt, og sidan tok han til aa masa um ei gullkjeda som han visste ho skulde hava. Han vilde kaupa dette halsgullet, um det var aldri so dyrt, og daa han ikkje fekk kaupt det, so vilde han berre laana det, so smeden kunde faa maal av det til aa gjera eit anna etter. Men det nytta ikkje; for kona var so rædd um halsgullet sitt at ho hadde det paa seg baade dag og natt og vilde aldri sleppa det av halsen. Daa han no tyktest hava freista nok med godo, so tok han til aa freista med vondo og skulde skræma henne og truga kjeda ifraa henne; men det var òg faafengt, for ho var ikkje den som let seg skræma heller; og so laut han finna paa ei onnor raad. — Det var ei kjering som var reiddeigja hjaa skiperkona; henne tala han vel med og baud henne store pengar um ho vilde taka kjeda av kona medan ho sov, og lata honom faa ho. No var det lenge ho stod

reiddeigja, ei som stend for matstellet i huset.

imot og vilde ikkje gjera det; men sistpaa gjorde daa mutegaavorne hans so mykje at han fekk halsgullet likevel, og daa kann de tru han tyktest hava gjort eit godt kast.

Daa skiperen kom heim att, rodde kaupmannen ut og tok imot han, og daa skiperen spurde etter kona si, so tok han berre upp gullkjeda og synte han. Daa vart skiperen so fælslege sinna og uppøst at han var reint ifraa seg og visste ikkje sjølv kva han gjorde; han ropa til seg tvo mann og bad dei fara i land og drepa kona og koma att med ei flaska med varmt blod til prov paa at dei hadde gjort det som dei var bedne. Mennerne torde ikkje anna enn fara i land; men dei hadde ikkje hjarta til aa gjera det som dei var tilsette. So fann dei paa aa gaa upp i fjoset og taka eit lamb og drepa, og so tok dei blodet paa ei flaska og fór tilbaka med det til skiperen. Daa let han leggja fartyet ut or hamni og sette til havs og siglde sin veg. Men det gjekk ikkje meir so lukkelege med siglingi hans som det hadde gjenge fyrr.

Eit lite bil etter hadde han lagt ut paa ei lang ferd og var komen inn i Midelhavet. Daa kom det paa han ein ubergeleg storm, so han miste baade folk og føring og kom paa land som ein naken mann. Sidan laut han tigga seg fram, alt til han kom til ein herremann som vilde hava seg ein hønsegjætar, og der tok han seg tenesta.

No er det aa fortelja um kona hans at ho sat heime og venta paa han og var reint uvitande um kor det var tilgjenge, alt til kaupmannen kom og fortalde at han skulde hava garden hennar baade med lut og lunnende; ho hadde der ikkje meir aa gjera, anna enn aa forda seg derifraa det snøggaste ho kunde. So torde ho

ikkje anna enn gjera seg ferdig og fara ut or garden. Ho tok vegen sud igjenom landet, og der klædde ho seg um og tok karmannsklæde paa seg og sagdest vera ein ungkar som fór ikring og søkte tenesta. Daa høvde det til at ho kom til ein myntmeister langt sud i landi, og der fekk ho sveinetenesta og var der eit bil. Men ho hadde hug til aa fara lenger og freista lukka paa andre stader, og sidan reiste ho so langt at ho kom til ein stad sud med Midelhavet. Der kom ho til ein greive som stod fyre mynti aat kongen der i landet, og der fekk ho embætte hjaa honom og vart myntmeister; for daa hadde ho lært det handverket som dertil høyrer. No lyt me kalla henne meisteren; for det var alle som tok henne for ein mann, og ingen som visste at det var kvende. Daa no denne myntmeisteren vart kjend med folket der i landet, so fekk han høyra at der var ein hønsegjætar som var komen langt nordantil og hadde vore sjømann og lide skipbrot i havet. Denne gjætaren vilde han endelege tala med og fekk han til seg og spurde vel etter alt hans tilstand; men gjætaren var so underleg og so faatalande at meisteren fekk ikkje vita noko som var til aa retta seg etter. Men likevel so vilde ikkje meisteren sleppa han fraa seg, og sistpaa fekk han det so laga at han fekk gjætaren til tenar eller dreng. Tenaren var hjaa han baade heime og burte, og var so snild og viljug og vyrk for han at det var ein hugnad aa sjaa; men so snart som meisteren spurde etter kva stand han hadde vore i fyrr han kom dertil, so vart han tagall og bad seg undan og var som han skulde vore baade rædd og skjemd.

No vart meisteren der verande nokre aar

og stod seg godt og fekk store løner; men sidan tok han til aa lengta til heimbygdi, og so sa han fraa seg embættet sitt og reiste og tok tenaren med seg. Daa fór han som ein herremann og vart vel motteken paa alle stader. Sistpaa kom han til fødelandet sitt, og daa gjekk han inn til den kaupmannen som me hev fortalt um, og spurde um han kunde faa husvære nokre dagar. Kaupmannen var daa so blid og beinsam at det var ingen maate paa; for det var rike folk, syntest han, og der var visst ein god skilling aa venta.

„Veit du kvar du er komen no?“ sa meisteren til tenaren sin. Nei, han lest ikkje vera kjend paa den leidi, og var daa so still og sturen som han hadde venta paa ei ulukka. Daa sa meisteren at han vilde hava kaupmannen inn, og han skulde fortelja um alt det som hadde hendt i landet. Kaupmannen kom og sette seg til aa fortelja um baade eitt og anna, og sistpaa fortalde han noko smaatt um seg sjølv og. Det tykte meisteren var det morosamaste og bad han fortelja meir.

„Det kann no vera so smaatt aa tala um,“ sa kaupmannen, „men ein gong gjorde eg daa ei pretta som ikkje var so klen endaa. Det var ein skiper som budde paa denne garden og hadde kaupt han og sett han vel i stand. Eg hadde mykje gaman med han, og ein gong fekk eg han til aa gjera eit veddemaal um det, at eg skulde faa kjeringi hans til aa gjeva meg ei gullsnor som ho bar um halsen. So fekk eg lokka ei fantegjenta til aa stela gullet, ein gong daa mannen var burte, og daa han kom heim, so gjekk eg til han og synte han gullet. Daa trudde han at eg hadde fenge det i elskhug-

gaava og skapa seg reint galen og gjorde folk av til aa drepa kjeringi; og so sette dei upp ei lygn aat han, so han trudde at det var alt gjort; og dermed strauk han av og spurde ikkje meir etter nokon ting. So tok eg garden hans, etter som veddemaalet lydde, og jaga kjeringi av; og sidan hev eg ikkje høyrt noko att, korkje um henne eller honom."

„Det var det sløgaste eg hev høyrt," sa meisteren; „eg vilde berre at eg hadde den fortelnaden uppskriven; for det var ein rik herremann som bad meg spyrja upp nokre fraasegner til gaman; han er so kjær for slike sogor at han gjev store pengar for dei, og di sløgare og fulare dei er, di betre likar han dei." Kaupmannen var ferdig med fyrste ord til aa gjera alt som kunde vera gjesten hans til vilje, og so gjekk han og sette seg til aa skriva, og meisteren og tenaren hans sat att tvoeine.

„Veit du no kvar du er komen?" sa meisteren. Daa sa tenaren at han kunde kje dylja det lenger, at han var den skiperen som kaupmannen hadde tala um. „Veit du kven eg er daa?" sa meisteren. Tenaren visste ikkje kva han skulde segja. „Eg hev havt som ei tru um det i lang tid," sa han, „men er du den som eg tenkjer, so hev eg gjort so stor urett og so mykje vondt imot deg, at det kann aldri vera tilgjevande, og ikkje er eg verd noko anna enn den verste hemn og refsing som nokon mann kann lida." „Gjer deg ingi sut for di," sa meisteren, „no er det fraa seg gjort baade med hemnen og harmen, og no skal altsaman vera gløymt; men no lyt me fyrst gjera ei liti greida med kaupmannen." Og so sende dei eit klagemaal til riksraadet og la kaupmannen sitt

brev inn-i; for daa hadde han skrive fortelnaden um meisterstykket sitt og sett namn og bustad innunder. Men kor det gjekk med løni han venta seg, det hev eg ikkje høyrt noko um; han kom no vel i myrkestova for det fyrste. Men skiperen og kona hans fekk att garden sin og stod seg godt og livde so vel saman, at dei visste ikkje kor snilde dei skulde vera mot kvarandre.

Gullslottet i havet.

Det var ein gong ein mann som budde utmed sjøkanten og livde av aa fiska, og han greidde seg rett godt med dette i mange aar. Men so var det nokre dagar det var som forgjort; han fekk aldri ein grand fisk. Ein dag daa som han var paa sjøen att og vilde fiska og inkje fekk, kom det ein jutul roandes i ein messingbaat med jarnaarar paa.

„God dag du!“ sa han. „God dag òg!“ sa mannen. „Du er klen kar til aa fiska,“ sa jutulen. „Eg hev vore gild kar til aa fiska fyrr, eg,“ sa mannen; „men no veit eg ikkje koss det ber til; eg hev ikkje fenge noko paa mange dagar.“ „Det kjem seg av di at du ikkje kann den rette kunsten,“ sa jutulen; „men vil du, so skal eg læra deg aa fiska, eg,“ sa han. „Ja det høre vel nok det,“ sa mannen; „men du fiskar vel med trollkunst, du, og den gjer kje eg um aa læra,“ sa han. „Nei,“ sa jutulen, „eg kann ein annan kunst, eg. Men det er like godt:

vil du lata meg faa det som kjeringi di ber under beltet, so skal du aldri gaa vatsfis meir naar du fiskar.“ „Aa ja, det skal du nok faa,“ sa mannen; for han visste kje av at kjeringi hans var fremmeleg. Og den dagen fekk han so mykje fisk at det var berre so vidt han var god til aa bera ’n heim.

„Men i dag hev du daa fiska dugelegt,“ sa kjeringi. „Ja,“ sa mannen; og so fortalde han henne kva jutulen hadde sagt, og kva han sjølv hadde lova. „Aa Gud betre deg, at du det lova!“ sa kjeringi; „for eg er nok fremmeleg no,“ sa ho. „Ja no fær det vera som det er, no,“ sa mannen.

Daa ho no aatte barnet, var det ein gut. So gjekk mannen til jutulen, og dei kom til liks um at han ikkje skulde hava guten fyrr han var tri aar gamall. Og daa guten var tri aar, kom dei til lags um at mannen skulde faa hava han i tri aar til. So var guten heime til han var seks aar. Daa bad mannen um han maatte faa hava han endaa i tri aar til. „Ja du fær vel det; men bed du daa oftare, so slær eg han i hel,“ sa jutulen. Med dette skildest dei aat.

So kom guten til ein prest og tente, og denne presten var nok ein av dei som kunde meir hell mata seg. Guten fortalde at far hans hadde lova han burt til ein jutul fyrr han var fødd. Daa sa presten at det skulde nok verta ei raad med di. Han tok til aa læra paa han, og guten var næm og lærviljug, so han alt var fullkomelege prestelærd daa han var ni aar. Daa gav presten han tri bøker og sa det ved han at „no kann du fara heim att til far din og hjelpa han aa fiska; men desse bøkerne skal

vatsfis, ein fiskar som inkje fær. fremmeleg, med barr

du bera paa deg kvar du fer. Naar daa jutulen kjem og vil taka deg, so skal du taka den fyrste boki og slaa imot han med ho; daa hev han ikkje magt til aa taka deg. No byd han til og vil slaa deg i hel; men so tek du den andre boki og kastar upp det stykket um motverje som du veit; daa fær han ikkje gjera deg noko. So gjæter han paa naar du er paa sjøen og fiskar, og vil kvelva baaten for deg og drepa deg paa den maaten. Daa skal du taka den tridje boki og slaa upp det stykket um den som grov greft aat ein annan, men datt sjølv ned i ho; so skal du sjaa du vert kvitt han med ein gong." — Ja, guten gav vel gaum etter dette. Og eit par dagar etter han var reist ifraa presten, kom jutulen til far hans og vilde faa guten.

„Ja, eg torer ikkje beda um noko meir no," sa mannen; „du fær tala ved han sjølv," sa han; for guten hadde fortalt far sin koss det skulde gaa til. „Ja, kvar er guten?" sa jutulen. „Aa han er paa sjøen og fiskar," sa mannen. So tok jutulen messingbaaten sin og rodde ut paa sjøen til guten og sa det: „Du høyrer meg til, du; for far din lova at eg skulde faa deg so snart du var tri aar, og no er du ni." „Ja kvi tok du meg ikkje daa?" sa guten; „no er det for seint." „Fær eg deg ikkje, so tek eg deg," sa jutulen. „Aa taka er avlagt, so nær som aa taka seg bak," sa guten; „men meg fær du ikkje."

No vart jutulen sinna og rodde ikring baaten aat guten mange gongjer og vilde taka han; men guten slo imot med den fyrste boki, so det var ingi raad. So vilde jutulen freista slaa han i hel og stod uppyver han med eit stort sverd; men so tok guten den andre boki og

slo upp det stykket um motverje og heldt imot jutulen, og daa datt sverdet or henderne paa han. So freista jutulen aa kvelva baaten og faa drepa guten paa den maaten; men guten tok den tridje boki og slo upp det um aa grava greft aat ein annan og heldt imot han, og trast rulla messingbaaten ikring, og jutulen paa sjøen. Og med det same kom det eit stort havtroll og kneip han og drog av med han. So var guten kvitt jutulen.

No vilde guten ut og freista si lukka i verdi. Som han daa hadde siglt langt og lenge, kom det ov-vêr paa han; det var so stridt at han ikkje var god til aa styra baaten, anna hell dreiv att og fram paa sjøen. Sistpaa so dreiv han inn paa gullslottet i havet. Der budde det ei kongsdotter som var so urimeleg snild. Og guten var klok og visste aa bera seg snildt aat, og ein snild gut var han og. Kongsdotteri og han vart glade i einannan, og so vart han gift med henne. No vart han eigar av det store gullslottet i havet, og dei heldt utav einannan og livde godt og vel.

So ein dag sa han det ved kona si: „Eg hev so god hug til at foreldri mine skulde vita kor godt eg hev det, og kor vel eg liver.“ „Ja,“ sa ho, „det er vandesamt; men det vert vel alltid ei raad til di og. Eg skal laana deg ein gullring,“ sa ho, „og naar du hev den, so kann du ynskja deg kva du vil, so fær du det. No kann du ynskja deg heim att til folket ditt, so er du der trast; men du maa ikkje ynskja m e g etter deg, ellaa kjem du aldri her meir, og daa vert det reint gale med oss baae tvo.“

snild (her) ven, fager.

Ja so fekk han ringen, og so snart han ynskte seg til foreldri sine, so var han der. No fortalde han at han hadde vorte herre yver gullslottet i havet, og kor herlege han der livde; men dei vilde aldri tru eit ord av det. So vilde han syna dei at han sa sant og ynskte kona si hit etter seg. Daa ho no kom, so sa ho det: „Aa jeie, jeie meg, kvi gjorde du dette? No kjem du aldri aat gullslottet i havet meir.“ „Eg meinte det, eg,“ sa han, „at me kunde ynskja oss dit att.“ „Nei,“ sa ho, „det er aldri raad.“

So sa ho det ved han ein dag, at han skulde leggja hovudet sitt i fanget hennar, so skulde ho lyska han, sa ho. „Aa ja“, sa han; men trast han la seg ned, so sovna han. Dermed so stillte ho ringen ifraa han og ynskte seg aat gullslottet i havet, og paa timen so var ho der.

Daa guten vakna, so var kona hans burte. „Ja ja,“ tenkte han, „eg skal taka ringen og ynskja meg dit som ho er.“ Men daa han skulde sjaa etter, so var ringen burte. No vart han reint hugfallen. Og so tok han til og gaa og vandra ifraa land til land og spurde kven han kom til, um dei kunde segja kvar gullslottet i havet var. Men ingen visste det. Ein dag daa, so kom han aat ein stor skog, og der villa han seg burt. Seint um kvelden vingla han seg inn til eit berg og vaaga seg til aa banka paa.

„Kven er som vil inn?“ sa gygri som budde der. „Aa det er ein som hev villa seg burt,“ sa guten. „Kvar vil du av daa?“ sa gygri. „Aa, eg leitar etter gullslottet i havet,“ sa han; „kann 'kje du segja meg kvar det er?“ „Nei,“ sa ho. „Men du kann liggja her til i morgon;

eg raar yver alle fiskarne i havet, og i morgon skal eg spyrja um dei veit kvar det er."

Ja so gjekk han inn og var der til um morgonen. Daa spurde ho fiskarne, men dei visste det ikkje. „Ja no skal eg gjeva deg ein vegvisar til syster mi," sa gygri; „ho raar yver alle fuglarne som fyk i lufti, kann henda dei kunde vita kvar gullslottet er," sa ho. So tok ho fram eit bustenykla. „Dette skal du lata trilla fyre deg, kvar det vil," sa ho, „og der det daa stoggar naar det vert kveld, skal du gaa inn og segja kva du gjeng etter; og so segjer du det ved syster mi, at det var eg som bad deg gaa til henne; daa gjev ho deg nok rettleiding, er so skjønt ho kann."

Ja, han gjorde som ho sagde. Bustenykla trilla fyre han heile dagen; men daa det vart kvelden, stâna det og trilla tilbakars att, dit som det aatte heime. So banka han paa og helsa. „Godkveld, mor i huset!" sa han. „Gud sign deg," sa ho. „Eg skal helsa deg ifraa syster di, ho som raar yver alle fiskarne som finst i havet," sa han; „eg laag der i natt. Eg leitar etter gullslottet i havet, og syster di sa at du raar yver alle fuglarne i lufti; kanskje dei kunde vita kvar det er aa finna, er so ikkje du veit det." „Nei, eg veit det ikkje," sa ho; „men ligg her i natt, so skal eg spyrja dei i morgon."

So spurde ho dei um morgonen; men dei visste det ikkje. „Ja no skal du faa ein vegvisar til andre syster mi," sa ho; „ho hev vestanvinden til mann, og han maa daa endeleg vita kvar det er, han som fer baade yver sjø

nykla, nysta. er so skjønt, dersom.

og land.“ So fekk han eit bustenykla til vegvisar der og, og det trilla fyre han heile dagen til det leid til kvelds.

Der var ein stor haug paa vegen, og der raaka han tri brør av trollfolket som stod og trætte um farsarven sin. Arven deira var ein gamall hatt og eit par gamle styvlar og eit rusta sverd, og no vilde dei alle hava hatten, men ingen vilde hava hitt. „Det er kje noko aa trætta um slikt skrap,“ sa guten. Daa fortalde dei at hatten var ein huldrehatt; han hadde det laget at den som fekk han paa seg vart huld. Styvlarne hadde den gjerdi i seg at den som fekk dei paa seg, kunde stiga femtan franske mil i kvart stig; og sverdet hadde det ved seg, at naar ein hadde det i handi og vinka med det imot ein annan, so laag han daud trast. Daa guten høyrde dette, tenkte han med seg: „Desse tingi fær eg sjaa aa faa fat i, dei kann visst koma meg til stor nytte.“ Han drog seg inn aat dei og fekk tak i hatten og sette han paa seg, og trast var han huld. Og dermed so tok han styvlarne og sverdet, og det prøvde han paa staden: han vinka med det imot dei tri som trætte, og trast so var dei daude. So tulla han dette ihop i ein tull og bar det med seg.

Daa bustenykla no kom dit som han skulde gaa inn, so stogga det og trilla tilbakars. So gjekk guten inn og helsa „godkveld mor i huset.“ „Gu'sign deg“, sa ho; „kva er du for ein?“ „Aa eg gjeng og leitar etter gullslottet i havet,“ sa han. „Og eg skal helsa deg ifraa syster di, ho som raar yver fuglarne i lufti; eg laag der i natt;

huld, løynd, usynleg.

og hjaa hi syster di, ho som raar yver fiskarne i havet, laag eg i gaar-natt; men dei kunde ikkje segja meg kvar gullslottet i havet var. Men so sa ho det, den syster di som eg var hjaa sist, at eg skulde gaa til deg; du hadde vestanvinden til mann, sa ho, kanskje han kunde vita det.“ „Aa ja, du fær faa hus til morgons,“ sa ho; „han kjem att i natt, og so skal eg spyrja han.“

Um morgonen fekk guten tala ved vestanvinden og spurde um han visste kvar gullslottet i havet var. „Jau eg var der igaar og turka klæde,“ sa vestanvinden, „og eg skal dit i dag og.“ „Aa kjære, lat meg faa fylgja deg,“ sa guten. „Aa du fyl ikkje meg langt, du,“ sa vestanvinden, „for eg flyg so fort som ein fugl,“ sa han. „Jau,“ sa guten, „naar eg tek paa meg eit par styvlar eg hev, so stig eg femtan franske mil i kvart stig, og daa trur eg nok at eg skal fylgja deg i det lengste.“

Ja so sette dei i vegen yver sjø og land. Sistpaa so kom dei aat ein stor skog. So sa vestanvinden det: „Du fær vera her paa denne sletti du, eg hev ærend inn i denne skogen og vil rusla lite i ’n,“ sa han. Og dermed so vart det slikt brak inni skogen, vinden braska og braut ned store tre; men sistpaa so kom han daa att til guten og sa det: „Vil du no vera med, so skal me freista naa til gullslottet i havet til det lid til kvelds. Men naar me kjem dit, so fær du agta deg sjølv; for det skal vera brudlaup der no. Den som kongsdotteri var gift med, fór burt og ynskte henne etter seg, og det var reint gale,“ sa han; for han visste kje at det var denne guten som hadde vore gift med henne. „Og alt med’ ho var burte, kom

det eit troll som hev ni hovud og tok gullslottet hennar. Den tid ho kom attende, slapp ho kje inn paa gullslottet sitt paa annan maate hell at ho skulde gifta seg med sonen aat trollet, ein som hev sju hovud. No vilde ho nok gjerne at ho hadde havt att den som ho hadde fyrr. Men det er ikkje raad at ho fær ynskja han til seg; ho maatte ynskja seg til honom, og daa kjem dei aldri til gullslottet meir.“ „Ja ja“, tenkte guten, „eg kjem til maata tid lel daa.“

Daa dei kom daa fram til slottet, raaka guten ein vaktar og spurde kvar kongsdotteri var aa finna. „Aa ho er so vel gjøymd at du aldri fær tala ved henne,“ sa vaktaren. „Ho skal gifta seg med eit troll som hev sju hovud, og no er det slik sorg paa henne,“ sa han. „Aa, kann du berre segja meg kosta rom ho er i, so vert det vel ei raad til aa koma inn,“ sa guten. „Ho er i det tolvte romet, men det stend ei storkjempa og vaktar utanfyre, so du slepp aldri inn,“ sa vaktaren. „Eg vil no freista,“ sa guten. Han tok huldrehatten paa seg og stillte seg framum dei som stod vakt for inngangen til slottet, og so kom han aat den døri som storkjempa stod vakt fyre. Der tok guten hatten i vinstre handi og sverdet i høgre, og so bad han um han maatte gaa inn. „Nei,“ sa kjempekaren, „naar du er so vaagsam at du kjem hit, so skal du døy paa flekken,“ og med det same tok han sverdet sitt og vilde hogga han i hel; men guten berre tok sitt sverd, han og vinka imot kjempekaren, og straks datt han

kosta, kva for eit.

daud ned. So banka guten paa døri, og det kom ei terna og let upp og slepte han inn. Daa kongsdotteri fekk sjaa han, kjende ho han paa timen, og ho vart so glad og so upp i under koss han var komen dit.

„Men naar no trollet fær vita at du er her, so slær det deg i hel," sa ho. „Aa, eg er ikkje rædd det, eg," sa han. Med det same vart det slik ein fæl dur paa slottet; det spurdest at kjempa var drepi, og so kom trollet med dei sju hovudi og vilde inn til kongsdotteri; men med same det kom i døri, so vinka guten imot det med sverdet sitt, og so datt trollet daudt paa golvet. So kom stortrollet med ni hovud, med eit sverd i kor handi, og vilde inn til kongsdotteri og drepa denne karen; men han gav det berre eit vink med sverdet sitt, og trast var det daudt.

So rømde dei ifraa gullslottet baade kjeringi til gamletrollet og alle som høyrde henne til. Guten vart konge paa slottet, og kongsdotteri var so glad at ho aldri hadde vore so glad alt det ho hadde vore til. So laga dei til eit gjestebod, so gildt og drustelegt som det kunde vera, og dei reidde ut eit ovende stort og gildt skip som var gullslege baade utanpaa og innani; det skulde fara etter foreldri til guten og føra dei hit. Daa det kom att med foreldri og dei kom fram imot gullslottet, tok guten og kongsdotteri paa seg kongsklæde og fór ut med heile si ferd og tok imot dei. Og so heldt dei gjestebod i fire fjortandagar.

Guten som vart konge i Engeland.

Det var ein gong ein mann og ei kjering som budde i ein skog, langt fraa folk. Skogen var mange mil breid og so tjukk at dei saag ingen stad. Der hadde dei livt vel fyrr; men no tok dei til aa verta gamle. Kjeringi var yver seksti aar og mannen likso gamall, og dei hadde ikkje born. Dei fór sistpaa til aa lida slik naud for mat at dei var aat aa svelta reint i hel.

So skulde mannen ut ein morgon og sjaa aa finna almebork som dei vilde hava til mjøl Daa kom han aat eit berg, og der sprang det upp ei dør; og trast kom det ut eit troll som hadde tri hovud og spurde mannen kva han gjekk etter. „Aa eg gjeng og leitar etter almebork," sa mannen; „me er aat aa svelta i hel, me hev kje mat." „Mat skal de faa," sa trollet. Mannen hadde med seg ein ukse som han kjøyrde med, og trollet leste paa eit lass med allslag mat, slikt som uksen var god til aa draga; men mannen maatte lova at trollet skulde faa det som kjeringi hans kom til aa bera under beltet. Det skulde verta eit gutebarn, sa trollet, og det vilde hava guten naar han var femtan aar; og fekk det han ikkje daa, so vilde det slaa han i hel, ellaa vilde det kasta dyre-ham paa han. Mannen visste at kona hans var utor barn-eigni, og gjekk radt med paa dette.

Daa trollet no hadde lesst paa, so balla dei granbar kring lasset og gjurde aat med tvo

---

utor barn-eigni, for gamall til aa faa born.

reip, so mannen ikkje skulde missa noko. Daa han kom heim att, vart kjeringi vond for han kom med eit lass med granbar. „Kva vil du med dette?“ sa ho. „Hev me kje nok til aa brenna?“ „Aa du veit ikkje kva som er i lasset, du; no skal du sjaa me hev fenge mat,“ sa mannen, og so fortalde han koss han hadde fenge dette, og kva han hadde maatt' lova trollet. „Og vilde no du òg samtykkja det, so skulde eg koma att og segja det,“ sa han, „og daa skulde eg faa ei heil byrd med pengar attpaa.“

Kjeringi berre log aat alt dette. „Jau eg skal nok radt gaa med paa den avtalen; for eg veit daa eg er or barn-eigni naar eg er yver tri gongjer tjuge aar,“ sa ho. So gjekk mannen til trollet att og sa kva kjeringi hadde svara; og so fekk han ein sekk full med sylvpengar.

„Ber du meir?“ sa trollet. „Ja,“ sa mannen og tok fram ein sekk han hadde med seg. „Ja gakk no inn i denne budi og haldt upp sekken din,“ sa trollet, „so skal eg gaa upp paa loftet og renna i han or ei tunna, til han vert full.“ Daa skar mannen hol paa sekken og sette ein annan sekk under og let det renna i den og.

Daa trollet hadde rent med pengar eit langt bil, so sa det: „Er ikkje sekken full no?“ „Nei,“ sa mannen. „Kvar hev du fenge denne sekken daa?“ sa trollet. „Aa eg hev laant han av presten,“ sa mannen. „Aa det er ikkje under! Eg veit nok at prestesekken vert aldri full,“ sa trollet. Men daa mannen ikkje trudde seg til aa bera meir, so ropa han: „No kann du halda upp!“

Daa no mannen kom heim att med so

mange pengar, attaat dei hadde fenge so mykje mat, so vart dei so glade at dei gjorde seg eit lite gjestebod. Fraa den tidi vart kjeringi fremmeleg, og dette vart dei reint forundra yver baae tvo. Dei hadde no vorte glade elles; men di nemmare det no leid at kjeringi skulde koma i barnseng, di meir sorgfulle vart dei. Dei ynskte berre at det maatte verta ei gjenta; men daa barnet kom, so var det ein velskapt og fin gut.

Daa guten voks upp, vart han so urimeleg klok. Han hadde ingen til aa læra seg, men endaa so kunde han allslag tungemaal daa han var tolv aar. Dei fortalde han at bergtrollet skulde hava han, naar han var femtan aar; men det brydde han seg ikkje um. „Eg veit det,“ sa han; „eg hev ofte tala ved trollet, og det er det som skal hjelpa meg fram i verdi,“ sa han. Daa foreldri hans høyrde det, slo dei seg til tols so lenge.

No leid det til den dagen at trollet skulde faa guten. Far hans og mor hans gret; men guten gret ikkje. So tok faren og sonen i veg aat berget, og daa dei kom fram, so banka dei paa. Trast sprang det upp ei dør, og der kom trollet ut og tok imot guten. Det takka faren for han hadde halde ord, og det lova at det slett ikkje skulde staa paa for guten. Og han fekk det rett godt hjaa trollet; han aat og drakk av det beste som tenkjast kunde og fekk nye plagg fraa hand til fot og laag paa dyneseng um næterne.

So vilde jutulen av paa ei lang ferd til eit anna land og gav guten lyklarne for berget;

ikkje staa paa, ikkje vera nokor naud ell' faare.

han trudde dei ikkje til nokon annan. Men endaa so sa han det fyrr han fór: „Det stend nummer paa kvar lykel, kosta laas han høyrer til; men den som det stend nummer ti paa, maa du kje bruka; for det romet fær ingen gaa inn i anna hell eg sjølv. Og no vil eg røyna deg, um du er tru; er du det, so skal du hava det godt; men er du utru, so skal du missa livet.“

Dermed tok han av stad. Men so snart no guten var eisemall, tenkte han ved seg sjølv: „Det vøre daa morosamt aa vita kva som er inni dette romet; eg lyt glytta paa døri.“ Men daa han læste upp, so fanst der ingen ting anna hell ein liten stav; den tok han, og med det same kom trollet att.

„Kva hev du gjort no?“ sa det og var so sinna. „Denne gongen fær eg vel gjeva deg til; men no gjev eg deg ein lykel som det stend nummer tjuge paa, og læser du upp den døri, so skal du missa livet, det kann du vera viss paa; for der hev enno ingen kome, anna hell eg sjølv.“ — Ja, so tok trollet ut att, og guten bia daa eit par dagar; daa trudde han at trollet var kome langt nok or vegen. So læste han upp den døri med, og daa var dette romet òg so nemme tomt; der fanst ikkje anna hell ei ørende liti flaska med vatn i, og so eit tomt glas, og dei tok han og gjøymde der som han hadde staven. Men trast kom trollet setjande og var so sinna at det var so nær det hadde drepe guten. Han bad daa so vent for seg og lova baade med hand og munn at han aldri skulde gjera trollet imot meir. „Ja ja,“ sa det, „eg skal snart prøva deg paa det.

Her hev du ein lykel som det stend nummer tretti paa, og den hev aldri nokon teke i, anna hell eg sjølv. Men læser du upp den døri, so slær eg deg i hel med eit slag; du tarv aldri beda for livet meir. No var eg komen yver hundrad mil herifraa og maatte heim att for di skuld, og maa eg no heim att ein gong til, so veit du koss det gjeng deg.“ Dermed so gjekk trollet for tridje gongen.

Guten heldt seg i mange dagar no; for dette var eit hardt trugsmaal. Men sistpaa kunde han ikkje lata vera, han laut sjaa inn i dette romet og. Daa han kom innum døri, stod der tri hestar, ein svart og ein brun og ein kvit; paa veggen hekk tri gullsålar, den eine finare hell hin, og tri gullbeisl, det eine finare hell hitt, og tri sverd med gullfeste paa, og tri stasklædningar; den eine var so ljos som soli, den andre som maanen og den tridje som stjernorne.

Daa sa den kvite hesten det ved guten: „No skal du snugga deg og taka den finaste gullsålen og det finaste gullbeislet og leggja paa meg; tak so den finaste klædningen og det beste sverdet og bulta ihop, og tak den gullkamben som ligg i glaset og stikk i lumma di; og so tek du hine tvo klædningarne og det du hev funne i hine romi, og set deg so paa meg. Lat oss so skilleg plent skunda oss, for kjem trollet no yver oss, so slær det oss i hel baae tvo.“

Ja so bar det i vegen, so guten visste kje anna hell anden skulde gaa or han. So sa hesten det ved guten: „Ser du noko kjem etter oss?“ „Ja eg ser det kjem eit stort fælt troll, og so høyrer eg slik ein fæl dur, d'er mest som ein toreslaatt,“ sa guten. „Ja,“ sa hesten, „naar

trollet no kjem so nemme at det vil taka deg, so skal du kasta staven att yver deg, so vert det ein stor skog imillom oss.“ Guten gjorde so, og trast vart det ein skog so stor at ingen hadde sétt slik skog fyrr.

Der vart trollet liggjande og braska og braut seg fram, og imedan kom dei tvo langt undan. Men sistpaa so rakk trollet innpaa dei att og hadde kome dei so nemme at dei saag klysesputeren staa or ollo tryaa kjefto paa det.

„No tek det meg,“ sa guten. „Tak no vatsflaska“ sa hesten „og kasta ho att yver vinstre oksli di.“ Guten so gjorde, og dermed so vart det eit stort hav imillom dei. Der vart trollet liggjande og sumde, og det vart slik vats-sputer at dei saag det mange mil. Men sistpaa kom trollet seg yver og kom etter dei, og det vart ein dur so fæl at jordi skalv under dei; og daa det kom so nemme at dei saag det, var det svart av sinne, so guten vart reint heilrædd. „No tek det meg,“ sa han. „Skunda deg no og tak det tome glaset og kasta yver høgre oksli di,“ sa hesten. Guten so gjorde, og trast vart det eit stort glasberg imillom dei, og det var so haalt paa alle sidor at det var raadlaust aa koma yver det. Trollet freista baade med lempe og med sinne, men glatt ned att. Jau sistpaa so hadde det daa visst seg ei raad til aa kravla seg uppaa, so dei saag det; men so rulla glasberget ikring, og trollet under og berget ovanpaa, so det knasa det i smaa molar. So var dei kvitt trollet.

Guten og hesten var no komne yver sjø og land og kom sistpaa til ein stor by i Engeland.

klysesputer, klysedriva. ollo tryaa kjefto, (gamall form fraa Valdres) alle tri kjeftarne.

So sa hesten det: „No skal du faa deg husvist i utkanten paa byen, og meg skal du sjaa aa faa sett paa ein stall. Og det vesle du er god til aa tena skal du kjøpa mat for aat oss baae; eg skal vera nøgd med det eg fær.“ Ja, det gjorde guten i nokre dagar. Men so sa hesten det ved han: „No skal du gaa aat kongsgarden og sjaa aa faa tenesta; eg veit det vantar dei ein kokk, kann henda du fær den tenesta. Daa fær du mat nok, og daa lyt du koma meg òg i hug med noko-lite kvar kveld.“

Guten gjorde som han var fyresagd, og dei tok han straks til kokk. Den kamben han hadde med hadde den gjerdi i seg, at naar han kjembde seg med 'n, so vart haaret hans som det vøre av gull. Dette fekk ei av kongsdøtterne sjaa ein dag, og ho trudde daa plent at han ikkje var nokon kvardags kar. No kom kongen i Engeland i ufred med eit anna land, og dei skulde ut og slaast so mange som var god til. Denne guten hadde no vel sloppe; men han bad um at han maatte faa fylgja med, og det fekk han. Dei let han faa ein skarve hest og eit rusta sverd og stelte han i vegen med hinom ridande. Daa reid guten hesten sin ut i ei blaut myr, so han sokk ned-i radt uppunder øyro; det log dei hine aat og vilde kje hjelpa han upp atter. Men daa dei hadde fare framum, so fekk guten hesten upp atter sjølv, han; for han hadde berre gjorst paa og sett seg fast, so han kunde koma ifraa dei hine. So gjekk han dit som han hadde sin eigen hest, og den sa det ved han: „No skal du taka paa deg den klædningen som er liksom stjernorne; og såla so meg og set deg paa meg. Tak so sverdet og heng ved sida og rid ut paa vigvollen; for daa kjenner ingen deg, og alt som

du snur eggi paa sverdet imot, det fell, um du aldri kjem aat det. Og naar daa kongen vil vita kva du er for ein, so skal du kasta ned eine hansken din og rida din veg."

Ja, guten gjorde som hesten hadde sagt, og daa han kom dit som dei slost, bad han um han maatte faa ein flokk aa føra; det fekk han, og kvar han daa kom imot fienden, der fall dei som dei var blesne i koll; for berre han snudde eggi paa sverdet imot dei, so rulla dei. Kongen bad daa um han maatte faa tala ved denne kjempekaren; men han kasta berre ein hanske ned til han. So reid han sin veg og gjøymde hesten og den fine klædningen, og tok so skarvehesten sin i myri og rusla heim att til kongsgarden.

Dette var den fyrste dagen. Andre dagen so skulde det i vegen eit endaa større herfylgje. Guten bad um han maatte faa vera med den dagen og, og det fekk han. So skunda han seg i fyrevegen ut aat myri, og daa hine kom der, hadde han søkt hesten sin nedi liksom fyrste dagen; han var berre komen ein liten mole lenger. Ja, so log dei aat han og let han vera, og ingen hjelpte han. Men trast dei var komne framum, gjekk han stad og tok sin eigen hest og den klædningen som var liksom maanen og kom ut paa vigvollen i drivande tan, so dei aldri hadde sétt nokon rida so hardt fyrr. Han bad um han maatte faa ein flokk med seg att; det fekk han, og det gjekk daa liksom fyrste dagen, at kvar han kom der rulla dei for sverdet hans. Men daa kongen vilde faa tala ved han etterpaa, tok han berre og kasta ein gullsko ned til han. So strauk han sin veg, so ingen var god til aa naa han, og sidan gjøymde han hesten

og den fine klædningen sin att og kom ruslande heim til kongsgarden med skarvehesten sin.

Ja alt dette var no godt og vel; men endaa hadde dei ikkje vunne for godt. Tridje dagen skulde det verta ei avgjerd. Dei budde seg daa med endaa større hermagt paa baae sidor. Guten vilde vera med liksom fyrr og tok lite i fyrevegen, og daa hine kom etter aat den blaute myri, hadde han kome mest yver; men han let dei endaa gaa framum. So gjekk han dit som han hadde hesten sin og tok den og hadde paa seg den klædningen som var so blank som soli. Han kom ut paa vigvollen i fullt traav ätt, og alle som saag han ov-undra seg baade paa hesten og karen og vilde so gjerne vita kva det var for ein. Denne gongen bad han kongen um han maatte faa halve krigsheren med seg, og det fekk han. Daa slo han ned for fot alt som fyre kom, so det fanst ikkje ein utav fienden som vaaga seg imot han. Kongen baud han daa store pengar, var so han vilde segja kva han var for ein; men guten tok berre av seg ei gullkjėda som han hadde kring halsen og kasta ned paa marki. So gav han hesten av sporarne og strauk sin veg og gjøymde hesten og den fine klædningen. Kongen tok upp gullkjeda og gjøymde ho og var vel nøgd med den endelykti som ufreden hadde fenge.

Men so var det ei onnor stor landeplaaga som dei var mødde av der i Engeland; det var ein tiger og ei løva og ein bjørn som drap so mange folk og so mykje fe, so kongen tvila fyre at heile hans land skulde verta lagt i øyde. Han lova daa ut at den som var god til aa drepa desse dyri, skulde faa kven han sjølv vilde av døtterne hans og helvti av riket

hans; og etter han fall ifraa skulde han faa heile riket. No var det nok mange som freista; men det gjekk ille med dei alle. Jau sistpaa so var det ein heil flokk som vilde ut og prøva seg, og denne guten bad òg um han maatte faa vera med. Jau det fekk han daa, og dei let han faa ei skarvebyrsa og kulor og krut; men riddarane fekk av dei beste byrsorne som kongen hadde.

So tok dei i veg, og fyrste dagen raaka dei løva. Alle skaut paa ho, so lenge dei hadde noko aa skjota med, men ingen kunde fella ho. Guten fekk ikkje skjota fyrr hine hadde skote; daa gjekk han fram. Fyrste skotet hans gjekk mista, det andre like eins, og dei andre log aat han. Men tridje skotet, daa raama han løva beint imillom øyro, so ho rulla. Dette vart alle forundrige paa, og ovundsame attaat. Den høgste kongsraaden var òg med; han heitte Riddar Raud, men dei kalla han helst Riddar Rev, av di han var slik ein stygg fuling. Han bad guten um han maatte faa kaupa løva av han. „Aa ja, gjerne det,“ sa guten; „eg fær vel ingi kongsdotter eg, kor som er,“ sa han. Men so var han slug, han med; han stillte seg til og skar av eit stykke av tunga aat løva og gjøymde det.

Daa dei kom heim att sa Riddar Raud at h a n hadde drepe løva, og kongen vart so glad at han gjorde eit stort gjestebod paa alt storfolket i riket og sette Riddar Raud øvst upp-i høgsætet.

Andre dagen gjekk dei imot bjørnen og guten fekk vera med daa og; men han fekk ikkje skjota fyrr hine hadde skote burt baade kulor og krut. Han skaut fyrst tvo skot og raaka ikkje, han heller; men

[illegible] No
[illegible] hornen
[illegible] for Rid-
[illegible] Han
[illegible] kom
[illegible] vart
[illegible] glad for
[illegible] konge
[illegible] kunge-
[illegible]
[illegible] riddaren.
[illegible] bjørn.
[illegible] Men det
[illegible] var med, og
[illegible] baade av
[illegible] han
[illegible] i smellet.
[illegible] vera daud
[illegible] han Men
[illegible] og skar lite
[illegible] han visste av
[illegible] Jau han
[illegible] og so drog han
[illegible] baade bratt og

[illegible] og ro baade for
at han [illegible] Han var so glad
dei stormenner [illegible] og baud alle
garden og drikka bruidlaupet [illegible] aa møta i kongs-
for han skulde no faa kongsdotteri for alle dei
[illegible] verki han hadde gjort. Dagen vart sett, og
[illegible] skulde koma og vigja dei. Daa alle no var
[illegible] i rikssalen, gjekk guten og dit upp og bad
[illegible] han maatte faa tala ved kongen. Det fekk
[illegible] og so spurde han: „Kven er det som hev

drepe desse ville dyri, anten den som hev dei, ell' den som hev tungorne deira?" Daa samla kongen det høgste raadet sitt og spurde dei um dette. Dei sa at den som hadde tungorne hadde drepe dyri. So kom guten fram med tungorne og sa at „eg hev skote dyri, men Riddar Raud kaupte dei av meg; eg torde ikkje segja han imot. Dette kann dei sanna alle som med var," sa han. Dei var tilsta'es i salen alle dei som hadde vore med etter dyri, og dei let so at guten sa sant; for dei var alle ville paa Riddar Raud.

Kongen hadde tri døtter, og Riddar Raud vilde hava den yngste. Ho hadde vore so sorgfull og ille ved for dette. Men no vart det noko anna utav. Kongen baud at dei skulde setja upp ein stor galge, og i den hengde dei Riddar Raud. So tok dei guten i staden hans og vilde klæda han i kongsklæde; men guten bad um han maatte faa klæda seg sjølv, og det fekk han. Han gjekk daa til hesten sin, og den sa det: „No skal du taka paa deg den finaste klædningen, den som er liksom soli, og sverdet ditt, og laga det so at det vantar deg ein hanske og ein sko og ei gullkjeda. Kjemb so haaret ditt med gullkamben og legg gullsål og beisl paa meg og rid aat kongsgarden. Daa kjenner dei deg att fraa du var med i ufreden, og so fær du att baade hansken og skoen og gullkjeda." Ja, guten so gjorde, og kongen vart ov-glad daa han kjende han att. Og kongsdotteri vart no meir hell glad for ho skulde faa honom i staden for Riddar Raud; og so vart det brudlaup.

Um morgonen fyrste brudlaupsdagen hadde hesten sagt det ved guten: „Du skal ikkje lata

nokon taka meg eller stella meg, anna hell du sjølv." Men um kvelden daa guten var vigd med kongsdotteri, fekk han ikkje lov til aa stella hesten sin. Daa han vakna um morgonen, hugsa han kva hesten hadde sagt. Han skunda seg upp og gjekk dit som han trudde han var; men daa var hesten burte. So gjekk han burt i ein stor skog og leita og inkje fann. Sistpaa hadde han forvilla seg i den store skogen, so han ikkje visste kvar han var; han vart baade tyrst og svolten, og fraus gjorde han og, for han hadde sprunge ut berre halvklædd um morgonen Kongsdotteri syrgde so hardt, daa han ikkje kom att, og alt var sorg og sut i kongsgarden.

Guten la seg sistpaa til aa sova attmed ei kjelda i skogen, og der drøymde han at han fann hesten Daa han vakna og hadde leita ei stund att, daa gjekk det so at han fann han; men daa var hesten so turr og stygg at han mest ikkje kunde kjenna 'n att, og han vilde baade slaa og bita. Jau endeleg so fekk han daa taka han, og daa sa hesten det: „No skal du taka eit sverd og hogga hovudet av meg." Det vilde guten naude gjera; men so sa hesten at han vilde slaa han i hel, gjorde han det ikkje. Dermed so laut guten gjera det, og med det same stod der ein fin kongsson. Dei fylgdest heim til kongsgarden, og daa vart der gleda paa nytt lag. Kongssonen fortalde at han var systerson til kongen, og at det var trollet med dei tri hovudi som hadde kasta hesteham paa han, daa han var liten, for han ikkje vilde vera hjaa det.

No tura dei brudlaupet til endes med stor stas og gaman, og den gamle kongen gjorde

guten til konge yver halve Engeland. No visste kje den unge kongen korleis han best skulde løna den kongssonen som fyrr hadde vore hesten hans; for han tykte han hadde mest honom aa takka for lukka si. Han og dronningi hans vart daa samde um at dei skulde gjeva han eit greivskap utav det halve riket sitt. Den gamle kongen gav honom òg eit greivskap, og dei gjorde han til ein storherre i riket. So gjekk det til, og meir veit ikkje eg um dei; den som vil vita meir, han fær fara dit sjølv og spyrja etter.

Høibergsgubben paa Gulland.

Det var ein gong ein bonde paa Gulland som hadde ein bergjutul til næraste granne. Dei livde i god fred med einannan, og so bad bonden jutulen til seg ein dag og vilde gjera gjestebod paa han. Men det gjekk gale; for det vilde meir til aat jutulen hell bonden hadde tenkt. Han aat og drakk upp kvareinaste grand som bonden hadde til mat og drikka. Men det laut no so vera; bonden hadde bede han til seg og maatte finna seg i det.

Daa jutulen skulde til aa gaa, so sa han det: „Eg veit at kjeringi di er fremmeleg; naar ho no fær aatt og du held barnsøl, so skal du beda meg til fadder.“ Ja bonden laut lova det; men han hadde no helst vilja sloppe.

Daa det leid no til at dei skulde halda barnsøl, tala bonden ved tenestguten sin og spurde koss han skulde bera seg aat, so jutulen ikkje kome der.

„Aa eg skal beda han, eg, so trur eg nok han skal halda seg or vegen," sa guten. Dette tykte bonden var godt og vel, og so sende han guten i vegen til Høibergsgubben, skulde beda han til fadder. Jutulen takka for bodi og spurde kva det var for andre faddrar. „Aa det er no Vaarherre og Kristus," sa guten, „og jomfru Maria skal bera barnet; og elles vert det vel nokre av dei rikaste skyldfolki." „Ja, naar dei kjem der, so torer vel ikkje eg koma der daa. Og dei vil vel hava spelemann og?" sa jutulen. „Ja, han Tor tamburen skal vera spelemann," sa guten. „Daa torer eg slett ikkje koma," sa jutulen, „for me var tilsaman ifjor i eit brudlaup, og daa kasta han eine trummestikka si etter meg og slo av eine laarbeinet mitt; og kome eg no til barnsøls, so kunde han slaa av hitt laarbeinet mitt med, og daa vorte eg reint ein krypling; dermed so fær det vel vera. — Men dei gjev vel mykje i faddersgaavor, dei som kjem til barnsøls?" sa han. „Aa ja, det gjer dei," sa guten. „Ja eg vilde no ikkje at nokon skulde gjeva meir hell eg," sa jutulen. So laante han guten ein sekk og hadde eit par skufler med sylvpengar uppi. „Tru nokon gjev meir?" sa han. „Aa ja," sa guten, „Vaarherre er rik og gjev mykje meir." So auste jutulen den eine skufli etter den andre i sekken, til han var mest full, og spurde so um guten trudde nokon gav meir. „Aa nei," sa guten, „men no trur

kome — vorte, gamle former fraa Valdres.

eg du fær hjelpa meg til aa bera eit stykke.“ Ja det gjorde jutulen. Daa dei kom no so nemme barnsøls-garden at dei saag huset, sa han: „Trur du spelemannen er komen?“ „Ja,“ sa guten, „han kom i gjærkveld, han kjem stødt kvelden fyreaat.“ „Ja daa torer ikkje eg vera med lenger,“ sa jutulen og kasta sekken og skunda seg tilbakars til berget.

Etter den dagen bad han Per Gulland aldri Høibergsgubben til seg meir.

Svarte-Liten.

Det var ein gong ein gut som gjorde inkje anna hell pingsestykke med stykmor si.

„Det var likare du gjekk burt og fann att syster di, du, hell du gjeng heran og gjer vondt,“ sa stykmori hans.

„Ja, gjev meg ei nisteskreppa, du,“ sa guten, „so skal eg av stad.“ Han var fulla glad i bodet, han.

Nisteskreppa fekk han og tok i veg. Og so hadde han ei liti kvirv bikkja som heitte Svarte-Liten; henne tok han med seg. Som han daa var komen eit stykke paa vegen, aat han av nista si og la seg til aa sova. Svarte-Liten flaug burti holti og skvakka, ho. Um ei stund kom ho att med ein rev ho hadde teke.

„Statt upp, Alv unge, og sjaa den karen,“ sa Svarte-Liten, tidendfus.

pingsestykke, prettor, fantestykke. kvirv (kverv) kvik, snar i snunaden.

Alv vakna og sa: „Aa lat han fylgja, di friar' vert ferdi."

So fór dei lenger alle tri, Alv unge og Svarte-Liten og rev diltand'. Guten aat att og la seg til aa sova. Svarte-Liten kjende som ein tev og fór inn i skogen. Um ei stund veida ho ein skrubb. Den kom ho dragande med etter rova.

„Statt upp, Alv unge, og sjaa den graakallen, du," sa bikkja.

„Aa lat han fylgja, di friar' vert ferdi!" sa Alv, daa han vakna.

Som dei daa hadde fare ei stund att, aat Alv og la seg til aa sova som han var van. So var Svarte-Liten burti skogen lenge og vel, og kom sistpaa att med ein avleggjande stor bjørn ho hadde teke. D'er kje alltid største bonor og bein som lyfter den tyngste stein.

„Statt upp, Alv unge, sjaa paa den gufsen!" sa den vesle bikkja, ho røyvde paa seg og stod paa tri bein og murra lite.

„Aa vene deg, lat han fylgja, di friar' vert ferdi!" sa Alv, reiv augo og einstirde.

So fór dei, heile rekkja: Alv unge og Svarte-Liten og rev diltand' og skrubb flyksand' og bjørn byksand', alle fem fór dei. Seint um sidar kom dei til gygregarden der systeri til Alv var. Gygri sat uppe; det var langt paa kvelden. Alv stod i døri og gloste inn til sjølve-henne.

„Vil du ikkje koma inn og klaa ryggen til mor di, du!" sa gygri; ho trudde nok det var son sin, for ho tok til aa dimmast paa syni i dei seinste hundrad aari.

„Gakk inn du, rev diltand', og pirkla slikt du kann," sa Alv.

Reven inn til aa klora; men det tok kje noko, og gygri vart sinna, slo til reven, so han kanta.

„Kann du ikkje koma inn og klaa meg, din skarv!“ sa gygri, ovsinna.

„Aa gakk inn du, skrubb flyksand', og pirkla litevetta,“ sa Alv.

Skrubben inn og kramsa; men det var òg for lite; ho slo til skrubben, so han svingla.

„Vil du ikkje koma inn og klaa ryggen til mor di, du ditt skarve beist du er!“ skreik gygri, eitrande sinna.

„Aa, so fær du inn daa, bjørn byksand', og pirkla det du kann,“ bad guten.

Men ho lika ikkje det heller, koss det no var; dreiv til bjørnen, so han grein.

So fær du inn daa, Svarte-Liten, og pirkla litegrand,“ sa Alv unge.

Svarte-Liten kveste klørne sine paa ein stein, sputta i labben og laga seg fælskeleg til.

„Au, koss du riv!“ skreik gygri, so berget riste. Smaa sylar hev òg odd!

Med det same sa Alv: „Aa puss tak 'o!“ og bjørn byksand' og skrubb flyksand' og rev diltand' og Svarte-Liten reiv gygri i fillor.

So leita dei i gygregarden, og guten fann syster si. Men ho vart glad!

Der var so mykje gull og sylv i garden at Alv leste baade Byksand og Flyksand og Diltand og Svarte-Liten og sjølve-seg, alt dei orka bera, og so fór den gilde ferdi heim att.

Men eg var kje med lenger, eg.

Kongssonen og fylgjesveinen hans.

Det var ein gong ein kongsson som var ute og reiste. Ein dag kom han fram-um ein vinkjellar, og der var han nede og kaupte seg ein pæl vin. Med han var der og drakk, saag han dei hadde ein dauding som dei hengde upp paa ein stolpe og byttest til aa banka.

„Men i Guds namn! kvi fer de slikt aat?“ sa kongssonen; „kva vondt hev han gjort?“. „Aa han hev vore ein fæl drikkar,“ sa dei; „han hev drukke upp for mange, mange pengar, men aldri hev han gjeve noko for det han drakk.“ „Er det ikkje raad til aa løysa han daa?“ spurde kongssonen. Jau, var det nokon som vilde leggja ut for han, so, sa dei. Det vilde han gjera, sa kongssonen, kor mykje det so var, fyrr dei skulde skamfara ein daud mann.

Det var ei stor gjeld aa greida; han laut selja baade vogni og eine hesten sin og gjeva alle dei pengar han hadde, so nær som aatte skilling. „Men so vil eg sjaa paa han kjem i jordi,“ sa han. Daa dei skulde grava mannen ned, kom det ei kjering som han var skuldig aatte skilling. „No han er komen so langt, fær du gjeva han etter dei skillingarne,“ sa kongssonen. „Nei, anten skal han greida dei, ell' so skal han paa stolpen att,“ sa ho. „Ja eg vil daa fyrr gjeva dei au,“ sa kongssonen, „so han kann koma i gravi og faa fred.“ Daa hadde

han ikkje att anna hell hesten sin, og so maatte han gjeva seg paa heimvegen.

Som han hadde ride eit langt stykke, møtte han ein kar som hadde baade hestar og vogn. Karen bad han setja seg uppi og spurde um han ikkje trong ein tenar; han skulde fylgja han kvar han vilde, sa han. Kongssonen takka for bodet; „det var kje misbjodande det," sa han. Dermed fylgdest dei til kongsgarden.

Hin dagen tok kongssonen ut att, han skulde av og fri. Daa han sette seg i vogni, kom stykmori hans og baud han ein dram. Han tok imot og lest drikka, men slo det ut yver hestarne, med' tenaren fekk henne til aa venda seg burt. Daa dei kom paa vegen, stupte hestarne daude, baae tvo. So laut dei gaa, kongssonen og tenaren, og gjekk langt og lenge. Sistpaa raaka dei tolv røvarar, og dei slo dei seg i lag med. Um morgonen skulde dei ut og røva alle saman. Røvarane fór paa den eine leidi, og desse tvo paa ei onnor. Med dei gjekk so og rakla, kom dei til der vogni stod; der laag det fire skjorer som hadde ete seg i hel paa hestarne. Desse skjorerne tok kongssonen og tenaren med seg, og so sa dei til røvarane at dei hadde kje fenge anna i dag; ein annan dag skulde det gaa betre. Der var ei kjering hjaa røvarane som dei hadde til aa koka og stella for seg, og ho skulde daa laga til desse skjorerne. Med' ho det gjorde, fekk ho fingeren ned i flòtet, og dermed sleikte ho seg; daa kjende ho koss den maten var, so ho vilde ikkje smaka 'n. Ho bar fram for røvarane, og dei sette seg innaat bordet og aat. Men fyrst dei hadde ete, fall dei daude alle saman.

flòt, noko som flyt ovanpaa, feitt.

Um morgonen tok kongssonen og tenaren ut. Fyrr dei kom til kongsgarden der dei skulde fri, sa tenaren det: „D'er faarlegt aa fri her; kvar friar som kjem maa setja fram tri spursmaal for kongsdotteri, og dersom ho løyser dei, vert han brend, friaren. Men du skal berre gjera som eg segjer, du!“ sa 'n. Ja det skulde han, sa kongssonen. — Paa kongsgarden vart dei vel mottekne, og daa det leid paa lite, sette kongssonen fram spursmaali:

„Ein drap tvo,
tvo drap fire,
fire drap tolv?“

Nei, kva det var visste kongsdotteri ikkje; og di meir ho gruna, di minder visste ho det. Daa det so vart kvelden, sa tenaren at dei vilde velja seg rom sjølve til aa liggja i; h a n vilde hava det fyrste dei hadde kome inn i, sa 'n. Ut paa natti kom ei terna stillande inn; ho vilde hava han til aa segja uttydingi av spursmaali. „Klæd av deg, so skal eg segja det,“ sa tenaren. Ho so gjorde; men daa kom kongssonen. „Kva er det for hus de held heran?“ spurde han. Ho paa døri og ut, baade fort og vel. Andre kvelden kom sjølve dronningi og liskra; gjekk like eins med henne. Tridje natti skulde dei byta rom, kongssonen skulde denne gongen hava det ytste. Daa kom kongsdotteri sjølv. „Ja vil du klæda av deg, so skal eg segja deg uttydingi,“ sa kongssonen. Ho laut so gjera; dermed agta han seg ikkje, anna fortalde koss det var.

Um morgonen skulde dei møtast alle og høyra um kongsdotteri hadde løyst spursmaali. „Stykmor til kongssonen drap baae hestarne hans

med ein eiterdrykk," sa ho, „fire skjorer aat seg i hel paa hestarne, og tolv røvarar døydde av skjorerne. Det er

ein drap tvo,
tvo drap fire,
fire drap tolv."

So var det rett, og dermed skulde dei brennast, kongssonen og tenaren. Daa sa tenaren: „Eg og herren min gjekk i veideskog. Fyrste kvelden skaut eg ein hund, sjaa her er felden. Andre kvelden skaut eg òg ein hund, og sjaa her er felden! Tridje kvelden skaut herren min ein hund, og her er felden!" dermed kasta han klædi aat kongsdotteri fram for kongen. „Ja hev det gjenge til paa den maaten," sa kongen, „so skal ho brennast!" Men det vart no brudlaup og ingi brenning den gongen; for kongssonen vilde so gjerne hava henne som han vilde vera til.

Daa dei fór heim, bad tenaren um han maatte 'kje faa det fyrste barnet kongssonen fekk. Jau, det skulde han fulla, „du som eg er so mykje skuldig," sa kongssonen. Daa so barnet kom til, tok tenaren og la det paa eit tinfat og skar det i tvo luter. „Er du rædd no?" spurde han. „Ja, no er eg so rædd som eg kann verta," sa kongssonen. „Ja so rædd var eg, daa du sa uttydingi paa spursmaali," sa tenaren. Dermed gjorde han barnet like heilt att. „Er du glad no?" spurde han. „Ja, no er eg so glad, so glad," sa kongssonen. „Ja so glad var eg, daa du berga meg ut av vinkjellaren og fekk meg i jordi," sa tenaren.

Og so var ikkje eg med dei lenger.

Jomfru Solntaar.

Ein gong var det ein konge i India som heitte Rogul. Han hadde ei dotter som heitte Solntaar, og ho var so overlag ven at det ikkje fanst hennar like i heile India land. Daa ho vart vaksi,· var det eit troll som fekk hug til henne, og so kom det der ein dag ho var ute og reika i hagen aat far sin. Det reid paa ein hest som heitte Bøffelbussen, han var so stor at han steig femtan alner i kvart stig. Dermed so tok trollet henne og sette henne paa hesten og strauk i veg so snøgt at det var kje raad til aa taka dei att med nokon av kongen sine hestar. Kongen hadde ikkje fleire born hell denne dotteri; han syrgde so tungt, og dronningi, mor hennar, syrgde seg reint i hel med same.

So let kongen skriva yver heile sitt land, at den som kunde taka dotter hans att fraa trollet, skulde faa henne og helvti av hans land og rike no trast, og heile riket naar han fall ifraa. Men det var ingen som trudde seg til det.

Jau sistpaa so var det ein liten gut i kongsgarden som vilde freista. Han var der og tente og gjekk ærend for kongen, og hine tenarane berre log aat han og kalla han Oskelabben. Han gjekk til kongen og baud seg til aa finna dotter hans att, var so til han kunde faa taka kven han vilde av hestarne aat kongen. Jau det skulde han daa faa. So gjekk han aat stallen og raadførde seg med stalldrengen, kostan

hest han skulde taka. Stalldrengen sa daa det: „Her stend mange store og vene hestar, men du skal ikkje taka nokon av dei. Men attanfor døri stend det ein liten hest som me kallar Raggefolen, det er den klokaste av dei alle, og han kann best segja deg koss du skal bera deg aat.“ Ja Oskelabben gjekk daa stad og tala ved Raggefolen og spurde um han vilde vera med. Hesten svara ja, og han sa med det same kva guten skulde beda um aa faa med seg. Han skulde faa mat aat seg og hesten for tri vikor, og eit hesteplagg som var sett med lange spikrar yver det heile, soleis at oddarne snudde ut naar han la det paa hesten; og so skulde han faa eit sverd som hadde gullhefte og var herda i drakeblod.

Ja, guten fekk alt det han bad um. Den dagen han skulde fara var han tidleg aat og sâla folen og la paa han beisl og grima, og han tok endaa eit beisl til med seg; so la han paa hesten alt det han skulde hava med seg og batt paa seg sverdet og sette seg paa og tok i vegen.

So fór dei langt og lenge, og sistpaa so spurde Raggefolen: „Ser du noko berg no?“ „Ja,“ sa guten, „eg ser eit grønt berg langt burte.“ „Ja dit fær me til natti,“ sa Raggefolen. Seint um kvelden so kom dei dit og banka paa. „Kven er som bankar paa mi dør?“ sa trollet. „Aa det er ein framandkar som er send ifraa kongen og skal finna dotter hans, jomfru Solntaar. Er ho kje her aa finna?“ sa Oskelabben. „Nei,“ sa trollet, „her er ho ikkje; ho maa vera hjaa nemmaste grannen min, der finn du henne nok.“ „Aa goe, maa eg faa hus hjaa deg til morgons,“ sa guten. Ja det kunde han

faa, sa trollet. So synte det guten kvar han skulde setja inn hesten sin og gav hesten havre og fôr, og guten fekk mat og drikka og god lega.

Um morgonen var guten tidleg aat og såla hesten sin og fór derifraa og reid heile dagen. Daa det leid imot kvelden, spurde Raggefolen: „Ser du noko berg no?“ „Jau,“ sa guten, „no ser eg eit blaatt berg langt burte.“ „Ja dit fær me til natti,“ sa Raggefolen. Seint um kvelden kom dei dit og banka paa. „Kven er som bankar paa mi dør?“ sa trollet. „Aa det er ein som er send ifraa kongen og skal finna att dotter hans, jomfru Solntaar. Er ho kje her aa finna?“ sa guten. „Nei,“ sa trollet, „her er ho ikkje; ho er hjaa nemmaste grannen min.“ „Kann eg faa laana hus hjaa deg til morgons, aat meg og hesten min?“ sa guten. Aa ja, sa trollet, og so fekk han fôr aat hesten sin og mat og drikka og god lega der og.

Um morgonen tok han av stad fælande tidlegt att. Daa det leid yver høgstdag, spurde Raggefolen: „Ser du noko berg no?“ „Jau,“ sa guten, „no ser eg eit raudt berg langt burte, det lyser so av det at d'er reint urimelegt.“ „Ja dit lyt me sjaa aa koma til kvelds,“ sa Raggefolen, „der er ho visst,“ sa 'n.

Ja so skunda dei seg det beste dei var god til. Daa dei kom no fram, so banka guten paa, men ingen let upp. So banka han ein gong til, men det hjelpte ikkje. „Koss skal eg no fara aat?“ sa han ved Raggefolen. „Aa du skal taka den store hamaren som heng attmed døri og slaa han aat, slikt du er god til, so lèt dei nok upp,“ sa Raggefolen. Ja so gjorde guten det. Daa kom det ut eit gamalt berg-troll, og det var so sinna og fælt aa sjaa paa;

det hadde ein nase so lang at naar det skulde svalla med folk eller eta, so maatte det leggja nasetippen attum øyra. „Kven er det som vaagar seg til aa banka so paa mi dør?“ sa det. „Aa det er ein som er hitsend fraa kongen og skal finna att jomfru Solntaar og føra henne attende til han,“ sa guten; „er ho kje her aa finna?“ „Jau,“ sa trollet, „men du fær henne ikkje. Ho hev fenge son min til mann og skal verta erving til alt eg eig, so d'er vel snaudt um du fær tala ved henne desmeir. Og det vil ein annan kar til aa taka henne herifraa hell du,“ sa det. „Jau eg vil tala ved henne, koss det gjeng,“ sa guten, „og du skal beda henne koma ut, og det trast.“ Ja so maatte trollet inn til henne og segja det; ho kom ut, og daa var ho so tilstasa med gull og sylv at det var utav alt lag; og ho sa det ved guten at ho livde herlege og vel, so det var uraad at ho kunde fara derifraa.

Daa fortalde guten kor tungt foreldri hennar hadde syrgt paa henne, og han let um at ho skulde vera med. „Aa ja, eg fær vel det daa,“ sa ho; „men fyrst vil eg setja ei prøva paa deg. No vil eg gjøyma meg burt tri gongjer, og er du daa god til aa finna meg att alle tri vendorne, so skal eg vera med deg.“ Aa ja, sa guten, det fekk han vel freista. So gjekk han til Raggefolen og spurde koss han skulde fara aat. „Jau,“ sa hesten, „no skaper gamle-gygri henne til ei gaas og slepper henne ut i gaaseflokken sin; men du skal berre koma i hug at ho er den største, og so snart du tek fat i den, vert ho jomfru att.“ Ja so leita guten fyrst inne i alle romi, liksom han ikkje skulde vita dette; men sistpaa gjekk han aat gaasehuset og liksom

undrast paa denne gaasi som var so stor; og trast han tok i ho, so vart ho til jomfru. „Aa ja,“ sa ho, „men det skal vel ikkje gaa so lett ein annan gong.“

No skapte gygri henne til høna og slepte henne aat hønsehuset. Dette visste Raggefolen um so snart guten kom og spurde, og han sa at han berre skulde taka den minste spreklutte høna han saag. Ja, guten lest leita inne fyrst daa med; men so gjekk han aat hønsehuset, og so snart han tok den spreklutte høna, so vart ho jomfru att. „Ja enno vil eg freista deg,“ sa ho, „men finn du meg daa, so lyt eg vera med deg.“

No skapte gygri henne til eit eple og la det millom mange andre eple i eit fat og sette det inni eit skaap. Dette fortalde Raggefolen med guten, og so sa han det: „Du skal leita andre stader fyrst, men so skal du sjaa inn i det skaapet som er gylt dør paa og taka fram det fatet som epli er i; so rører du i dei med handi, og so snart du daa kjem innaat det rette eplet, so vert jomfrua uppdageleg att.“

Ja, det gjekk plent som Raggefolen hadde sagt. „Nei, enno vil eg ikkje vera med deg,“ sa ho. „No skal du gjøyma deg tri gongjer, og er eg daa god til aa finna deg att alle tri vendorne, so er eg ikkje med deg; men finn eg deg ikkje, so skal eg vera med.“ Ja dei vart samde um det. So gjekk guten til Raggefolen og spurde kvar han skulde gjera av seg. „Aa eg skal skapa deg til eit havrekorn og leggja deg under tunga mi; der er du viss paa at ho ikkje leitar,“ sa Raggefolen, og so gjorde han det. — Ja, so leita ho inne og ute, men inkje fann. Ho

maatte daa ropa at han skulde koma att lel, og so kom han.

Andre gongen han skulde gjøyma seg, gjekk han til Raggefolen att og spurde kvar han skulde gjera av seg no. „Aa eg skal skapa deg til ein spikar og setja deg i hesteplagget mitt, millom hine spikrarne, der finn ho deg ikkje,“ sa hesten. Ja so gjorde han det. Ho leita, men inkje fann, og sistpaa maatte ho ropa at han skulde koma att.

Tridje gongen spurde han seg òg fyre hjaa Raggefolen, og den sa det: „No skal eg skapa deg til ein hestskosaum og trø deg inn i hoven min, der finn ho deg ikkje.“ Ja so gjorde han det. Ho leita aldri so lenge, og so spurde ho gamle-gygri um ikkje ho visste kvar han var. „Nei, eg veit det ikkje,“ sa gygri; „men du skal gjera ein annan freistnad med han. No skal hesten hans bitast og slaast med hesten vaar, og taper daa vaar hest, so skal du segja du vil vera med; men taper hans hest, so skal du ikkje vera med han.“

Ja so ropa ho daa paa guten at han skulde koma att lel; ho var ikkje god til aa finna han, sa ho, og so kom han. „Ja no skal du vera med meg plent trast,“ sa han. „Nei enno ikkje,“ sa ho. „No skal hestarne vaare slaast, og taper daa vaar hest, so skal eg vera med deg; men taper din hest, so er eg ikkje med,“ sa ho.

No vart guten reint hugfallen, for han tvila fyre at Raggefolen skulde tapa, av di han var so liten. Men daa guten kom til han og fortalde dette, sa hesten: „Eg er ikkje rædd den store Bøffelbussen. Du skal taka hesteplagget som er sett med spikrar og leggja det paa meg, soleis at alle oddarne snur ut, og so skal du

leggja paa meg grima, men ikkje beisl; og naar du daa leider meg ut, skal du taka med deg det beislet som ikkje høyrer meg til. Naar Bøffelbussen daa kjem, so er han so fæl at han vil renna ned baade deg og meg; men daa skal du taka beislet og kasta imot han, so beislar han seg sjølv. Daa er han ikkje god til aa bita meir, og sidan so skal me dragast um taket,“ sa Raggefolen.

Ja so slepte dei ut den store hesten. Han kneggja so sterkt at heile berget skalv, og var so stor at det var med naudi han kom ut or fjellet. So rende han imot Raggefolen og guten som han vilde renna dei reint ned; men guten kasta beislet imot han, og dermed so beisla han seg sjølv. Og so bar det til aa slaast. Raggefolen kasta seg under Bøffelbussen og reiv ut vombi i han med dei lange spikrarne i hesteplagget sitt, og sidan beit han og slo, til han fekk slege han i hel.

Daa dette var gjort, sa guten det ved jomfrua: „No skal du vera med meg so snøgt du kann,“ sa han. „Nei,“ sa ho, „no skal du og mannen min slaast; vinn du, so skal eg vera med deg trast, og dette skal vera siste vilkaaret.“ Guten vart reint hugfallen att og kom til Raggefolen og spurde koss han no skulde gjera. „Jau,“ sa hesten, „du skal taka sverdet ditt som er herda i drakeblod. Men det sverdet som jutulen kjem med er av stein. Dermed so skal du hogga til sverdet hans med ein gong; so ryk det sund, so han ikkje hev noko aa hjelpa seg med; og so skal du hogga, til du fær hovudet av han.“

Ja so tok dei til aa slaast. Det unge trollet var mest likso stort som det gamle, men hadde

ikkje fullt so lang nos, og det var so sinna for di guten vilde taka jomfru Solntaar, at det berre slo inni berget, so det skalv. „Det skal kosta deg livet no paa flekken,“ sa det og lyfte sverdet sitt i veret og vilde hogga guten i hel. Men guten berre hogg imot, so steinsverdet dreiv i mange stykke. Sidan gav han paa og hogg paa trollet til det rulla, og so hogg han hovudet av det.

Gamletrollet hadde sétt alt dette og vart reint forskræmt. Men so vilde det sjaa til og faa drepa baade guten og jomfrua med svik, og so sa det ved guten. „Det lid so langt paa dag no, du kann ikkje fara so seint.“ Jau dei vilde i vegen trast no, sa guten. „Nei,“ sa trollet, „her skal du faa eit fint rom aa liggja i, og mat og drikka skal du faa, slikt du er god til faa i deg; og hesten din kann du setja paa stallen og gjeva han fôr og havre, so mykje han vil hava.“ Alt dette fortalde guten ved Raggefolen og spurde han til raads. „Jau,“ sa hesten, „du skal samtykkja i alt som trollet segjer. Det hev nok tenkt det vil drepa baade deg og meg og jomfru Solntaar i natt; men det skal faa anna vita. Eg skal faa det til aa sova so tungt at det ikkje vaknar fyrr langt paa dag i morgon. So skal du i natt taka utav alt det gull og sylv som finst i berget og bera det utanfor og leggja det der; for eg skal nok bera det, og i morgon lyt me vera tidleg aat, so me kjem herifraa fyrr trollet vaknar; og du skal segja til jomfru Solntaar at ho gjer seg ferdig i tide, ho og.“

Ja guten gjorde alt so som Raggefolen hadde sagt. Han bar ut alt han saag av gull og sylv og mange andre kostarsame ting som ingen

hadde sétt maken til fyrr, og jomfrua hjelpte òg til; for ho var glad ho skulde faa koma derifraa no. Ho visste um alle gjøymslorne, kvar det gildaste var aa finna, og ho fann fram eit skrin som var sett med glimsteinar yver heile laaket og hadde gull-lykel i laaset; det var fullt med gullpengar.

Daa dei no var ferdige, la guten alt saman paa Raggefolen og sette jomfru Solntaar ovanpaa. So sa Raggefolen det: „No skal du segja: kvitt fyre og kvitt bak, so ser det ingen kvar me fer av.“ Ja so gjorde guten det, og so tok dei i vegen og fór langt og lenge.

Daa det leid til høgstdag, vakna gamletrollet og vart var at guten og hesten og jomfru Solntaar var burte; og det som endaa verre var, dei hadde teke med seg alle dei rikdomarne det aatte og hadde. Og gamlegygri var so vond at ho var ferdig til aa riva augo utor det for di det hadde late det gaa so til. „Tak hit stigbroki mi,“ sa trollet, „den som du veit eg stig ein fjordung i kvart stig med, so skal eg nok snart naa dei att,“ sa det. Ja ho kom med stigbroki; men daa trollet skulde taka ut, visste det ikkje kostan veg dei hadde teke; for med di same dei fór hadde guten sagt: „Kvitt fyre og kvitt bak, so ser det ingen kvar me fer av.“ Men trollet sette daa av stad paa voni, lel. Det sprang langt og lenge og heldt paa i ei heil vika, og sistpaa so naadde det dei att ein dags ferd ifraa kongsgarden. Daa fekk guten sjaa det; nosi til trollet hekk daa berre og dangla, og tunga hekk vel ei aln utor kjeften paa det, og det grein utav sine, so tennerne stod som svinetenner. Og dermed so skreik det: „No skal du faa like, din tjuv du er!“ Daa spurde guten

Raggefolen koss han no skulde fara aat. „Du skal segja det," sa hesten, „at no er du nettupp komen til maata tid. Og dermed skal du hogga til sverdet aat trollet; for det er av stein, og ryk sund i fyrste hogget for ditt sverd." Ja, so gjekk det som Raggefolen hadde sagt, og trast det var gjort, so drap guten trollet med sverdet sitt. Der var ei tjørn attmed, der kasta dei trollet uti, og der sit korparne og hakkar paa det den dag i dag er.

So kom Oskelabben til kongsgarden med jomfru Solntaar og med all den rikdomen han hadde fenge med seg. Kongen vart daa so glad og fegen og fagna dotter si so vel, og so baud han at dei skulde gjeva Oskelabben dei finaste riddarklæde som fanst i kongsgarden; for no skulde han faa dotter hans. Daa guten hadde fenge paa seg dei fine klædi, daa var han so staut ein kar som du skulde sjaa, og jomfrua vart so glad i han at ho slett ikkje vilde hava nokon annan. So gav kongen Oskelabben helvti av sitt land og rike, som han hadde lova, og gav han eit nyt namn; han skulde no heita Herman Skjold. Han bygde upp ein ny kongsgard aat desse tvo og kalla 'n Skjønborg, og denne borgi var prydd med alt det gull og sylv som dei hadde havt med seg or berget. Raggefolen fekk dei òg og mange andre hestar, og guten fekk det gode sverdet som han hadde havt med seg.

So heldt kongen brudlaup aat dei i fire fjortandagar, og sidan livde dei baade lenge og vel og fekk mange born. Han som fortel dette segjer det, han, at det liver utav ætti deira enno, og daa maa det vera skilleg sant alt saman.

Svein prettemakar.

Ein gong for lenge sidan var det ein gut som dei kalla Svein prettemakar. Dei hadde gjeve han dette tilnamnet for han var so grov til aa narra folk; han var mest raadlaus aa berga seg fyre.

Svein var ofte ute og ferdast, og so var det ein gong ein sundag han kom til ein husmann som budde nær attmed ei kyrkja. Han agta seg nok til aa lyda paa presten den gongen: men det vart uti noko anna. Den husmannen han hadde kome til laut sjaa etter hesten til husbonden sin kvar sundag, med' han sjølv var i kyrkja, og etter messa laut han stella for husbonden sjølv. Dette var han leid av, som ikkje underlegt var, og med' Svein sat der inne hjaa han um morgonen, kom han til aa røda um det og kjæra seg for det.

„Maa eg faa hesten, so skal du sleppa alt saman dette plaasset,“ sa Svein.

„Jau menn du skal faa han; eg er berre glad eg slepp han,“ sa husmannen.

So tok Svein ut med hesten av til byen, snøggast han kunde, og selde han og kaupte att mat og sterk drykk og kom so tilbakars til husmannsplassen. Han fekk kjeringi til aa skipa maten paa bordet, og daa messa var ute, baud han inn gardmannen og dugeleg mange av dei andre kyrkjefolki, so det vart ei heil bordsetning. Dei livde daa baade godt og vel; der

plaass. møda. stræv. plunder.

var kje skort anten paa det eine ell' det andre der, og dei vart verande der til langt paa kvelden.

„Kanskje det var so vel du vilde sela paa hesten min no," sa gardmannen til husmannen, daa folket fór til aa rusla; „eg lyt nok til aa koma paa heimvegen," sa han.

„Hesten din er ikkje her," sa husmannen; „han som stend der drog av med han i dag tidlege."

„Tarv du spyrja etter hesten din no daa?" sa Svein. „No hev du sete og ete og drukke han upp; det er den me hev livt av i heile kveld. Du fær nok vera so god gaa heim att no," sa han.

Mannen vart vond og sinna som ein turk og truga Svein paa klaare livet baade med stav og med stein. „Men det er kje vandare i daa," sa han sistpaa, daa han saag det ikkje var nokor raad med 'n, „kann du stela dei tri hestarne eg hev standande att heime, so skal du sleppa," sa han. „Men gjer du ikkje det, so gjeng det deg ille."

„Nei, koss kann eg det?" sa Svein; „for naar du kjem heim att, so steller du upp tri av tenestgutarne dine innmed stalldøri med byrsor og øksar og staurar, og koss kann eg daa koma inn i stallen og faa fat i hestarne?" sa han.

„Det skal eg gjera," tenkte mannen, han hadde kje kome til aa tenkja paa det av seg sjølv.

„Men eg kann no alltid freista, dersom eg slepp med dette," sa Svein.

So fór mannen heim og stellte upp

tri av gutarne sine innmed stalldøri med verjor og vaapen. Men Svein tok ein stor brennevinsdunk, ein som dei ikkje hadde drukke upp um kvelden, og la 'n paa ein kjelke og tok ut etter mannen. Vegen laag beint gjenom tunet, og daa no Svein kom so langt at han saag stallen og vakti, so laga han seg so full at det var fælt; han gjekk berre og rulla og reis upp atter og vraga og sjaga og tyktest ikkje koma av flekken. Dette gaadde gutarne som stod attmed stallen. Dei kunde ikkje skyna kva dette var for ein selle, og so gjekk den eine burt paa vegen til han. Svein tok godt imot guten; han var ein god skjenkjar, um han var aldri so full. Dei tvo andre gutarne stod der med stallen og venta paa at han skulde koma att; men han kom ikkje, han tykte nok han hadde det betre der han var, han.

So gjekk den andre guten burt og vilde sjaa koss dette kunde hava seg; men det gjekk like eins med honom, han kom ikkje att. Daa det leid av ei beita, gjekk den tridje guten òg burt og vilde faa greida paa dette, og han vart verande der, han med. Og lenge var det ikkje fyrr dei alle tri laag der fulle og øre kring dunken. Daa gjætte Svein paa: inn i stallen la han og løyste hestarne og tok ut med dei.

Daa gutarne no hadde lege lenge og vel burtmed dunken og lura og dura, raaddest dei sistpaa med att og kom i hug embættet sitt, og so sjangla dei burt til stalldøri og stellte seg upp liksom um kvelden. Tidleg um morgonen kom husbonden ut til dei og var so viss og trygg paa at hestarne stod i stallen

som fyrr; men daa han lét upp døri var dei burte. Gutarne laut daa staa til korleis det hadde gjenge um natti; for han gaadde at dei ikkje var rett i skilom, og vondord fekk dei i drjuge drag. So daa det leid paa litegrand, kom Svein ridande i fljugande traav med hestarne; han sat paa den eine og leidde dei tvo etter seg.

„Maa eg kje sleppa no daa?“ sa han; „sjaa her er hestarne dine.“

„Nei,“ svara mannen, han var baade tregefull og arg; „men kann du no stela den store sylvkanna som heng innpaa stoveveggen, so skal du sleppa,“ sa han.

„Nei, koss kann eg det?“ sa Svein. „No veit eg so vel koss du fer: du bed til deg folket i grendi og gjer eit lag, og so set du sylvkanna midt paa bordet; koss kann eg faa tak i ho daa?“ sa han.

„Det skal eg gjera!“ tenkte mannen, han hadde kje kome i hug det, han.

„Men slepp eg med dette, so kann eg alltid freista,“ sa Svein og gjekk sin veg.

So bad mannen til seg grannarne sine og gjorde gjestebod paa dei det beste han kunde, og sylvkanna sette han midt paa bordet. Daa det no leid paa kvelden, kom det ein fatigmann til gards, og Svein han gjekk der og skygnde kring husi. Saa tok han fatigmannen og kasta han upp i ei tjøretunna der stod, og etterpaa tok han og reiv sund ei dyna som hekk paa gjerdet og velte mannen i dunen. Fatigmannen skreik nok han, stakar, men dei som sat inni stova, ansa kje paa det. Daa Svein hadde no

v e r a i s k i l o m, vera med full sans, vera klaar i hovudet.

tjøra han upp soleis, so let han upp døri og skauv han inn paa golvet.

„Aa der er Svein!“ skreik husbonden, daa han saag denne skræmsla nedmed døri. „Tak han, tak han!“ sa han. Fatigmannen vart reint forskræmd, han, og smette seg ut att, og av garde bar det med han. Husbonden etter, og alle gjesterne hans etter dei tvo att. Men daa var Svein svint; han smatt inn i stova og fekk fat i kanna og tok ut.

Nedi gjordet fekk dei endeleg taka tjøremannen. Dei draska han inn i stova att, men daa saag dei at det ikkje var han Svein.

„Aa nei, men kvar er kanna?“ sa mannen, han saag burt paa bordet. „Trur eg kje Svein hev vore her! Ja han er raadlaus,“ sa han.

Um morgonen kom Svein ruggandes med kanna, baade kjøn og kjeik. „Maa eg kje sleppa no daa?“ sa han; „sjaa her er kanna di.“

„Nei,“ sa mannen, han var sinna, og han var skamfull; „men kann du no stela silkeserken til kjeringi mi, so fær du fyrr sleppa,“ sa han.

„Nei, koss kann eg det,“ sa Svein. „No veit eg so vel koss du kjem til aa fara: du lèt kjeringi di hava serken paa seg, og so legg du deg med henne; koss kann eg daa faa fat i'n?“ sa han.

„Det skal eg gjera,“ tenkte mannen, han hadde kje kome i hug det, han.

„Men eg kann no alltid freista denne venda au, dersom eg maa sleppa daa,“ sa Svein.

Um kvelden daa dei skulde leggja seg, sa mannen det med kjeringi at ho skulde liggja

„han er raadlaus,“ han er det ingi raad med. kjøn, byrg, modig.

i silke-serken sin med natti, „elles kann Svein stela 'n," sa han. Ja ho so gjorde; og so la han seg sjølv framanfor henne i sengi med øksar og staurar attmed seg. Dei laag i koven. No høvde det so til at ein tenestgut paa garden hadde døytt um dagen og laag paa likstraa. So tok Svein denne daudingen og bar han upp aat koveglaset og sette paa han hetta si, og tok so til aa lyfta han upp og ned der utanfor.

„Aa, sjaa der er Svein!" sa mannen, han saag dette hovudet som stod og kaga; „men eg skal snart gjeva han, eg," sa han og reis upp og tok den store bila si, og so stillte han seg burt aat vindauga og hogg øksi beint i han.

„No tenkjer eg han fekk det," sa han og gjekk ut og vilde sjaa, og der laag Svein so daud som ei sild. Han tok daa og draska han ned gjenom gjordet og av burti ein avdal og grov han ned. Men den rette Sveinen livde nok enno han, og daa han saag mannen draska av med guten, smette han seg inn i koven so snøgt han kunde.

„No er eg daa kvitt denne styggingen," sa han med kjeringi. „Hogget høvde godt so det dugde; det spente ikkje ein gong i han daa eg kom ut, og no grov eg han so vel ned at eg tenkjer han kjem ikkje att. No kann du hava av deg serken, me tarv kje fæla no," sa han. Ja, ho so gjorde.

„Men huttetu her er so kaldt! Eg maa nok upp att og setja dott i glaset, ell' so kjem me til aa skade-frjosa," sa han. So tok han serken, so kjeringi ikkje gaadde det, og la paa døri med 'n, — „eg lyt setja dotten

i utantil," sa han. Daa han kom ut, stappa han ei filla inn i holet i glaset og la av stad med serken.

Eit heilt bil etter kom mannen inn, baade sveitt og skjelvande.

„Kvar hev du vore av so lenge no?" sa kjeringi.

„Hev eg ikkje draska av med den stygge Sveinen daa?" sa mannen.

„Svein? ansa du honom no att?" sa kjeringi. „Eg tykte du sa det, daa du var inne her i stad, at du hadde grave han ned daa," sa ho.

„Eg hev ikkje vore inne her eg, sidan eg gjekk," sa mannen.

„Aa jau visst var du her," sa ho; „du vilde berre ut so snøgt og setja ein dott i glaset."

„Nei langt ifraa," lét mannen, „eg hev ikkje sett min fot her."

„Koss kann du staa der og drøsa!" sa ho. „Sa du kje jamvel at eg skulde hava av meg serken, og tok ikkje du imot han og la han der paa bordet? Og so la du deg upp i sengi ei beita au, du minnest nok? Men kom no og legg deg att," sa ho.

Mannen trivla burt paa bordet, men der laag ingen serk. „Aa trøyste oss no daa! der hev Svein vore att," sa han.

Um morgonen kom Svein sulandes att med serken breidd yver akslerne. „Maa eg kje sleppa no heller?" sa han; „sjaa her hev du serken."

„Jau, no kann du sleppa," sa mannen, han var glad han vart kvitt han. Og etter den tidi

kom ikkje husbonden oftare til husmannen og bad han sjaa til hesten.

Desse prettorne hans Svein spurdest baade vidt og breidt i bygderne, og naar folk sidan høyrde gjete at einkvar havde gjort eit spikk som var noko framifraa, so sa dei jamt: det kunde kje vore betre gjort av han Svein prettemakar.

Hornjomfrua i Trættedalen.

Det var ein gong tvo soldaterar og ein kapral som hadde vore av og tent kongen. So vilde dei ut og vandra og sjaa seg ikring i verdi. Dei gjekk daa langt og lenge. Sistpaa kom dei til ein stor skog, og der vart dei vinglandes heile dagen til det leid til kvelds. Daa kom dei paa ei stor slett, og midt paa den sletti var det ein stor stein. So sa dei det ved einannan at dei fekk leggja seg der, for dei saag ikkje aa gaa lenger i kveld. Der var tri skortor i steinen, og kvar av dei var maata stor aat ein vaksen kar til aa liggja i. Ja so la dei seg daa. Dei tvo sovna trast, men kapralen fekk ikkje sova. Rett som han laag, so skapte steinen seg til eit fint rom, og daa laag dei i kvar si fin seng; men dei tvo sov enno og visste kje um nokon ting. Dermed kom det inn ei dòs og vart standande midt paa golvet, og so kom det tri ormar ut under ho. Ein av dei krak

kapral, korporal. **dòs**, stakk.

upp i sengi til kapralen, og hine tvo krak upp til dei tvo andre og la seg ein hjaa kor av dei; og trast vart det ei fin jomfru av kvar orm. Daa tala kapralen til henne som laag hjaa honom og spurde koss alt dette hadde seg. „Jau,“ sa ho, „me er tri syster og døtter aat ein konge, og kongsgarden vaar stod paa denne sletti. Me hadde ingen bror, og eg er den eldste og skulde havt riket etter far min. So budde det eit troll her nemme ved, og det hadde ein son som fridde til meg. Men eg vilde kje hava han og svara nei. Daa vart gygri, mor hans, so sinna at ho kasta ormeham paa oss alle tri og skapte heile kongsgarden i ein stein. Men vil du no gjera som eg segjer, so kann du berga oss, og daa skal du faa meg og verta konge yver heile riket. Du og dei tvo du hev med deg skal gaa i sju aar fram, men aldri tilbakars, og naar dei sju aari er ute, kjem de att her paa denne sletti. Her skal du faa tri byggkorn av meg, og dei hev den gjerdi at naar du legg dei i vatn, daa fær du so mykje og so godt drikka som du vil hava. Her skal du faa ein duk, og den hev den gjerdi i seg at du fær so mykje mat som du vil hava, naar du breider han ut. Og her hev du ein pung som rade er full med pengar og vert aldri tom, kor mykje du tek or han. No skal du fortelja fylgjesmennerne dine alt det som eg hev sagt deg, og so skal du gjeva dei dugeleg med pengar og segja at dei skal gaa fram i sju aar, men aldri tilbakars. Dei skal fylgjast, men du skal gaa aaleine; so lagar det seg nok so at de møtest att her paa denne sletti. Daa skal dei faa kvar si av systerne mine og faa kvar sitt greivskap

rade (**ra'e**) stødt, jamt.

aa styra. Men m e skal hava riket, berre du no er tru og gjer som eg hev sagt."

Ja, han lova han skulde gjera alt dette. Med det same var kongsdøtterne burte, og dei tri kararne laag i kvar si skorta i steinen som daa dei la seg. Daa no dei tvo vakna, fortalde kapralen alt det han hadde sétt og høyrt. So sa han dei fyre kva dei skulde gjera og gav dei mange pengar. Dei skyna daa at han sa sant og at det hadde seg rett dette, og dei lova at dei skulde gjera som han hadde sagt. Dermed skildest dei aat og tok kvar paa si leid.

Daa kapralen hadde gjenge eit langt stykke, fekk han høyra at der var ei kongsdotter paa ein kongsgard som heitte Skjønhaug, og det var so mange storkarar som hadde fritt til henne; men sume av dei hadde ho drepe, og sume hadde ho skamfare. No gløymde han henne han hadde raaka paa sletti, og gav seg ut for ein kongsson og fridde til denne kongsdotteri. Ho svara at han skulde faa henne, dersom han var god til aa gjeva fire hundrad mann drikka so dei fekk utyrsta seg. „Ja," sa han, „so mange som du kann gjeva drikka i dag, skal eg gjeva drikka i morgon, og endaa ein gong til so mange." Ja so gav ho fire hundrad mann drikka, og dagen etter let han aatte hundrad mann faa utyrsta seg. Nei, enno fekk han henne ikkje, sa ho; „men kann du gjeva mat til likso mange mann paa ein dag som eg kann, so skal du faa meg," sa ho. Ja, det lova han og. So let ho ei stor mengd med folk faa mat ein dag; men dagen etter gjorde han gjestebod paa ein gong til so mange. „Ja eg vil enno prøva deg," sa ho; „kann du no koma med so mange pengar i ein gong du som eg, so skal du faa meg

for visst," sa ho. Ja det trudde han seg til. Ho kom daa fram med fælt mange pengar som ho rekna upp; men han sa berre det: „Eg plar aldri so nøgje rekna mine pengar, eg; men eg skal fylla heile laaven aat far din, og daa maa det vel verta meir."

Daa lest ho som ho vilde hava han og fekk so lokka av han fyrst byggkorni, so duken og sidan pungen. Og ein gong med han sov, skamstakk ho han i augo; men det var ikkje verre hell han saag noko lite, og so stellte ho ein mann til aa leida han ut or kongsgarden og jaga han av.

So leita han seg fram og kom aat ei myr; der tok han vatn og vaska seg i augo, og trast saag han noko likare.

So gjekk han lenger og kom aat eit tre som var so mykje fine eple paa. Han var svolten og aat av epli, og trast voks det tvo store horn paa han; men likevel so tok han nokre av epli med seg. Eit stykke derifraa kom han aat eit anna epletre som det var nokre skurvutte eple paa; so aat han noko av dei, og trast vart han kvitt horni att. Daa tok han med seg nokre av dei epli og.

So var det ein sundag folk vilde til kyrkje, daa gav han seg til aa gaa attmed vegen millom kongsgarden og kyrkja. Rett som han gjekk fekk han sjaa at kongsdotteri kom akandes med seks hestar for vogni. Daa sette han seg ned attmed vegen og la dei fine epli paa eit plagg. Daa ho kom no og fekk sjaa epli, spurde ho um han vilde selja dei. Ja han vilde daa det. Ho kaupte nokre, og so fór ho sin veg.

Daa ho hadde vore i kyrkja eit bil, og presten var komen paa preikestolen, vart ho so

tyrst. So tenkte ho at ho skulde smaka paa epli ho hadde kaupt. Ja ho aat ein grand, og trast voks det paa henne tvo store horn, so alle vart forskræmde som saag det. Presten tenkte den stygge sjølv var komen inn i kyrkja; han sprang ned av preikestolen og sette paa døri, og heile aalmugen etter. Kjøyrekaren hennar laut daa vaaga seg inn etter henne; men det var so nær at han ikkje hadde fenge henne ut gjenom døri for horni. So kjøyrde han henne heim att; men ho gjekk ikkje inn annan stad hell dei maatte hava henne inn paa laaven.

No skreiv dei yver alle land etter ein dokter som kunde taka av henne horni; men ingen var god til. Daa gav kapralen seg ut for dokter og kom til kongsgarden. Han hadde med seg nokre av dei skurvutte epli og eit gildt ris. So spurde kongsdotteri um han kunde taka av henne horni. „Jau," sa han, „men eg lyt vera aaleine med deg." Og so sa han det ved dei andre: „Det vert nok ilt som ho skrik; men kor hardt ho gaular, so maa ingen koma til oss, ellaa fær eg ikkje horni av henne." Ja, so gav han henne eit par av dei skurvutte epli, og trast minka horni noko. Dermed stirde han i ei bok og sa: „Du hev visst fare med svik imot ein kar du," sa 'n. Men det vilde ho ikkje so rett staa ved. „Fekk du ikkje utav han tri byggkorn?" sa han. Jau ho gjorde nok det, sa ho. „Ja dei lyt eg faa, so skal eg freista det eg kann," sa han. Rett som han fekk dei, so gav han henne tvo eple att, og so minka horni noko meir. „Fekk du ikkje utav han ein duk og?" sa han daa. „Jau," sa ho. „Ja den maa du òg lata meg faa," sa han. So fekk han duken og gav

henne eit par eple til, og horni vert endaa noko stuttare. „Ja men du fekk visst ein pung av den same karen,“ sa han. „Ja,“ sa ho, „det gjorde eg, og den vilde eg nok ikkje missa: men pengar skal du faa slikt du vil, berre du kann taka av meg det som er att av horni.“ „Nei,“ sa han, „eg ser det i boki mi, at er so du ikkje gjer deg rein for svikferdi di, so vert ikkje horni mindre.“ Jau so laut ho ut med pungen òg daa. So gav han henne eit eple, og daa minka horni, so dei var kje større hell som nokre gilde bukkehorn. Og dermed so sa han: „Det var meg du narra, du; men no skal du faa like for det.“ So tok han riset og dengde henne slikt som han var god til. Ho skreik og ropa, men ingen torde koma til dei. Daa han no hadde dengt henne slikt som han trudde ho kunde tola, so strauk han sin veg og let henne hava dei horni ho no hadde att. Og fraa den tidi kalla dei henne Hornjomfrua. Far hennar og ein annan konge hadde ein gong fyrr vore i trætta um den kongsgarden ho budde paa. Garden laag i ein dal, og fraa den tidi vart den dalen kalla Trættedalen. So var det Hornjomfrua i Trættedalen daa.

No hugsa kapralen den fyrste kongsdotteri og tok til aa ferdast paa nytt lag. Kvar han kom so var han aldri i naud korkje for mat ell' drikka eller for pengar. Daa sju aar var lidne, var han komen aat ein stor skog att. Seint ein kveld kom han paa ei stor slett, og midt paa sletti var der ein stor stein; og daa han kom burt aat den, fann han hine tvo felagarne sine der.

Daa han tala ved den eldste kongsdotteri her for sju aar sidan, hadde ho sagt koss det skulde gaa naar dei kom hit til steinen att, og

koss dei daa skulde fara aat. „Det kjem fyrst ein stor bjørn og set paa deg,“ sa ho, „og den maa du faa skote. So kjem det ein graabein og set paa ein av dei tvo andre, og den maa han skjota. Og so kjem det ein rev og set paa hin, og den skal h a n skjota. Med same han daa hev skote reven, so kjem det ei skjor or hovudet paa 'n, og den maa du sjaa aa faa drepe; for det er trollet som hev sendt dei alle i hop. Men naar dei er drepne, vert kongsgarden vaar uppdageleg att, og me vert kvitt ormehamarne.“

Det vart alt saman soleis som ho hadde sagt. Trast dei var komne aat steinen og hadde fortalt einannan koss det hadde gjenge dei i dei sju aari, dermed so kom det ein bjørn og rende imot kapralen og vilde taka han; men han lyfte upp byrsa si og skaut han i hel. So kom graabeinen og sette imot ein av dei andre; men han skaut 'n i hel. Og like eins gjekk det med reven, daa han sette paa hin. Men med same han skaut reven, flaug det ei skjor or hovudet paa 'n. Daa var kapralen snar og skaut ho, so ho datt ende ned. Dette heldt dei paa med heile natti; men daa soli kom um morgonen og skjein paa den store steinen, vart han til ein fin kongsgard, og heile sletti til ein hage. Daa kom dei tri kongsdøtterne ut og tok imot festarmennerne sine, og alt var herlegt og vel. So laga dei til brudlaup so gildt som dei kunde. Kapralen fekk den eldste og vart konge, og dei tvo andre fekk kvar si av hine kongsdøtterne og fekk kvar sitt greivskap aa styra. Alle tri pari vart vigde paa ein dag, og brudlaup heldt dei i fire fjortandagar.

v e r t a u p p d a g e l e g, koma fram, verta synleg.

Gjeiti
som ikkje vilde heim gaa.

Det var ein gong ei gjeit som heitte Sporv, ho hadde sprunge langt paa skogen, og daa gjætsleguten kom og skulde faa ho heim, vilde ho slett ikkje fylgja med. Alt det han lokka og lirka og alt det han jaga og sleit og drog i ho, so hjelpte det ikkje. So gjekk han og klaga ved mor si. „Ho Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag,“ sa han. „Gakk til kjeppen og bed han slaa ho Sporv,“ sa mori.

Guten til kjeppen. „Kjære min kjepp, kjepp! vil du kje slaa ho Sporv? ho vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag.“ „Nei,“ sa kjeppen, „ei skarve gjeit bryr ikkje eg meg um aa slaa.“ „Ja so gakk til varmen og bed han brenna upp kjeppen“ sa mori.

Guten til varmen. „Kjære min varme, varme! vil du kje brenna kjepp? kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag.“ „Nei,“ sa varmen og var vond, so det sprutte gneistar av han, „eg hev anna aa gjera enn aa brenna upp ein skarve kjepp.“ „Ja so gakk til vatnet og bed det sløkkja varmen,“ sa mori.

Guten til vatnet. „Kjære mitt vatn, vatn! vil du kje sløkkja varme? varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag.“ „Nei,“ sa vatnet, „eg øyder meg ikkje upp til

inkjes.“ „Ja so gakk til uksen og bed han drikka vatnet,“ sa mori.

Guten til uksen. „Kjære min ukse, ukse! vil du kje drikka vatn? vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag.“ „Nei,“ sa uksen, „eg vil ikkje sprengja magen min med vatn.“ „Ja so gakk til klaven og bad han strøypa uksen,“ sa mori.

Guten til klaven. „Kjære min klave, klave! vil du kje strøypa ukse? ukse vil ikkje drikka vatn, vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag.“ „Nei,“ sa klaven, „eg vil ikkje klemma meg sund paa ein uksehals.“ „Ja so gakk til øksi og bed ho hogga klaven,“ sa mori.

Guten til øksi. „Kjære mi øks, øks! vil du kje hogga klave? klave vil ikkje strøypa ukse, ukse vil ikkje drikka vatn, vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag.“ „Nei,“ sa øksi, „eg vil ikkje skjemma mi gode egg paa ein skarve klave.“ „Ja so gakk til smeden og bed han banka øksi sund,“ sa mori.

Guten til smeden. „Kjære min smed, smed! vil du kje banka øks? øks vil ikkje hogga klave, klave vil ikkje strøypa ukse, ukse vil ikkje drikka vatn, vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag.“ „Nei,“ sa smeden, „eg slær ikkje upp mi gode sleggja til unyttes.“ „Ja

so gakk til reipet og bed det hengja smeden," sa mori.

Guten til reipet. „Kjære mitt reip reip! vil du kje hengja smed? smed vil ikkje slaa øks, øks vil ikkje hogga klave, klave vil ikkje strøypa ukse, ukse vil ikkje drikka vatn, vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag." „Nei," sa reipet, „eg slit meg ikkje ut paa ein skarve smed." „Ja so gakk til musi og bed ho skjera reipet," sa mori.

Guten til musi. „Kjære mi mus, mus! vil du kje skjera reip? reip vil ikkje hengja smed, smed vil ikkje slaa øks, øks vil ikkje hogga klave, klave vil ikkje strøypa ukse, ukse vil ikkje drikka vatn, vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag." „Nei," sa musi, „eg hev nøgdi av det som betre er, eg, til aa gnaga paa." „Ja so gakk til katten og bed han taka musi," sa mori.

Guten til katten. „Kjære min katt, katt! vil du kje taka mus? mus vil ikkje skjera reip, reip vil ikkje hengja smed, smed vil ikkje slaa øks, øks vil ikkje hogga klave, klave vil ikkje strøypa ukse, ukse vil ikkje drikka vatn, vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag." „Nei," sa katten, „eg hev mjølk nok aa slikka, eg." „Ja so gakk til reven og bed han taka katten," sa mori.

Guten til reven. „Kjære min rev, rev! vil du kje taka katt? katt vil ikkje taka mus, mus vil ikkje skjera reip, reip vil ikkje hengja smed,

smed vil ikkje slaa øks, øks vil ikkje hogga klave, klave vil ikkje strøypa ukse, ukse vil ikkje drikka vatn, vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag." „Nei," sa reven, „eg hev nøgdi med fugl og harar aa taka av, eg." „Ja so gakk til graabeinen og bed han taka reven," sa mori.

Guten til graabeinen. „Kjære min graabein, graabein! vil du kje taka rev? rev vil ikkje taka katt, katt vil ikkje taka mus, mus vil ikkje skjera reip, reip vil ikkje hengja smed, smed vil ikkje slaa øks, øks vil ikkje hogga klave, klave vil ikkje strøypa ukse, ukse vil ikkje drikka vatn, vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag." „Nei," sa graabeinen, „ein rev er ikkje noko for meg." „Ja so gakk til bjørnen og bed han taka graabeinen," sa mori.

Guten til bjørnen: „Kjære min bjørn, bjørn! vil du kje taka graabein? graabein vil ikkje taka rev, rev vil ikkje taka katt, katt vil ikkje taka mus, mus vil ikkje skjera reip, reip vil ikkje hengja smed, smed vil ikkje slaa øks, øks vil ikkje hogga klave, klave vil ikkje strøypa ukse, ukse vil ikkje drikka vatn, vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag." „Nei," sa bjørnen, „e g v i l i k k j e." „Ja so gakk til skyttaren og bed han skjota bjørnen," sa mori.

Guten til skyttaren. „Kjære min skyttar, skyttar! vil du kje skjota bjørn? bjørn vil ikkje taka graabein, graabein vil ikkje taka rev, rev

vil ikkje taka katt, katt vil ikkje taka mus, mus vil ikkje skjera reip, reip vil ikkje hengja smed, smed vil ikkje slaa øks, øks vil ikkje hogga klave, klave vil ikkje strøypa ukse, ukse vil ikkje drikka vatn, vatn vil ikkje sløkkja varme, varme vil ikkje brenna kjepp, kjepp vil ikkje slaa ho Sporv, og Sporv vil ikkje heim att til rettan dugurd i dag.“ „Jau!“ sa skyttaren. Men daa bjørnen saag skyttaren kom, so drygde heller ikkje han lenge fyrr han sette i veg og vilde taka graabeinen, — og so skulde du berre sétt paa spel: graabeinen etter reven, og reven etter katten, og katten etter musi, og musi etter reipet, og reipet etter smeden, og smeden etter øksi, og øksi etter klaven, og klaven etter uksen, og uksen etter vatnet, og vatnet etter varmen, og varmen etter kjeppen, og kjeppen etter Sporv, og Sporv paa spranget heim, so ho rende beint inni laaveveggen, og slo sund beinleggen sin.

Kvar vart det daa sidan utav kjeppen? Varmen brende han. Kvar vart det av varmen? Vatnet sløkte han. Kvar vart det av vatnet? Uksen drakk det. Kvar vart det av uksen? Klaven strøypte han. Kvar vart det av klaven? Øksi hogg han. Kvar vart det av øksi? Smeden slo ho. Kvar vart det av smeden? Reipet hengde han. Kvar vart det av reipet? Musi skar det. Kvar vart det av musi? Katten tok ho. Kvar vart det av katten? Reven tok han. Kvar vart det av reven? Graabeinen tok han. Kvar vart det av graabeinen? Bjørnen tok han Kvar vart det av bjørnen? Skyttaren skaut han. Kvar vart det av skyttaren? Han fór i sør og nord og aust og vest paa skaren, ut

yver ein hamar, ned i ein kamar, ryggen i sjau, hovudet i tvau, augo laag att paa tvo stikkor. Skilleg plent so var det.

Seksti i eitt slag.

Det var ein gong ein skomakar som budde nær attmed ein kongsgard. Ein dag det var varmt i vêret og han sat og gjorde skor, la han ein istreklump i glaset, og paa den sette det seg tjuge flugor. So tok han eit lêrstykke og slo dei i hel allesaman i eitt slag. Sidan ein gong sette det seg fyrti flugor paa istreklumpen, og dei slo han òg i hel i eitt slag med lêrstykket sitt. Tridje gongen sette det seg seksti flugor paa istreklumpen, og dei slo han like eins i hel med eitt slag. Trast trudde han at han var ei kjempa. Han laga seg til ei fælt stor huva utav lêr, og paa den skreiv han: „Seksti i eitt slag.“ Sidan laga han seg ei stor treklubba og hadde paa seg ei lêrbrok og lêrtrøya og styvlar, og so tok han i vegen. Han hadde høyrt gjete at kjemporne hjaa kongen hadde det so grust og gildt og var so høgt i vyrdnad, og han vilde daa freista si lukka hjaa kongen, han og. Han var ein stor kar, og daa han fekk paa seg den store huva, vart han endaa rysnare aa sjaa paa.

Ein dag som kongen vilde ut og kjøyra for moro skuld, la skomakaren seg attved ei bru som han visste kongen skulde fara yver. Han lest som han sov, og daa no kongen kom og

fekk sjaa det som stod paa huva hans og saag den store klubba som laag attved han, vart han reint forfæld; men likevel so bad han fylgjesveinarne sine at dei skulde vekkja denne kjempa. Den som reid fyre kongen gjekk daa burt og rørde ved han. Daa sprang skomakaren upp og fata klubba si liksom han vilde slaa. „Kven er det som torer vekkja meg?“ spurde han. „Aa goe, eg er fyreridaren til kongen,“ sa hin; „kongen sjølv er her og, og me maa daa faa sleppa fram,“ sa han. So gjekk kongen fram til han og sa det: „Er du so sterk kjempa som du gjev deg ut for, daa skal du verta herlegt motteken hjaa meg; men fer du med lygn, so skal du missa livet. No skal du vera med meg heim, so vil eg røyna deg,“ sa han. Ja skomakaren var daa med aat kongsgarden, og der sette dei han til bords i lag med alle dei gildaste og sterkaste kjemporne som kongen hadde. Kongen sjølv sette seg i høgsætet, og so sa han det: „Her er nokre fæle skadedyr i mitt land, det er ein einhørning og ein kvitebjørn og eit stort fælt villsvin. Den som kann tyna dei, han skal faa dotter mi og helvti av mitt land og rike.“ Det var fyrst ingen som trudde seg til; men so sa skomakaren det: „Vil kongen halda ordet sitt, so tek eg paa meg aa drepa dei,“ „Ja,“ sa kongen, „mitt ord skal eg halda; men kann du ikkje tyna villdyri, og drep ikkje dei deg, so skal du verta hengd i den høgste galge som finst i mitt land.“ So la kongen og tolv kjempor henderne paa klubba til skomakaren og stadfeste at han var samtykt um dette. Han fekk eit sverd av kongen og tok klubba si med, og so var det ein som skulde syna han kvar einhørningen heldt seg. Han fylgde med burt i ein stor

skog og synte han ei lind. „Her plar han alltid koma ein gong kvar dag, men eg torer ikkje bia lenger," sa han og sprang attende. So kleiv skomakaren upp i lindi og venta paa einhørningen. Det var ikkje lenge fyrr han kom og vart var honom som sat uppi treet. Han rende so hardt fram mot lindi at han støytte hornet langt inn i veden og fekk det ikkje ut atter. Daa hoppa skomakaren snøgt ned og fata sverdet sitt og hogg hovudet av han. Og so tok han det med seg heim til kongsgarden. „Det var sagte noko de var rædde," sa han. „Daa einhørningen kom, fata eg han i hornet og slo han i marki; der heldt eg han med ei hand, og med hi handi hogg eg hovudet av han, sjaa her er det." No fekk han sitja til bords med kongen og alle dei gildaste storkararne i kongsgarden, og alle so undrast dei paa denne kjempa som hadde gjort slikt eit storverk. Han var daa som i eit gjestebod i heile aatte dagar.

So skulde han ut imot kvitebjørnen, og ein mann var med og skulde syna kvar han heldt seg. Der var ei stor slett uti skogen ein stad, og der stod det ein gamall bakaromn. Daa dei var komne dit, sa fylgjesmannen: „Her i denne skogen plar han vera, men eg torer ikkje bia lenger," sa 'n. Og trast han hadde sprunge sin veg, kom kvitebjørnen fram paa sletti. Daa vart skomakaren rædd og kraup inn i omnen. Kvitebjørnen etter; men dermed so smatt skomakaren upp gjenom omnspipa. Kvitebjørnen vilde etter der og, men der var for trangt, og med han stod der og murka, sprang skomakaren ned paa utsida og slo att omnsdøri og stengde han inne. No var kvite-

bjørnen ikkje blid der han stod; han rende paa døri og braut hol paa, so stort at han fekk ut hovudet. Daa treiv skomakaren klubba si og slo han i hel, og gjekk so heim til kongsgarden. „Det var sagte noko de var rædde,“ sa han; „trast eg kom han so nemme at eg rokk i han med klubba mi, slo eg han i hel med eitt slag.“ No fekk han gjestebod i aatte dagar att, og kongen var so glad athan gav han ein kniv med sylvskaft paa.

Paa den andre sida aat sjøen hadde kongen ein stor og gild jordteig; men villsvinet la i øyde alt der voks, so han inkje nytte hadde av det. So skulde skomakaren ut etter dette skadedyret og. Kongen let han faa med seg tvo horn som han skulde blaasa i; fekk han drepa villsvinet, so skulde han blaasa i det største; det heitte glederops-hornet. Men var han ikkje god til aa drepa det eismall, so skulde han blaasa i det minste hornet; det heitte naudrops-hornet; so skulde han faa hjelp.

Trast han kom yver sjøen fekk han sjaa villsvinet, og dermed so vart han so rædd at han skunda seg og kleiv upp i ein apal. Villsvinet fekk snart auga paa han og kom rennandes og vilde upp og taka 'n. Han freista aa rista ned eple aat det, men villsvinet brydde seg ikkje um dei, det tok til aa kliva uppetter. Daa det kom so langt at han kunde naa i det med sverdet, hogg han etter hovudet paa det; men han rokk ikkje meir hell lite ned i eine øyra, so vidt han merkte det blod. Daa visste han ikkje ord utav fyrr det kom eit villsvin til. „Ja no vert eg vel drepen likevel,“ tenkte han, og dermed so bles han i naudrops-hornet. Men so snart det andre villsvinet kom upp til det

som han hadde blodmerkt, dermed so bar det til aa hoggast med dei; for villsvini tek jamt paa einannan naar dei er blodhogne. Dei hogdest daa so lenge til dei vart reint utmasa og sovna nedpaa marki. Daa skunda skomakaren seg ned og hogg hovudi av dei baae tvo, og so bles han i glederops-hornet attpaa.

Kongen hadde høyrt naudrops-hornet og alt butt seg til aa senda hjelp; men so høyrde han glederops-hornet og vart daa so glad, og so fór han yver sjøen med alt sitt fylgje. Daa fortalde skomakaren at han hadde vore i stor livsfaare daa han bles naudrop; men so slo han villsvini so hardt i hovudet med klubba si at ho sprakk, sa han; for han hadde slege ho imot ein stein, so ho hadde sprukke. Daa datt dei i svime, og so hogg han hovudi av dei, sa han.

Kongen var no so oveleg glad for han var kvitt desse stygge dyri, og so vilde han halda ordet sitt og gjeva denne kjempekaren dotter si og halve riket. Men kongsdotteri vilde slett ikkje hava han. Det var ei onnor kjempa i kongsgarden ho heldt utav, og honom vilde ho hava, var so han no kunde vita ei raad. So laga dei det so, desse tvo, at ho skulde beda far sin um aatte dagar til aa umraada seg, og det fekk ho. Og imedan so fekk denne kjempa spurt at det var berre ein skarve skomakar, han som hadde gjeve seg ut for aa vera storkjempa, og at han aldri hadde slege e i n, diheller seksti. Dette fortalde han ved kongen og baud seg til aa gaa eismall i strid med skomakaren. Kongen vart sinna, daa han fekk høyra dette, men han vilde no halda det han hadde lova, lel. So gjekk han til skomakaren og spurde um han

torde fiktast med den andre kjempa, og skomakaren var for kry til aa segja at han ikkje vaaga, maa tru. „Det skal ikkje vera nokon vande for meg dette, er so han kjem eismall,“ sa han. Daa dei aatte dagarne var ute, spurde kongen dotter si um ho hadde umraadt seg, og um ho vilde hava den storkjempa som hadde fenge livet av dei ville dyri. „Nei,“ sa ho, „honom vil eg ikkje hava; men eg bed um eg maa faa den som hev bode seg til aa fiktast med han i morgon.“ Kongen svara daa at den som vann skulde ho faa.

Um morgonen møttest baae kjemporne paa ein voll som kongen hadde sett. Kongen og dotter hans og alle som paa kongsgarden fanst samlast der og vilde sjaa paa denne leiken. Han som hadde gjeve seg ut for aa vera storkjempa, hadde sett i stand klubba si og kom fram so byrg og kaut. So lyfte han klubba og vilde slaa til. Men hin var ein god fiktar; han bøygde seg snøgt undan, og skomakaren hadde lagt so hardt til at han dreiv i marki med det same. Daa skunda den andre seg og la til han med sverdet sitt, so hovudet dansa langt burt paa marki. Der laag storkjempa. Daa vart det gleda i kongsgarden att, og største gleda var det paa kongsdotteri som no fekk den ho so gjerne vilde hava. So vart det brudlaup i fire fjortandagar, og kongen let dei tvo unge faa helvti av riket; og so livde dei herlege og vel. Og fór ikkje dei vel, so vil me fara vel.

——— —

Dei tri letingarne.

Det var ein gong ein konge som hadde tri søner og ei dotter. Desse tri sønerne var so late at far deira fekk dei ikkje til aa gjera nokon ting; dei vilde berre sova ra'e, so nemme som medan dei aat, og dei sat ofte og dubba daa med. Han freista baade med ilt og godt, men det var ingi raad med dei. Men syster deira var girug seint og tidlegt, og ho skjemde ofte paa brørne sine for dei var so late. Sistpaa etla kongen seg til aa gjera dotter si til erving baade til kongsgard og rike; men han tykte moro aa freista sønerne sine ein gong, og so sa han det ved dei: „Den som er latast av dykk, han skal faa riket etter mine dagar.“ Daa sa den eldste: „Um eg stønge foten min inn i varmen, so vilde eg fyrr lata hælen brenna av, fyrr eg take att foten, so gjerne vil eg sova.“ Den mid-yngste sa det: „Um dei havt eit reip kring halsen paa meg og vilde hengja meg upp, so er eg so lat at um eg havt ein kvass kniv i handi, skore eg ikkje av reipet; fyrr faatt dei hengja meg naar dei vilde.“ Men den yngste sa: „Eg vil so gjerne sova, at um det kome eit rusk inn i auga mitt, so faatt auga fyrr verkja ut, fyrr eg vilde taka rusket ut att.“ „Aa ja,“ sa far deira, „eg trur dykk godt; men no skal de paa døri. So kann de taka late arm og leggja i tome tarm.“ Dermed so dreiv han dei paa garden.

s t ø n g e, t a k e, h a v t, s k o r e, f a a t t, k o m e, gamle ordformer fraa Valdres.

No vart det med dei som ein segjer for eit gamalt ord: naudi driv hunden i bandet. Daa dei kom fraa far sin, var det ingen som gav dei mat, og daa hadde dei kje lenger slik hug til aa sova. Dei kunde kje arbeida og tykte det var skamfullt for dei aa tigga, av di alle kjende dei, og faarlegt var det aa stela. So sa dei det ved einannan: „Me lyt ut og fara, det vert vel eikor raadi.“ Dermed so gjekk dei kvar sin veg.

Den eldste kom burt i ein skog, og der raaka han ein som brende kol. „Aa kjære vene,“ sa han, „gjev meg lite mat, so skal eg hjelpa deg med kolmila og sløkkja ho.“ Han fekk mat, og so skulde han til aa sløkkja mila. Men han slo ikkje vatn paa ho, han rende berre uppaa og trødde mila i hop. So trødde han ned-i med eine foten og brende seg, so kolbrennaren laut faa fram ein hest og kjøyra han heim att til far hans.

Den mid-yngste kom òg burt i ein skog; der fann han tvo karar som stod og drog raatt lauv upp i ein løde-hjell til turk. „Aa kjære karar,“ sa han, „gjev meg lite mat, so skal eg hjelpa dykk.“ Dei gav han mat, og so skulde han til aa arbeida. Hine tvo stod nede og la lauvkjervar i, og han gjekk upp i hjellen skulde draga dei upp. Men best som det var, so rauk han ned og vart hangande med reip-lykkja kring halsen, og hadde kje dei tvo mennerne hjelpt han, so hadde han vorte strøypt paa flekken. So laut dei faa seg ein hest og hava han heim att til far hans.

Den yngste kom burt i ein skog, han med. Daa han hadde gjenge langt og lenge, kom han aat ein gard, og der stod ein mann paa laaven og treskte. „Aa kjære mann,“ sa han, „gjev

meg lite mat, so skal eg vera med deg og treskja.“ Ja, mat fekk han, men daa han skulde til aa treskja, so kunde han ikke. Rett som det var, so slo han burt i ein kornhaug, so det fauk ikring han; so flaug det ei snerpa inn i eine auga hans, og daa tok han til aa skrika og bar seg ille. Dei maatte taka ein hest og lata han rida heim att til far sin. Daa var dei ikkje so store i ordi lenger, dei tri sønerne.

Men kongsdotteri var gild og hæv i alle maatar. Daa det leid fram, fekk ho ein kongsson fraa Engeland, og soleis vart ho dronning yver tvo rike.

So sa dei ved meg, lyg dei so lyg eg.

Rike-Tor kræmar.

Vaarherre og Sante Per var ute og vandra. Seint ut paa kvelden kom dei til ein fatig husmann, og der laag dei um natti. So var kona i huset barnsjuk. Daa det leid no paa natti, sa Vaarherre det med Sante Per: „No lyt du upp og sjaa kva det lid med kjeringi.“ Sante Per so gjorde, og daa han kom no tilbakars, sa han: „Det lua so til at ho hadde kje langt att; men den som vert fødd i denne timen skal brennast,“ sa han. „Ja so maa han ikkje verta fødd no,“ sa Vaarherre.

Daa no ein time hadde gjenge, sa Vaarherre det med Sante Per att: „No lyt du av og sjaa kva det lid.“ Daa han kom daa tilbakars, sa han at ho hadde kje langt att; „men

den som vert fødd i denne timen, skal hengjast,“ sa han. „Ja so maa det ikkje verta i denne timen heller,“ sa Vaarherre.

Daa dei tvo timarne hadde gjenge, so sa Vaarherre at han skulde av att og sjaa kva det leid no. Ja, Sante Per var av og lyddest etter, og daa han kom att tridje gongen, sa han: „Den som vert fødd i denne timen skal verta maagen hans Rike-Tor kræmar.“ Ja so maatte han verta fødd.

Dette hadde Rike-Tor kræmar lege og lydt paa; for han var der hjaa husmannen med natti, han og; han var ute og fór og vilde leita seg upp ein maag. Han hadde kje kot ei dotter, og so var han so vand um kven som skulde faa henne og verta ervingen hans. Det maatte ein rik gut til, skulde han faa den vesle gjenta.

Um morgonen tok Vaarherre og Sante Per ut, og Rike-Tor var etter. Han tenkte daa med seg at denne fatige husmannsungen aldri skulde verta maagen hans, fyrr skulde han vita ei raad til aa taka livet av han. So baud han seg til aa taka barnet med seg og fostra det upp. Foreldri tykte dette var øgje grumt, for han var so velklædd og saag ut til aa vera ein halden mann. Ja so fekk han barnet og tok ut med det, og daa han var komen eit stykke paa vegen, stappa han det ned i styvlarne sine og kasta dei ut i eit vatn.

Eit bil etter kom det nokre fiskarar og fann desse styvlarne med barnet i. Dei berga det og fostra det upp og fór snildast dei kunde med det. Men so hadde Rike-Tor fenge visst um dette. Han kom til dei og stridde paa at han vilde faa kaupa guten, og so fekk han kaupt han og tok han med seg heim. Der var

ikkje kot, berre, ikkje meir enn. øgje, (ogjeleg) fælande overlag.

guten daa ei heil tid, og Rike-Tor tenkte stødt paa at han skulde drepa han; men han hadde kje rett hjarta til aa gjera det sjølv. So fekk han høyra um eit usnidelegt stort bergtroll som heitte Murmartinsteinen i fjellet. Det var so fælt til aa eta folk, og det var so klokt at det var ikkje den ting det ikkje visste. So sa han det med guten: „Du fær gaa til Murmartinsteinen i fjellet og spyrja kvar Rike-Tor kræmar hev fenge midelen sin ifraa," sa han. Ja guten la i vegen, han, og daa det leid um eit bil kom han inn i ein stor skog. Der saag han eit tre som var grønt og blømande paa den eine sida, men paa den andre var det rote og avbarka. Dette undra han seg mykje paa og kunde ikkje skyna koss det hadde seg.

So gjekk han lenger og kom til ein stor gild gard, og mannen paa garden spurde kvar han agta seg av. Jau, han skulde til Murmartinsteinen i fjellet og spyrja kvar Rike-Tor kræmar hadde fenge midelen sin ifraa, sa han. „Aa goe!" sa mannen, „med du fèr dit likevel, so spør for meg koss det ber til at eg ikkje fær bêlarar til døtterne mine. Eg hev tri døtter, og dei er baade rike og vene; men andre som er baade fatige og uvisklege er det eit bêlefòk ikring." — Jau, han skulde spyrja, sa guten.

So gjekk han lenger og kom til ein sjø. Der saag han ein baat, og i den sat det tvo menneskje og rodde kvar sin veg, so dei kom ikkje av flekken. Dei visste ikkje kvifor dei laut sitja soleis, og daa dei fekk høyra at guten skulde til Murmartinsteinen i fjellet, bad dei at han maatte spyrja honom koss dette var laga. — Jau det lova han og.

usnidelegt, uhandlegt, umaatelegt. uviskleg, uvitug bêlefòk, renn med friarar.

Sidan kom han til ein hellar. Der laag det tvo folk og brann i ein stor varme. Dei visste heller ikkje kvifor dei laut liggja soleis, og dei naudbad at han maatte spyrja Murmartinsteinen, naar han kom fram. Det lova han at han skulde.

So kom han til ein straum, og der var det ei havfru som skydsa yver. „Kvar skal du skipa deg av, du vesle gut?“ spurde ho. Jau han skulde daa til Murmartinsteinen i fjellet, sa han. „Aa snilde deg, med du fer den vegen likevel,“ sa ho, „vil du daa spyrja kor lenge eg skal liggja her som ein annan skydskar og ro folk yver.“ Jau han skulde so gjera, sa han.

Langt um lenge kom han til fjellet der som Murmartinsteinen budde. Han fann ei liti opning og kraup inn. Daa kom han til ein stor gild sal som var prydd med gull og sylv. Der sat ei kongsdotter som trollet hadde teke, og ho var òg svært i stasen. Daa ho saag guten vart ho reint forfærd og spurde kva han vilde der. Han fortalde daa at han var send hit og skulde spyrja kvar han Rike-Tor kræmar hadde fenge rikdomen sin ifraa, og sidan fortalde han kva han hadde sétt paa vegen, og kva han skulde spyrja um.

„Ja daa kann eg skyna at han Rike-Tor vil deg ille, naar han sender deg hit; for Murmartinsteinen slepper ingen livande ut,“ sa ho. „Aa det kann no ikkje vera so gale,“ sa guten; „eg trudde mest eg skulde vera kar baade til aa gjera fraa meg ærendi mi og til aa sleppa ut att,“ sa han. „Nei, fær jutulen sjaa deg, so ét han deg upp,“ sa ho. „Men eg fær vel sjaa til aa berga deg. Kryp no inn under sengi, og knett ikkje i deg naar han kjem.“

Det drygde ikkje lenge fyrr Murmartinsteinen kom, og han fór snart til aa snosa seg og lukta; „eg tykkjer eg kjenner kristenmanns-lukt,“ sa han. „Nei det kann ikkje vera,“ sa kongsdotteri, „mindre det skulde koma av eit bein som ein fugl slepte ned; det var mest likt til aa vera eit mannebein. Men eg tok trast og slengde det ut.“ „Ja so er det vel det daa,“ sa jutulen, og so gjekk dei og la seg. Men daa det leid eit bil paa natti, vakna ho braatt upp att og var so uroleg.

„Kva er det som vert deg?“ sa jutulen. „Aa eg berre drøymde,“ sa ho. „Kva drøymde du daa?“ sa han. „Aa eg tykte det kom ein liten gut springande og vilde spyrja kvar han Rike-Tor kræmar hadde fenge midelen sin ifraa, og det kunde eg ikkje svara paa,“ sa ho. „Ja veit du ikkje det, so veit du ikkje mykje, du heller,“ sa jutulen. „Naar han gav ein skilling rettferdelegt ut, so tok han tie inn med urett.“

So sovna dei att, men best som det var fekk kongsdotteri det paa same maaten. „Kva er det no?“ spurde han. „Jau,“ sa ho, „eg tykte eg saag eit tre i skogen, det var avbarka paa den eine sida, men grønt og blømande paa den andre; det kann eg ikkje skyna.“ „Du veit lite, naar du ikkje veit so-maata,“ sa jutulen. „Under det treet ligg gjøymt baade sylv og gull. Paa den sida som sylvet ligg, er det avbarka; det er for di det vert gjort so mykje urett med sylvpengar. Men gullpengar er det ferre utav; difor er det grønt paa den sida som gullet ligg.“

Ja dette kunde ho skyna, og so la dei seg til att. Men det drygde ikkje lenge fyrr ho vart uroleg og hadde drøymt ein gong til. „I! eg hev aldri sétt slikt,“ sa ho. „Eg tykte det

kom ein springande og vilde spyrja kvi den gilde mannen som hev dei tri vene døtterne, aldri fær bêlarar til dei.“ „Ja det skulde eg snart segja han, kom han berre til meg,“ sa jutulen. „Dei fær aldri bêlarar so lenge som kamaren hans snur imot meg. Men vil han snu kamaren sin imot nidings nord, so skal det koma bêlarar som storr. Men legg deg no ein gong,“ sa han.

Men um eit bil var det same lætet att, so jutulen vart reint leid. Denne gongen hadde ho sétt tvo i ein baat som rodde kvar sin veg og aldri kunde koma av flekken. „Aa, det er tvo ægtafolk som hev livt vondt i hop,“ sa han. „Naar tvo vil kvar sin veg, kann dei ingen stad koma; og soleis lyt dei sitja til dei ein gong vil liva godt i hop.“ — Daa ho vakna att næste gongen, hadde ho drøymt um tvo folk som laag og brann under ein hellar, sa ho. „Ja det er tvo som hev lasta Guds vêr, difor skal dei liggja der, til dei vil prisa Guds vêr,“ sa jutulen.

So vakna ho endaa ein gong, og daa var det ei havfru ho hadde sétt; ho sat i ein baat og undra seg paa kor lenge ho skulde liggja der og vera skydskar yver elvi. „Jau ho skal liggja der so lenge til ho ét upp ein kristenmann,“ sa jutulen. „Visste ho det, so tok ho den fyrste som kom og vilde yver og reiv han kvik sund, fyrr han kom fram-um den stolpen paa hi sida; for sidan kann ho ikkje. — Men tegjer du deg ikkje no, so riv eg d e g kvik sund!“ sa 'n. Jau so sovna dei daa, og sidan spurde ho ikkje um meir.

Guten hadde lege og høyrt alt saman innunder sengi. Men fram paa morgonen sovna

k a m a r e n, veslehuset. s o m s t o r r, „som gras,“ i mengd.

han og kom til aa spenna eit skrin fram paa golvet. Daa no jutulen stod upp, snaava han i skrinet og vilde til aa sjaa koss dette hadde seg. Men daa var kongsdotteri snøgg og fekk slengja ein serk attfyre, so han ikkje saag guten.

So fór jutulen av vilde gjæta gjeiterne sine, og guten kom fram under sengi og vilde koma seg paa heimvegen. Men fyrst spurde han kongsdotteri um han ikkje skulde fria henne ut or fjellet, til takk for ho hadde hjelpt han so godt; han tykte det var so ille at ho skulde vera att her. „Nei," sa ho, „du tarv ikkje hava anke paa deg for mi skuld; eg lyt nok vera enno, det er ingi raad med det." So gav ho han so mykje med gull og sylv som han vann bera. Han takka og bad vel liva med henne og gav seg so paa heimvegen.

So kom han til elvarstraumen, og havfrua spurde straks kva Murmartinsteinen i fjellet hadde svara. „Det skal du faa vita, naar du hev sett meg yver," sa guten. So sette ho han yver, og no vilde ho faa vita det trast. Men han berre hopa seg undan alt fort. „Aa d'er vel ikkje slik hast, eg hev moro av aa røda," sa han. So kom han seg fram-um stolpen. Daa sa han det, og ho treiv etter han med det same; men no var det ikkje raad, ho fekk han ikkje. „Det skulde eg berre visst fyrr, so skulde du nok ikkje sloppe livande or baaten," sa ho. „Aa du fær gjeva tòl, det kjem nok ein annan," sa han.

So kom han til dei som laag i elden under hellaren og sa kvifor dei laut liggja der. — Ja det var nok altfor sant, dei hadde lasta Guds vêr, sa dei, og refsingi var so maata. — Sidan kom han til dei tvo i baaten og til mannen som

hadde dei vene døtterne og sa kva Murmartinsteinen hadde svara. Dei takka og var glade og gav han mange pengar i løn, og daa han kom aat skogen so tok han endaa med seg alt gullet og sylvet som laag under treet der.

So kom han sistpaa heim att til han Rike-Tor med alt dette. „Du vilde hava meg til Murmartinsteinen i fjellet, du, og det var noko til mann aa koma til; sjaa alt det han hev gjeve meg,“ sa han. „Ja dette var paa kara-vis,“ sa han Rike-Tor, og han vilde straks i vegen til Murmartinsteinen i fjellet, han og. „Hev han teke so vel imot ein krjup som deg, so maa det vel noko verta naar ein kar som eg kjem,“ sa 'n. „Ja eg vonar det vert noko anna daa,“ sa guten.

So stelte han Rike-Tor seg til som best han kunde og strauk av stad. Men daa han kom so langt som til elvarstraumen, so kom han ikkje lenger; havfrua tok og reiv han kvik sund.

So gifte guten seg med dotter hans Rike-Tor og ervde all midelen hans og vart ein utrik mann.

Riddaren i bjørneham.

Ein gong var det ei ung gygredotter som var gift med ein gamall jutul, og med honom fekk ho ikkje born. Ein dag um vetteren som det var kome mykje nysnø, gjekk ho ute, og dermed tok ho til aa bløda naseblod. Det draup ned i snøen, og daa lyste det so fint raudt og kvitt.

Daa ynskte ho at ho maatte faa ei dotter so raud og kvit i andlitet som snøen ho saag der. Trast etter vart ho fremmeleg og aatte eit gjentebarn, og det var so oversleg vent og so raudt og kvitt, og daa dotteri vart stor hadde ingen sétt so ven ei gjenta. Med' ho voks upp vart mor hennar enkja. Daa tok mori til aa verta ovundsjuk paa dotter si, for di ho var venare hell ho var sjølv; for kom det einkvar friaren til gards, kunde han heller vilja hava gjenta hell enkja. Og soleis vart det. Ho var fælande rik, enkja, og det kom mange gruske karar dit og vilde fri til henne; men so snart dei fekk auga paa gjenta, gav dei ein god dag um mori. Dette gaadde enkja snart, og so etla ho seg til aa drepa dotter si; men ho tykte det var vondt aa gjera det sjølv, og so sette ho tenestguten sin til aa gjera det. Ho gav han eit spann til aa hava blodet i, og so skulde han skjera lite utav tungesnippen aat gjenta og noko av haaret og taka med seg heim att, til vissa paa ta han hadde drepe henne. So sa ho det ved dotteri at ho skulde fylgja guten burt i skogen. Gjenta skyna nok kva ho skulde dit etter, men likevel laga ho seg til. Ho fekk stole med seg ein gullrokk og ei gullsnelda og eit gullhespetre, og so fylgde ho guten.

Daa dei kom langt burt i skogen, fortalde han kva mor hennar hadde sett han til aa gjera. „Men eg er ikkje god til aa drepa d e g som er so ven,“ sa han, „fyrr lyt eg missa livet sjølv.“ „Koss vil du gjera daa?“ spurde gjenta. „Jau,“ sa guten, „eg vil taka eit lamb og drepa og taka blodet av d e t og hava i dette spannet; so skal eg skjera lite utav tunga aat lambet,

og du kann lata meg faa ei liti toppa av haaret ditt, so skal eg fli mor di alt dette; daa trur ho at eg hev drepe deg."

Mor aat gjenta hadde ein spegel som hekk inni eit løynderom og kunde garta. Den dagen dotteri skulde missa livet gjekk ho inn til denne spegelen og spurde: „Kven er som er snildast av meg og dotter mi?" „Dotter di er ti gonggjer so snild som du, for ho er den snildaste som finst i verdi," svara spegelen. „Men naar ho vert drepi," tenkte kjeringi, „so vert vel eg den snildaste som finst i verdi daa."

Um kvelden kom guten og flidde enkja spannet med blod i og tungesnippen og haartoppa og sa at han hadde drepe gjenta. Det var enkja vel nøgd med. Gjenta var aaleine etter uti skogen og visste ikkje koss ho skulde fara aat. Ho gjekk langt og lenge ikring, og sistpaa vart det kveld og tok til aa myrkna. Daa kom ho aat ei barhytta. Ho let upp døri, og daa kom ho inn i ei fin stova som var maala baade tak og veggjer. Der var ein aare, og paa den stod det ei gryta med mat i; der var eit fint bord, og paa det laag det tri sylvskeier og tri knivar og stod tri borddiskar og tri fat. Der var tri sengjer ovanpaa einannan og tri stolar. No tenkte gjenta med seg sjølv at ho visst hadde kome til røvarar. Det hadde vore betre ho hadde mist livet i skogen hell at ho skulde døy her; men no fekk ho vaaga seg til aa vera her, kor som var, for det var myrkt, so ho saag ikkje aa gaa nokon stad. So koka ho maten som var i gryta og auste upp i fati og la skeier og knivar og borddiskar til rettes. Men so visste ho ikkje kvar ho skulde gjera av seg sjølv. „Eg

garta, drøsa, tala. snild, ven.

fær leggja meg paa golvet under nedste sengi,“ tenkte ho, „der finn dei meg ikkje so braatt, og daa kann eg faa høyra kva dei segjer, naar dei kjem inn.“ — Ho gjorde so, la seg under sengi og la rokken og snelda og hespetreet hjaa seg. Trast ho hadde lagt seg kom det inn tri bjørnar, og etter kvart som dei kom kasta dei bjørnehamen av seg burt i ei ro; daa vart det tri fine karar. Dei undrast oversleg daa dei fann maten so fint tillaga og alle ting til rettes lagde. So sette dei seg til aa eta.

„Kunde me no berre vita kven som hev vore her og stelt so vent aat oss,“ sa den eine, „so veit eg rett ikkje kva godt eg vilde gjera dei.“ „Men kann henda d'er einkvar som hev funne oss og vil taka oss, og berre hev stellt so fint til for dei vil narra oss,“ sa ein annan av dei. „Det fær no vera kva det vil,“ sa den tridje, „eg er so trøytt at eg vil leggja meg, koss det gjeng.“

Desse kararne var tri fine riddarar fraa Russland som ei gyger hadde kasta bjørneham paa, til hemn for di dei ikkje vilde hava døtterne hennar. Den eine av dei heitte Veivan, han la seg i nedste sengi, og hine tvo la seg i kvar si seng ovanfor. Gjenta vart noko lite tryggare daa ho skyna at dei ikkje vilde gjera henne noko ilt, og ho tenkte ved seg sjølv at ho vilde uppedaga seg for dei um morgonen.

Daa dei hadde sove ein liten svevn, vakna riddar Veivan og kunde kje faa sovna att. So vekte han hine tvo og fortalde at han hadde havt ein draum. „Eg drøymde det,“ sa han, „at det laag ei jomfru so fin under sengi mi, so det aldri finst hennar like i heile verdi. Eg vil staa upp og nøra varme og sjaa aat; kann henda det er ho som hev vore her og stellt so

snildt til aat oss.“ So stod han upp og lyste under sengi, og daa laag ho der. Ho bad daa so vent at han ikkje maatte gjera henne noko ilt, og fortalde koss det hadde bore til at ho hadde kome der. So fortalde dei tri riddarane koss det hadde gjenge med dei, og kvifor det var kasta bjørneham paa dei. „Me kann leggja hamen ifraa oss um næterne, men um dagarne lyt me hava han paa oss; daa er me i skogen og drep dyr, og av dei lagar me oss mat um næterne, sa dei. „Men no skal du vera festarmøyi mi,“ sa riddar Veivan ved jomfrua, „og vert eg ein gong kvitt bjørnehamen, so skal du verta bruri mi; for daa skal du sjaa at eg er ingen fatigmann. Og her skal du no vera med dagen og laga til mat aat oss og stella i huset, men um næterne skal du sova paa armen min,“ sa han. Ja dette var no godt og vel.

Mor til gjenta trudde no at ho skulde fenge friarar i haugetal, naar dotter hennar var drepi; men aldri kom det e i n til henne. Dette vart ho sinna fyre. So ein dag vaska ho seg og hadde paa seg dei finaste ploggi sine og gjekk til den spegelen som kunde garta, og spurde um det fanst nokor som var so ven som ho. „Jau,“ sa spegelen, „dotter di i bjørnehiet er mykje finare hell du, for ho er enno den finaste som finst i verdi.“ Daa vert ho so oversleg sinna for dotteri ikkje var daud, og so sa ho det ved tenestgjenta si at ho skulde gaa aat skogen og leita upp bjørnehiet, der som dotter hennar var. „Og so skal du taka med deg desse skorne og gjeva dotter mi,“ sa ho. „Du skal segja at eg vilde kje ho skulde gaa med beste skorne sine til kvar dag, men hava desse

stundom.“ Dei skorne hadde den gjerdi i seg, at den som hadde dei paa seg døydde trast. Gjenta gjorde som ho var tilsagd. Ho kom ein dag aat barhytta, etter riddarane hadde gjenge ut, og fann den fine jomfrua eismall. So gav ho henne skorne og sa kva mor hennar hadde sagt, og strauk so sin veg att. Jomfrua hugsa kje meir etter dette; ho hadde av seg dei skorne ho gjekk med og hadde paa seg dei som gjenta kom med, og trast stupte ho daud paa golvet der ho stod.

Um kvelden daa dei tri riddarane kom att, fann dei jomfrua daud paa golvet. Daa vart det ille laat paa dei alle og mest paa riddar Veivan. Dei tenkte der hadde vore ein skarv og slege eller stukke henne i hel. So tok riddar Veivan og lyfte henne upp og leita alle stader, um han kunde sjaa blod eller noko anna merke til at ho var drepi med slag ell' sting, men han kunde ingen ting sjaa. Men sistpaa vart han var at ho hadde andre skor hell dei ho hadde havt fyrr; han reiv dei av henne, og trast vart ho livande att. Daa fortalde ho koss ho hadde fenge desse skorne, og kva gjenta hadde sagt som kom med dei. So stelte dei seg til kvelds og la seg, og um morgonen laut dei tri til skogs att.

Daa tenestgjenta kom heim til mori, sa ho det at ho hadde sétt dotteri døy trast ho hadde fenge paa seg skorne. No vart mori fegi og flidde seg og gjekk so til spegelen og spurde um det nokor fanst som var so snild som ho. Men spegelen svara sitt same at „dotter di i bjørnehiet er mange gongjer snildare hell du.“ Daa vart ho sinna att og tok og dengde gjenta

hugsa etter, (her) tenkja paa.

som hadde vore stad med skorne. So gjorde ho i vegen ei onnor gjenta med ein silkeserk som dotteri skulde hava paa seg. Gjenta kom til jomfrua og fann henne eismall. „Eg skulde gaa hit til deg fraa mor di med ein silkeserk som du skulde hava paa deg no trast,“ sa ho; „ho vil ikkje at du skal gaa med ein serk ra'e; du skulde hava paa deg denne med du fekk hin vaska,“ sa ho. Denne serken hadde same gjerdi i seg som skorne. So var jomfrua godtrui og hadde paa seg silkeserken, og um kvelden daa riddar Veivan kom inn, laag ho daud paa golvet att. Han vart forfæld og undrast paa kva som hadde vorte henne; men daa han fekk upp eld og fekk sjaa betre etter, vart han var at ho hadde paa seg ein serk som ho ikkje hadde havt fyrr. Han skunda seg og reiv han av henne, og trast vart ho livande att. Ho fortalde daa kva gjenta hadde sagt og koss det hadde gjenge. „I morgon vil me læsa att døri for deg,“ sa riddaren, „og so maa du ikkje sleppa nokon inn til deg, for du ser at dei vil taka livet av deg.“ Ja, ho lova at ho skulde vera var um seg.

No trudde mor hennar so visst at ho skulde vera daud. So gjekk ho til spegelen og spurde det same som fyrr, um ho ikkje no var den finaste. Men han svara no som daa at „dotter di i bjørnehiet er mykje snildare hell du“. Daa vart ho so eitrande sinna att, og so gjorde ho den tridje tenestgjenta si i vegen til dotter si med ei gullnaal som ho skulde stinga inni holdet paa henne, kvar ho kunde; for naali hadde den gjerdi i seg, at den som vart stungen av ho døydde trast. „Og kjem du no att fyrr du hev drepe

henne, so drep eg deg," sa ho. Dette var eit hardt vilkaar, men lel laut gjenta gaa. Ho kom aat barhytta og vilde inn, men daa var døri attlæst. So kakka ho paa og bad at den som inne var maatte lata upp. „Nei," sa jomfrua, „det slepp ingen inn her. Kva er du vil daa?" „Aa eg vil tala ved deg," sa gjenta. „Eg fær ikkje upp døri," sa jomfrua. „So kann du hekta upp glaset, med' eg fær tala ved deg litevetta," sa gjenta. Jomfrua let seg daa narra og let upp glaset. So snugga gjenta seg burt og stakk gullnaali inn i skallen paa henne, og dermed datt ho daud ned der ho stod.

Um kvelden daa riddar Veivan kom heim, laag festarmøyi hans daud paa golvet att. Han skunda seg og hadde upp varme og leita alle stader um han kunde finna kva som hadde vorte henne; men han saag ikkje noko. Daa vart det slik sorg paa han, so han syrgde seg mest i hel. Han gjorde ei kista av kopar og la henne i. Der laag ho so fin som med ho var livande. Naar dei gjekk aat skogen um dagarne, vatt han kista upp under taket med eit tòg, og um kveldarne hadde han ho ned att og saag paa jomfrua.

Gjenta som hadde vore av med naali, kom heim att til mori og sa at jomfrua no var drepi for godt. Daa vart trollmori glad og gjekk til spegelen att. No trudde ho so hugheilt han skulde segja at ingen var venare hell ho. Men han sa berre det at „dotter di er mange gongjer venare no etter ho er daud, hell du hev vore alt det du hev livt." Daa vart ho so harm paa spegelen at ho slo han i hundrad molar.

No hadde kongen i landet høyrt gjete at det var nokre røvarar som hadde drege av med

ei ven jomfru og hadde henne hjaa seg i skogen, og dei vilde han freista aa finna og refsa dei. Han tok med seg seks av dei hævaste riddarane sine og reid ut i skogen. Dei fór langt og lenge, og sistpaa kom dei til barhytta og gjekk inn der. Dei vart var kista som hekk uppunder taket og hadde ho ned og vilde sjaa kva som var i ho. Daa kongen fekk sjaa den vene jomfrua som laag der, vart han so sæl utav henne at han tok henne med til kongsgarden og sette kista inn i sengkleven sin; han var enkjemann, maa tru. Men daa riddar Veivan kom att um kvelden og saag at kista var burte, vart han so oversleg sorgfull og visste ikkje kva han skulde gjera.

So høvde det so til at kongen fekk ufred med eit anna land og laut sjølv vera med ut i striden. Han hadde ei einbern dotter, og daa han tok av stad gav han henne alle lyklarne sine, so nær som lykelen til kleven; den tok han med seg og sette segl paa døri, og i det stod der skrive: „Den som bryt upp denne døri med eg er burte, skal missa livet.“ So tok han i vegen og var burte eit aar; men han sende bod heim til dotter si att-imillom, og kvar gong bad han at ho maatte taka vel vare paa klevedøri.

Daa tvo aar var lidne, vann kongen paa fienden, og trast skreiv han til dotter si at ho kunde venta han heim att um ein maanad. Daa tenkte kongsdotteri ved seg sjølv at det vøre daa morosamt aa vita kva som var i sengkleven; ho fekk vaaga seg til aa brjota upp døri likevel. Det gjorde ho, og daa fekk ho trast auga paa kista. Ho tok laaket

s æ l u t a v, glad i.

av og fekk sjaa jomfrua og vart reint forundra daa ho saag kor ven ho var. Men so vart ho var ein liten myrk flekk i skallen hennar og det undra ho seg paa, etter so kvit som ho var elles. Ho tok til aa skrapa paa flekken, og daa fekk ho sjaa auga paa ei naal. So tok ho ei prjona og sette inn i auga paa naali og drog ho ut, og med det same vart jomfrua livande og stod upp. No vart det stor gleda paa kongsdotteri og paa hine og, men jomfrua undrast paa kvar ho var avkomi. Desse tvo var daa hjaa einannan i nokre dagar, og so kom kongen att med heile si magt. Dotter hans møtte han uti garden, og det fyrste han spurde etter var um nokon hadde brote upp klevedøri. „Jau," sa kongsdotteri," „eg vaaga meg til aa gjera det." „Daa er livet ditt sprunge," sa kongen. „Ja eg veit det, kjære far min," sa ho; „men kunde eg no faa livande den som laag i kista, kva sagt du daa?" „Ja kann du det," sa kongen, „daa vil eg gjeva deg livet, um du so havt hundrad liv." Dermed tok ho far sin i handi og leidde han radt inn i kleven, og der sat jomfrua paa ein stol. Ho stod upp og nigja for kongen og bad han vera velkomen att ifraa ufreden. Kongen fagna henne ovlege vel og svor at ho skulde verta dronningi hans. „Aa", tenkte ho ved seg sjølv, „du er kje so viss paa det. Riddar Veivan hev sove hjaa meg so mang ei natt, og me hev trulova einannan, er so han vert kvitt bjørnehamen; og det som eg hev lova, vil eg halda, um eg so skal døy."

Um kvelden daa dei skulde leggja seg, vilde kongen at jomfrua skulde sova i armen hans. Ho takka for bodi; „men fyrst lyt eg beda um

p r j o n a, knappenaal, stor naal til aa festa med. r a d t, snøgt.

eg maa gaa ut lite,“ sa ho; „eg skal snart koma att.“ Kongen let henne det, og so la han seg. Han var trøytt etter ufreden og sovna trast. Ho stillte med seg gullrokken og gullsnelda og gullhespetreet og sette til skogs og gjekk der og vingla heile natti.

Daa det leid mot dag vakna kongen og saag at jomfrua ikkje hadde kome inn att. Han stod upp og skunda seg og let såla den beste hesten sin og sette i vegen og vilde finna henne att. Ho var daa komi aat ei blaut myr i skogen som ho ikkje slapp yver, og der var kongen aat og skulde naatt henne att. Men i det same kom det ein bjørn og sa at ho skulde setja seg paa ryggen hans, so skulde han hjelpa henne. Ho gjorde so, og bjørnen bar henne yver myri; men kongen slapp ikkje etter og laut snu att.

Daa dei var komne yver, sa bjørnen: „No hev ikkje eg magt til aa gjera meir for deg, men eg er fegen for eg ser du liver,“ sa han. So skildest dei, og sidan gjekk ho ikring i skogen heile dagen. Daa det leid til kvelds kom ho til eit berg; der kakka ho paa, og trast kom det ut ei gyger. „Kven er som vil inn her?“ sa ho. „Aa det er ei jomfru som bed um hus til morgons,“ sa gjenta. „Ja kom inn,“ sa gygri. Ho sat paa stabben og heldt ein heil ukse paa eit spet og steikte han til kveldsmat, og ho hadde so lang nase at ho bruka ’n til aa snu steiki med. So spurde jomfrua um ho visste kvar riddar Veivan budde. „Nei,“ sa gygri; „men i morgon kveld kjem du til syster mi, ho veit det.“ So fekk jomfrua mat til kvelds og var der med natti.

Um morgonen synte gygri henne vegen, og imot kvelden den dagen kom ho til syster hen-

nar og bad um hus. Det fekk ho. Denne gygri sat like eins og steikte paa ein heil ukse paa eit spet og snudde steiki med den lange nasen sin. So spurde jomfrua um ho visste kvar riddar Veivan budde. „Jau det skal eg syna deg i morgon," sa gygri. So fekk jomfrua mat og var der med natti.

Um morgonen sa gygri det ved jomfrua: „No maa du skunda deg aat det berget du ser der burte; for d'er visst du som er festarmøyi hans riddar Veivan, ho som vart avstoli ifraa han. No um tri dagar skal han verta gift med ei gyger som bur i berget der. Men no skal eg segja deg koss du skal fara aat naar du kjem der. Du skal bjoda deg til aa spinna gulltraad til aa sauma brudeplogg med, daa tek ho nok imot deg. Naar ho daa spør deg kva du vil hava i løn, so skal du segja at du vil faa sova hjaa festarmannen hennar i tri næter, og det fær du. Um dagen er det ikkje raad til aa faa tala ved han; for han kann ikkje verta kvitt bjørnehamen, fyrr den dagen han skal staa brudgom. Og so skynar du sjølv koss du skal laga det, naar du kjem der," sa ho. Jomfrua takka, og so tok ho i vegen derifraa.

Daa ho kom aat berget, var gygri eismall heime, og so spurde jomfrua um ho ikkje vilde hava henne til aa spinna gulltraad til aa sauma brudeplogg med. „Eg veit ikkje det," sa gygri, „kann du slikt, du daa?" sa ho. Jomfrua svara ja og synte henne gullrokken sin. „Kva vil du hava for den daa?" sa gygri. „Aa eg vil inkje anna hava," sa jomfrua, „hell at eg maa faa sova ei natt hjaa festarmannen din." Aa ja, det skulde ho faa, sa gygri.

Men med same riddaren skulde leggja seg,

gav ho han ein kvaldrykk, so han aldri hugsa seg ein grand. „Koss ber det til at du no aldri gartar ein grand ved meg? Hugsar du ikkje kor venlegt du hev tala ved meg fyrr?“ sa jomfrua og gret og bar seg ille. Men det muna ikkje, han svara ikkje meir hell veggen.

Andre kvelden sa gygri at ho vilde hava gullsnelda av jomfrua. „Ja, er so eg fær sova hjaa festarmannen din i natt,“ sa jomfrua, og det lova gygri. Men daa riddaren kom heim um kvelden og hadde kasta bjørnehamen, gav ho han ein kvaldrykk att; so hugsa han seg ikkje, og alt det jomfrua tala ved han var til inkjes.

Men so var der ein liten gut som gygri hadde teke inn i berget; han var tenar aat riddaren kvar kveld naar han kom heim, og kvar morgon fyrr han fór til skogs att. Han laag i same romet som desse tvo og høyrde alt som jomfrua sa, og dette fortalde han til riddaren um morgonen. Riddaren tenkte daa at han skulde sjaa til aa taka seg i vare for denne sovesupen.

Tridje dagen sa gygri at ho vilde faa gullhespetreet av jomfrua. „Ja, er so eg fær liggja hjaa festarmannen din i natt,“ sa jomfrua. „Jau det skal du gjerne faa,“ sa gygri. — Um kvelden kom riddaren att og kasta av seg bjørnehamen; so var han kvitt han for alltid, og han var so glad og fegen at han dansa. So fekk han mat til kvelds og la seg, og gygri kom med kvaldrykken og slo i ein gild dram. Men riddaren snudde paa seg noko liti med same han tok imot drykken, og slo han ned i bringa si, so gygri ikkje saag det. Daa so jomfrua kom,

k v a l d r y k k, dvaledrykk.

var han vaken, og det vart stor gleda paa dei baae tvo. Dei fortalde einannan alt som hadde hendt med dei sidan dei var i barhytta, og dei samraadde seg koss dei skulde fara aat. Um morgonen var dei griduge og stod upp fyre gygri, so ho ikkje skulde vita anna hell at han hadde sove av kvaldrykken i natt og. Daa gygri stod upp var riddar Veivan i fine riddarklæde, og daa var han so ven at aldri nokon hadde sétt so fin ein kar fyrr. Jomfrua var hjaa han, og han sa det ved gygri at ho var syster hans. Gygri trudde det og sette dei jamsides til bords, daa dei skulde faa seg bisk. Sjølv sette ho seg i høgsætet og aat tilsaman med dei.

Med' dei sat der til bords, sa riddaren: „Kva refsing skulde den lida som vilde hindra at tvo so vene folk som me er skulde faa einannan?“ Gygri tenkte paa seg sjølv og honom og svara: „Den som vilde hindra det, skulde brennast i svaavel og tjøra.“ „Ja,“ sa riddaren, „det skal ikkje vera deg for godt.“ So tok dei gygri radt og stappa henne ned i ei spikertunna og rulla henne paa eit baal med svaavel og tjøra i. Sidan heldt dei tvo brudlaup i fire fjortandagar, og dei fekk all den rikdomen som fanst i berget. Den guten som gygri hadde teke inn i berget slepte dei ut att og gav han mange pengar for han hadde hjelpt dei so godt.

Mori sat enno heime og venta paa friarar, men fekk ingen no meir hell fyrr. Daa riddar Veivan var gift med dotteri, tok dei i vegen til henne, og daa ho fekk sjaa at dotteri enno var i live, vart ho so uppøst at ho sprakk. So ervde dei tvo unge all den midelen som fanst

gridug, tidleg paa ferde, tidleg uppe.

der og vart endaa rikare hell dei var fyrr. Sidan sende Veivan bod til kongen og bad um han maatte faa tala ved han. Kongen samtykte i det og bad han koma. Daa riddaren kom til kongen, fortalde han alt som hadde hendt han fraa fyrst til sist. Kongen undrast mykje, og han vart so glad i riddaren og kona hans at han gjorde han til greive og gav han eit stort greivskap aa styra.

Mannen som hadde ein svart flekk i aakren sin.

Det var ein gong ein mann som aatte ein stor gild gard med aaker og eng. Ein av aakrarne hans var større enn hine, den kalla han Storaakren. Midt i denne aakren vart det kvart aar, med' kornet stod i beste vokstren, trakka ein svart flekk, so der aldri fekk veksa eit grønt straa. Dette vart mannen fælt sinna fyre, og han ynskte berre han kunde faa vita kven som gjorde det, so skulde han visst faa like for umaken. Han hadde tri søner, og so baud den eldste seg til at han vilde freista aa koma under med kven som trødde ned aakren. Der var ei stor høyløda tett attmed, dit gjekk guten ein kveld og la seg. Daa det leid til midnattsbil, fekk han høyra ein oversleg fæl dur liksom av ein toreslaatt, og han vart so rædd at han strauk heim att med same.

Um morgonen spurde far hans um han hadde vorte var noko. „Nei,“ sa guten, „det vart ein so fæl dur daa det leid ut paa natti, at eg vart rædd og torde kje vera der lenger.“ „Aa du er ein stakar,“ sa den mid-yngste bror hans, „i kveld vil eg av stad; eg skal ikkje verta rædd um det durar aldri so sterkt, skal du sjaa.“

Um kvelden gjekk han aat løda og la seg, og daa han hadde lege ei stund, tok det til aa dura. „Det vender vel att,“ tenkte han; men duren vart jamnan sterkare, so løda skalv, og daa tok ræddhugen han, so han strauk heim att. Um morgonen spurde far hans um han hadde sétt noko. Daa laut han staa til at det vart slik dur, so han ikkje torde vera der lenger. „Aa de er nokre stakarar baae tvo,“ sa den yngste guten; „i kveld vil eg stad, eg undrast um nokon dur skal skræma meg,“ sa han. „Ja du kann nok det,“ sa dei tvo eldste; „du er daa ræddare hell alle,“ sa dei.

So tok guten av stad; men han gjekk ikkje inn i løda; han grov seg ei hola i aakren eit lite stykke ifraa den svarte flekken og la seg ned i den. Ved midnattsbil vart det ein fæl dur; men guten var ikkje rædd. Han glytte upp or hola, og daa vart han var ei fin jomfru som kom ridande paa ein stor brun hest. Daa ho kom aat løda steig ho av og tok sâlen av hesten og batt han der og gav han fôr. So gjekk ho burt i aakren; der klædde ho av seg alle sine plogg, so nemme som skjorta, og so gjekk ho burt paa den svarte flekken og tok til aa dansa.

Trast etter vart det ein endaa fælare dur, og daa guten stirde upp or hola, fekk han sjaa ei onnor fin jomfru koma ridande paa ein stor gul

plogg (fleirtal av plagg), klæde.

hest. Ho reid òg aat løda og steig av hesten og batt han og gav han fôr, og la sålen sin attmed hin sålen. Sidan gjekk ho aat aakren og klædde av seg so nær som skjorta, og so gjekk ho inn paa den svarte flekken til den andre, og dei tok til aa dansa med einannan. Um eit bil sa den fyrste jomfrua: „Saag du kje syster vaar?“ „Nei,“ sa den andre, „men eg trur ho kjem snart.“ Trast vart det so sterk ein dur at jordi skalv, og guten hadde so nær vorte rædd og teke foten til vare; men so hugsa han etter at det var vel syster deira som kom. Og daa han stirde upp or hola si, fekk han sjaa ei endaa venare jomfru koma ridande paa ein stor raud hest. Ho reid like eins aat løda og batt hesten sin hjaa hine hestarne og gav han fôr. So kom ho til systerne sine paa den svarte flekken og klædde av seg som dei hadde gjort og tok til aa dansa med dei. Ho saag ut til aa vera den yngste og var endaa mykje venare hell dei andre, so guten tykte han aldri hadde sétt so snildt kvinfolk fyrr. So stillte han seg upp og tok alle ploggi hennar og gjekk attende aat hola si med dei. „Eg skal vel freista um eg ikkje kann faa fat i henne som er so ven,“ tenkte han.

Dei dansa lenge alle tri. Men sistpaa sa den eldste: „Me fær vel halda upp no, det er vel snart dag.“ „Aa nei, kjære vene,“ sa den yngste, „eg hev ikkje fenge dansa noko vidare enno, eg,“ sa ho. Dei dansa daa ei stund til; men so sa dei tvo eldste: „Ja no fær me halda upp, for no er det dag trast paa timen.“ Daa vende dei att aa dansa og fann ploggi sine og tok til aa klæda paa seg. Men daa den yngste skulde til aa klæda seg, fann ho ikkje eit einaste plagg. Ho leita, og dei tvo andre leita med, men inkje fann dei.

til vare, til hjelp. venda att, halda upp med, slutta med.

Det tok alt til aa dagast, og so sa dei tvo at dei slett ikkje torde vera lenger. Dei klædde paa seg og tok hestarne sine og strauk sin veg; men den yngste gjekk att og gret og leita etter ploggi sine. Daa uppedaga han seg, han som laag i hola, og spurde kva ho gret fyre. „Eg græt for det,“ sa ho, „at det hev einkvar gjøymt burt ploggi mine, og no slepp eg ikkje herifraa fyrr eg finn dei att.“ „Eg veit kvar dei er,“ sa han; „men du fær dei ikkje att utan eg fær deg til kona.“ „Nei,“ sa ho, „det lèt seg ikkje gjera enno. Men eg skal gjeva deg ein pung som ra'e skal vera full og aldri tom, og so skal me setja ein viss dag sidan naar brudlaupet vaart skal vera; til dess skal du kaupa alt me maa hava, mat og drykk av det beste som finst, og du skal faa deg nye plogg ifraa hand og til fot. Og so skal du beda til brudlaups alle ættingarne dine og alle dine gode vener, so mange som du trur kann faa rom i stovorne dykkar, og faa kjøkemeister og spelemann og alle slag embættsfolk som høyrer til i eit brudlaup. Naar dei daa kjem, skal du gjeva dei mat og drikka slikt dei vil hava. Men eg kjem ikkje fyrr um kvelden med same det vert myrkt, og daa trur alle at eg ikkje kjem; men du maa hugheilt lita paa at eg kjem, naar eg hev sagt det. Det vert ein fæl dur tri gongjer etter einannan, og naar de hev høyrt den tridje duren, daa kjem eg. Men um du skulde truga meg til aa vera med deg no, so fenge du ingen ting med meg, anna hell so som eg stend og gjeng, og daa havt me heller ikkje gagn utav pungen. Soleine er det best du gjer det so som eg no hev sagt.“ — Guten trudde dette og fann att

u p p e d a g a (opendaga) **s e g**, komafram, gjeva seg til kjenne.

ploggi hennar, og so tok ho hesten sin og strauk sin veg.

Daa guten kom heim att, spurde far hans um han hadde gaatt noko. „Det skal eg segja ein annan gong,“ sa guten; „men no skal eg gifta meg, og brudlaupet mitt skal staa den dagen eg no segjer.“ „Aa eg undrast paa det, eg,“ sa far hans, og det same sa brørne hans; „du er no same narret som du hev vore,“ sa dei. Guten let dei segja kva dei vilde. Han kaupte seg ein hest og fór til byen og kom att med eit lass utav alle slag kostarsame ting, so folket hans vart reint forgapandes, daa dei saag det. Og so let han bryggja mange tunnor malt til øl og let slagta tvo store uksar. Han fekk seg nye brudgomsplogg utav det finaste klæde og gjorde alt fullt reidugt og bad til brudlaups til den dagen han hadde sagt. So kom brudlaupsdagen, og folket kom, so det vart full stova. Spelemannen kom, og brudsveinarne kom, men dei hadde ingi brur aa dansa med, og so dansa dei med brudpikorne og hine kvendi. Folket hans tok til og log aat guten og sa det: „Du held brudlaup aat deg sjølv, du; det kjem vel til aa verta kjetta som fær sitja i høgsætet i staden for bruri.“ „Aa,“ sa brudgomen, „bruri kjem vel enno fyrr det vert kvelden.“ Drikka hadde dei fenge so mykje dei hadde hug paa, og no leid det so langt paa dag at dei skulde til bords og faa seg mat. Kjøkemeisteren sette folket innaat som i eit anna brudlaup. Dei tok til aa eta og hadde alt drukke samkvæmes-skaal, men ingi brur kom. So fór det til og vart myrkt, og folket sa at naar bruri ikkje var komi no, so kom ho ikkje i dag.

samkvæmes-skaal, velkomstdrykk.

„Jau," sa brudgomen, „ho kjem nok og det vert ikkje so lenge til." Og med det same vart det ein dur, so glasrutorne skalv. Brudlaupsfolket vart rædde, men brudgomen sa at dei fekk ikkje ottast; det kom nok ein fælare dur endaa. Og trast vart det ein dur so sterk at heile stova skalv. Daa vart dei reint forfælde alle saman; men brudgomen bad dei vera rolege, „for det vert endaa ein sterkare dur fyrr ho kjem," sa han. Med det same tok det til aa dura so umogelegt at stova ristest, og maten og skaalerne rulla ned av bordet. Folket vart so forfælde at dei sette fram ifraa bordi og vilde taka spranget paa døri; dei trudde det var sist i verdi. Men trast sprang døri upp, og inn kom bruri fyrst og baae systerne hennar etter, og finare kvende hadde dei aldri sétt. Dermed gjekk bruri fram til brudgomen og spurde etter ein lykel til ein kleve; ho vilde dit inn og hava paa seg brudeploggi sine. „Det kjem til aa vara lenge fyrr systerne mine fær klædt meg," sa ho, „men du maa kje verta utolug for det, og ikkje maa du banna, for gjer du det, so ser du meg ikkje meir," sa ho. Ja, han lova at han ikkje skulde banna.

So gjekk dei tri inn i kleven, og brudgomen og kjøkemeisteren hadde folket inn aat bordet att. Dei aat og drakk, og sidan bar det til aa dansa. Men no tok alle til aa stunda paa at bruri skulde koma att, dei tykte ho vart lenge. Sistpaa vart brudgomen òg leid av aa bia lenger, og dermed vart han ill og sette i og banna; „kann ho daa aldri faa klædt paa seg," sa han. Men daa reiv ho upp døri med det same og sprang burt til brudgomen og tok ifraa han pengepungen. „Naar du ikkje var god til aa

bia til eg var reidug, so kann du no gjera kva du vil, for no ser du meg ikkje meir," sa ho. Dermed sette dei paa døri, ho og systerne hennar, og burte var dei.

No vart det sorg og sut paa han som brudgom skulde vera. Brudlaupsfolket fór heim att kvar til seg, og han var so fatig som han hadde vore fyrr; det einaste han hadde att var dei nye brudgomsklædi. Han gjekk der som han vøre tullen og visste fyrst ikkje kva han skulde taka seg fyre. Men so bad han far sin um han maatte faa noko mat i ei skreppa, so vilde han ut og røyna lukka si. Det fekk han, og so fór han langt og lenge ikring i mange bygdelag og mange byar. Sistpaa kom han burt i ein stor skog, og der kom han reint paa villstraa. So raaka han paa ei løva. „Aa kjære vene," sa ho, „vil du ikkje vera so god og gjera eit byte imillom meg og ein falk og ein maur; me er usams um eit maraskròv," sa ho. So kom falken og bad um det same, og mauren like eins. „Me kann slett ikkje forlikast um maraskròvet," sa dei. Guten bar paa eit gamalt rusta sverd som han hadde fenge av far sin, og so tok han og hogg hovudet av merri og gav mauren det. „Her hev du baade mat og hus og herbyrge, du," sa han; „dette tykkjer eg er maata aat deg." So hogg han av bøgerne og halsen og gav falken. „Det lyt vera nok aat deg," sa han, „for løva er størst og lyt hava største luten, det vert baae laari og baae sidorne. Er de no nøgde med dette, so tak kvar sin lut." „Aa jau," sa dei, „me er vél nøgde med dette bytet; kva skal no du hava for umaken din?" „Eg skal ikkje hava noko, eg," sa han, „for dette var

snøgt gjort for meg.“ „Ja vil du ikkje hava anna, so skal du faa eit ynskje av kvar av oss,“ sa dei. Løva spurde daa fyrst kva ynskje han vilde hava av henne. „Aa eg vil hava det,“ sa han, „at eg maa vera ei løva naar eg vil, og ein kar naar eg vil.“ „Ja det skal du faa,“ sa løva. „Kva vil du ynskja deg hjaa meg?“ sa falken. „Eg vil det,“ sa guten, „at eg maa vera ein falk naar eg vil, og ein kar att naar eg vil.“ „Det skal du visst faa,“ svara falken. So kom mauren krekande og spurde um det same. „Aa eg vil hava det, at eg maa vera ein maur naar eg vil, og ein kar att naar eg vil; men det er vel paa voni um du kann lata meg faa det.“ „Jau,“ sa mauren, „det skal du visst faa, naar det ikkje er noko meir umogelegt du bed um.“

So skildest dei aat paa dette og var gode vener alle saman. Guten gjekk langt og lenge i den store skogen att og vingla seg endaa meir burt, og so fekk han hug til aa freista um desse ynski kunde verta sanne. „Gjev eg var ein falk!“ sa han. Og trast so var han ein falk og flaug høgt yver alle tretopparne. Daa vart han var ein stor breid veg og fauk dit og ynskte han maatte vera ei løva, og det vart han paa flekken. Daa han no hadde sprunge eit langt stykke, kom han til ei stor fæl dør som var attlæst. Han stirde gjenom lykleholet og tenkte ved seg sjølv: „Våre eg no ein maur!“ og trast var han ein maur. So krak han inn gjenom lykleholet og kom inn i ein fin kleve som stod paa ein gullstolpe; der stod ei seng og ein stol, og paa bordet stod eit ljos, men der var ingen inne. So krak han upp i lykleholet paa den næste døri og kom inn i ein kleve som stod paa tvo

gullstolpar og var endaa finare; der stod tvo store ljos paa bordet og tvo stolar, men det var ikkje nokon inne her heller. Daa saag han ei dør til og krak upp i lykleholet og stirde inn i endaa ein kleve; den stod paa tri gullstolpar. Der saag han eit troll med tri hovud og alle dei tri jomfruerne som han hadde vore i lag med fyrr. Trollet hadde lagt eit av hovudi sine i fanget aat kvar av jomfruerne, og dei sat og lyska det. So krak mauren gjenom lykleholet og upp under stakken til den yngste og beit seg fast uppaa laaret hennar. „Aa jeie meg, kor ilt det bit meg paa eine laaret,“ skreik ho i. „Det maa vera eikvart kreket som bit deg,“ sa trollet; „gakk ut i fyrste kleven og rist det av deg.“ Ho gjorde so, og mauren fylgde med; men daa han kom eismall med henne, ynskte han seg til ein kar, og det vart han trast. „Ja no hev eg gjenge so langt at eg endeleg hev funne deg att“, sa han. Ho vart reint forfærd og spurde koss han hadde kome dit, og so fortalde han det. „Og no skal du vera med meg radt og verta mi,“ sa han. „Aa nei, kjære vene,“ sa ho, „vil du lyda meg denne gongen, so kann du lita hugheilt paa at me enno fær einannan.“ Han sette upp lenge og stod fast paa sitt. Daa sa ho: „Her skal eg gjeva deg eit fint plagg, og det skal du gjøyma vel, so ingen tek det ifraa deg. So skal du gaa aat kongsgarden og bjoda deg til tenesta. Kongen vil daa hava deg til aa gjæta svini sine, og det skal du taka paa deg, for daa skal du sjaa det gjeng deg godt. Dette trollet med tri hovud som du saag, hev skræmt burt alle som hev gjætt svini, for ingen hev tort sejta upp med

setja upp, setja seg imot.

det. Men naar det kjem til deg, so ynskjer du deg til aa vera ei løva, og so drep du det den tridje dagen det kjem der. Du skal fyrst slaa sund dei tvo hovudi paa det og so det tridje og største sist, og ut or det spring det ein rev. Den drep du, og med same du slær sund hovudet hans, flyg det ei skjor ut or det; den lyt du òg taka og tyna. Naar du daa slær sund hovudet hennar, finn du ein fir-slindutt stein, og den tek du og legg inn i det plagget eg hev gjeve deg. Fjorde dagen skal du gaa upp paa glasberget her, med same soli renn. Der finn du eit hol som er maata etter steinen, og der skal du sleppa han ned igjenom. So sprekk berget sund, og daa finn du baade meg og systerne mine. Og daa fær du meg, er so du gjer so som eg hev sagt.“ — Daa svara guten: „Ja eg fær vel enno tru paa det du segjer; men svik du meg no denne gongen, og eg sidan fær tak i deg, so skal eg ynskja meg til ei løva og riva deg sund i smaa molar.“ „Ja det maa du gjerne“, sa jomfrua.

So gjekk guten aat kongsgarden og spurde um kongen turvte ein tenestgut. „Jau,“ sa ein av tenarane, „han vil hava seg ein til aa gjæta svini, er so du kann koma ut med di.“ „Jau, eg kjem ut med mangt, eg,“ sa guten.

Fyrste dagen let kongen gjeva guten ei heil skreppa full med mat og ein butel brennevin, og sende han so ut paa ei stor lykkja med svini sine. Guten han moroa seg og dansa og kvad visor. Daa han hadde no gjenge der ei stund, kom det til han ei fatigkjering. „Huttetu, so kaldt det er i dag,“ sa ho. „Aa det vert vel varmare fyrr det lid til kvelds,“ sa guten. „Du er glad og kaat, du,“ sa ho, „men eg gjer baade

frys og svelt.“ „Sjaa her skal du faa mat med meg,“ sa guten, og so gav han henne mat og ein dram attpaa. Kjeringi takka og let vel og sa at det skulde gaa godt med han. „Ja det veit eg fyrr,“ sa han.

Daa kjeringi hadde gjenge, vart det ein fæl dur burti skogen; det var trollet som kom fram paa sletti, der som guten var med svinedrifti si. „Hev kongen fenge seg ny svinehyrding i dag?“ sa det. „Ja,“ sa guten, „men det skil ikkje deg.“ „Du veit vel det, at eg skal hava eit svin i skatt hjaa kongen til kvar dag?“ sa trollet. „Eitkvart skal du faa, um det no ikkje vert eit svin,“ sa guten. „Det skal me hoggast um,“ sa trollet, det gjekk og bar paa ei stor øks i handi. „Nei,“ sa guten, „men kasta øksi ifraa deg, so skal me d r a g a s t um det.“ „Aa ja, d'er vel uvandt aa dragast med deg,“ sa trollet. Dermed rende dei i hop. Guten ynskte seg til aa vera ei løva, og det vart han, og so klemde han trollet so umogelegt at det berre skreik. „Klemm ikkje so hardt, det kann vera til i morgon, so skal du kjenna eg er sterkare hell i dag,“ sa det. „Ja nok,“ sa guten, „kann henda eg vert sterkare til daa, eg med.“ Dei skildest daa aat paa dette.

So kom guten heim til kongsgarden um kvelden og var baade fegen og glad. Kongen spurde um han hadde alle svini, og um ikkje eit troll hadde vore hjaa han og vilja havt eit svin i skatt. „Jau,“ sa guten, „alle svini hev eg. Trollet kom nok og vilde hava eit, men eg sa det skulde faa eitkvart anna. So vilde det dragast um dette, men det rauk, kor sterkt det var.“ „Ja vil du no vera svinehyrdingen min,“ sa kongen, „so skal eg gjeva

deg slikt du vil hava i løn for aaret, og naar du ikkje orkar lenger, skal du faa so god livaure so lenge du liver som du sjølv vil krevja." Nei dette vilde kje guten; men vilde kongen løna han vel, sa han, so skulde han gjæta enno nokre dagar til. Kongen gav han daa ein gong til so mykje mat i skreppa og ein butel brennevin, og stelte han so i vegen att med svini hin dagen.

Daa guten kom burt i skogen paa den store sletti som han hadde vore fyrste dagen, kom den same fatigkjeringi til han og sa: „Huttetu det er kaldt i dag." „Aa det vert vel varmare fyrr det lid til kvelds," sa guten. „Du er like glad i dag som du var i gaar, du," sa kjeringi. „Ja," sa guten, „eg hev meir mat og brennevin med i dag, og no skal du òg faa mat slikt du er god til aa eta og brennevin attaat." „Takk," sa kjeringi, „det skal gaa godt med deg," sa ho. „Ja det veit eg fyrr, eg," sa han. Daa kjeringi hadde ete, strauk ho sin veg. Trast vart det ein fæl dur, og so kom trollet med dei tri hovudi sine og med ei stor øks i handi. „Hev kongen same gjætsleguten i dag som han hadde i gaar?" sa det. „Ja," sa guten, „men det skil ikkje deg." „I dag skal eg hava tvo svin i skatt hjaa kongen," sa trollet, „for eg fekk ikkje noko i gaar." „Det fær du ikkje," sa guten. „Ja det skal me hoggast um," sa trollet. „Nei," sa guten, „eg hev ikkje noko aa hoggast med, eg. Du fær kasta den skarve øksi di, so skal me taka eit tak i dag og," sa han. „Ja lat oss det," sa trollet; „men du skal koma til aa hugsa paa at du byd meg dragast, vesle stakaren din," sa det.

livaure, folga, kaar.

„Ja kann henda du skal faa hugsa det, du med", sa guten. Dermed sette dei i hop. Guten ynskte han var ei løva att, og det vart han, og so klemde han trollet og slo det inn i granerne, so det berre skreik og bar seg ille og bad han sleppa taket. „Det kann vera til i morgon med svini," sa det. „Ja nok," sa guten, „eg ottast ikkje, for tridje gongen er anten best ell' verst; kom berre du!" „Ja skraala kje for sterkt du; i morgon dette bil skal du vera kald," sa trollet. „Ein av oss," sa guten, og paa dette skildest dei. Guten gjekk stad og fann i hop alle svini sine og hulla og song til det leid til kvelds, og so fór han heim aat kongsgarden.

Kongen let upp eit hekteglas daa han kom, og spurde etter koss det hadde gjenge. „Jau godt," sa guten, „trollet kom og vilde hava tvo svin, men det fekk ikkje anna hell ein saar rygg i dag og." Kongen vart glad og takka guten i handi og baud han det same som han hadde bode han hin dagen. Guten vilde ikkje no heller, „men eg skal no gjæta tridje dagen med, anten det so gjeng vel eller ille," sa han. Um kvelden heldt kongen skilleg gjestebod aat guten og sette seg hjaa han med ein vinbutel og skjenkte i for han slikt som han var god til drikka. Og um morgonen gav han honom tri gongjer so mykje mat og brennevin som fyrr og ynskte han lukka paa ferdi.

Guten gjekk til skogs att med svini og var kaat og glad som han hadde vore fyrr. So møtte han den same kjeringi, og ho sa: „Huttetu det er kaldt i dag." „Nei," sa guten, „eg tykkjer det er godt, og varmare vert det fyrr kvelden kjem." Han tenkte paa den skubbingi han

skulde hava med trollet, maa tru. „Du er likso glad som du hev vore, du,“ sa ho. „Kvifor skulde kje eg vera glad,“ sa guten, „som hev mat og brennevin til kvar dag slikt eg orkar hava i meg, og er det nokon faare paa ferde, so er eg kar til aa verja meg.“ „Aa ja,“ sa kjeringi, „det skal gaa godt med deg i dag med.“ „Ja det veit eg fyrr,“ sa guten, „men kom no snøgt hit, so skal du faa mat og brennevin.“ Ho aat og drakk, og sidan takka ho for seg og strauk sin veg.

Kongen hadde undrast mykje paa koss guten fór aat, med di han ikkje ottast for trollet. So gjekk han paa skulk etter han den tridje morgonen, dit som han var med svini, og der kleiv han upp i ei lind, so han kunde faa sjaa vel ikring seg. Men trast han var komen upp i lindi vart det ein oversleg fæl dur, so jordi ristest, og med det same kom trollet. Kongen vart fælande rædd, men han vaaga seg likevel til aa vera der endaa litevetta, for han hadde hug til aa sjaa koss det gjekk med guten. Daa trollet kom fram, var det so uppøst at klysedriva stod or alle tri kjeftarne paa det, og so sa det: „Du er vel same storkjefta hyrdingen som du hev vore fyrr desse dagarne, du?“ „Det bryr ikkje deg,“ sa guten; „men er so du ikkje agtar deg, so skal eg freista faa av deg det eine hovudet ditt, er det ’kje meir.“ „Du saag ut til det, du,“ sa trollet; „men i dag skal eg hava tri svin hjaa kongen i skatt, for no veit du eg hev ikkje fenge noko desse tvo dagarne fyrr.“ „Du skal verta svin sjølv i dag, fyrr eg slepper deg,“ sa guten. So lyfte trollet øksi si i veret og vilde hogga hovudet av han. „Nei,“ sa guten, „kasta den skarve

øksi di, det er skam av deg at du vil bruka slik verja imot meg som er so liten; men kom eit tak forutan handyvle.“ „Ja ja,“ sa trollet, „men det skal verta ditt siste tak.“

So ynskte guten at han var løva, og dermed rende dei i hop. Kongen vart reint forfæld, daa han saag løva, og han kunde kje skyna kvar det vart av guten. Han skunda seg ned att or lindi slikt at han braut av seg eine foten og vart liggjande lenge nedpaa marki. Løva raspa med trollet og klemde det og slo det inn i granerne, so det sistpaa baade skreik og bad. „Aa kjære vene, lat meg sleppa, eg skal aldri koma her meir!“ sa det. Men løva tok berre og slo det yver eit tre og braut av ryggen i det. Dermed tok ho øksi aat trollet og hogg fyrst av dei tvo hovudi, og daa det tridje rauk sprang det ein rev utor det. Løva sette etter reven og drap han og slo sund hovudet paa han, og med det same flaug det ei skjor utor. No var ikkje løva god til aa naa i skjori; men so ynskte guten seg til ein falk og tok skjori med ein gong; og daa han hadde slege sund hovudet paa ho, fann han ein slik stein som jomfrua hadde sagt. So ynskte han seg til mann og tok steinen og balla han inn i plagget som ho hadde gjeve han.

Med' dette gjekk for seg, hadde svini teke kvar si leid. Guten skunda seg og fekk dei i hop att paa den store sletti. So fekk han høyra slikt eit overslegt illelæte. Han gjekk dit som det kom ifraa, og daa han vart var kven som unka seg, so var det kongen. Guten bar seg ille for han og spurde koss han hadde kome der. „Eg hadde hug til aa sjaa koss det gjekk til med deg,“ sa kongen; „for alle som

hev gjætt tyrr, so hev trollet drepe dei.“ „Ja no etter denne dag skal du sleppa aa svara skatt til det,“ sa guten; „no hev eg drepe det,“ sa han. Daa vart kongen oversleg fegen, endaa so ilt han hadde, og han bad guten gaa aat kongsgarden og beda stallmeisteren koma med beste hesten hans og hava han heim att.

Daa kongen no var heim att komen, leid det til kvelds. Guten kom heim med svini, og trast laut han inn til kongen. So spurde kongen um det ikkje var nokor raad at han kunde faa han til aa gjæta svini lenger. Guten sa nei som fyrr; „men eg kann ikkje no segja deg kva som hindrar meg,“ sa han. „Eg lyt fara endaa no i kveld. Men no kann kongen gjera i vegen kven han vil til aa gjæta, for no kjem det ikkje noko troll meir,“ sa han. Kongen spurde daa kva han skulde hava for dei tri dagarne han hadde gjætt, og for det at han hadde hjelpt han i dag. Guten svara at „kongen skynar det betre hell eg,“ sa han. Kongen gav han daa tri hundrad dalar. So tok guten farvel og strauk sin veg.

Han gjekk heile natti og naadde glasberget til det vart dag. So leita han uppaa berget og vilde finna holet som steinen skulde gaa ned i; men han kunde ikkje finna det. Han gret og han leita og tenkte at jomfrua endaa hadde narra han; men daa soli kom ned i fjellet, som ho hadde sagt, daa fann han holet, og det var skilleg maata etter steinen. So slepte han steinen ned igjenom; dermed sprakk berg sund, og daa sat alle dei tri systerne der uskadde. Dei vart oversleg fegne, og den yngste stod upp og tok han i handi og takka han med blide ord for han hadde gjort som ho hadde sagt. „No

er det ingen ting i vegen for at du kann faa meg til kona," sa ho. „No erver me tri all den midelen som finst her i berget, og eg skal fylgja med deg heim til far din naar du vil." So samraadde dei seg um det at systerne hennar òg skulde fylgja med til far hans; „for eg er viss paa det," sa guten, „at er so brørne mine ikkje er gifte etter eg fór heiman, so tek dei kor si av systerne dine, etter so rike som dei no er. Eldste bror min kann faa eldste syster di, og mid-yngste bror min kann faa mid-yngste syster di, og daa kann me bu tett i hop alle saman."

So fór dei heim alle fire. Daa han fortalde far sin um alle ferderne sine, so vart no den gamle kallen baade glad og forundra, og brørne hans like eins. Dei vart sams um at brørne tok kor si av systerne, og gamallen vilde hava det so at alle tri pari skulde hava brudlaup paa ein dag. I dei tider var det jamt vis at dei som gifte seg heldt brudlaup i fire fjortandagar; men etterdi det no var tri brudlaup paa ein gong, so vilde gamallen det skulde lagast til so mykje mat og drykk at gjesterne kunde liva fritt eit halvt aar. Soleis vart det, og dette storbrudlaupet var oversleg grust. — Dei tvo yngste var rikast og kaupte seg sidan ein gard tett ved der som faren budde. Det mid-yngste paret kaupte seg like eins ein gard i grannelaget, men det eldste paret fekk farsgarden.

Soleis gjekk det med dei; men um dei liver enno eller ikkje, det veit ikkje eg. Liver ikkje dei, so liver daa me.

Kjetta.

Det var ein gong ein enkjemann som hadde ei dotter, og so hadde han gift seg att med ei kjering som òg hadde ei dotter. Men fraa den dagen fekk manndotteri ikkje lov til nokon ting som godt var. So var det ein gong dei sjølve var farne til gjestebods, daa sat manndotteri heime einsleg med den gamle kjetta. Rædd var ho, og det kunde ho no hava orsak til aa vera, for ut paa kvelden kom det eit troll og dunka paa døri. „Lat upp for meg, for mine lange laar og mine forgylte skjenker, annars sparkar eg upp døri," sa det.

„Gjev meg godt raad," sa gjenta med kjetta.

„Aa du fær lata upp, annars spenner det upp døri," sa kjetta. Gjenta so gjorde, og inn kom trollet.

„Gjev stol for meg, for mine lange laar og mine forgylte skjenker," sa trollet.

„Gjev meg godt raad," sa gjenta med kjetta.

„Tak hoggestabben og set under det, du," sa kjetta. Gjenta so gjorde.

„No hev eg aldri sete so godt, og aldri kjem eg til aa sitja so godt heller," sa trollet. Og so sa det: „Gjev mat til meg, til mine lange laar og mine forgylte skjenker."

„Gjev meg godt raad," sa gjenta med kjetta.

„Gakk ut og tak eit trog med hestemyk og gjev det, du," sa kjetta. Gjenta so gjorde.

„No hev eg aldri ete so godt, og aldri kjem eg til aa eta so godt heller," sa trollet.

skjenker (fleirtal av skònk), laarbein, laar.

So daa kvelden kom, sa trollet: „Gjev seng til meg, til mine lange laar og mine forgylte skjenker.“

„Gjev meg godt raad,“ sa gjenta med kjetta.

„Aa tak nokre fjøler og legg under lakanet, du,“ sa kjetta. Gjenta so gjorde.

„No hev eg aldri lege so godt, og aldri kjem eg til aa liggja so godt heller,“ sa trollet. Men eit bil etter sa det: „Gjev kvilnæter aat meg, aat mine lange laar og mine forgylte skjenker.“

„Gjev meg godt raad,“ sa gjenta med kjetta.

„Aa tak ein høysekk og gjev det, du,“ sa kjetta. Gjenta gjorde so, og det var trollet nøgt med. Ut paa natti stod det upp og gjekk sin veg, for det torde kje venta til soli rann. Daa var høysekken riven i mange bitar, og rundt ikring paa golvet laag det straatt med sylvpengar.

Daa foreldri kom heim, vart dei reint forbina og undrast paa kvar ho hadde fenge alle dei pengarne ifraa. Ho fortalde daa det.

Næste gongen dei vart bedne til gjestebods vilde stykmori at h e n n a r dotter skulde vera heime. Ja det fekk ho daa. Men kjetta ho sat uppi peisen og mol, ho. Det drygde ikkje lenge fyrr trollet kom og banka paa. „Lat upp for meg, for mine lange laar og mine forgylte skjenker,“ sa det.

„Gjev meg godt raad,“ sa gjenta med kjetta.

„Nei sjølv ét du din mat, og sjølv sleikjer du ditt fat, og sjølv kann gjeva deg gode raad,“ sa kjetta.

Ja, gjenta ho let daa fyrst upp for trollet.

„Gjev stol for meg, for mine lange laar og mine forgylte skjenker,“ sa det.

k v i l n æ t e r, kvilenøyte, sengjarlag.

„Gjev meg godt raad,“ sa gjenta med kjetta.

„Du kann sjølv gjeva deg raad,“ sa kjetta.

Ja, so sette gjenta fram for trollet den finaste stolen ho fann; men stolen rauk sund med det same det sette seg.

„No hev eg aldri sete so vondt, og aldri kjem eg til aa sitja so vondt heller,“ sa trollet. Og so um eit bil sa det: „Gjev mat til meg, til mine lange laar og mine forgylte skjenker.“

„Gjev meg godt raad,“ sa gjenta med kjetta.

„Du kann sjølv gjeva deg raad,“ sa kjetta.

So tok gjenta den finaste maten ho hadde og sette for trollet.

„No hev eg aldri ete so vondt, og aldri kjem eg til aa eta so vondt heller,“ sa det. So daa kvelden kom, sa trollet: „Gjev seng til meg, til mine lange laar og mine forgylte skjenker.“

„Gjev meg godt raad,“ sa gjenta med kjetta.

„Du kann sjølv gjeva deg raad,“ sa kjetta.

So reidde gjenta upp gildaste sengi dei hadde og henta paa stabburet baade feldar og aaklæde.

„Aldri hev eg lege so vondt, og aldri kjem eg til aa liggja so vondt heller,“ sa trollet. Um eit bil sa det: „Gjev kvilnæter aat meg, aat mine lange laar og mine forgylte skjenker.“

„Gjev meg godt raad,“ sa gjenta med kjetta.

„Du kann sjølv gjeva deg raad,“ sa kjetta.

So la gjenta seg uppi sengi til trollet. Men um morgonen var ho reint kvitt, og det var mest inkje liv att i henne. Og ikkje ein skilling laag det att etter trollet.

Daa no foreldri kom heim, og ho sistpaa fekk

upp maal og mæle, fortalde ho korleis det hadde gjenge til, og at kjetta ikkje hadde sagt gode raad.

„Nei, sjølv ét ho sin mat, og sjølv sleikjer ho sitt fat, og sjølv kann ho gjeva seg gode raad,“ sa kjetta.

Kongsdotteri i haugen.

Det var ein gong ein konge som hadde ei einaste dotter. So døydde dronningi, mor hennar, og kongen gifte seg att med ei trollkjering som òg hadde ei dotter. No var det ein prins som skulde hava kongsdotteri; men det vilde ikkje trollkjeringi; so sende ho henne burt i skogen og sette henne i ei jordhola, og der var ho i sju aar. Ei lind stakk røterne inn til henne i hola, og dei batt ho daa ikring med gull- og sylvtraad. So var det ein dag at ein hest som vart jaga av ulvar kom til aa springa yver haugen uppyver og trod eit hol igjenom. Ein av ulvarne som kom etter datt gjenom holet og ned til kongsdotteri. Ho treiv fast i ragget paa ulven, daa han sprang upp atter, og soleis slapp ho ut. So tok ho ein brun fole som stod der, og reid til kongsgarden. Dagen etter skulde dotter til trollkjeringi nettupp hava brudlaup med den framande prinsen. Kongsdotteri gjekk inn og spurde um ho kunde faa hjelpa til i kjøken. Jau det kunde ho daa faa.

No hadde dotter til trollkjeringi født ein son nedi stallen og hadde vondt for aa staa

brur. So fann mori paa at den framande gjenta skulde klæda seg brur og fylgja prinsen til kyrkja. Han hadde ikkje sétt bruri si fyrr, anna hell av eit bilæte han hadde fenge. Han tykte at den han no fekk var svært fager, men han synfest òg gaa' at det var eitkvart tids med henne. Fyrr dei for aat kyrkja tok han daa og gav henne ein hanske og sa at ho ikkje maatte gjeva 'n til nokon annan enn honom. — Daa dei skulde aat kyrkja, bad bruri um ho maatte faa sin eigen fole aa rida paa, og so sa ho til prinsen. „Agta no vel paa kva eg segjer i dag.“

Daa dei hadde ride ei stund, sa ho:

Statt still ung fole, du spakne din gang,
bruri ligg i stallen med ein son i sitt fang.

Prinsen undra seg paa dette. So kom dei til lindi innmed jordhaugen. Daa sa ho:

Her stend du lind upprunni,
di rot av. gull er bundi.

Og daa dei kom til hola, sa ho:

Sju fulle aar eg i jordhaugen sat,
alle mine visor var det ingen som gat,
ein fole eg fann,
ein kongsson eg vann,
paa ulv hev eg ride,
til hei'rs hev eg kome.

Ei stund etter kom dei til ei grind som fòr og slo att og fram, so ingen kunde sleppa igjenom. Daa sa bruri:

Statt still no grind
so fager og fin,

deg bygde kong Finn,
som var fader min.

Daa dei so kom heim og laget skulde til aa byrja, var trollkjering-dotteri tilstasa til brur, og kongsdotteri laut ut i kjøken att. Men som leiken gjekk paa det beste, spurde prinsen bruri kvar ho hadde hansken hans. „Aa den gløymde eg,“ sa ho og gjekk ut i kjøken og skulde beda den andre um hansken. Nei den vilde kongsdotteri ikkje ut med til nokon annan enn brudgomen sjølv. So vart det tilstelt soleis at den framande gjenta skulde gaa etter kjeringdotteri og stinga handi si med hansken paa fram under armen hennar, so prinsen skulde tru at bruri hadde han. So vart det òg gjort. Men prinsen tok handi som hadde hansken paa og heldt ho fast, og daa laut rette bruri fram. So sende dei trollkjeringi og dotter hennar ut i skogen og kasta dei ned i jordhola. Men kongssonen og kongsdotteri tura brudlaup i gaman og gleda.

Jomfru Soleia.

Det var ein gong ei kongsdotter som var teki og sett i berg. So var det ein liten gut som gjekk paa det fjellet. Han fekk sjaa ho stod i berg til under hoka. So sa ho: „Du kann berga meg, du,“ sa ho. „Seg meg koss eg kann det, so skal eg freista,“ sa guten. „Du lyt koma og vera her tri torsdagskveldar paa rad,“ sa ho.

Jau fyrste torsdagskvelden kom daa guten og la seg til aa sova paa berget. Klokka tolv kom det tri stygge fantar med lange knivar. „No skal me faa oss ei gild steik," sa dei og tok til aa bryna knivarne. Men so slo klokka eit, og dei laut gaa att; dei kunde kje vera der lenger enn ein time. So laag guten der um natti, og um morgonen gjekk han burt til kongsdotteri. Daa stod no i berg til stakkelivet. So gjekk han der og tala med henne heile vika.

Andre torsdagskvelden var han der att, og daa klokka var tolv kom fantarne verre enn fyrr; dei brynte knivarne og sette fram ein slagtekrakk og eit blodfat. „I natt skal me faa oss ei gild steik," sa dei. Men so slo klokka eit, og dei laut gaa. Um morgonen gjekk guten burt til kongsdotteri, daa stod ho i berg til knéi. Og so gjekk han heile vika og tala med henne.

Daa tridje torsdagskvelden kom, sa ho: „Rettno vert dei verre, men drepa deg kann dei ikkje." Og daa so klokka slo tolv, kom dei endaa styggare enn fyrr og brynte knivarne og sette fram krakken og blodfatet. „I natt skal me hava oss ei gild steik," sa dei, og so tok dei guten og skulde til aa stinga kniven i han; men so slo klokka eit, og dei maatte gaa. Guten sov til morgons, han, og daa han so dreiv burt igjenom, kom kongsdotteri gangande imot han.

No skulde dei yver eit vatn, og han rodde henne. Uppi bakken paa andre sida stod det ei liti stova. „Naar du kjem dit upp," sa ho med guten, „maa du ikkje eta eller drikka noko av det dei byd deg." Nei det skulde han ikkje, sa han. Daa han no kom upp til stova, baud dei han mat. Guten vilde inkje hava. Men

so truga dei paa han noko brennevin, og han tenkte han kunde no berre smaka paa det; so munsa han so vidt til glaset. I det same hugsa han kongsdotteri, og so gjekk han ned til strandi. „No er det ute med oss," sa ho. So gav ho han ein hestsko. „Likso umogelegt som du kann slita ut den, likso umogelegt er det at du kann raaka meg att," sa ho, og dermed vart ho burte for han.

Men guten kunde ikkje gløyma henne. Og det fyrste han fekk seg nokre skillingar, kaupte han seg ein slipestein og fekk ein gut til aa draga, og so slipa han hestskoen til det ingen ting var att. So tok han i vegen og vilde leita etter henne, og seint um sidar kom han til ein mann som budde uppmed ein aas.

„Kann du segja meg vegen til jomfru Soleia?" spurde han. „Nei henne kjenner eg ikkje," sa mannen, „men eg hev ein bror burtanfor den store aasen der, kann henda han veit noko um det. Men det vert langt for deg aa gaa, so d'er best du fær laana hesten min, og naar du er framkomen, so snur du han berre og bed han gaa heim, so gjeng han heim av seg sjølv."

Ja so kom guten til den andre broren. „Veit du noko um kvar ho bur, jomfru Soleia?" spurde han. „Nei eg veit det ikkje," sa hin; „men eg hev ein bror burtanfor den store skogen der, kann henda han kjenner noko til det. Men det vert langt aa gaa, so du fær taka hesten min, og naar du er framkomen skal du berre snu han og beda han gaa heim, so gjeng han heim att av seg sjølv."

So kom han til den tridje broren. „Veit du kvar ho bur, jomfru Soleia?" spurde han. „Aa nei, ikkje so skilleg," sa hin; „men eg veit ho

skal bu paa sudsida aat soli og paa nordsida aat maanen. Men elles so veit nordanvinden um det, for han er der ofte og turkar steinty. Og nordanvinden eig heime langt paa nordsida aat den store aasen der "

So guten i veg att, og daa det leid um eit bil møtte han ein mann som spurde kvar han skulde av. „Aa eg skal til nordanvinden, eg," sa guten. „Det vert langt aa gaa," sa mannen, „daa treng du til slike styvlar som eg hev. Med dei tek eg 300 mil i kvart stig." „Aa det kann ikkje vera so frakke styvlarne det der," sa guten og saag paa dei. „Det er som eg segjer," sa mannen. „Maa eg taka dei paa meg og freista dei lite?" sa guten; „men det er vel berre so du lyg," sa han. Jau so skulde han daa faa draga dei paa seg. So tok han eit stig, og dermed var han 300 mil burte.

Um kvelden kom han til nordanvinden. „Veit du vegen til jomfru Soleia?" spurde guten. „Jau, det skulde eg meina," sa nordanvinden; „i morgon skal eg dit og turka steinty." „Ja so slær me fylgje daa," sa guten.

Um morgonen sa nordanvinden det med guten: „Det er best du gjeng noko fyre du," sa han. „Aa nei, me kann daa slaa lag; eg kann langa ut, eg og," sa guten. Daa dei so skulde i vegen tok guten eit stig, og dermed var han 300 mil burte. So tok nordanvinden til aa blaasa so maata og skulde taka han att; men daa han ikkje naadde han med det, vart han sinna og bles i, so han føykte i koll alt som fanst baade paa land og sjø, og endaa kom guten fyrst til jomfru Soleia.

Daa so nordanvinden kom setjande, bles

frakk, freg, gild, hæv.

han ned alt steintyet, so det vart ikkje noko brudlaup dagen etter, som det skulde vore. Men det varde ikkje lenge fyrr guten og jomfru Soleia hadde brudlaup lel, og hev dei ikkje slutta, so held dei vel paa enno.

Prins Hedvig og stolt Valborg.

Det var ein gong ei kongsdotter som heitte Valborg, og ho var so ven og stolt at dei kalla henne stolt Valborg. So skulde kongen ein gong ut i ufred, og so spurde han dotter si kva ho vilde han helst skulde taka med seg heim til henne.

„Aa eg vil helst hava det fyrste du raakar paa vegen, eg," sa ho. „Ja det er ikkje godt aa vita kva det vert; det kann verta lite, det," sa kongen. Ja det fekk vera det same.

Som daa kongen reid ut var det ein orm det fyrste han møtte. Han reid or vegen og vilde ikkje taka han; men ormen kraup uppetter føterne paa hesten og la seg kring halsen paa han. Det var ikkje raad aa faa ormen burt, og so laut kongen rida heim med han; men han tok og tulla kring halsen paa hesten alle dei plogg han hadde, so ingen skulde sjaa han kom ridande med slikt eit styggeting.

Daa han kom heim vilde han ikkje segja kva det var, det fyrste han hadde raaka. Men

stolt Valborg tagg og bad so lenge, so han sistpaa sa det. Og daa ho so fekk ormen, vart ho so glad i han, ho kjælte med han og strauk han. So var det ein dag det var so fint solskin at ho sat i hagen, og so la ho ormen paa ein stein og goddrøste med han. Daa brast ormehamen, og fram kom den fagraste prins ein kunde sjaa for sine augo. Han fortalde at han heitte prins Hedvig, og at han var forgjord i ormeham av eit troll; men no hadde ho berga han. Prins Hedvig og stolt Valborg vart daa gode vener og trulova seg med einannan.

So var det ein dag kongen skulde paa veiding, daa spurde prins Hedvig um han maatte vera med. „Ja du fær spyrja stolt Valborg," sa kongen. So spurde han henne um ho hadde noko imot at han gjekk paa veiding. „Berre du ikkje gløymer meg, naar du fær sjaa andre," sa Valborg. „Nei kann du tru eg kann gløyma deg som hev berga meg," sa han. „Vil du lova meg det daa, at du ikkje gløymer meg?" sa ho. Ja det lova han, og dermed reid han i vegen.

Burtpaa vegen budde det tolv jomfruer som tok imot farande folk. Kongen og prins Hedvig steig òg inn der. Daa jomfruerne fekk sjaa prins Hedvig, vart dei reint hugskotne; men han kjærde seg ikkje um dei, for han tenkte paa stolt Valborg. Men so hitta ei av dei paa aa kasta ein gløymeduk yver han, og dermed so gløymde han baade stolt Valborg og seg sjølv og alt i hop.

So sa kongen til han ein dag: „No er det paa tidi at me fer heim atter." „Aa eg tykkjer eg hev det godt som eg hev det, eg," sa prins Hedvig, og alt det kongen talde fyre han, so

hjelpte det ingen ting. Han vilde vera der han var, og kongen laut fara heim aaleine.

Daa stolt Valborg fekk vita dette, vart ho reint tung i hugen og meinte paa at faren hadde nok fenge prinsen med seg, naar han berre hadde vilja. Men faren sa som sant var at det ikkje var raad skapt til aa faa han med. So fekk ho fat i tolv utav leiksysterne sine, og dei klædde seg alle ut i mannfolksklæde og strauk til garden der som dei tolv jomfruerne budde. Der tok dei inn og vart verande der nokre dagar. Her fekk stolt Valborg snart sjaa prins Hedvig, men han kjende ikkje henne att.

So var det ein skræddar der paa garden, han tyktest skyna at det var tolv jomfruer som var komne til gards, og det sa han med dei andre. „Det skal me nok snart koma etter," sa dei, „for no til middags skal me setja fram bakverk og sukkerty og allslag steik som kvinnfolk likar, og ét dei daa det, saa skynar me at det er tolv jomfruer."

No hadde stolt Valborg ein liten hund som alltid fylgde med henne. Han høyrde det som dei sa, og so sprang han burt til henne og fortalde det. Daa so maten kom og det stod allslag steik paa bordet, sa stolt Valborg: „Er dette mat for vaksne karfolk? nei lat oss faa erter og kjøt og flesk," sa ho. So vart dei andre tolv jomfruerne arge paa skræddaren for han hadde narra dei. „Ja eg trur no det er kvinnfolk lel, eg" sa han. So skulde dei freista endaa ein gong. Dei skulde setja eit fat med neter framfyre kvar seng, og gav dei seg daa til aa drøsa og knekkja neter, kunde ein vera viss um at det var kvinnfolk. So sprang den vesle hunden burt til Valborg og fortalde dette og

Daa so kvelden kom og dei saag fati, tok dei og spente dei ifraa seg og sa: „Eg meiner dei trur me er kvinnfolk, sidan dei set natefat framfyre oss.“ So laut skræddaren gjeva seg.

Andre dagen skulde dei tolv framande kararne ut paa veiding, og so spurde dei prins Hedvig um han ikkje vilde vera med. Aa jau, han hadde hug til det. Som dei no reid i vegen, hadde ikkje stolt Valborg spent fast kvidgjordi paa hesten, og daa prins Hedvig kom attmed henne, spurde han kvifor ho ikkje hadde gjort det. „Aa nei,“ sa ho, „naar prins Hedvig kunde gløyma stolt Valborg, so er det ikkje aa undrast paa at eg hev gløymt aa spenna kvidgjordi.“ Daa kjende prins Hedvig festarmøyi si att. So reid dei saman til kongsgarden, og der heldt dei brudlaup, so det spurdest yver mange kongerike.

Augnestein og Messerima.

Det var ein gong ein kongsson som aldri fekk koma under berr himmel Men ein dag det var slikt fint solskin bad han so vent um han maatte faa gaa ut. „Du vert berre burte, Augnesteinen min,“ sa mori. Men so bad han so lenge til han fekk lov. Daa han kom ut laag det eit egg beint framfyre han. Det spente han til, og i det same vart han burte. Daa han saag seg ikring var han hjaa ei trollkjering, og ho hadde ei dotter som heitte Messerima. Her var han lenge, og Messerima tykte godt um han og hjelpte han paa alle maatar. Ein dag skulde

kvidgjord, bukgjord.

han maaka stallen. So sa Messerima: „No gjev mor deg ei gullreka og ei sylvreka og ei trereka aa velja imillom, men tak du trereka.“ Daa no trollkjeringi kom med rekorne, sa prinsen: „Far min er so rik ein konge, men han brukar aldri anna enn trereka, so den kann eg òg greida meg med.“ „Det hev du ikkje soge or ditt eige brjost,“ sa trollkjeringi.

Andre dagen sa Messerima: „No bed ho deg gaa etter hestarne; daa skal du taka lêrbeisl og leggja paa dei, og trilla so dette eplet framfyre dei, so gjeng dei etter.“ Daa no trollkjeringi kom og bad han gaa etter hestarne, spurde ho fyrst um han vilde hava gullbeisl eller sylvbeisl eller lêrbeisl. „Aa takk, eg tek lêrbeisl, eg“ sa Augnestein. „Det hev du ikkje soge or ditt eige brjost,“ sa trollkjeringi. — Daa han hadde funne hestarne, trilla han eplet framfyre dei, og dei gjekk fint etter.

Daa prinsen kom heim med hestarne, skyna trollkjeringi at det var Messerima som hjelpte han; men ho tenkte med seg at ho skulde no vel faa livet av han, um Messerima hjelpte han aldri so mykje.

So bad ho dotter si leggja i bakaromnen med ved og varskua naar han var gloande. Sjølv la ho seg i eit rom attved. Men so gjorde Messerima tvo dokkor og fekk dei til aa gaa paa golvet, og sjølv rømde ho av garde med prinsen. Um eit bil spurde trollkjeringi: „Er han gloande no?“ „Nei,“ sa dokkorne So drygde ho eit bil. „Er han gloande no?“ spurde ho daa. „Nei,“ sa dokkorne. Ei stund etter stod ho upp sjølv og vilde sjaa, so fekk ho auga paa dokkorne som Messerima hadde gjort. Daa vart ho sinna og eitrande gali og bad bergkallen sin

setja etter dei tvo og taka dei att paa flekken.

Augnestein og Messerima var alt komne langt paa vegen og skulde yver eit vatn. Daa dei var komne eit stykke utpaa, gaadde Messerima at bergkallen kom. So trolla ho upp ein diger sandhaug, og inni den gjøymde ho og Augnestein seg. Bergkallen kom, men saag ingen ting av dei, og so snudde han att. „Saag du dei ikkje?“ spurde trollkjeringi. „Nei, eg saag ikkje anna enn ein diger sandhaug, eg,“ sa bergkallen. „Ja den skulde du teke, for der var dei,“ sa trollkjeringi, og dermed so gav ho han eit slag millom akslerne og sende han av garde att.

Daa Augnestein og Messerima var komne lenger utpaa, gaadde ho at bergkallen kom att. So skapte ho ei stor kyrkja med folk i og gjorde seg sjølv til prest og Augnestein til klokkar. Daa no bergkallen kom gjekk han stillt inn og sette seg i ei ro i kyrkja og lydde paa messa, og daa den var ferdig rusla han heim atter. „Saag du dei ikkje?“ spurde trollkjeringi. „Nei eg saag ikkje anna enn ei kyrkja full med folk, eg,“ sa kallen. „Ja den skulde du teke,“ sa ho, „for prest og klokkar det var Messerima og Augnestein det.“

So la ho sjølv i vegen, men ho naadde dei ikkje fyrr dei var tett med land. Daa fekk ho so vidt tak i hælen paa Augnestein, men ho drog berre styvelen av han. Og daa var Augnestein og Messerima berga.

Guten som fekk husbonden sin sinna.

Det var ein mann som hadde tri søner. Det var smaatt for han, og so vilde han dei skulde ut og leita seg tenesta. Han Per skulde daa fyrst i vegen. So kom han til ein mann og spurde etter tenesta. Jau, mannen kunde taka han, men det skulde vera med dei skilordi, at so framt som han Per fekk mannen vond, skulde han hava eit kvartel pengar; men vart guten fyrst vond, skulde mannen hava lov til aa skjera tri reimar av ryggen paa han og straa salt i.

Daa nokre dagar var gjengne, stod dei paa laaven og treskte. Guten hadde ein tung treskjestav, so han snaudt nok kunde orka han. „Er det tust dette daa?“ sa han. „Er du vond?“ sa mannen. „Aa eg er no ikkje blid heller,“ sa guten. So var det ute med tenesta hans. Mannen skar tri reimar av ryggen paa han og straadde salt i og jaga han heim.

Ikkje likare gjekk det med Paal. „Er det tust aa fli folk dette daa?“ sa han, daa dei skulde til aa treskja. „Er du sinna?“ sa mannen. „Aa eg er no ikkje blid heller,“ svara Paal. Dermed skar mannen tri reimar av ryggen hans og jaga han heim.

So vilde Pøne ut. „Aa du daa,“ sa dei andre, „du hev ikkje gjort anna enn sete i oska og rørt.“ Men Pøne vilde plent i vegen. So kom han daa til same mannen og bad um tenesta. Jau, det kunde han daa faa, men det skulde vera avtalen, at vart mannen fyrst sinna, so

skulde Pøne hava eit kvartel pengar, men vart Pøne fyrst sinna, so skulde mannen hava lov til aa skjera tri reimar av ryggen hans og jaga han heim Jau, Pøne gjekk inn paa det. Daa dei so skulde paa laaven og treskja og Pøne saag treskjestaven, sa han: „Er det noko til tust den fillekjeppen der? Den duger ikkje," sa han; „eg maa minst hava langveggen til handvol og tverveggen til slagvol." „Ja so," sa mannen, „daa er det best du stryk til skogs og høgg lite ved." Jau, Pøne strauk, han. So sette han ein heil hop stødor kring ei diger gran, so det saag ut som ho var rothoggi og berre laag paa stødorne. Daa guten kom heim og hadde fenge seg mat, sa mannen at no var det best aa kjøyra etter veden. „Heime dreg me alltid veden heim, me," sa guten. Ja, so skulde dei gjera det her og. Dei gjekk daa aat skogen, og guten fekk mannen til aa draga i greinerne paa grani, so han fekk ho i koll. „No kann du taka i toppen, so skyv eg etter i roti," sa guten. Jau, mannen gjorde so, men daa dei var komne eit stykke paa vegen, sette guten seg upp paa roti, og mannen drog han heim. „Du er vel ikkje vill?" sa guten. „Nei, kvifor skulde eg vera vill, naar det gjeng so godt?" sa mannen.

So ein dag skulde guten til skogs og gjæta sauerne. Han tok daa og drog bjøllesauen upp i ei stor gran, og dei andre sauerne dreiv han heim til foreldri sine. Daa han no kom attende til mannen, sa han: „Det er reint faarlegt aa gjæta der i skogen din, for no som eg var der med sauerne kom det ein kvervelvind og bles dei burt til alle kantar, so det ingen var att so nær som bjøllesauen, han vart hangande i ei diger gran. Men du er vel ikkje sinna?" sa

guten. „Nei koss kann eg vera sinna paa deg for det,“ sa mannen. So gjekk dei daa i vegen og henta heim bjøllesauen.

Ein annan dag sa mannen det med guten: „Du lyt nok til skogs med kyrne i dag.“ Ja det gjorde daa Pøne; men daa han var vel i skogen komen, skar han rumporne av kyrne og stakk dei ned i blautmyri og dreiv so kyrne heim til foreldri sine. So gjekk han til mannen og sa: „Det er faarlegt aa gjæta i den skogen for den myri som er der. Alle kyrne dine sokk ned-i, so no stend berre rumporne upp. Me lyt stad og sjaa um me ikkje kann faa draga dei upp atter.“

So gjekk dei stad; guten synte vegen, og daa dei var framkomne tok han fat i ei rumpa og til aa draga, so ho gjekk upp og han datt paa ryggen, so det skvatt um han. Og soleis gjekk dei fraa den eine rumpa til den andre og drog dei upp alle saman. „Men du er vel ikkje vill,“ sa guten. „Nei eg kann vel ikkje vera vill paa deg for det,“ sa mannen.

So kom jola. No var mor aat mannen trollkjering og var paa Blaakollen med jolenatti. Ho kom attende joledagen, men so seint at presten alt var paa preikestolen. So gjorde ho seg til ei skjor og sette seg i apalen til aa skratta. „Det er daa svært til skjor,“ sa guten, „skal sitja her og skratta joledagen; maa eg ikkje skjota ho?“ „Jau du kann gjerne det,“ sa mannen. Guten skaut, og so saag dei at det var mori. „Men du er vel ikke sinna?“ sa guten. „Nei koss kann eg vera sinna paa deg for det?“ sa mannen. „Eg gav deg sjølv lov til aa gjera det.“

Daa det leid ut i jola skulde mannen og kjeringi i brudlaup. Fyrr dei no strauk sa

kjeringi det med guten: „No maa du gjera vel og rydja garden, og so kann du gjera ei krøterbru yver grefti; og naar du er ferdig med det, kann du kasta augo inn i brudlaupsgarden du og,“ sa ho.

Daa dei var strokne, tok guten og slo i hel all den nye buskapen dei hadde fenge seg og drog kropparne burt i grefti, men augo stakk han utor og stappa dei i lumma. Og so tok han og sette eld paa stova. Daa han no kom aat brudlaupshuset og stod paa dørstokken, tok han eit kuauga og kasta beint i syni paa mannen. So stod han lite og kasta so eit til. „No hev eg rudt garden, so det ikkje finst livande,“ sa guten, „og bru hev eg gjort av krøteri dine, og no kastar eg augo inn i brudlaupsgarden og. Men du er vel ikkje sinna?“ „Nei kann eg vera sinna for det?“ sa mannen.

So var det ein dag barnet hadde gjort seg ut. Kona bad daa guten gaa ut med det og gjera det vel reint og turka det. Guten tok barnet med seg aat brunnen og sprette det upp og vaska det vel baade utanpaa og inni, og so hengde han det upp paa ein gardstaur. Daa han kom inn att, spurde kona kvar han hadde gjort av barnet. „Aa det heng ute paa gardstauren og turkar, det,“ sa guten, og daa dei skulde sjaa ut, hekk barnet der paa stauren som han hadde sagt. „Men du er vel ikkje vill?“ sa guten. „Aa, eg er ikkje so blid heller,“ sa mannen; „fyrst hev du gjort ende paa all buskapen min, so skaut du mor mi, so hev du sett eld paa huset mitt, og no hev du gjort ende paa barnet mitt og,“ sa han. „Ja so er semja ute daa,“ sa guten, „og no vil eg hava det kvartel pengar me svalla paa.“ Det fekk han, og dermed gjekk

han heim. Der laag brørne hans enno klene av dei reimarne som var skorne av ryggen deira; men no daa Pøne kom heim, fekk dei dokter til seg, og so vart dei gode att alle saman.

Ospekulten.

Ospekulten hadde ei osp til mor, og han drap den som hogg ospi ned. So gjekk han til kongen og spurde um han kunde faa arbeid. Han vilde ikkje onnor løn hava enn han vilde faa gjeva kongen tri daskar paa baken, naar han ikkje hadde meir arbeid aat han. Kongen gjekk inn paa det; han tenkte han skulde nok alltid finna paa arbeid aat han. So sende han guten burt i skogen etter ved. Men Ospekulten leste so paa at hestarne ikkje kunde draga. So tok han tvo kvitebjørnar og sette fyre og kjøyrde heim alt i hop, og sidan slepte han bjørnarne inn i fjoset, so dei gjorde ende paa all buskapen til kongen.

So skulde han av og mala paa ei kvern uti ei elv, men den kverni kom styggemannen og stansa rett som det var. Jau, ikkje fyrr hadde Ospekulten fare til aa mala, so stod kverni. Han tok eit ljos og saag etter, jau der hadde Gamle-Eirik sett laarbeinet sitt inn i kvernkallen. So tok Ospekulten klubba si og slo det tvert av. Eit bil etter kom styggemannen hinkrande paa eitt bein og bad so vent um han maatte faa att det andre beinet sitt. Nei, det

fekk han ikkje, sa Ospekulten, minders han vilde gjeva han ei skjeppa med pengar. Men daa pengarne skulde ut, vilde styggemannen lura han, og so sa han dei skulde setja skjeppa mot skjeppa paa kven som kunde kasta høgast. Dei trætte ei stund um kven som skulde kasta fyrst; men so vart det til di at Ospekulten skulde byrja. No hadde styggemannen ei kula som dei skulde kasta med, og Ospekulten stod lenge og sigta paa maanen. „Kvifor gjer du det?“ sa den stygge. „Jau eg vilde gjerne sjaa um eg ikkje kunde setja kula fast i maanen,“ sa Ospekulten. „Du ser dei svarte flekkarne, det er kulor eg hev sett i maanen fyrr,“ sa ’n. So vart styggemannen rædd for kula si og torde ikkje lata Ospekulten faa kasta.

So skulde dei setja skjeppa mot skjeppa paa kven som kunde blaasa høgast. „Du kann blaasa fyrst,“ sa Ospekulten. „Nei det kann du,“ sa hin. So vart det til di at Ospekulten skulde blaasa fyrst. Han gjekk daa upp paa ein bakke og tok ei diger fura og vreid ho som ei vidja kring hornet. „Kva skal det vera til?“ spurde styggemannen. „Jau annars sprekk hornet naar eg blæs,“ sa Ospekulten. So vart den stygge rædd og laut gjeva seg, og Ospekulten kom heim drivande med tri skjeppor med pengar.

Kongen hadde snart ikkje meir korn aa lata han mala. Men so vart det ufred i landet. „No skal eg vel faa arbeid aat han, so han skal faa nok i si livetid,“ tenkte kongen. Og so sa han at han skulde gaa imot fienden. Ospekulten var straks viljug, han, men mykje mat laut han hava med seg. So gjekk han i vegen, og daa han fekk sjaa fienden, sette han seg til aa eta. Dei skaut alt dei kunde, men kulorne beit

ikkje paa han. Daa han hadde ete seg mett, reiste han seg upp og reiv ei diger eik upp med roti og slo ikring seg med, og daa var det ikkje lenge fyrr han hadde slege ned kvar kjeften av fienden. So gjekk han attende til kongen. „Hev du meir arbeid?“ sa han. „Nei, no hev eg ikkje meir,“ sa kongen. „So vil eg gjeva deg dei tri slagi paa baken,“ sa Ospekulten. Kongen bad um han maatte leggja putor under. „Ja legg so mange du vil,“ sa Ospekulten. So slo han, og med fyrste slaget rauk kongen i mange bitar.

Kona som ikkje vilde hava born.

Det var ein gong ei ung og ven gjenta som tykte det maatte vera for leidt og mødesamt aa føda og ala upp born, og so vilde ho heller liva ugift enn vaaga seg til aa gifta seg, minders ho var viss um at ho vart barnlaus. So gjekk ho til ei spaakjering og spurde um ho fekk born naar ho gifte seg.

„Jau du 'fær born,“ sa spaakjeringi, „ti stykke skal du hava.“ „Daa vil eg heller vera ugift,“ sa gjenta, „utan so var at det kunde finnast ei raad, so eg ikkje fekk born.“ „Det er ikkje so umogelegt, det,“ sa spaakjeringi. „Det er no so laga at du skal hava ti born. Men her hev du ti pinnar, og so snart du gaar at du er med barn, bryt du berre av ein av dei, so døyr barnet straks i livet ditt.“

Gjenta tok pinnarne og gifte seg og livde mange aar i gaman og gleda. Og kvar gong ho kjende ho var med barn, kvidde ho seg med aa føda det, og so tok ho ein av pinnarne og braut sund. Soleis drap ho sju born med' dei enno var i livet hennar. Men sistpaa angra ho det ho hadde gjort, og so kasta ho burt pinnarne og fødde sidan tri vene døtter. Dei gifte seg òg og fekk mange born.

Daa ho no vart gamall og døydde, kom ho til himmerike, og der kom det fyre henne som ho stod i ein hage. Ho gjekk ikring i hagen, og so kom ho til ei seng; der stod det tri fagre rosetre fulle med dei finaste rosor, og attmed dei stod det sju visne som stod i turr jord. Ho ansa det ikkje større so fyrstundes og gjekk ikring og saag paa alle dei andre fine trei og blomarne som var der; men alltid var det som ho laut attende til sengi med dei tri blømande og dei sju turre rosetrei. Rett som ho daa stod og undra seg paa dette, kom hagemannen gangande. So spurde ho kva det skulde tyda dette med dei sju turre og dei tri fagre trei. Han svara daa: „De tri blømande trei er dei tri døtterne dine som enno liver paa jordi, og dei sju turre er dei sju borni du hev drepe med' dei enno var i livet ditt.“ Daa angra ho saart den syndi ho hadde gjort mot desse borni sine. „Kann dei daa aldri faa liv att, desse turre trei?“ spurde ho. „Jau,“ svara hagemannen, „du ser det er turt der dei stend. Kann du dogga dei med graaten din, so skal dei faa livskraft att.“

So gret mori dag og natt og tenkte paa den store syndi ho hadde gjort mot borni sine; og smaatt um senn fór dei turre trei til

aa spretta. Men kor mykje ho syrgde, kom ho ikkje lenger enn til at trei stod grøne. Daa spurde ho hagemannen koss dette hadde seg, og han svara: „Nei lenger enn til aa faa livs-sevja i dei kann du ikkje naa med graaten din. Skal dei spretta ut i blom, krevst det blod. Til det vil det ein annan og større enn du, og han vil hjelpa deg.“

Ørnen min stallbror.

Per og Paal og Hans skulde ut og skjota. So kom dei til eit stort berg. Der var eit hol i berget, og ei tropp bar ned igjenom holet. „Her skal me gaa ned,“ sa Hans. „Aa nei, er du galen,“ sa dei tvo andre. Men Hans gjekk ned, han, og so pilta dei tvo andre etter. Nedi berget var det mange fine rom, og i eit av dei stod det tri uppreidde senger. „Her legg me oss i kvar vaar seng,“ sa Hans og slengde seg upp i den eine. Nei det tykte dei andre var drjugt, og so la dei seg i hop i ei seng.

Dagen etter skulde Paal og Hans ut og skjota noko til mat, og Per skulde stella heime der i fjellet. Som han no stod i kjøken og koka, kom det ein gamall kall og bad so tunt um noko mat. Jau Per skar av eit kjøtstykke og gav han, men kallen skalv so paa handi at det datt ned paa golvet. So skulde daa Per taka det upp, men i det same han bøygde seg, tok den gamle mannen og jula han soleis upp at han vart reint kvitt.

Ikkje betre gjekk det med Paal andre dagen, han fekk òg slik juling at han mest ikkje kunde leda seg.

So skulde Hans vera heime i fjellet. Jau, den gamle kallen kom og vilde hava mat, men Hans tok sverdet sitt og hogg hovudet av han.

Daa Per og Paal vel var ut or berget komne, tok dei ein stor stein og sette ned i holet, so Hans ikkje skulde koma upp atter, og so strauk dei heim.

So gjekk Hans der ned-i fjellet fraa det eine romet til det andre. Kom han daa til stallen; der stod det ein ukse med store koparhorn, og den stelte han daa med.

So ein dag kom det ein diger ørn flagsande og bad Hans um mat; so skulde han nok hjelpa han ut or berget. Jau, Hans tok og slagta uksen, og ørnen sette til livs den eine framfjordungen. „Du fær gjeva meg andre framfjordungen og,“ sa 'n. Det gjorde daa Hans. Daa no ørnen hadde raadt med den og, sette Hans seg paa ryggen paa han og tok med seg dei tvo bakfjordungarne, og so gjekk det upp til vers.

Daa det leid um eit bil laut ørnen faa bakfjordungarne med og aat dei upp, men daa flaug han òg so det susa, og so kom dei sistpaa til eit kongsslott.

„No kann du gaa inn og segja du er gullsmed og spyrja um dei ikkje vil hava gullkrunor gjorde,“ sa ørnen. „Naar dei daa bed deg gjera ei, skal du krevja eit rom for sjølv-deg og laast som du arbeider, og naar tridje dagen er gjengen skal du lata upp glaset og ropa: „Ørnen min stallbror! so skal eg koma med kruna.“

Jau guten gjorde so. Han fekk eit rom for

sjølv-seg og hamra og banka, so det dunde i heile kongsgarden. Og daa tridje dagen var gjengen, slo han upp glaset og ropa: „Ørnen min stallbror!“ og der kom ørnen siglande med ei gullkruna i nebben. Daa den eldste kongsdotteri fekk sjaa kruna, sa ho: „Eg meiner det er den eg hev mist!“ Og glad vart ho, kann du vita.

Det gjekk like eins med den andre kruna som ørnen kom med. So vilde den yngste kongsdotteri òg hava seg ei. „Ja kann eg faa deg, naar du fær kruna?“ sa guten. Ja det skulde han gjerne.

Daa ørnen kom fjukande med den siste kruna, sa han: „Paa brudlaupsdagen kjem eg og dunkar tri gongjer i veggen. Daa maa du springa til og taka meg og kasta meg ned i ein gloande omn som du hev reide. So skal du taka meg ut derifraa og kasta meg attlenges yver hovudet ditt, so skal du faa sjaa kven eg er.“

Ja brudlaupsdagen kom, og daa dei sat der i gaman og gleda, banka det i veggen eit slag; men brudgomen tenkte so paa bruri si at han ikkje høyrde det. Ei stund etter slo ørnen i veggen, so huset riste. Brudgomen høyrde det enno ikkje. So slo han tridje slaget, so dei trudde huset skulde ramla. Daa hugsa Hans paa ørnen og sprang ut; kasta 'n so i omnen og attlenges yver ryggen. Daa vart ørnen til den fagraste kongsson som ein kunde sjaa. So fekk han den andre kongsdotteri, og so tok dei til aa tura brudlaup paa nytt lag.

Hoppetussa.

Det var ein gong eit par folk som hadde tri søner. Det var fatigslegt for dei, og mannen tykte daa at sønerne fekk ut og tena. Det hadde dei ikkje vidare hug paa, og so vart dei verande heime. Sistpaa tykte faren han hadde ikkje raad til aa hava dei lenger, og so sa han: „Ja anten lyt de no ut og tena, eller so lyt de sjaa aat og faa dykk eit rikt gifte.“ Jau, det vilde dei heller freista.

Fyrste laurdagskvelden flidde dei tvo eldste seg og vilde i vegen, og so meinte Oskelabben at han òg vilde vera med. „Aa du daa!“ sa dei og log. Jau han vilde freista, han og. „Ja so fær du gaa einsleg daa, for ikkje vil me hava fylgje med deg,“ sa dei. So gjekk dei, og ei stund etter gjekk Oskelabben og. Daa han var komen burt i skogen eit stykke, tulla han seg burt. So møtte han sistpaa ein gamall mann. „Kva er det du er so sturen fyre?“ spurde han. So fortalde Oskelabben korleis dei andre brørne fór aat med han og ikkje vilde hava han med seg. „Aa bry deg ikkje um det, du,“ sa den gamle mannen, „gakk burt igjenom her, so møter du ei hoppetussa, ho vil beda deg fylgja med heim, og det skal du gjera.“ Guten gjekk, og eit bil etter møtte han hoppetussa. „God dag,“ sa ho. „God dag att,“ sa guten. So kom dei daa til aa drøsa, og hoppetussa spurde um han ikkje vilde fylgja ho heim. Jau det vilde han daa.

h o p p e t u s s a, padda, tuss.

So hoppa hoppetussa fyre, og guten gjekk etter til dei kom til ei liti stova langt inn-i skogen, og der var det so fint og reint, so det var svære ting. „Du er vel svolten, stakar, vil du ikkje hava mat?“ spurde hoppetussa. „Aa eg er ikkje mett heller,“ sa guten. So sette ho fram fyre han den beste maten han kunde tenkja seg. Og so vart han verande der um natti; for han tykte ikkje dei andre brørne skulde faa gjera narr av han, for di han var vist burt der han fridde.

Morgonen etter kom han heim. Brørne hans var alt komne fyrr og var kisteglade, for dei hadde fritt og fenge ja av tvo rike gardgjentor. „No hev du vel funne deg ei gullprinsessa, du?“ sa den eine broren med Oskelabben. „Det var ein som sa han hadde sétt deg i ein laave i natt,“ sa den andre. Og so log dei og skumpa burt i Oskelabben. Men han berre tagde, han; for hoppetussa hadde sagt at han slett ikkje maatte nemna noko um ho, for daa kom det til aa gaa gale med dei baae tvo; men vilde han berre tegja, so skulde det nok laga seg.

Andre laurdagskvelden sa faren til dei at dei skulde beda kjærastarne sine um kvar sin vest, so fekk han sjaa kven som var mest framifraa til aa veva. Jau det lova dei. Oskelabben venta til brørne vel var komne i vegen, so la han til skogs til hoppetussa si.

„Far min sa eg skulde hava ein vest med meg fraa kjærasten min,“ sa han. „Ver urædd, du,“ sa hoppetussa. „Vesten skal eg gjeva deg; men du maa ikkje nemna eit ord um kvar du hev fenge han ifraa, annars gjeng det gale med oss baae tvo.“ Nei han skulde ikkje det.

Morgonen etter kom brørne braskande med kvar sin gild vest. „No, hev du funne deg eit purkeskinn til vestemne?“ sa dei med Oskelabben. Han berre tagde og drog vesten sin fram under trøya. Men daa kunde det vel henda at brørne gapte, for slik vest hadde dei endaa aldri sétt, han var helvti gull og helvti silke. „Korleis hev du fenge den?“ spurde dei, reint handfallne. „Ja det var no det daa,“ sa Oskelabben.

Laurdagskvelden etter sa faren at han vilde sjaa ei skjorta som kjærastarne deira hadde sauma, so han kunde sjaa kven som sauma venast.

Oskelabben ut i skogen til hoppetussa si. „Eg skulde hava heim med meg ei skjorta,“ sa han, „veit du raad med det?“ „Gakk berre burt og legg deg til aa sova, du,“ sa hoppetussa; „skjorta skal du faa i morgon tidleg, men so nemner du ikkje eit ord um kvar du hev fenge ho ifraa.“ Nei han skulde daa ikkje det.

Morgonen etter var ikkje brørne fullt so kaute, dei skjeggla berre burt paa Oskelabben. Dei hadde kvar si skjorta med som var flunkande ny og slett ikkje verst. „No fær du koma med skjorta di, du og,“ sa faren. „Ja her er ho,“ sa Oskelabben og dermed drog han ei skjorta fram under trøya. Men daa stod dei reint som ovandottne, for slik skjorta hadde dei no ikkje sétt fyrr. Ho var heilt av silke og utsydd med rosor, og rette namnet til Oskelabben stod paa ho med gullbokstavar. „Men koss i verdi er du komen til slik skjorta?“ spurde baade faren og brørne. „Ja det var det daa,“ sa Oskelabben.

Næste laurdagskvelden sa faren at dei fekk henta kjærastarne sine heim, so han kunde faa

sjaa korleis dei var. Ja dei skulde daa det. Men daa vart Oskelabben sturen, og so la han burt i skogen til hoppetussa si og fortalde kva faren hadde bede um. „Ja teg berre still, so skal du sjaa det jamnar seg nok,“ sa hoppetussa. No laag det framfyre stova hennar eit djupt vatn, ein halv fjordung langt eller vel so. Um sundagsmorgonen daa dei skulde i vegen heim til far aat guten, sa hoppetussa at det vatnet laut dei yver. „Ja so er det likso godt eg gjeng min veg eg daa,“ sa guten, „for det vatnet er ikkje symjande for meg.“ „Aa jau, haldt berre i rumpa mi,“ sa hoppetussa, „haldt fast og teg still, so skal du nok sjaa me kjem yver.“ Jau hoppetussa la uti og til aa symja, og guten heldt fast i rumpa. Daa dei var komne eit stykke, skreik hoppetussa: „Klyp og haldt, klyp og haldt!“ ho kjende det tok til aa losna. Og guten klypte og heldt fast, og sistpaa kom dei til lands. Men daa vart hoppetussa til den fagraste kongsdotter som guten hadde sétt for sine augo. Og so fortalde ho at ho var forgjord til hoppetussa av eit troll. So fór dei fyrst heim til kongsborgi der foreldri hennar budde, og derifraa ok dei i vogn med fire snøkvite hestar fyre til foreldri aat guten. Men daa kann du tru dei stirde. Daa prinsessa og guten hadda vore der ei stund, gjekk dei ikring til alle og takka for seg, og so strauk dei attende til kongsborgi. Og der heldt dei brudlaup so det spurdest baade vidt og breidt.

Den største ljugaren.

Det var ein gong ein fatig mann som var skuldig hundrad speisidalar til ein rik mann. Den rike mannen var svær til aa ljuga, og so hadde han lova ut at den som kunde ljuga endaa likare enn han, skulde faa hundrad dalar. So vilde daa den fatige mannen freista. „Tenk eg fann eit gulerotgras i hagen min som var grott upp av hundrad røter,“ sa den rike. „Var det noko daa?“ sa den fatige: „Eg hadde ein gong eit kaal i hagen min som var so stort at eg ikkje kunde sjaa upp til toppen paa det. So kjøyrde eg eit stykke uppetter det, og daa eg var leid av aa kjøyra, so rusla eg uppetter eit bil, og so visste eg ikkje ordet av fyrr eg var heilt upp-i skyerne. Der fann eg ei lus og ei loppa; dei vrengde eg skinnet utav og skar upp til reimar, og so hissa eg meg ned. Men daa fór eg so langt ned i jordi at eg laut etter ein spade og grava meg upp atter.“

Daa skratta den rike og sa: „Nei du vert lauken lel, du fær sleppa for aa gjeva meg att dei hundrad dalarne.“

lauken, („lauken i laget“), den beste, basen.

Risen og risegygri som kapptalde.

Risen han var no so seinvoren at det var ikkje maate paa det. Og risegygri, kona hans, ho var no so kvik og rappkjefta at det vår ikkje maate paa det heller. So var det ein gong at gygri sa til risen:

„Kom so skal me telja til seksti og sjaa kven som vert snarast!“

Ja, risen var med paa det, han, og so byrja han:

„Fi-fi-fi ein, fi-fi-fi tvo, fi-fi-fi tri . .“

Men so skynar de at det gjekk ikkje fort med han. Men gygri ho sa berre:

„Tvogongtielleveognifemogfemtan.“ Det var seksti, og so var ho fyrst ferdig.

Men so vart risen sinna, og so vilde han freista ein gong til. Ja det var gygri med paa, og so byrja han ørlite forare hell fyrr:

„Fififi-ein, fififi-tvo, fififi-tri . .“ Men gygri sa berre:

„Ei tylvt, tvo tylvter, tvi tylvter, fire tylvter, fem tylvter.“ Det var seksti, og so var ho fyrst ferdig.

Men risen han var so sinna, so sinna, og so vilde han freista ein gong til. Ja ho hadde kje noko imot det, ho, og so byrja risen endaa ørlite forare hell i stad:

„Fififiein, fififitvo, fififitri . .“ Men gygri ho sa berre:

„Eit sneis, tvo sneis, tri sneis.“ Det var seksti, og so var ho ferdig.

Men risen han var so sinna, so sinna at han kjende seg ikkje, og so sa han dei skulde prøva ein gong til. Ja gygri ho var straks ferdig denne gongen med, og so byrja risen endaa noko forare hell fyrr:

„Fififieinfififitvofififitrifififififirefif . . .“ Men gygri ho sa berre:

„Tjugetjugetjuge.“ Det var seksti, og so var ho ferdig. Men so kann de tru at risen han var sinna. Aa han var so sinna, so sinna at han var reint sprekkeferdig, og so sa han at dei skulde freista for siste gongen. Ja gygri ho var straks med att, og so tok risen til so fort han var kar um det:

„Fieinfitvofitri . .“ Men gygri ho sa berre:

„Ti halvtylvter!“ Det var seksti, og so var ho ferdig. Daa skyna risen at det var ikkje nokor raad med henne, og so maatte han gjeva seg.

Smeden og kongsdotteri som siglde av i ei tunna.

Det var ein gong ein konge som hadde eit einaste barn, og det var ei dotter. Han tykte svært gildt um denne dotter si, som ventande var, og han hadde mykje umsut for at ho skulde verta godt gift.

Tett attmed kongsgarden budde det ein smed, og det var mykje til smed; for han hadde

ein gong laga seg eit sverd som var soleis, at kva slag livande han hogg til, so døydde det. Dette gode sverdet bar han jamt paa seg. Men um han no var aldri so hag og hæv, so var han likevel ikkje anna enn ein svart smed.

Daa kongsdotteri var vaksi, fekk ho mun i smeden, og dei tvo vart trulova. Kongen baade truga og lokka paa henne, at ho ikkje maatte taka smeden; men det var ingi raad, ho vilde og ho maatte hava han, sa ho, korleis det so gjekk.

No kunde kongen ikkje lata den skammi koma paa seg, at dotter hans skulde verta gift med ein smed. So let han laga ei stor tunna og hadde smeden og dotter si inn i den og let dei faa noko mat og drikka med seg, og slo so attfyre; so sette han tunna paa havet og let ho reka som ho vilde. Der var eit lite vindauga i tunna, so dei ikkje skulde hava det radt myrkt.

Tunna rak baade langt og lenge, men sistpaa stâna ho, og daa saag dei at dei var komne til eit fint flatt land. Dei gjekk i land der og drog tunna upp paa strandi; dei vilde hava ho til hus so lenge.

So ein dag sa smeden at han vilde gaa innetter landet og sjaa seg um. Han tykte det var so audlegt, han saag korkje folk eller fe her, sa han. „Ja men eg vil vera med,“ sa kongsdotteri. Nei, han vilde gaa aaleine, sa han. Ja so fekk han det daa.

Daa han hadde gjenge eit stykke, møtte han tvo gjætslegutar som gjekk der og gjætte ein stor saueflokk. Det var store gilde sauer med so lang ull at ho naadde mest ned paa marki, og kvar sau hadde ei bjølla av kopar.

faa mun i verta glad i.

„Kven er det som eig denne gilde saueflokken?“ sa smeden. „Det er ein stor rise som hev tri hovud og bur i eit stort koparslott langt inni skogen,“ sa gjætslegutarne, „og dit maa du ikkje fara, elles ét han deg i eit bit,“ sa dei. „Det kann no vera moro aa sjaa slottet,“ sa smeden, og dermed traska han i veg.

Daa han hadde no gjenge eit langt stykke til, saag han slottet langt burti skogen, og det var so blankt at det skjein langan leid av det. Smeden gjekk beint burt aat slottet og banka paa.

„Kven er det som bankar paa døri mi?“ sa risen med grovt maal. „Aa du fær koma ut og sjaa,“ sa smeden. „Kjem eg ut, so ét eg deg,“ sa risen, og i det same kom han ut gjenom døri; men smeden hadde det gode sverdet sitt med og hogg til, so alle tri hovudi trilla burtetter. So gjekk han attende. Han møtte gjætslegutarne paa vegen og fortalde kva han hadde gjort, og dei vart daa so glade; men han fortalde ikkje noko til kongsdotteri, daa han kom heim til henne.

Dagen etter vilde smeden gaa innetter landet att og sjaa seg um, og kongsdotteri vilde endeleg vera med no og, ho vantreivst so naar ho skulde vera etter aaleine, sa ho. Men smeden vilde ikkje hava henne med, han vilde gaa aaleine, sa han. Ja so fekk han det daa.

Daa han hadde gjenge ei stund, møtte han tvo gjætslegutar som gjætte ein stor kubøling. Kyrne var store og so feite og blanke at det skjein av dei, og kvar ku hadde ei bjølla av sylv.

„Kven er det som eig denne gilde bølingen?“ sa smeden. „Det er ein stor rise som hev seks

hovud og bur i eit stort sylvslott langt inni skogen," sa gjætslegutarne, „og dit maa du ikkje fara, elles ét han deg i eit bit," sa dei. „Det kann no vera moro aa sjaa slottet," sa smeden, og dermed traska han i veg.

Daa han hadde gjenge eit langt stykke til, saag han slottet langt burti skogen, og det var mykje større og blankare enn koparslottet. Smeden gjekk beint burt til det og banka paa.

„Kven er det som bankar paa døri mi?" sa risen, og han var endaa grovare i maalet enn den risen som var i koparslottet. „Aa du fær koma ut og sjaa," sa smeden. „Kjem eg ut, so ét eg deg," sa risen, og i det same kom han ut gjenom døri; men smeden stod ferdig med sverdet sitt og hogg til, so alle seks hovudi trilla burtetter. So fór han attende. Han møtte gjætslegutarne paa vegen og fortalde kva han hadde gjort, og dei vart daa so glade; men han sa ikkje noko til kongsdotteri no heller.

Tridje dagen vilde han òg gaa innetter landet og sjaa seg um. Han var ikkje kjend nok enno, sa han. Kongsdotteri vilde plent vera med, og denne gongen baade gret ho og bad paa smeden. Ho vantreivst so ille, naar ho skulde vera der aaleine, sa ho. Men smeden vilde ikkje hava henne med; han vilde gaa aaleine denne dagen òg, sa han. Ja so fekk han det daa; men han laut lova at ho skulde faa vera med dagen etter.

Daa han hadde gjenge ei stund, møtte han tvo gjætslegutar som gjætte ei stor hestedrift. Det var store og feite hestar og so blanke at

det skjein av dei, og kvar hest hadde ei bjølla av gull.

„Kven er det som eig denne store hestedrifti?“ sa smeden. „Det er ein stor rise som hev ni hovud og bur i eit stort gullslott langt inni skogen,“ sa gjætslegutarne, „og dit maa du ikkje fara, elles ét han deg upp i eit bit,“ sa dei. „Det kann no vera moro aa sjaa slottet,“ sa smeden, og dermed traska han i veg.

Daa han hadde gjenge eit langt stykke til, saag han slottet langt burti skogen, og det var mykje, mykje større enn baade koparslottet og sylvslottet, og so blankt at han laut halda seg for augo med same han fekk sjaa det; han var no mest van med aa sjaa paa dei svarte koli han, maa tru. Men han gjekk berre beint burt aat slottet og banka paa.

„Kven er det som bankar paa døri mi?“ sa risen, og han var so grov i maalet at det glumde i heile slottet naar han tala. „Aa du fær koma ut og sjaa,“ sa smeden. „Kjem eg ut, so ét eg deg,“ sa risen, og i det same kom han ut gjenom døri; men smeden stod ferdig med sverdet og hogg til, so alle dei ni hovudi trilla burtetter. So fór han attende. Han møtte gjætslegutarne paa vegen og fortalde kva han hadde gjort, og dei vart daa so glade; men han fortalde ikkje noko til kongsdotteri denne gongen heller.

Dagen etter fór dei innetter landet baae tvo og skulde sjåa seg um. Fyrst gjekk dei til koparslottet og saag paa det. „Kunde du trivast her, trur du?“ sa smeden. „Aa ja, eg trur sagte det,“ sa ho; „men det er ikkje nokor hjelp i det, me fær ikkje vera her likevel me, det er

ikkje vaart slott," sa ho. „Nei, her vil eg ikkje vera," sa smeden.

So gjekk dei til sylvslottet og saag paa det. „Kunde du trivast her, trur du?" sa smeden. „Aa ja, eg trur sagte det," sa ho; „men det er ikkje nokor hjelp i det, me fær ikkje vera her likevel, me, det er ikkje vaart slott," sa ho. „Nei her vil ikkje eg vera," sa smeden.

So gjekk dei til gullslottet og saag paa det. „Kunde du trivast her, trur du?" sa smeden. „Ja, her kunde eg trivast, og her vil eg vera," sa ho. Ho tykte der var so vent, so ho gløymde at det ikkje var deira slott. „Ja her vil eg òg vera," sa smeden, og so fortalde han korleis han hadde bore seg aat med desse tri risarne, og kongsdotteri vart glad, kann du tru. So vart dei verande der daa.

So var det ein dag at smeden vilde ut og sjaa seg um noko meir. Han var lite kjend enno, tykte han, og so var det so audlegt her, han saag inkje folk. Daa han hadde gjenge ei stund, saag han tolv mann som sat inni ei jordhola. Med same dei saag han, vart dei rædde og kraup berre lenger inn; men daa dei so skyna at han ikkje vilde gjera dei noko vondt, kom dei fram att. Smeden spurde dei daa um dei visste kva slag land dette var, og og um der budde noko folk. Nei, dei visste ikkje um nokon annan enn tri risar, sa dei, ein med tri hovud i eit koparslott, og ein med seks hovud i eit sylvslott, og ein med ni hovud i eit gullslott, og desse risarne var so vonde at dei drap mest kven dei saag. Og dei som ikkje vart drepne, vart truga til aa vera tenarane deira, og det var so vondt at det var mest ikkje til aa halda ut. Smeden fortalde daa kva

han hadde gjort med desse risarne; og no var dei tri slotti hans, sa han, og han var no konge i dette landet. So spurde han um dei vilde vera tenarane hans, og det vilde dei gjerne alle saman. Dei vart so glade, daa dei høyrde at risarne var drepne, at dei visste ikkje kva fot dei skulde staa paa.

So let smeden byggja eit stort gildt skip og klædde det med gull baade utanpaa og inni. Med dette skipet siglde han og kongsdotteri attende til kongsgarden. Daa vart dei vel mottekne av kongen, og der vart brudlaup og gjestebod i mange dagar. So fór dei attende til gullslottet, og der livde dei baade lenge og vel i stor stas og herlegdom, og er dei ikkje avlidne, so liver dei enno.

Pengeøskja.

Det var ein gong ein gamall mann som var so fælt fatig, so han lite hadde baade til aa bita og slita. Han laut kava og stræva seint og tidleg, skulde han halda liv i seg og sine. So var det ein dag han var uti skogen og fann ved og kom dragande heim att med eit tungt lass. Daa raaka han ein mann som stod attmed vegen. „Du slit, du,“ sa mannen. „Aa ja, soleis fær eg bala og slita stødt, eg,“ sa gamlingen, „og endaa rekk det ikkje til.“ „Ja, men vil du no lova meg det, at eg skal faa dei tvo tvinlingdøtterne dine den dagen dei stend for

presten," sa den framande mannen, „so skal du faa ei øskja full av gullpengar; og ho er so laga at ho aldri vert tom, kor mykje du tek or ho." „Kva vil du daa gjera med døtterne mine?" spurde den gamle. „Du fær aldri sjaa dei att meir," sa mannen, „men dei skal hava det godt hjaa meg paa alle vis." Gamlen tenkte lenge paa dette og visste ikkje si arme raad kva han skulde gjera; for han kunde ikkje vita kva slag mann han var komen ut fyre. Men sistpaa vart dei samde um at gamlen skulde faa pengarne no straks, og so skulde framandmannen koma att og faa døtterne daa dei stod for presten. Dermed skildest dei.

No vart det velstand i stormunom hjaa den gamle. Um nokre aar hadde han mange svære skip gangande i sjøen og dreiv det stort paa mange vis. Det skorta ikkje paa noko der i huset no, og gamlen vart ein vidspurd mann for all midelen sin.

So kom den dagen daa tvinlingdøtterne stod for presten. Foreldri og skyldfolki deira gjekk med stor anke og otte; for dei hugsa lovnaden. Daa dei kom ut or kyrkja stod framandmannen der med ein gild hest og utifraa gilde kjøyregreidor og skulde henta dei tvo gjentorne; det skulde nok ikkje bera fatigslegt av garde. Fyrr dei fór sa framandkaren det med far deira: „All din eigedom skal du lata eldste sonen din faa i arv etter deg; men øskja skal den yngste hava." So bad døtterne vel-liva, og av stad bar det.

Um nokre aar gav faren ifraa seg og let den eldste faa alt han aatte so nær som pengeøskja; den fekk den yngste. Men brørne visste

ingen ting um kva ho var verd, og den eldste tyktest vera svært til kar daa han hadde fenge alt og broren ingen ting, som han tenkte.

Um ei tid døydde faren, og so tok eldste sonen paa og livde stort og sumla og vasa seg burt. Skipi kom burt, det eine fyre og hitt etter, og sistpaa var det reint uppi inkje med han, so han sat der som ein annan fatig stakar.

Men med den yngste hadde det gjenge frametter, jamt og stødt. Han hadde fenge seg ein stor gild gard og livde som ein herremann. Broren kunde ikkje skyna kvar han fekk utkoma si ifraa. So tok han til aa grava og røkja etter og kom sistpaa under ver med at han hadde ein løynd skatt einkvar staden.

Straks etter kom den eldste broren til byen og vart sett til aa styra med ei pengekassa der; men han sumla og vasa liksom fyrr og hadde snart kome mange tusund dalar til atters. So vilde dei jaga han ut or landet og aldri lata han faa koma heim att meir. Men fyrst tok dei og batt han til ein stolpe paa eit gatehyrna, so alle som gjekk framum kunde sputta paa han. Soleis var lovi den gongen.

No høvde det seg so at den yngste broren kom til aa gaa framum der hin stod bunden. Daa tok den eldste til aa tigga og naudbeda at han skulde gjeva skadebot for han. Den yngste tykte synd i han og kaupte han fri med ein stor slump pengar, og tok han so med seg heim. Men daa den eldste fekk fritt ledarom der, tok han til aa nasa og grava, til han sistpaa kom yver pengeøskja. Og straks so strauk han av garde med ho.

Den yngste broren var skuldig store penge-

l e d a r o m, rom til aa snu seg.

sumar som han hadde tykt det ikkje hasta med aa løysa, for han hadde alltid pengeøskja. Men no stod han der med tvo hender tome. So kom dei som han stod i skuld til og krov sitt, og daa han ingen ting hadde, so gjekk det med honom som det hadde gjenge med broren fyrr; dei batt han fast til ein stolpe, so alle kunde gaa framum og sputta paa han, og sidan vilde dei hava han ut or landet.

No kom eldste broren til aa gaa framum der hin stod bunden, og den yngste tok daa til aa tigga og naudbeda at han maatte hjelpa han. Den eldste slengde sistpaa til han nokre gullstykke, men det var for lite til aa kaupa seg fri med. Det kunde berre vera til ei liti naudhjelp. So tok dei den yngste og hadde han utpaa eit skip og førde han langt burt yver havet og sette han upp paa strandi i eit anna land. Der gjekk han daa med sut og sorg og visste ikkje kva det skulde verta av han, og han visste seg ingen utveg til aa koma der-ifraa. Men so kom han i hug gullstykki sine, og so gjekk han til skipparen og sa: „Vil du gjeva meg ei vats-tett kassa og leggja meg inn i den og gjeva meg mat med og hamar og kniv og tong og so setja meg ut paa sjøen, so skal du faa desse her,“ sa han og synte fram dei fem gullstykki sine Dei blenkte i soli og freista skipparen hardt; for ein slik skilling var ikkje kvar dag til bods. Han lova at han skulde gjera det som guten bad um. So fekk han pengarne, og ein kveld det var kolende myrkt tok dei og kasta guten i havet. Der dreiv han og rak i mange dagar. So kom det ein svær storm, so han kjende koss kassa gjekk heilt under i sjø-

arne; og sistpaa kom det ein brotsjø og kasta ho heilt upp paa turre landet.

Straks guten kjende at han var paa land, tok han til aa bruka seg med hamar og kniv og tong, til han fekk kassa i stykke og kunde krjupa ut. Daa var han komen til eit ovende vent land, og han gjekk lenge og reika hit og dit og saag seg ikring. So raaka han ein gamall mann, og det var nett den same som hadde drege av med systerne hans. Guten kjende han ikkje; men mannen kjende guten straks og visste korleis det stod til med han. So fortalde mannen kven han var, og guten undrast mykje og bad han um hjelp.

„Ja, men no skal du fyrst ta' og hogga hovudet av meg," sa mannen og flidde guten ei breid øks. „Nei, det vil eg daa ikkje," sa guten. „Jau, du skal gjera det," sa gamlekallen; „du skal ikkje trega paa det." Ja so gjorde guten det daa, og i det same hovudet datt, skaut det upp ei ovfager kongsborg, so det lyste og blenkte paa alle leider. Og uppi eine lofts-vindauga stod dei tvo systerne til guten; dei skjein utav gull og sylv og smilte ned til han. So kom kongen sjølv ut og gjekk fram til guten og helsa. „Det var meg du hogg hovudet av," sa han. „Dette slottet hev vore fortrolla og eg med, men no er alt utløyst. Og her er baae systerne dine. Far no du dit som bror din bur og tak øskja; ho stend attanfor skaapet uppaa loftet. So vert bror din snart ein fatig mann att og vert sett fast attmed stolpen. Kjem du daa framum og han bed deg um hjelp, so gjev du han so mange gullstykke som han gav deg; for so skal ugjerd løna seg sjølv."

Guten tok av stad til bror sin, og det gjekk

alt saman som kongen hadde sagt. Daa han fór framum der som bror hans stod bunden til stolpen, so tigga og bad broren um hjelp. „Ja, den same hjelpi som du gav meg, skal eg gjeva deg,“ sa hin og flidde han gullstykki, og med dei kunde han ikkje kaupa seg fri. So tok dei den eldste broren og førde han burt med eit skip og sette han i ei kassa paa sjøen. Der vart han drivande til det var ute med han.

Men den yngste fór attende til kongsborgi og fekk riket etter gamlekongen, og der livde han og systerne hans sidan og hadde det baade gildt og godt.

Guten med braudleiven.

Det var ein gong ei kona som hadde ein son, og ho var so fatig at ho aatte korkje mat eller klæde. So sa ho det med sonen at ho hadde ingen ting aat han, og ho visste ikkje betre raad enn at han fekk gaa ut i verdi og freista aa tena seg rik. Ja guten tenkte han fekk vel freista, og bad mor si um litegrand mat til aa hava med seg. Ho gav han alt det ho hadde, det var ikkje anna enn ein leiv havrebraud. Han tykte det var ilt aa fara og gjekk graatande av stad; men det var ingi raad med det.

Daa han hadde kome eit stykke paa vegen, raaka han ei kjering. „Kva er som vantar deg, med di du græt so?“ sa ho. Han fortalde daa

alt som det var til. Men no visste han ikkje kvar han skulde venda seg, sa han, og det var nok ingen som vilde hava han i tenesta heller.

Aa han fekk ikkje vera so sutefull; kann henda **ho** kunde hjelpa han, sa ho. „Laugt inni fjellet deruppe bur det ein tusse,“ sa ho. „Han er ute no i kveld og leitar etter kristne jomfruer og hev sett døri opi etter seg, og no skal du gaa dit upp fyrr han kjem att og setja deg paa dørstokken. So skal du eta eit rundt hol i braudleiven din, so stort at du fær han ned yver hovudet. Men agta deg vel at han ikkje gjeng sund; for so lenge du hev **den** paa deg, torer tussen ikkje gjera deg noko; tussarne hev ingi magt yver havre, maa tru. Naar han daa kjem, skal du freista aa hefta han med drøs so lenge til soli sprett, og daa er det ute med han. Og so maa du skunda deg og bera ut alt du finn der i fjellet med' det er ljos dag; for naar det lid paa kvelden kjem det nokre andre tussar og skal til gjestebods hjaa tussen. Finn dei deg daa der og ser at han er daud, so tek dei og riv deg sund,“ sa ho.

Guten gjorde so som kjeringi sa, han gjekk langt inn i fjellet til han fann ei opi dør, og der sette han seg. Um eit bil kom tussen; men han var rædd guten for det han hadde kring halsen, og torde kje gaa inn. Han berre bad han gaa or vegen.

„Eg rikkar meg ikkje fyrr du hev høyrt ei regla,“ sa guten. „No skal du høyra kva dei gjer med kornet. Fyrst riv dei upp jordi og kastar det nedi. Daa veks det upp nokre store buskor. So skjer dei desse buskorne og bitt dei i hop og hengjer dei upp paa ein stake.

tusse, rise, troll.

Sidan tek dei og bankar dei med sin kjepp, so kornet flyg av, og so dryfter dei det, so det fyk ikring. So legg dei det paa ei hella og brenner det, og sidan legg dei det millom tvo steinar og knasar det fint sund. Og so slær dei vatn yver og rullar det i hop og brenner det paa ei hella att. — Nei men sjaa no attanfor deg, for ei ven møy der kjem!“ sa guten daa med eitt. Tussen so gjorde, og so var det soli som reis upp. Guten hadde halde paa so lenge med drøset sitt til natti var lidi, og so var det ute med tussen; han sprakk sund der han stod. So tok guten paa og bar ut alt det han fann av gull og sylv, og det var so mykje at han vart ein utrik mann i alle sine dagar sidan.

Den sterke guten.

Det var ein gong ein mann og ei kona som fekk seg eit gutebarn, og dei vilde so gjerne at guten skulde verta ein stor og sterk kar naar han voks upp. Mori let han suga i fem aar, og so leidde ho han burt til ei liti eik og sa at han skulde freista aa slita ho upp med røterne. Han totta og sleit alt han vann, men orka ikkje aa rikka ho.

So let dei guten suga ei merr i fem aar og leidde han so aat eiki att og bad han riva ho upp. Daa kunde han bøygja og leda paa eiki, men vann ikkje enno riva ho upp. So let dei han suga ei merr i endaa fem aar til

og leidde han so aat eiki for tridje gongen. Daa reiv han ho upp med røterne so lett som ingen ting var. Men daa vilde han heller ikkje gaa heime lenger. Han tok skreppa paa nakken og vilde ut i verdi og freista si lukka.

Daa han hadde gjenge langt og lenge, kom han til kongsgarden. Der baud han seg til tenesta, og han kravde kje anna i løn enn at han skulde faa knippa kongen bakantil med tvo fingrar naar aaret var ute. Det gjekk kongen straks inn paa. Han log berre og tykte det var moro, og so sette han guten til aa rusla med eit og anna arbeidet paa garden.

So var det ein dag guten skulde til skogs etter eit lass ved. Han lesste paa so lenge han vann lø' paa sleden; men daa hesten skulde til aa draga, vann han ikkje rikka lasset av flekken. Daa vart guten sinna. Han tok og la hesten uppaa lasset og surra han godt fast, og so tok han sjølv og drog lasset heim som ingen ting var.

Daa kongen fekk sjaa dette, skyna han at det kunde verta spelegt, naar denne guten skulde faa løni si og knippa han bakantil med tvo fingrar. Han vart baade sinna og rædd og visste seg ingi raad koss han skulde faa han ifraa seg, naar han var so sterk. So gjekk han til dronningi og kjærde seg, og ho fann snart paa ei furda. „Du skal lata guten grava upp ein svær djup brunn her attmed kongsgarden,“ sa ho. Jau kongen gjorde som ho sa, og daa brunnen var ferdig let dei guten kjøyra heim ein svær dunge med stein og leggja rundt ikring tett frampaa trømen.

So kom dronningi ein dag og saag paa

spelegt, faarlegt. furda, raad, utveg.

dette, og best som ho stod der slepte ho ein dyr gullring ned i den tome brunnen; ho lest som ho gjorde det av vanvare. Dei laut finna eit langt tog og vilde heisa ein mann ned etter ringen. Men daa han var komen til helvtars ned, vart han rædd og ropa og skreik, so dei laut draga han upp atter snøggast dei vann. Daa vaaga ingen annan seg ned i brunnen, fyrr dei kom til den sterke tenestguten; men han gjekk ned til botnen med ein gong og tok til aa leita etter ringen.

Daa hadde kongen og dronningi samla alle hovmennerne og riddarane sine rundt brunnen, og med ein gong tok dei til aa grysja og velta ned stein paa alle le'r og sidor og vilde grava guten ned livande.

„Hei der, de maa ikkje lata hønsi sparka sand ned i augo paa meg, so eg ikkje kann sjaa ringen!" ropa han. Men dei berre dreiv paa og velte endaa meir. Sistpaa kasta dei ned ein overhendig stor kvernstein, og med den raama dei so godt at guten fekk han kring halsen og stakk med hovudet upp gjenom auga paa 'n. „No trur eg reidelege dei vil gjera meg til prest og setja kragen paa meg!" sa han, og dermed so steig han upp med steinen paa seg. Daa vart kongen og alle mennerne hans so rædde at dei rømde paa berre livet; men guten kom etter og fekk snart tak i kongen. „Gjev meg no løni mi!" sa han. Og den laut han faa: han gav kongen eit knipp bakantil med tvo fingrar, so han fór til vers som ein skinnveng, og er han ikkje komen ned att, so fyk han vel der uppi lufti enno.

ler (leder) sidor, kantar.

Guten og riddar rædd.

Det var ein gong ein mann som hadde tri søner og aatte ein stor flokk med svin. So var den eldste sonen uppi skogen ein dag og gjætte svini. Best som det var kom det eit fælt troll ut or fjellet og tok eit av dei, og guten vart so rædd at han tok paa spranget heim og torde kje koma aat skogen meir.

Dagen etter skulde den andre av gutarne av og gjæta, og daa gjekk det like eins; det fæle trollet kom ut or fjellet og tok eit svin til, og guten vart so rædd at han tok røming heim att og torde kje koma aat skogen meir.

Tridje dagen skulde den yngste sonen av og gjæta, og han hadde kje vore lenge i skogen fyrr trollet kom og tok eit svin ifraa honom og. Men han rømde ikkje heim att. Han kleiv upp paa fjellet og gav seg til aa rumla og velta stein utfyre, so det braka i alle liderne. Daa kom trollet ut or fjellet og spurde kva som tids var.

„Eg vil ha att for svinet du tok," sa guten. Ja, trollet torde kje anna, det gav han ei skjeppa med pengar for svinet, og so fór det inn i fjellet att.

So tok guten til aa ruska og velta stein att, so det braka i liderne, og sistpaa so kom trollet ut ein gong til og spurde kva som tids var.

„Eg vil ha att for svinet du tok ifraa eldste bror min," sa guten. Ja trollet torde kje anna,

det gav han ei skjeppa med pengar for det og, og so fór det inn i fjellet att.

So tok guten til aa ruska og velta stein endaa ein gong, og sistpaa so kom trollet farande ut for tridje gongen og spurde kva som tids var.

„Eg vil ha att for svinet du tok ifraa andre bror min og,“ sa guten. Men daa hadde trollet ikkje fleire pengar aat han. Det hadde ikkje noko anna aa gjeva han hell eit gamalt sverd. Men det sverdet hadde det laget i seg at ingen ting stod seg for det, naar ein hogg med det.

So gjekk guten heim med pengarne og sverdet. Men etter den dagen vilde korkje han eller brørne hans gaa og gjæta svin lenger, sidan dei hadde vorte so rike. Dei vilde ut i verdi og syna seg og freista lukka si. So tok dei ut alle tri paa ein gong, og den yngste bar med seg det gode sverdet sitt. Daa dei kom til den fyrste krossvegen skildest dei og tok kvar si leid, og den yngste saag ikkje meir til dei tvo brørne sine. So gjekk han langt og lenge frametter vegen, og sistpaa so kom han til kongsgarden. Der fekk han vita at kongen hadde stor sorg paa seg, so han mest ikkje kunde tala med noko menneskje. Det hadde gjenge soleis til at han hadde vore utpaa eit vatn og siglt for moro ein dag. So hadde det kome upp eit fælt sjøtroll og vilde taka han, og han slapp ikkje med livet fyrr han hadde lova at det skulde faa eldste dotter hans. Ein dag straks etter var han utpaa og siglde att. Daa kom det upp eit fælt sjøtroll med tvo hovud og vilde taka han, og han slapp ikkje med livet fyrr han lova at det skulde faa andre dotter hans. Og det gjekk ikkje betre tridje venda: daa kongen var utpaa og siglde endaa

ein gong, kom det upp eit fælt sjøtroll med tri hovud og vilde taka han, og han laut lova at det skulde faa yngste dotter hans.

Alle tri døtterne var enno heime hjaa far sin; men han gjekk kvar dag og berre venta paa at dei tri trolli skulde koma og taka dei, og han sjølv kunde ikkje berga dei. So hadde han lyst ut paa alle kyrkjebakkarne i heile sitt rike, at den som kunde berga dei tri kongsdøtterne, skulde faa velja kven han vilde av dei til kona og faa halve riket attpaa.

So kom det ein overhendige gresk riddar til kongsgarden og vilde freista aa berga dei. Fyrste dagen so tok han den eldste kongsdotteri med seg og gjekk og dreiv att og fram med henne nedmed vatnet. Naar so det fyrste trollet kom upp og vilde taka henne, skulde han slaa det i hel.

Daa guten høyrde dette, lurde han seg etter og vilde sjaa koss det gjekk. Jau, best som det var so kom det eit fælt troll upp or vatnet og vilde draga av med kongsdotteri, og riddaren vart so kattandes rædd med det same, at han flaug ifraa henne og kleiv upp i eit høgt tre og sat der og berre skalv. Men daa var guten snar og sprang fram med sverdet sitt. Han hogg hovudet av trollet, so det trilla, og so reiv han tunga ut or hausen paa det og stakk ho i lumma.

Kongsdotteri ho let vel og takka alt det ho kunde og tok so ein fin ring av fingeren og batt fast i haaret hans; det skulde vera til merke paa at det var han som hadde berga henne. Men daa riddaren uppi treet saag at

trollet var daudt, so skunda han seg ned og jaga guten or vegen, og han truga kongsdotteri til aa segja at det var h a n som hadde berga henne og drepe trollet. So tok han henne med heim til kongsgarden og fortalde dette til alle, og alle trudde det.

Dagen etter skulde riddaren gaa nedmed strandi med den andre dotteri og sjaa aa berga henne, og guten lurde seg etter liksom fyrste gongen. Best som dei gjekk der, kom trollet med dei tvo hovudi upp og vilde draga av med kongsdotteri. Riddaren vart so rædd denne gongen og, at han flaug lukt upp i det høge treet og sat der og berre skalv. Men so sprang guten fram med sverdet sitt og hogg av baae hovudi, so dei trilla, og so reiv han ut tungorne og stakk dei i lumma.

Kongsdotteri ho takka alt det ho kunde, og so tok ho ein fin ring av fingeren og batt fast i haaret hans, til merke paa at det var han som hadde berga henne. Men daa riddaren saag at trollet var daudt, so skunda han seg ned og jaga guten or vegen og truga kongsdotteri til aa segja at det var h a n som hadde gjort alt saman. Og daa han kom heim til kongsgarden og fortalde dette, so trudde alle det.

Tridje dagen skulde den greske riddaren gaa nedpaa strandi med den yngste dotteri, og daa gjekk det nett like eins som fyrr. Guten lurde seg etter, og upp or vatnet kom trollet med dei tri hovudi og vilde draga av med kongsdotteri, og riddaren fauk upp i treet og sat berre og bibra og skalv. Men guten hogg av alle tri hovudi og reiv tungorne ut og stakk dei i lumma.

Kongsdotteri ho takka og let vel endaa meir

hell dei andre, og so tok ho ein gyllandes fin ring av fingeren og batt i haaret hans til eit merke. Men so kom riddaren og gjorde liksom dei tvo vendorne fyrr, og paa kongsgarden trudde dei det var han som hadde berga kongsdotteri no og.

So hadde han berga alle tri, og han skulde faa velja kven han vilde av dei til kona og faa halve riket. Han valde den yngste. Dei laga til brudlaups, og det var stor gleda i kongsgarden. Men kongsdøtterne var bleike og sturne. Ingen skyna korleis dette hadde seg, og sjølve vaaga dei ikkje aa segja noko.

Men so kom guten ruslandes og sa at han visste koss det hadde seg. „Det er nok eg som hev berga dei og drepe trolli,“ sa han; „og no er det eg som hev rett paa den eine kongsdotteri og halve riket.“

„Du var lik til det, du,“ sa dei og berre log aat han, og riddaren bles aat den galne gutungen og lest som han aldri saag han. Og kongsdøtterne vaaga kje aa segja noko no heller.

Men so sa guten det med riddaren: „Kann du no segja kvar tungorne er av dei tri trolli?“ sa han, for den som hadde fellt dei skulde kuna syna fram tungorne og. Aa dei laag vel i hausarne der dei hadde vore, sa riddaren; han hadde berre gløymt aa taka dei. So vilde guten dei skulde stad og sjaa, han, og daa dei kom ned til kropparne av trolli, so var der ingi tungor aa finna.

„Men eg veit kvar dei er,“ sa guten. Dermed so tok han dei upp or lumma og fortalde alt saman, koss han hadde drepe trolli og rive tungorne ut etterkvart, og koss den greske riddaren hadde rømt upp i treet.

Dei vart forsigna yver dette alle i hop; men dei vilde ikkje enno tru det, og riddaren han berre gav vondt. Men so sa dei tri kongsdøtterne at det var snart gjort aa faa vita dette visst; for dei hadde alle tri knytt ein ring i haaret paa den som hadde berga dei. So leita dei fyrst i haaret paa riddaren, men der fanst ikkje ringar. Men daa dei kom til guten, so hekk alle tri ringarne i haaret hans. Daa skyna dei alt i hop, og dei tok og jaga riddaren lukt av land. Men guten fekk taka kven han vilde av kongsdøtterne og fekk halve riket attaat. Han tok den yngste, ho var venast og gildast, og so gjorde kongen brudlaup aat dei, so det baade høyrdest og spurdest.

Guten og presten.

Det var ein gong ein gut som vilde av og byggja seg. So kom han til ein prest. Dei kom snart til, av di det var næst-under slaatten, og presten hadde lite folk.

Den andre dagen skulde guten fylgja med hin drengen paa heidi og slaa stølen. Dei ferda seg til um morgonen og tok i vegen. Daa dei kom fram og hadde ete, la dei seg til aa kvila og sov sit herlegt bil. So vakna drengen og sa dei laut upp og slipa. „Me lyt eta fyrst,“ sa guten. Daa dei det hadde gjort, vilde drengen

forsigna, forbina, forundrig. koma til, koma til lags.

ut; men guten sa dei laut kvila etter maten. „No hev me nyst kvilt; dette gjeng aldri fyre seg,“ sa drengen. „Ja men so hev me havt det kvar eg hev fare, og soleis vil me hava det her og,“ sa guten. So la dei seg att og sov til kvelds.

Den andre morgonen var drengen fælt tidleg til aa vekkja; men guten kvidde seg fyrr han kunde koma upp. Dei reiv i seg maten det snøggaste dei kunde. So vilde drengen ut. „Nei,“ sa guten, „me vil kvila etter maten.“ Drengen var reint forstøkt yver denne kvilingi; men han tagde seg og let guten hava det som han vilde. Det gjekk den dagen som den fyrre, og soleis heile vika: dei aat og kvilde, men inkje slo.

Daa laurdagen kom og maten var ende, so laut dei heim. Dei ferda til klyvi og reiste. Daa dei kom paa vegen, tok guten ein tom sekk og til aa pila steinflingror heimetter knausarne. Daa sekken var full, tok han og la 'n uppaa klyvi og forda han med seg. Alt som tidaste heim etter vegen spurde drengen kva han vilde med steinsekken. Guten sa berre at presten skulde hava han. Dette totte drengen var snodigt; men han tagde seg.

Daa dei kom heim, møtte presten ut og spurde koss det hadde gjenge. Jau, det hadde gjenge rett godt, svara dei. No fór guten til aa hissa paa sekken og vilde hava han ned. „Kva hev du i denne?“ spurde presten. „Aa det kann no vera det same for deg, for det er no mine,“ svara guten og fór til aa draga av med sekken burtetter tunet. „Du kann daa endelege segja meg kva du hev i sekken,“ meinte presten. „Det er pengar,“ sa guten. „Kvar hev du funne

gaa fyre seg, gaa an. pila (pela) plukka upp. flingra, tunn steinflis.

dei?" spurde presten. „Paa heidi", sa guten. „Ja men so skal eg hava det halve," sa presten, „for du hev visst funne dei paa mi mark." „Me skal no sjaa det," sa guten. Daa presten no saag at han vilde draga av med sekken, sprang han til og greip i den eine enden paa han, og so drog dei til kvar sin kant. Sistpaa slepte guten og sa: „Ja sidan du er so strid at du vil hava sekken, so vil eg at pengarne vart til graastein, og at stølen stod som han hev sta'e."

Presten drog sekken inn, men daa han glaapte ned i 'n, var det berre graastein. So kom han til aa tenkja paa stølen og bad drengen rida paa heidi so fort han kunde og sjaa koss det var. Drengen visste godt koss det var og reid berre av nord i skogen og la seg til aa sova so lenge, til presten kunde tenkja han hadde vore upp til stølen. So kom han heim att og fortalde at buderne var tome og at aldri eit straa var støytt.

Sløg.

Det var ein mann som vilde av og leiga seg tenestgut. So sa kjeringi det med han: „Du maa kje leiga nokon som heiter Sløg, det plar jamt vera nokre unopor dei som heiter so." Nei han skulde ikkje det, sa han. So tok han ut. Daa han var komen noko langt paa vegen, møtte han ein gut. „God dag," sa mannen. „Gud sign deg," sa guten; „skal du

støytt, i koll.

langt av i dag?“ „Eg vilde av og leiga meg tenestgut,“ sa mannen; „men eg veit ikkje kvar eg skal faa han; eg hev fordrygt meg so reint, onni kjem paa meg, og eg kann ikkje vera eismall,“ sa han. „Eg hev tenkt aa byggja meg, du skal faa meg,“ sa guten. „Ja det er vel nok,“ sa mannen; „men kva heiter du?“ sa 'n. „Sløg,“ sa guten. „Ja men kjeringi mi sa det med meg, at eg skulde kje leiga nokon som heitte Sløg,“ sa mannen. Nei, det kunde so vera, sa guten.

So tok mannen i vegen att, og guten fór skogvegjes. Daa no mannen kom noko langt paa vegen, so møtte han ein gut att. „God dag,“ sa guten, „skal den mannen langt?“ sa han, og so gjekk det like eins som fyrste gongen: han heitte Sløg, denne og. So skildest dei aat og strauk kvar sin veg att; Sløg hovudstup til skogs og yver ein aasrygg, og mannen vegen. So møtte han ein gut tridje venda. „God dag,“ sa mannen. „Gud sign deg,“ sa guten, „skal du langt av i dag daa?“ „Eg vilde av og leiga meg tenestgut,“ sa mannen, „men han er nok ikkje so god aa faa dette bil aars.“ „Eg hev tenkt aa byggja meg, du skal faa meg,“ sa guten. „Ja det er vel nok, men kva heiter du daa?“ sa mannen. „Sløg,“ sa guten. „Er det ikkje anna hell Sløgar i denne bygdi?“ sa mannen. „Eg veit ikkje, eg,“ sa guten. „Ja eg fær faa deg daa,“ sa mannen, „eg kann 'kje lenger gaa.“

Ja so kom dei heim att um kvelden. „Hev du no fenge gut?“ sa kjeringi. „Ja,“ sa mannen. „Kva heiter han?“ „Sløg,“ sa mannen. „Men det var ikkje eg som sa du skulde kje leiga nokon som heitte Sløg?“ sa ho. „Ja, det var

nok so, men der var ikkje andre; kven eg fann, so heitte han Sløg." „Aa ja, so lyt det vera det same daa," sa kjeringi.

So sa mannen det med guten at han turvte kje vera so tidleg uppe um morgonen, eller taka paa aa arbeida so svært fyrsta; det var ein snild mann, maa tru. Ja, dette var no vel nok. „So gjeng eg av og slær, og du kjem etter meg naar det lid paa morgonen," sa mannen.

No visste kje kjeringi noko um dette. Og so var det ein som ho heldt seg med, det var endaa husmannen, Jon heitte han. Ho stelte so gildt til med mat og drikka aat han um morgonen, og so spurde ho kvar han var og slo i dag. „Eg slær der den kvite merri mi stend," sa Jon. Alt dette laag guten og lydde paa, og kjeringi visste kje anna hell at ho var eismall.

So tok guten blæja ut or sengi og bar med seg, og kom so etter paa slaatteteigen til mannen. „Kva vil du med den?" sa mannen. „Eg vil taka tilbakars med meg noko bòs, eg totte eg laag so hardt," sa guten. Ja, so var dette vel nok.

Um eit bil sa mannen: „Me lyt snart faa oss mat, det er dugurds bil," sa 'n. „Det hastar ikkje, eg tenkjer kjeringi kjem med mat til oss i dag," sa guten. „Nei tru det daa?" sa mannen: „ho plar ikkje det, men det maa vera si' me hev fenge ny tenestgut daa," sa han.

No hadde kjeringi koka rjomegraut og klint eit par klingar, ho, og vilde ut paa slaattorne til han Jon med det. So saag ho denne kvite blæja og tenkte det var merri hans Jon; ho var noko nærsynt. Og so kom ho so langt fyrr ho

blæja, sengtæppe. lakan. si', sidan. av di. kling, klining, flatbraud med smør paa.

gaadde kva det var, at ho kunde kje venda att. Ja so laut mannen og guten faa den gode maten, og dei til aa eta. So sa mannen: „I dag hev me so god mat, eg trur eg vil burt etter han Jon, so fær han eta med oss.“ „Nei, eg skal gaa burt til han Jon,“ sa Sløg og tok av stad.

Daa han kom no burt til han Jon, so sa han det: „No maa du vara deg, no kjem mannen med ei stor vaag og vil slaa deg i hel for du heldt deg med kjeringi hans i dag.“ So kom han att springandes til mannen, so heitt og hardt han kunde. „Eg skulde beda um du vilde koma burt og hjelpa han Jon og taka med deg ei stor vaag,“ sa han; „merri hans hev dotte av uti eit stort søyledike.“ Mannen vart so forstøkt at han sette paa spranget med ei vaag paa aksli og ein bit av klingen i munnen. Daa Jon saag dette, vart han reint rædd og tenkte det var som Sløg hadde sagt. Han tok ut so fort som han kunde, og mannen etter alt han vann, for han tenkte Jon sprang dit som merri laag. Det bar langt av leid med dei, og sistpaa sprang Jon ut yver ei ufs og braut av seg eine foten, so han vart liggjande og berre krauna og enkja seg. „Eg skal aldri gjera det meir!“ ropa han, „eg skal aldri hava noko med kjeringi di meir og aldri ansa henne i all mi tid, naar du berre ikkje vil skamslaa meg!“ Mannen vart reint forfurda, daa han høyrde dette, og snudde attende so fort han kunde. So saag han at han hadde mist ned nokre molar av klingen han hadde bore i munnen, og tok til aa pila dei upp atter.

„Kva er det mannen gjer der?“ sa kjeringi med Sløg, daa ho saag dette. „Ser du ikkje

enkja seg, jamra seg, anka seg.

han plukkar upp kvite smaasteinar?" sa Sløg. „Kva vil han med dei?" sa ho. „Han vil steina deg i hel for du hev havt lag med han Jon," sa Sløg. So kjeringi til flògs og heim igjenom.

„Kva er det kjeringi spring so fyre?" sa mannen, daa han kom burt til Sløg. „Det er eld i badstova," sa Sløg. Mannen etter og sprang so hardt han orka, vilde vera med og sløkkja. Han var spræk og rakk snart innpaa kjeringi. So rulla ho paa hovudet i eit søyledike, og mannen kom beint yver henne. Daa vart ho so rædd at ho berre ropa og bad: „Aa kjære vene, slaa meg ikkje i hel, eg skal aldri lata han Jon liggja med meg meir!" Daa visste mannen alt, og so er soga ende. Og so var Sløg aaleine med rjomegrauten og.

Guten som støypte tin-augo aat bokken.

Det var ein gong ein liten gut som hadde mist baade far og mor, og so laut han ut og leita seg tenesta. Han gjekk baade vel og lenge; men kvar han kom, so sa dei: „Gakk burt til grannen, so fær du tenesta". Sistpaa so kom han til eit bratt fjell. Der budde bokken, og der skulde han daa faa vera.

Daa guten hadde vore der eit bil, lika han

bokken (bòkkjen), eit slag troll i manneham.

seg ikkje hjaa bokken og vilde faa reisa sin veg att. Men daa vilde bokken ikkje sleppa han, og guten laut vera der so lenge til han var reint leid av seg. So tok han katten aat bokken ein dag og stakk augo ut paa han og sette tin-augo inn att i staden. Katten kunde sidan ingen ting sjaa og fór berre rundt alle veggjerne som han var reint galen. Daa sa bokken: „Eg kann ikkje anna tru hell at katten maa sjaa eitkvart, med di han fer soleis renner." „Ja," sa guten, „han gjer nok det; han ser fulla baade sylv og gull." Daa tykte bokken at det skulde vore gildt um han hadde havt slike augo han òg, og guten let so at det kunde nok verta ei raad med di. Han gav seg strakst til aa støypa tin-augo aat bokken; so stakk han ut dei rette augo hans og sette inn att dei nye. Man daa kunde bokken ikkje sjaa smitt ell' smule, og han lova med seg at guten skulde faa att for dette fantestykket sitt.

Um kvelden skulde guten leggja seg paa bordet og ha hoggestabben under hovudet. Men bokken tok storebila si og sette attmed sengi daa han la seg. So tok guten rya og rulla saman og la paa hoggestabben der han sjølv skulde liggja. Og so kraup han inn under bordet.

Daa det leid ut paa natti stod bokken upp og tok storebila og gjekk burt til bordet og hogg til, so ho gjekk djupt ned i stabben. Daa sette vesleguten i og ropa nedunder bordet: „No er eg her, eg, husbond!" Dermed sprang han paa døri.

Bokken han etter utar aat døri og vilde hogga til guten der. Men daa var guten alt ute

r y a, tjukt grovt aaklæde.

og ropa: „No er eg her, eg, husbond!“ So var det ingi raad daa, og bokken laut gjera seg blid att og tyda guten til seg. Og sidan um dagarne gjekk guten stødt og leidde bokken etter ei lang jarnstong, so han ikkje kunde komast til med aa gjera han noko.

So sa bokken det med guten ein dag at dei fekk gaa og sleppa ut gjeiterne. Dei so gjorde. Guten gjekk inn i smalefjoset og skulde løysa gjeiterne, men bokken sette seg i døri; han tenkte med seg at han no skulde taka guten naar han kom ut att. So løyste guten alle gjeiterne, og bokken han klappa dei paa ryggen daa dei gjekk ut, den eine etter den andre. Men guten hadde late den store bjøllebukken venta til sist, og so tok han og stakk 'n med slirekniven sin. Bokken høyrde kor bukken bræka, og spurde kva det var. „Aa eg fær ikkje upp orveldet,“ sa guten. „Skal eg koma og hjelpa deg?“ sa bokken. „Aa nei, no losnar det,“ sa guten; han meinte at skinnet losna, for han heldt just paa og flaadde bukken. Daa han hadde fenge skinnet av, tok han og breidde det utyver seg og hengde bjølla kring halsen sin, og so kraup han paa alle fire burt til døri og skulde ut. Daa bokken høyrde at det var bjøllebukken som kom ruslande, vart han blid i maalet og strauk han yver ryggen. „Aa store gilde bjøllebukken min, du er rund og feit paa ryggen som du hev vore, du!“ sa han. Dermed so gjorde han rom, so bukken slapp ut. „Men skal du ikkje ut, du og?“ sa han daa med guten. „No er eg her, eg, husbond!“ svara guten uti tunet og kasta skinnet av seg. Daa var det ikkje onnor raad, bokken laut gjera seg so blid som ei smørøskja, so han kunde

orvelde, tverband i ein klave.

faa guten til aa leida seg etter jarnstongi att. For no skulde dei paa skogen og gjæta gjeiterne.

So kom dei til ei liti tuva. Bokken spurde daa: „Er det høgt utfyre?“ „Aa nei, berre ei liti tuva,“ sa guten.

So kom dei til ei tuva til. „Er her høgt utfyre?“ spurde bokken. „Aa nei, berre ei liti tuva,“ sa guten.

So kom dei til endaa ei tuva til. „Er her høgt utfyre?“ spurde bokken. „Aa nei, berre ei liti tuva,“ sa guten enno.

Men so kom dei til ein høg berghamar. „Er her høgt utfyre,“ spurde bokken. „Aa nei, berre ei liti tuva,“ sa guten. So steig bokken utfyre hamaren, datt ned i kamaren, og der aat makkarne han upp. Men guten gjekk og tok med seg alt det som bokken hadde av gull og sylv, og so fór han heim att.

Bjørnen og skrubben og reven paa veiding.

Det var ein gong bjørnen og skrubben og reven skulde fylgjast og gaa ut paa veiding. Bjørnen skulde taka alle hestarne og skrubben alle kyrne og reven alle smaalogi. So skulde dei møtast um kvelden og skifta alt. Ja daa no kvelden kom møttest dei uppaa eit fjell, og der laag det ein stor dunge som dei hadde drepe og bore dit. „Men skal me ikkje kvila oss ein

grand, fyrr me skifter?" sa reven; „so skal me hava det so gildt etterpaa," sa han. Ja det vilde dei andre og. So la dei seg til og skulde sova. Reven laag ytarst paa bergkanten, so skrubben ovanfor og so bjørnen inst.

Daa dei andre tvo hadde sovna og laag og raut, lurde reven seg upp og la seg innanfor bjørnen. Og so ropa han: „Oka deg, oka deg, ell' so dett eg utfyre!" Skrubben høyrde det og oka og tokka seg og trudde han flutte seg lenger inn paa fjellet, — so datt han utfyre og slo seg i hel.

Bjørnen sov so tungt at han ikkje hadde høyrt noko, og so um eit bil ropa reven att: „Oka deg, oka deg, ell' so dett eg utfyre!" Daa raadde bjørnen or og oka og tokka seg best han kunde og trudde han flutte seg lenger inn paa fjellet, og so med eitt tok han til aa glida utfyre. Men i det same hogg han eine framlabben fast i den eine bakfoten paa reven og vart hangande. Og reven han kunde korkje dra' bjørnen upp atter eller faa foten sin laus. So ropa han: „Hogg i fot, hogg i fot, og ikkje i bjørkerot, so skal eg draga deg upp atter!" Bjørnen trudde daa at det var ei rot han hadde hogge seg fast i, og so saag han ei bjørkerot attmed som han trudde var revefoten. So slepte han foten og hogg i roti; men ho slitna med ein gong, og bjørnen datt utfyre og slo seg i hel.

No hadde reven alt i hop, hestarne og kyrne og smaalogi. Han aat so mykje han orka og la seg so til aa sova til ljose morgonen. Og so turvte han ikkje gaa paa veiding paa mange dagar, so mykje mat hadde han no.

raa or, vakna, raa med seg.

Reven i hestehalen.

Ein rev raaka ein gong ein bjørn som stod og aat paa ein hest han hadde drepe. „Koss bar du deg aat daa du fekk tak i den?“ spurde reven og sleikte seg etter ein feit bite. „Aa det var snart gjort det,“ sa bjørnen. „Du skal berre leita deg upp ein hest som ligg og sev. So skal du lura deg burt til han og sveivla deg vel inn i halen paa han og knyta deg fast. Naar no hesten vaknar og kjenner at det hev hengt seg noko i han, so vert han so rædd at han slengjer halen upp paa ryggen og spring og spring til han stuper daud ned. Daa hev du mat nok for lang tid.“

Dette tykte reven var ei god raad, og so snart han fann ein hest som laag og sov, so lurde han seg burt og røyvde seg inn i halen hans so godt han kunde. Men daa hesten vakna og kjende det hekk noko fast i han, kasta han ikkje halen upp paa ryggen. Han sette berre i og sprang og sprang yver haug og hamar, yver dal og dæld, og halen slo att og fram og upp og ned yver stokk og stein og staur og stake, og reven han kunde ikkje koma laus. Sistpaa so kom dei fram-um der bjørnen stod og aat paa hesten.

„Kvar skal du av som fer so fort?“ ropa bjørnen etter reven.

„Med friske skyds, med friske skyds, inntil min død,“ klynka reven. Daa var det bjørnen som hadde narra reven.

Edeland og troll-øyi.

Det var ein gong tri syster. Daa mori deira døydde, tok dei tvo eldste all arven og bytte millom seg, men den yngste, — ho heitte Edeland — fekk berre eit deigtrog og ein sopelime og eit fyreklæde. So tok dei tvo eldste med seg alt sitt og drog til kongsgarden og fekk seg tenesta der. Edeland laut òg ut og tena sitt brød, og um eit bil hende det so til at ho kom til kongsgarden, ho og. Dei tvo systerne hennar som var der fyrr, hadde fenge ei god tenesta og lika ikkje at Edeland fekk det likso godt. Dei laug daa for kongen og sa at Edeland lite og inkje kunde av noko slag arbeid. Kongen trudde dei, men det vart daa likevel til det, at ho skulde faa vera der og gjæta høns, det maatte ho no sagte greida, meinte han. Og Edeland greidde det, for hønorne varp baade eit og tvo egg um dagen, og attaat vart dei so feite og fine at det var ei lyst aa sjaa. Kongen tok daa til aa kyta av Edeland og sa at det var ei som kunde sine ting. Men dei tvo andre systerne fekk ikkje noko kyt for sitt arbeid, for dei gjorde det ikkje so vel som Edeland. Daa vart dei arge og sinna paa henne, og so gjekk dei til kongen og sa: „Ja, Edeland kann gjera mykje, ho kann gjerne gjeva deg ein gullstake med ljos i som brenn og aldri brenn upp.“

Dette var lygn, men kongen trudde det og sa til Edeland at ho laut faa tak i gullstaken med ljoset i som aldri brann upp, for det vilde han hava.

Edeland baade gret og bad og sa at det

kunde ho slett ikkje. Jau, systerne hadde sagt det, sa kongen, og anten fekk ho gjera som han sa, eller so skulde ho missa livet. Daa visste ikkje Edeland si arme raad, men gjekk til gravi aat mor si og sette seg der til aa graata.

Med' ho sat soleis kom mor hennar upp or gravi og sa til henne: „Du tarv ikkje graata, Edeland, du skal berre taka deigtroget ditt og sopelimen og fyreklædet og sigla yver til troll-øyi. Men kom i hug aa taka med deg ei skjeppa salt."

Ja, Edeland gjorde som mori sa, ho tok deigtroget sitt og bruka til baat, og sopelimen hadde ho til master og fyreklædet til segl. So tok ho med seg ei skjeppa salt og siglde yver til troll-øyi.

Daa ho kom dit var alle trolli i skogen; berre ei gamall trollkjering var att heime. Edeland krabba upp paa stovetaket hjaa trolli og glytte ned gjenom pipa. Daa fekk ho sjaa at den gamle trollkjeringi koka graut i ei diger gryta som hekk paa varmen, og paa eit bord attmed stod gullstaken med ljoset i, det som aldri brann upp. Um ei stund snudde trollkjeringi seg burt ifraa grautegryta og stelte med noko anna. Daa var Edeland svint og tømde saltskjeppa si ned gjenom pipa og ned i grauten. Eit bil etter skulde trollkjeringi kjenna um grauten var maata salt, og daa kann ein vita han var salt nok. Ho laut møykja han med vatn og gjekk aat bekken. Edeland stillte seg varleg etter henne, og daa trollkjeringi bøygde seg og skulde taka upp vatsbytta, støytte Edeland til henne, so ho fór paa hovudet ned i bekken. So gjekk Edeland inn og tok gull-

staken med ljoset i og siglde heim att til kongsgarden.

Daa trolli kom heim fekk dei sjaa at gullstaken og ljoset var burte, og mori deira var heller ikkje aa finna. Sistpaa fann dei henne i bekken, der laag ho og hadde drukna. I det same fekk dei sjaa Edeland sigla midt ut-paa fjorden. Daa skreik dei til henne: „Edeland, Edeland, no hev du drepe mor vaar og teke gullstaken med ljoset i som aldri brenn upp. Kjem du no her ein gong til, so drep me deg!“ „Ja, eg kjem her endaa tvo gongjer, eg,“ sa Edeland.

Daa ho kom heim til kongen med gullstaken og ljoset, vart han so ovende glad, og fraa den dagen skulde Edeland faa ei gildare tenesta. Ho skulde no gjæta gjæser i staden for høns. Og det gjorde Edeland so godt og vel, og gjæserne vart so feite so det var ei lyst aa sjaa. Daa kytte kongen av henne mykje meir hell av dei tvo andre systerne. Det tolde ikkje dei, og so gjekk dei til kongen og laug paa Edeland att. „Edeland kann gjera mykje, ho,“ sa dei, „ho kann gjerne gjeva deg ein hest med bjøllor paa alle fire føterne.“

Ja, ein slik hest vilde kongen gjerne hava, og so sa han til Edeland at ho laut faa tak i ein aat han. Edeland baade gret og bad og sa at ho ikkje kunde; men det hjelpte ikkje, hesten skulde ho gjeva han eller òg missa livet. Daa gjekk Edeland til gravi aat mor si att og sette seg til aa graata, og um eit bil kom mori upp og sa til henne: „Graat ikkje, Edeland, du skal berre sigla yver til troll-øyi no som den fyrre gongen, men du maa taka med deg fire dottar ull.“

Ja so tok Edeland deigtroget sitt til baat

og sette upp sopelimen til master og fyreklædet til segl og siglde so yver til troll-øyi.

Trolli var ikkje heime denne gongen heller, men ned-paa vollen gjekk hesten med bjøllor paa alle fire føterne. Edeland tok ulldottarne sine og stappa dei i bjøllorne, so dei ikkje let, og so leidde ho hesten ut i troget og siglde heim atter til kongsgarden med han. Men i det same kom trolli heim og saag kva ho hadde gjort. Daa skreik dei ut etter henne: „Edeland, Edeland, no hev du drepe mor vaar og teke gullstaken vaar med ljoset i som aldri brenn upp, og teke hesten vaar som hev bjøllor paa alle fire føterne. Kjem du no her ein gong til, so drep me deg!“ „Ja, eg kjem her endaa ein gong,“ sa Edeland.

Daa ho no kom heim til kongen med hesten, vart han endaa gladare enn den fyrste gongen, og fraa daa av skulde Edeland gjæta sauer. Dette gjorde ho baade godt og vel, og sauerne vart so feite at det var ei lyst aa sjaa. Daa kytte kongen endaa meir av henne enn fyrr.

Men daa systerne høyrde det, vart dei so sinna at dei gjekk beint til kongen og sa: „Ja, Edeland kann gjera mykje ho, ho kann gjerne gjeva deg ein gris som du kann halda paa og eta av so lenge du vil, og han vert aldri uppeten.“

Daa kongen høyrde dette vilde han plent hava slik ein gris, og sa til Edeland at ho skulde faa tak i ein aat han. Ho gret og sa at ho slett ikkje kunde; systerne hadde loge paa henne, sa ho. Men kongen trudde det var sant og meinte paa det, at anten fekk ho gjeva han grisen eller so skulde ho lata livet.

Edeland gjekk daa som fyrr til gravi aat

mor si og sat der og gret. Daa kom mori upp atter og sa til henne: „Graat ikkje du, Edeland, du skal berre sigla yver til troll-øyi og taka med deg ei fleskeskinka."

Ja Edeland so gjorde, ho skuva deigtroget ut paa fjorden og sette upp sopelimen til master og fyreklædet til segl. So tok ho med seg ei fleskeskinka og sette yver til troll-øyi.

Daa ho kom dit fekk ho sjaa grisen gjekk nedanfor uthusi. Men trolli var rædde for at ho skulde koma og taka han, og so hadde dei sett ein gutunge til aa gjæta paa han. Edeland gjekk upp til guten og gav han fleskeskinka. Det var ei gaava til trolli, sa ho, og bad han gaa inn med ho. Flesk var dei so fælande glade i, trolli, og guten gjekk inn med skinka.

No skunda Edeland seg og fekk grisen ut i farkosten sin. Men trolli gaadde kva som var tids denne gongen, og kom og tok henne med same ho vilde sigla av stad. So sette dei henne i eit fangerom og gav henne flust med god mat eit bil. Daa ho hadde vorte feit nok, vilde dei slagta og eta henne.

So ein dag daa trolli var i skogen og hogg ved, skulde gamlefaren deira slagta Edeland. Ho skulde leggja seg ned paa ein benk, so han kunde faa hogga hovudet godt av henne. Men korleis ho la seg, so tykte han at ho ikkje laag som ho skulde liggja. So bad ho at han skulde syna henne kosleis ho skulde leggja seg. Ja, han so gjorde og la seg ned paa benken. Men daa var ho svint og tok øksi og hogg hovudet av han. Skrotten tok ho og hadde upp i supekjêlen, men hovudet la ho innunder skinnfelden, so det saag ut som han laag og sov. So tok

ho grisen med seg og siglde heim atter til kongsgarden.

Daa trolli kom heim var dei skrubbsvoltne og gav seg straks i kast med maten i kjêlen. Daa dei hadde ete, sa den eine: „Gamlefar ligg og sev godt no, og det kann han nok turva, han hev havt det annvint i dag.“ So gjekk han burt aat sengi og breidde skinnfelden av gamlen. Men daa var det berre hovudet av faren som laag der i sengi. Daa tok trolli til aa skyna korleis alt hekk ihop, og kven det var dei hadde halde gjestebod paa. Dei vart so fælande sinna og fór ut og ropa etter Edeland: „Edeland, Edeland, no hev du drepe mor vaar og far vaar, no hev du teke gullstaken med ljoset i som aldri brenn upp, og hesten med bjøllor paa alle fire føterne, og grisen som aldri vert uppeten. Kjem du no her ein gong til, so drep me deg!“

„Nei, no kjem eg her aldri meir,“ sa Edeland, ho var alt langt utpaa fjorden.

Aal-Svart aa Aal-Gvit.

(Maalføre fraa Telemarki).

Dæ va ein gaang ein mann som hadde mista hesten sin; dæmæ tok 'n ut i markja aa ville leite etter 'n Han gjékk længstom aa længje, aa inkje fant. Aa saa kaam kvel'n paa'n. Men best dæ va fekk 'n sjaa dæ lyste fraa

ei stugu i skogen; dær gjékk 'n inn, saa sat dær ei kjæring aa baakaa.

„Gudag," helsa ma'n.

„Gudag," svaaraa kjæringa. „Sjaa te du fær sitta," si' 'o.

„Takk," si ma'n, sætte seg paa stæbben. „Du har kje fòrnommé nokon hest?" si 'n.

„Jau, hesten ska eg sea deg haare æ, han gjænge hær ende bol i markja," svaaraa kjæringa. „Men du æ kjæringlaus, har eg hørt: dæ va kje saa væl du ville ha meg, veit eg?" si 'o.

„Nei, dæ bær sletts ikkje te," si ma'n; „eg har to vaksne sønir etter den førre kjæringa mi, eg kann kje gjeva dei sjukmor", si 'n.

„Ja, du kann gjera haakke du vi," si kjæringa; „men du slepp kje av stæbben, førr du si du vi ha meg." Ho va ei trøllhekse, ser 'u.

Nei, han tol 'kje.

Men da 'n hadde sotté ei ti aa ikkje slapp, saa va dæ kje raa, han maatte laavaa dæ.

Da dom hadde naa tura gjestebaa, saa ville 'o i besøkels te systæne sine i bærgje, ho; ho hadde tri systar i bærgje. Ho tok mæ seg Aalsvart, den eine av sjuksønine sine, aa saa sin egjen son, han heitte Gjærmonn. Men førr 'n resste, Aalsvart, tro 'n ett haal i dynnhella, aa saa sa 'n te Aalgvit, bror sin: „Saa længj dæ stigjé æ fullt av vatten, lever eg; men bli dæ fullt av blo, æ eg dø."

Da dom kom te bærgje, dær den fysste systera va, lae Aalsvart seg paa sængja. „Eg æ saa ondeleg laga," sa 'n: „naar eg hell oppe augo, saa sæv eg. men naar eg hell dom atte, æ eg vaken." Dæmæ héllt 'n augo oppe. Saa trudde dom han saav.

b o l, burt. t o l, torde. g j e s t e b a a, brudlaup. d y n n, dør.

„Haassé likar du giftarmaalé ditt?“ spurde systera.

„Aa, rett bra,“ svaaraa ho; „bare eg likar saa ille dei to sønine, aa øllevisse den eg har mæ meg.“

„Aa eg veit raa,“ si systera; „den ska me faa ende paa. Eg har ein vill gris, eg; naa ska eg bea 'n vi slagte den, saa drepe grisen 'n.“

Ja, dæ væ gòdt aa væl.

Saa om maargoen si 'o dæ, systera, te Aalsvart: „Eg ville bea deg om du ville høgge hué av grisen min; han æ noko vonn av seg, aa eg fær kje noken te gjæra dæ,“ si 'o.

„Dæ kann Gjærmonn gjæra,“ si Aalsvart.

„Aa han da! slik ein stusslé!“ si dom.

Ja, saa tok 'n svælé sitt, aa mæ dæ samre grisen kaam settanne, va 'n fælig, aa høggje hué av 'n.

Saa resste dom, længstom aa længje, gjønnom skogar aa markjir. Dæmæ kaam dom te ett bærg att, dær budde den annre systera te kjæringa.

Straks Aalsvart kaam inn, lae 'n seg paa sængja. „Eg æ saa ondeleg laga,“ sa 'n: „eg æ vané saavaa mæ aapne augo; naar eg læt atte augo, æ eg vaken.“ Saa héllt 'n dom oppe.

„Haassé likar du giftarmaalé ditt, syster?“ spurde hi.

„Aa rett bra,“ si ho; „bare eg likar saa ille dei to sjuksønine mine, aa øllevisse den eg har mæ meg,“ si 'o.

„Aa, den ska dæ nokk bli ei raa mæ; eg har ein vonn stut,“ si systera, „den ska eg bea 'n høggje hué av; saa tyss eg tænkje me æ kvitt 'n.“

tyss, tykkjer.

Om maargoen kaam gygra aa ba Aalsvart om 'n ville slagte ein stut fer 'o; „han æ noko mannvonn, aa eg fær kje noken te gjæra dæ," sa 'o. „Dæ kann Gjærmonn gjæra," sa Aalsvart.

„Gjærmonn! Va dæ likt seg, slik ein taassing! Nei, han konne naa visst ikkje," sa dom.

Ja, saa greip 'n svælé sitt, aa saa høggje 'n stuten ihæl au.

Saa tok dom ut att, aa for fjell aa finne aa aaver høge heiar, te dom kaam te den trea systera.

Dær lae Aalsvart seg paa sængja atte. „Eg æ saa ondeleg laga, eg tysse mest fyri," sa 'n; „eg sæve kje uttas eg hell oppe augo; men naar eg tek te vakne, læt eg dom atte."

Saa laag 'n aa stirde.

„Haassé likar du giftarmaalé ditt?" spurde systera.

„Aa, rett bra; bare eg likar saa ille dei to sønine, øllevisse den eg har mæ meg," sae kjæringa.

„Aa, hannom ska eg nokk gjæra ende paa. Naar dé naa teke ut, ska du leggje att vaattune dine, aa saa ska du bea Aalsvart vi' springe tebars etter dei; dæmæ ska eg staa attom dynna mæ ei eitreskaal aa skvette aaver 'n, eg."

Saa va dæ gòdt aa væl.

Da ho resste om maargoen, la 'o etter seg den eine vaatten. Som dom hadde naa faré ett stykkjé, si 'o dæ, kjæringa: „Aa, naa glømde eg att vaatten min! Du fær springe tebars, du Aalsvart, aa hente 'n," si 'o.

„Nei, Gjærmonn kann springe." si han.

„Nei, han æ kje saa rask te springe, han som du; du fær a gjæra dæ du," si 'o.

Ja, saa gjékk 'n attende. Da 'n kaam fram,

y s s e f y r e, skjemmest.

skvette 'n saa hart te dynna, at ho som bak sto datt aaver-ende aa slo æll eitern aaver seg sjav; dæmæ tok 'n vaatten aa lae tebars.

Saa resste dom langt, aa længer hell langt, ællt te dom kaam te ein kongsgal. Dær va dæ inn-gvervd ei kongsdotter, — aa slik sut aa sorg at dæ va kje mæ maaté: haakken som va kar te frelse den, saa maatte dom faa 'o, hadde kongen laavaa ut.

„Naa ska me reise te bærgje, me," si trøllheksa te Aalsvart; „saa lyt dé freiste, du aa Gjærmonn."

„Eg tør ikkje væra mæ dékkan; naar dæ gjell paa, flyg dé ifraa meg," si Aalsvart.

Nei langt ifraa, dom sku' kje fluge; dæ turte'n aller væra rædd fe.

Saa kaam dom at bærgjé, aa Aalsvart banka paa. Dæmæ kaam dæ ein smell saa hal at dæ flaug daatt i øro paa'n; aa dom paa sprange, saa tòrv aa smaastein gauv om'n. I dæ samma sto dæ ett trøll framfer'n mæ tri hué.

„Min hest aa min hónn, kaam aa hjølp meg!" sa Aalsvart; han hadde hesten sin aa bikkja si mæ seg.

> Aa hesten te slaa aa bite,
> aa hó'n te rive aa slite;
> saa tok'n opp sitt svæl,
> saa høggje'n trøllé i hæl,

saa ælle hua dansa boletter.

Ja, da kaam dom atte, Gjærmonn aa mora au!

Dæmæ kaam dæ ein smell endda halare hell fysste gaangen, aa deretter ett trøll mæ fire hué — dom av gale!

inngvervd, innteki i (berget).

„Min hest aa min hónn, kaam aa hjølp meg!“ sa Aalsvart.

Aa hesten te slaa aa bite;
aa hó'n te rive aa slite;
saa løfte'n opp sitt svæl,
saa høggje'n trøllé i hæl.

Ja, saa va dom paa staen att, dei to au! Dæmæ kaam trea smel'n saa hal at bærgje tosse rivne; ut kom ett trøll mæ fem hué — — aa dom flaug!

„Min hest aa min hónn, kaam aa hjølp meg!“ sa Aalsvart.

Aa hesten te slaa aa bite,
aa hó'n te rive aa slite;
saa løfte'n opp sitt svæl,
saa høggje'n trøllé i hæl.

Da'n hadde gjort ende paa dæ trøllé au, gjékk'n inn i fjellé aa hænta kongsdottera. Ja, da va dom te stes igjen, mora og Gjærmonn: mæ dæ samma ho kaam ut, treiv dom aa flaug av gale mæ'o.

Saa visste'n ikkje haare han sku gjæra av seg da, Aalsvart; han kaam inn i noka tykke svære skogar, aa dær gjole 'o dæ saa, mora, at 'n vildra aa fant ikkje veg. Da kvel'n kaam paa 'n, gjole'n opp ein stor stòkkell aa sætte seg. Best han dær sat, kaam dæ ei jomfruge te'n, saa fin som sola skine, aa mæ ett haar som bare gull, som dæ lyste lang veg av holigjønom skogen.

„Sitte du hær aa værmer deg, du,“ sa' o.

„Ja, eg gjær a dæ,“ sa han.

„Maa eg au værme meg ihjaa deg?“ spurd 'o.

„Ja du kann dæ,“ si 'n.

Dæmæ la 'o hué sitt i fangjé hannoms: „Vi' du luske meg?" ba 'o. Ja, han saa gjole.

„Tak ett haar av mitt hué aa reip kring din hest, d'æ saa vent aa sjaa paa!" si 'o.

Saa tok'n ett haar av hué hennars aa reipa kring hesten.

„Tak ett haar aa reip kring din hónn, d'æ saa vent aa sjaa paa!" ba 'o igjen.

Ja han tok ett haar aa reipa kring hó'n.

Saa si 'o, trea vænda: „Tak et haar av mitt hué aa reip kring ditt svæl, d'æ saa vent aa sjaa paa!"

Aa ja, han reipa svælé au.

Dæmæ tok ho paa aa vekse, te 'o va høg som ælle skogetoppar, aa saa stygg aa fæl at dæ va fórskrekkjelegt; — saa va dæ sjukmor hannoms.

„Min hest aa min hónn, kom aa hjølp meg!" sa Aalsvart.

„Mitt haar helle væl," sa 'o.

„Mitt svæl, kaam aa hjølp meg!" sa 'en, aa ville draga svælé.

„Mitt haar helle væl," sa 'o. Aa saa va 'n ikkje kar te faa dæ ut, aa dæmæ gjol 'o ende paa 'n, paa hannom aa paa hesten aa hó'n hannoms.

Saa ser Aalgvit at stigjé i dynnhella va fullt av blo. „Naa æ min bror dø," si 'n, aa tok hesten sin aa bikkja si aa ville ut aa leite etter 'n.

Saa gjole 'o dæ saa, sjukmora, at han au kaam paa samma skogen aa vildra. Naatta kaam paa 'n, dæmæ gjole 'n opp ein varmé aa sætte seg.

Ja saa kaam ho igjen denna samma jomfruga, saa fin, saa fin at dæ va ei syn, mæ

dæ forgyllannes haaré som dæ glima aa skjein av bolimøllom trea.

„Sitte du hær aa værmer deg, du,“ si 'o.

„Ja eg gjær,“ si han; han va saa hal i maalé at dæ va groft.

„Maa eg sætta meg bolmæ deg aa værme meg, eg au?“ spør jomfruga.

„Du kann dæ,“ si Aalgvit.

„Vi' du luske meg?“ spurd 'o, aa lae hué sitt i fangje hannoms.

„Eg kann saa,“ si han.

„Tak ett haar av mitt hué aa reip kring din hest, d'æ saa vent aa sjaa paa,“ si 'o.

Aalgvit tok ett haar aa kasta dæ paa varmen.

„Fy fy! haat æ som luktar?“ si 'o.

„Dæ luktar saa mangt i skogen,“ si han.

Saa si 'o: „Tak ett haar av mitt hué aa reip kring din hónn, d'æ saa vent aa sjaa paa!“

Ja, han tok ett te aa brænde opp.

„Fy fy! haat æ som luktar?“ si 'o.

„Dæ luktar saa mangt i skogen,“ si Aalgvit.

„Tak ett haar av mitt hué aa reip kring ditt svæl,“ ba 'o; „d'æ saa vent aa sjaa paa.“

Dæmæ kasta 'n dæ trea haaré paa varmen.

„Fy fy! haat æ som luktar?“ si ho.

„Dæ luktar saa mangt i skogen,“ si han.

Saa byrja 'o aa vekse, aa blei saa stor aa svær som dei høgaste tre.

„Min hest aa min hónn aa mitt svæl, kom aa hjølp meg!“ sa Aalgvit.

„Mit haar helle væl,“ si ho.

„Ditt haar ligg paa varmen aa brænn,“ si han.

Saa hesten te slaa aa bite,
aa hó'n te rive aa slite;
saa tok'n opp sitt svæl,
saa høggje'n hennar i hæl.

Da'n hadde gjort ende paa 'o, tok 'n paa aa leite ælle stan, ronnen ikring. Jau, dær fant 'n bror sin, laag dø, aa bikkja aa hesten mæ 'n. Bolmæ dær ho laag, sto dæ noka krokkur. Aalgvit stakk fingen ne'i den eine aa ville kjenne haat dæ va, dæmæ datt fingen av: dæ va saarkrokka te gygra; saa ne'i hi: dæmæ voks fingen i hop att aa va som førr, dæ va lækjekrokka gygras. Saa tok 'n aa smurde bror sin mæ lækjesalva, aa hesten aa hó'n hannoms, aa straks vakna dom aa va like goe ællesamma.

Ja saa fòrtaalde naa Aalsvart haasse dæ hadde gjængjé 'n fraa fysste ti, om sjukmora, aa om kongsdottera aa trølla. „Ja naa ska me reise te kongsgaln, baae to," sa Aalgvit.

Dom saa gjole, hestæne og bikkjune mæ. Da Aalsvart kaam inn, kjænde kongsdaattera 'n mæ dæ samma.

„Hær æ den som frelsa meg," sa 'o, aa fòrtaalde haassé dæ va, aa synte dom ho hadde mækt 'n — dæ va visst saa ho hadde sett ein ring i øraé paa 'n, tyss eg minnas.

Dæmæ tok dom Gjærmonn aa kasta at òrmehaagaan. Aa saa stellde dom te gjestebaa, aa tura aa drakk: dom skaut saa længje dom hadde kulur aa kru, men da dom hadde kje meir, tok dom meg te daatt aa stappa meg i børsepipa aa skaut meg ællt hit. Dærfe veit eg dæ saa væl!

Styvne kvinnfolk.

Det var ein gong ein mann som skulde ut og fri. Baade gjenta og mor hennar var heime. Dei skyna ærendi hans og sette fram av det beste dei hadde og bad mannen til bords.

Medan han sat der vart dei daatteleg burte og kom ikkje att. Han venta og venta baade lenge og vel, og so gjekk han sistpaa av og skulde sjaa etter dei. Daa han kom nedi kjellaren stod dei der, baade mor og dotter.

„Det var godt du kom," sa gjenta; „me stend her og grunar paa kva fyrste barnet skal heita." Mannen vart so fingen at han visste ikkje kvar han skulde gjera av seg; for han hadde ikkje bore fram maalemnet sitt enno. Make til galne kvinnfolk hadde han aldri raaka. Dermed meinte han at dei kunde faa tid til aa tenkja yver dette so lenge for hans part. Han vilde ut i verdi og sjaa um der var andre kvinnfolk som var likso galne. „Finn eg tri som er styvnare, so skal eg koma att, og daa fær det gaa som meiningarne hev vore," sa han, og dermed strauk han.

Langt um lenge kom han til eit hus, og der høyrde han slik older og staak. Han steig inn for døri, og daa stod kona i huset og slo mannen sin i hovudet med ei vedskida, og han jøya og bar seg. „Kva er paa tids?" spurde ferdamannen og treiv kjeringi i armen. „Aa gu'betre meg so visst," sa mannen, „det er ei ny skjorta att. Det er ei slik syndestraff for kvar gong eg skal hava ei skjorta, for soleis

som du no ser maa kona mi slaa haudesmotta paa."

„Aa det maa vel vera raad faa haudesmotta paa annan maate," sa ferdamannen. Dermed tok han ei skjæra og klipte hol paa skjorta. Mannen i huset baade takka og velsigna, og ferdamannen rusla lenger. „Der var e i," tenkte han.

Langt um lenge kom han til eit anna hus; der gjekk det ei kjering og sprang ut og inn med eit dryftetrog i brennande solsteiken.

„Goddag, og signe arbeidet," sa ferdamannen. „Aa god dag," svara kona, „det er lite signande. Eg hev fenge meg upp eit nytt hus, men aa faa soli inn, det hender ikkje. No hev eg gjenge her i all dag og bore og bore; kvar gong eg kjem ut, so er dryftetroget fullt av sol; men so snart eg kjem inn, er det som det var blaase burt." „Aa det maatte vel vera ei raad med det," sa ferdamannen. Dermed tok han ei øks og hogg hol paa veggen, so soli strøymde inn. Kona vart forsigna yver dette og visste ikkje kva godt ho skulde gjera han. So gjekk han lenger og tenkte med seg: „Der var den andre."

Langt um lenge kom han til ein stor gild gard, og der stod kona ute paa tunet. „Goddag," sa han. „Goddag igjen," sa kona; „kvar er den mannen ifraa?" „Eg er fraa Ringerike," svara mannen. „Nei er du fraa Himmerike!" sa kona; „daa kann du gjerne fortelja meg kor det stend til med han sæle Ola, fyrste-mannen min?" „Aa jau, det sleng so til; det hev nok vore smaatt for han i matvegen i det siste; men du veit det er vel einkvan som kann hjelpa." „Nei kva segjer du! Stakars mannen,

haudesmotta (hovuds.), hol for hovudet.

han som hadde so fullt upp av alt med' han livde. Du vilde vel ikkje gjera so vel og taka med deg noko nista til han?" „Hadde eg so sant berre noko aa hava det i, so skulde eg meir enn gjerne det," sa mannen. Det var kona ikkje upraadd for. Ho bad drengen sela hesten og setja fyre den beste vogni. Dermed gjekk ho paa stabburet og tok av det beste ho hadde: flatbraud og smør og ost og flesk og spekekjøt og lesste paa. Og so flidde ho mannen baade hest og vogn. Han bad velliva og kjøyrde av garde og tenkte med seg: „Der var den tridje." So kjøyrer han beinast heim att til den gjenta han hadde vore meint paa aa fri til; for no hadde han raaka tri andre som var endaa styvnare. Og so tura dei brudlaup baade vel og lenge; for so billegt hadde ingen kome til brudlaupskosten der i bygdi.

Rev-enkja.

Det var ein gong ei rev-enkja. So banka det paa, og det kom belarar til henne. Tenestgjenta gjekk ut, og so var det ein bjørn som banka paa. So daa gjenta kom inn att, sa revenkja det: „Kven er det som hurrar og snurar, med' min kurre maa kje stille staa?" „Det

kurre, dør.

er belarane dine,“ sa gjenta. „Koss er klæde-lìt?“ sa rev-enkja. „Vent svart,“ sa gjenta. „Lat han gaa, lat han gaa, han er kje etter mitt raa’!“

Andre dagen var det ein skrubb som banka paa. So daa gjenta kom inn att, sa rev-enkja det: „Kven er det som hurrar og snurrar, med’ min kurre maa kje stille staa?“ „Det er belarane dine?“ sa gjenta. „Koss er klæde-lìt?“ „Vent graa!“ „Lat han gaa, lat han gaa, han er kje etter mitt raa’.“

Tridje dagen kom jasen. „Kven er det som hurrar og snurrar, med’ min kurre maa kje stille staa?“ „Det er belarane dine,“ sa gjenta. „Koss er klæde-lìt?“ „Vent kvit!“ „Lat han gaa, lat han gaa, han er kje etter mitt raa’.“

Fjorde dagen kom reven. „Kven er det som hurrar og snurrar, med’ min kurre maa kje stille staa?“ „Det er belarane dine,“ sa gjenta. „Koss er klæde-lìt?“ „Fint raud!“ „Send meg hit min sko aa knappa, eg vil gjerne med han lakka! Send meg hit min’ skoar-smaa, eg vil gjerne med han gaa!“

Bøyg.

Det var ein gut som var i skogen og hogg timber. So vart det kvelden for han, so han ikkje rakk heim att; dermed gjekk han av inn eit sel og vilde leggja seg. Daa han kom inn,

trødde han paa noko. „Kven ligg her?“ sa guten. „D'er Bøyg,“ svara det. So gjekk han til han kom i den andre kraai; der laag det noko att som han trødde paa. „Kven ligg her?“ sa han. „D'er Bøyg,“ svara det. Sistpaa kom han innmed døri og trødde endaa paa noko. „Kven ligg her daa?“ sa han. „Aa, d'er Bøyg,“ sa det; det var ein rise som var so stor at han laag i ein ring i heile selet, so kalla dei han Bøyg. Daa vart guten sinna. „Um du so var Bøyg i fire kræar til, skal du ut!“ sa han og hogg nasorne av risen med bilå si. „Kva heiter du?“ sa risen. „Sjølv“, sa guten. So drog risen seg ut or selet. „Vesletapp i fjellet, kom hjelp meg!“ sa han. „Kva vantar deg?“ svara det i nuten. „Hogge nasen av,“ — daa blødde han so at han mest ikkje kunde tala. „Kven hev gjort det?“ „Sjølv“, sa risen. „Ja hev du gjort det sjølv, so hev du det sjølv,“ sa det i fjellet. So laag risen der og daua.

Huldri.

Ein morgon tidleg var Vaarherre ute og saag seg um. Han var trøytt og gjekk burt i stova til Adam og Eva og vilde kvila eit lite bil. Daa Eva vart var han, heldt no nett paa vøla ungarne. Nokre av dei var tvegne og hama; men sume var enno uvaska og pjuskne. Dei

tok ho daa og skydsa ut i koven, so Vaarherre ikkje skulde sjaa dei. Daa han so kom inn, sprang dei burt til han dei borni som inne var. Han tok dei paa fanget og leika med dei, og dei vart so glade. Men so kom han til aa spyrja Eva um ho ikkje hadde fleire born. Ho negta det. Daa vart Vaarherre harm og sa:

„Alle som er dulde
skal verta hulde.“

Dermed gjekk han. Daa Eva so skulde sjaa etter borni i koven, hadde dei vorte so underlege og trolske, med lange rovor og fæle snyteskaft. Arge var dei og, so ho visste seg ingi raad med dei. Ho laut difor jaga dei paa skogen. Fraa d e i ættar alle huldrefolk.

Kjeringi som sat paa huk.

Det var ein gong ei kjering som budde paa ein liten husmannsplass heitte Huk, og der hadde ho butt i all si tid. Men daa ho vart gamall og skral, vart gardmannen leid av aa hava henne der og vilde faa henne or vegen. Og kjeringi ho hadde kje noko-slag brev paa at ho hadde rett til aa sitja der so lenge ho livde. Ho gret og ho bad at ho maatte faa vera der som fyrr; men det hjelpte ikkje; gardmannen svara berre at ho fekk sjaa til aa hava seg or

huset, og gjorde ho det ikkje snart, so skulde han ein dag koma med lensmannen og faa henne paa dør, sa han. Dermed so gjekk han, og kjeringi ho visste seg ikkje si arme raad.

Daa høvde det so til at kongen kom kjøyrandes frametter vegen nedanfor husmannsplassen; han var ute og saag paa landet og riket sitt. Daa kjeringi saag det, skunda ho seg ned aat vegen og sette seg paa huk framfyre hestarne hans. „Aa kjære deg konge," sa ho, „maa eg faa sitja paa huk?" „Ja, hev du hug til det, so berre sit, du," sa kongen. Kjeringi ho takka best ho kunde. „Men si' du no er so snild ein konge, maa eg daa faa sitja paa huk i all mi tid?" sa ho. „Ja hev du nokon hugnad av det, so kann du nok det gjera," sa kongen og log og tykte det var moro. Daa takka kjeringi endaa meir. „Men si' du no er so snild og gild ein konge, vil du daa gjera so ovende vel og lata meg faa dette paa skrift?" sa ho. Dette tykte kongen var endaa løglegare, og so tok han upp eit papper og skreiv: „Me kunngjer hermed at denne kjeringi hev lov til aa sitja paa huk i all si tid." So sette han namnet sitt ng riksens segl nedunder og gav kjeringi brevet, og denne gongen visste ho aldri koss ho skulde fulltakka han. „So snild og gild ein konge finst ikkje," sa ho. So kjøyrde kongen sin veg, og kjeringi rusla heim atter til stova si med brevet.

Dagen etter so kom gardmannen og hadde lensmannen med, og blid var han ikkje. „Er du no ferdig til aa hava deg ut or stova?" sa han. Ja ho fekk vel det vera, sa kjeringi: „men eg skulde no hava liksom eit brev som de lyt sjaa paa fyrst," sa ho. Ja, det lyste han

nok sjaa, sa gardmannen og log, han visste at ho aldri hadde havt noko brev paa plassen. So rusla kjeringi burt aat skaapet og tok ut eit brev og flidde han, og daa gardmannen og lensmannen skulde til aa sjaa, so stod det baade kongen sitt namn og riksens segl paa det. Og kongen han skreiv at denne kjeringi skulde faa sitja paa huk i all si tid. Der stod dei og aatte korkje munn ell' mæle; for plassen heitte Huk, og her hadde kongen sjølv skrive at kjeringi skulde faa sitja der i all si tid; og det som kongen hadde skrive det stod.

So maatte dei gaa sin veg, og sidan sat kjeringi trygt paa Huk. Og er ho ikkje slokna, so sit ho der vel enno.

Upplysningar.

Dyre-styrk og dyre mod. Fraa Telemarki. Uppskrift ved Hans Ross. Prenta i „Dølen" nr. 30 1869. Mo maalføre. Paa landsmaal ved H. Ross i „Ein sogebundel" 1869.

Er du nøgd? Ved G. Grieg. (I Lesebok for høgre skular ved Garborg og Mortenson).

Kong Katt paa Heidbergs borg med fjorom gyltom krunom. Fraa Telemarki og Austfold o. fl. stader. Ved H. Ross. Ein sogebundel. Landsmaal.

Late-Lars. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. „Fedraheimen" nr. 1 1877. Landsmaal.

Manndotteri i grisehuset Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Dølen nr. 3 1870. Mo maalføre.

Rennom rennom alle fast. Fraa Telemarki Ved H. Ross. Dølen nr. 25 1869. Maalføre fraa vest i Fyrresdal.

Guten og risen. Fraa Robygdelaget og Sunnfjord o. fl. st. Ved H. Ross. Ein sogeb. Landsmaal.

So løner dei god-gjerningar. Fraa Valdres. Ved Andres Eivindson Vang. Etter „Gamla reglo aa rispo ifraa Valdres" 1850 (med yverskrift „Um kvitø staven"). Valdres maalføre. Paa landsmaal ved H. Ross i Ein sogeb.

Gullfuglen. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Dølen nr. 21 og 22 1870. Mo maalføre.

Pyk og Sløg og Oskelabben. Fraa Sunnfjord og Telemarki o. fl. st. Ved H. Ross. Ein sogeb. Landsmaal.

Arne og Sydelkin. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Dølen nr. 4 1870. Mo maalføre.

Lange-Jon som var av og tente. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Dølen nr. 23 1869. Maalføre fraa vest i Fyrresdal.

Kjetta framfyre jarngrindi. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Dølen nr. 2 1870. Mo maalføre.

Paradis-stigen. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Dølen nr. 1 1870. Mo maalføre.

Guten som selde sugga. Fraa Telemarki. Ved K. Laupedalen. Dølen nr. 7 1870. Kvitseid maalføre.

Den gylte skog. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Gamla reglo aa rispo. Valdres maalføre. Paa landsmaal ved H. Ross i Ein sogeb.

Stuten som vilde av og føda seg sjølv. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Dølen nr. 23 1869. Maalføre fraa vest i Fyrresdal. Paa landsmaal i Ein sogeb.

Musi paa tinfatet. Fraa Telemarki. Ved *H.* Ross. Dølen nr. 23 1869. Maalføre fraa vest i Fyrresdal.

Mons Raudskjegg. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Paa landsmaal ved H. Ross i Ein sogeb. (or ei utrykt samling).

Brudgomen som miste bruri si. Fraa Sunnfjord o. fl. st. Ved H. Ross („fortalt av gamle Synnøve"). Dølen nr. 1 1869. Paa landsmaal i Ein sogeb.

Bukken og bekren. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Ein sogeb. Landsmaal.

Fleskeskinka. Fraa Telemarki. Ved K. Laupedalen. Dølen nr. 13 1870. Kvitseid maalføre.

Bitristein. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Dølen nr. 28 og 29 1869. Mo maalføre. Paa landsmaal i Ein sogeb.

Halvpening. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Paa landsmaal ved H. Ross i Ein sogeb. (or ei utrykt samling).

Oskelabben og asnet. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Ein sogeb. Landsmaal.

Den niande Momorius. Fraa Sunnfjord. Ved H. Ross („fortalt av gamle Synnøve"). Dølen nr. 39 1868. Sunnfjords maalføre.

Presten som stedde tenarar. Fraa Austlandet. Ved C. F. H. Anderson. Dølen nr. 39 1968. Maalføre fraa Nannestad.

Kongsdotteri i Danmark. Fraa Telemarki. Ved Ivar Mortenson. Fedraheimen nr. 87 1878 og Svall 1898. Telemaal.

Andre bundelen.

Svein Urædd. Fraa Nordland. Ved Ivar Aasen. Norsk folkekalender 1859 og Lauvduskar 1868. Landsmaal.

Manne-hausen („Fylgjesveinen"). Fraa Nordland. Ved Ivar Aasen. Illustreret kalender 1855 og Lauvduskar 1868. Landsmaal.

Myntmeisteren. Fraa Vestlandet („Bergens stift"). Ved Ivar Aasen. Prøver af landsmaalet i Norge. 1853. Landsmaal.

Gullslottet i havet. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Gamla reglo aa rispo (med yverskrift „Um ein fiskarsaan, so vart gjiftø mæ ei prinsessø, so buddø paa eit gulsløt, so laag langt uti have i Sø-Ammerikka"). Valdres maalføre.

Guten som vart konge i Engeland. Fraa Valdres. Ved A.

E. Vang. Gamla reglo aa rispo (med yverskrift „Den unge riddaren ifraa Afrika'). Valdres maalføre.

Høibergsgubben paa Gulland. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Gamla r. aa rispo. Valdres maalføre.

Svarte-Liten. Fraa Telemarki. (Fortalt av Kjersti Haugeland, Flatdal). Fedraheimen nr. 12, 1877. Telemaal.

Kongssonen og fylgjesveinen hans. Fraa Telemarki. Ved Moltke Moe. N. universitets- og skoleannaler 1880. Flatdals maalføre.

Jomfru Solntaar. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Gamla r. aa rispo. Valdres maalføre.

Svein prettemakar. Fraa Telemarki. Ved K. Laupedalen. Dølen nr. 14, 1870. Kvitseid maalføre.

Hornjomfrua i Trættedalen. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Gamla r. aa rispo. Valdres maalføre.

Gjeiti som ikkje vilde heim gaa. Samansett av ei uppskrift fraa Valdres ved A. E. Vang i Gamla r. aa rispo (med yverskrift „Um ein gut, so gjettø ei gjeit, so eittø Sporv, so inkji vildø heimat te rettan dugur idag"). Valdres maalføre, — og ei fraa Voss ved Olaus Alvestad, Norsk Barneblad nr. 7, 1903.

Seksti i eitt slag. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Gamla r. aa rispo (med yverskrift „Ein skomakar, so ga se ut før ei storkjæmpø"). Valdres maalføre.

Dei tri letingarne. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Etter „Gamla segner fraa Valdres" (utgjevne av I. E. Nilsen) 1871. Valdres maalføre.

Rike-Tor kræmar. Samansett av ei uppskrift fraa Telemarki og ei fraa Sunnfjord, baae ved H. Ross: „Rike-Tor kræmar". Dølen nr. 23 1869. Fyrresdal maalføre, — og „Murmartinsteinen i fjella". Dølen nr. 1 og 4 1869. Sunnfjords maalføre. — Sumt av uppskrifti til „Rike-Tor kræmar" fall heilt saman med sumt i „Bitristein" og er difor ikkje teke med her. Til hjelp for samanhengen hev samlaren skote inn eit og anna.

Riddaren i bjørneham. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Gamla segner fraa V. Valdres maalføre.

Mannen som hadde ein svart flekk i aakren sin. Fraa Valdres. Ved A. E. Vang. Gamla segner fraa V. Valdres maalføre.

Kjetta. Fraa Sandeherad. Ved S. Sørensen. Etter „Folkeeventyr, uppskrivne i Sandeherad. Fortalde paa landsmaal ved Kristofer Janson". 1878.

Kongsdotteri i haugen. Same samlingi.

Jomfru Soleia. S. s.

Prins Hedvig og stolt Valborg. S. s.

Augnestein og Messerima. S. s.

Guten som fekk husbonden sin sinna. S. s.

Ospekulten. S. s.
Kona som ikkje vilde hava born. S. s.
Ørnen min stallbror. S. s.
Hoppetussa. S. s.
Den største ljugaren. S. s.

Risen og risegygri som kapptalde. Fraa Nordland. Ved Nils Lagli. Dagbladet nr. 36 1905. Ranen maalføre.

Smeden og kongsdotteri som siglde av i ei tunna. Nordland (Ranen). Ved N. Grinde. Norsk Barneblad nr. 12 1905. Landsmaal.

Pengeøskja. Fraa Sogn. Ved Johan Austbø. N. Barneblad nr. 30 1905. Landsmaal.

Guten med braudleiven. Fraa Sunnfjord. Ved H. Ross („fortalt av gamle Synnøve"). Dølen nr. 49 1869 (med yverskrift „Rikehans"). Sunnfjords maalføre.

Den sterke guten. Fraa Ryfylke (Sand). Ved R. Løland. Barnebladet „Magne" nr. 9 1903. Landsmaal.

Guten og riddar rædd. Fraa Ryfylke (Sand). Ved R. Løland. Magne nr. 18 og 19 1903. Landsmaal.

Guten og presten. Fraa Sætesdal (Byggland). Ved A. N. Fedraheimen nr. 16 1879. Sætesdals maalføre.

Sløg Fraa Telemarki („aust i Skafsaa"). Ved H. Ross. Fedraheimen nr. 14 1878 Skafsaa maalføre.

Guten som støypte tinaugo aat bokken. Samansett av ei uppskrift fraa Sunnfjord, ved H. Ross. Dølen nr. 50 1869 (med yverskrift „Guten som støypte tinaugo aat tussen, fortalt av gamle Synnøve"). Sunnfjords maalføre, — og ei uppskrift fraa Sunnmør, ved R. Steinsvik. „Den 17de Mai" nr. 111 1899 (med yverskrift „Bokken og vesleguten"). Landsmaal.

Bjørnen og skrubben og reven paa veiding. Samansett av ei uppskrift fraa Jæren, ved Karen G. Koht. N. Barneblad nr. 19 1902, — og ei fraa Ryfylke, ved R. Løland. N. B. nr. 16 1901. Landsmaal.

Reven i hestehalen. Fraa Ryfylke (Sand). Ved R. Løland. N. Barneblad nr. 16 1901. Landsmaal.

Edeland og troll-øyi. Fraa Telemarki. Ved „Mikkel". Den 17de Mai nr. 103 1905. Landsmaal.

Aal-Svart og Aal-Gvit. Fraa Telemarki. Ved Ivar Mortenson og Moltke Moe. Fedraheimen nr. 9 1879, Svall 1898 og „Jolekvelden 1904". Telemaal.

Styvne kvinnfolk. Fraa Sunnmør. Ved R. Steinsvik. Den 17de Mai nr. 100 1905. Landsmaal.

Rev-enkja. Fraa Telemarki. Ved H. Ross. Syn og segn 1903 (s. 290). Maalføre fraa vest i Fyrresdal.

Bøyg. Fraa Telemarki. Ved Sophus Bugge. Syn og segn 1903 (s. 29). Kvitseid maalføre.

Huldri. Fraa Sunnmør. Ved Martin Bjørndal. Syn og s. 1904 (s. 79). Landsmaal.

Kjeringi som sat paa huk. Emne etter ei rispa i Fedraheimen nr. 35 1878. Utfyllt og tilstelt av samlaren.

Det finst enno ikkje so faa eventyr spreidde i blad og bøker, paa bygdemaal og landsmaal, som ikkje hev kome med her, for di det ikkje var rom for dei. Det er von at mesteparten av dei kann koma med i ei ny samling. Andre eventyr er ikkje tekne med, for di dei likjest for mykje paa sume av dei som stend her, eller for di det er berre stubbar som det sidan kann verta raad aa faa betre og heilare uppskrifter av. Av desse er aa nemna:

I Folke-eventyr fraa Sandeherad:

Jomfru Gyltrom. (Mykje av det same som i „Riddaren i bjørneham“).

Kongssonen som kunde skapa seg um til hund og løva og fugl og maur. („Dyre-styrk og dyre-mod“, og „Mannen som hadde ein svart flekk i aakren sin“).

Sunnanfor sud og nordanfor nord, ende med det store glasberget. („Mannen som hadde ein svart flekk i aakren sin“ og andre).

Tussen i Norddalen. („Rike-Tor kræmar“ og „Bitristein“).

I gamla reglo aa rispo:

Kolbrænnar-præsten. (Uheil uppskrift).

Kjukling lit'n. („Rennom rennom alle fast“).

I prøver af landsmaalet i Norge:

Runekallen aa drengjen hans. („Mons Raudskjegg“).

Jøtel-drengien. („Guten og risen“), og nokre andre smaastubbar.

I Namdalsk folkediktning ved Marius Hægstad og O. S. Pedersen:


Jutulen aa Hologutten. („Guten og risen“).

Av Ross sine uppskrifter i Dølen er uteletne nokre stubbar fraa Sunnfjord. Det meste av dei er med i andre eventyr i denne boki.










89095289369
B89095289369A